# Årsrapport 2014

## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

# Innhold


| | |
|---|---|
| **I - Fylkesmannens beretning** | Side 3 |
| **II - Introduksjon til embetets hovedtall** | Side 5 |
| **III - Årets aktiviteter og resultater** | Side 7 |
| **IV - Styring og kontroll i embetet** | Side 16 |
| **V - Vurdering av framtidsutsikter** | Side 19 |

# I - Fylkesmannens beretning

**Folketalet i Møre og Romsdal veks fortsatt, men mindre enn elles i landet**

I løpet av 2013 passerte folketalet 260.000 innbyggarar, og per 1.januar 2014 var det 261 530 busette i fylket. Folketalet auka med 2 126 personar i 2013, ein vekst på 0,8 prosent. Denne folketilveksten er lågare enn veksten dei fire foregåande åra, men likevel høg i eit historisk perspektiv. Auken på landsbasis var 1,1 prosent.

Busette i fylket utgjer 5,1 prosent av samla folketal i landet.

Av våre 36 kommunar var det 24 kommunar som opplevde folketalsvekst. Størst vekst er det omkring byane, spesielt Ålesund. 18 av våre 36 kommunar (50%) har eit folketal som ligg under 5000.

Ser ein på endring i folketalet siste fem åra i prosent, så er det 9 fylke som har større folketalsvekst i prosent enn vårt fylke.

**Sysselsetting og nyetableringar**
I Møre og Romsdal er det klart flest sysselsatte innafor Helse- og sosiale tenester; i 2013 var 21 % av dei sysselsette å finne i denne sektoren.

Industrien er den nest største næringa i fylket, med ei sysselsetting på 17 %. Den tredje største næringa er varehandel med 13%. Det er også dei største næringane i Noreg, men med ei anna rekkjefølgje; Helse og sosiale tenester, varehandel og til slutt industri.

Dette er også med og forklarar at to tredjedelar av innvandrar folkesetnaden i Møre og Romsdal kjem frå Europa. Vi har stor arbeidsinnvandring, og i nokre av våre industri-kommunar gjer det eit utslag i mange nasjonalitetar. Talet på sysselsette innvandrarar i Møre og Romsdal er høgare både for kvinner og menn enn landssnittet. Det verker igjen inn på dei kommunale tenestetilboda; til dømes innan skule og barnehage med morsmålsundervisning mv.

I 2013 vart det registrert 1 965 nye føretak i Møre og Romsdal. Dette er ein svak auke. 43,9 % av dei nye føretaka i fylket vart etablert i Ålesund, Molde og Kristiansund. Av desse vart over halvparten etablert i Ålesund. Etter byane finn vi flest nyetableringar i Ulstein og Volda.

**Tilhøva for barn og unge, spesielt:**
8,9 % av grunnskuleelevane fekk spesialundervisning. Talet på landsbasis er 8,3 %.
Delen av dei som får spesialundervisning aukar med alderen. 8 % av elevane på barneskule hadde spesialundervisning i 2013, medan nærare 11 % av elevane på ungdomsskulen hadde det same.

Nesten 60 % fullførte videregåande opplæring på normert tid. Her har det vore ei positiv utvikling dei siste åra. For nokre år sidan låg Møre og Romsdal under landssnittet. No ligg vi over med 2,5 %.

Vi ser at stadig fleire kommunar i Møre og Romsdal samarbeider om barnevernstenestene. Det er ei utvikling som fylkesmannen har jobba for over lengre tid. Pr juli 2014 har 21 av 36 kommunar i Møre og Romsdal inngått eit slikt samarbeid. Gjennom den nasjonale satsinga på auka kompetanse og kapasitet har kommunane i vårt fylke fått tildelt statlege midlar til 44,1 stillingar. Det har vore med og gitt ei klar betring i arbeidet for dei borna som treng det aller mest.

**Om kommuneøkonomi:**
Kommunane i Møre og Romsdal har høg lånegjeld. Medan snittet i Noreg ligg på 75,9 % netto lånegjeld (av brutto driftsinntekter) ligg Møre og Romsdal på 91,1 %.
Sjølv om storleiken på gjelda varierar frå kommune til kommune seier det likevel noko om at en større andel av dei frie inntektene til kommunane i Møre og Romsdal går til nedbetaling av renter og avdrag.

Ved inngangen til 2015 har vi 8 av våre kommunar på ROBEK lista. Etter ei tett oppfølgjing dei siste to åra, blant anna gjennom eit effektiviseringsnettverk for ROBEK kommunar, ventar vi at vi kan melde ut 3 kommunar i løpet av 2015, og ytterlegare 2 kommunar i 2016.

Når Fylkesmannen har kommunebesøk og treff øvste politiske og adminstrative leiing, er kommuneøkonomi alltid eit tema.

**Samla vurdering om 2014 frå fylkesmannen:**

Fylkesmannen er godt nøgd med dei samla resultata for 2014 ut i frå ressursane som er tilgjengelege. Det er stor aktivitet på alle område, og vi legg merke til at auka utadretta kontakt med spesielt kommunane, gjer utslag i større pågang om rettleiing frå fylkesmannen. Det er positivt.

Molde, 27.02.2015

Lodve Solholm (sign)

# II - Introduksjon til embetets hovedtall

Fylkesmannen er Kongen og Regjeringa sin fremste representant i fylket og utfører mange og allsidige forvaltningsoppgåve. Fylkesmannen sine ulike roller og oppgåver er nærare omtalt i Fylkesmannsinstruksen.

Oppgåvene kan oppsummerast i tre hovudpunkt:

- Formidle og iverksette statleg politikk og forventningar til kommunane på tvers av alle politikkområde.
- Samordne og medverke til samarbeid mellom kommunar, statsetatar og regionale aktørar.
- Fremje rettstryggleik for einskildmenneske og fellesskap, med vekt på likeverd.

Fylkesmannen er administrativt lagt under Kommunal og moderniseringsdepartementet, og utfører oppgåver for 11 departementer og 8 direktorater. Dei einskilde departementa har direkte fagleg instruksjonsmynde over fylkesmannen innafor departement sitt saksområde.

Fylkesmannen har både reine fagoppgåver for fagdepartement og direktorat - og meir generelle/samordna statsoppgåver. Oppgåvene er retta mot kommunane, privatpersonar og private, frivillige og offentlege verksemder i fylket. Dette omfattar mellom anna:

- formidling av statlege styringssignal
- fordeling av statlege tilskotsordningar
- klagesaksbehandling over kommunale og fylkeskommunale vedtak etter div. særlover
- tilsyn etter ulike særlover
- førstelinjetenester innan fleire fagområde

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har pr. 31.12.2014 153 tilsette i faste og midlertidige stillingar. Dette utgjorde til saman 133,6 årsverk.

Embetet si øvste leiing er fylkesmann Lodve Solholm og assisterande fylkesmann Rigmor Brøste.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er lokalisert på fylkeshuset i Molde, verneområdeforvaltarar er i lokalisert i Geiranger og Rindal, og vi har tilsette som er knytt til Herje smoltfisk lokalisert på Åfarnes.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal vere ein synleg og viktig medspelar. Vi skal arbeide til beste for alle som bur i fylket ut frå vår visjon: *Trygg framtid for folk og natur* - og våre verdiar: *Engasjert, Rettferdig, Open* og *Kompetent.*

Vi fekk ei tildeling på kapittel 0525 på kr 78 495 000,-, i tillegg kjem midlar på vergemålsområdet (kapittel 0469) og andre fagkapittel. Rekneskapen viser eit overskot på kr 1 584.812,- for 2014. OU vedtaket i 2013 medførte behov for ombyggingar av våre lokaler. Noko av overskotet vårt i 2014 kjem av ei forskyving av noko av dette arbeidet, slik at delar av kostnaden kjem i 2015. Våre tilsette er flinke til å halde nede reisekostnadane, ved å bruke ferjekort og bestille lavprisbillettar på fly. Men på grunn av geografien i fylket vårt, nyttar vi mykje midlar til reiser i fylket. Reiser i fylket er tidkrevjande og det gjer at det går ekstra ressursar (les: reisetid). For å klare å halde reisebudsjettet har vi i større grad tatt i bruk digitale løysingar for kommunikasjon, og det siste året har vi utstyrt fleire møterom med utstyr for dette. (video, lync, jabber).

Vi har fortsatt mange årsverk som er finansierte via prosjektmidlar, dette gjeld særleg på miljøvernavdelinga. Økonomien vert krevjande for oss dersom prosjektfinansieringa fell vekk. Vi er difor positive til rammeoverføring av midlar frå fagdepartementa på faste oppgåver. Det er viktig at overføringa er i tråd med finansieringsordninga for Fylkesmannen med tilhøyrande retningslinje.

Vi har ikkje vesentlege avvik på ressursrapporteringa.

# III - Årets aktiviteter og resultater

### Fylkesmannsembetet, oppgåvene og resultata i 2014

Medan 2014 går inn i historiebøkene som det store jubileumsåret for markering av Grunnlove sitt 200 års jubileum og Barnekonvensjonens 25 års jubileum, og det året da Kongeparet kom på Fylkesbesøk til Nordmøre, så blir 2015 året kor kommunereforma står høgt på dagsorden.

Fylkesmannen fekk i juli 2014 i oppdrag av Kommunal- og moderniserings-departementet å følgje opp arbeidet med kommunereforma i dei 36 kommunane i Møre og Romsdal, i tråd med Stortingsvedtaket frå 18. juni. Allereie tidleg i januar tok Fylkesmannen initiativ til ein eigen Tenketank for kommunereformarbeidet. 20 personar deltek i Tenketanken, og her er ein brei representasjon frå regionråd, ungdomsråd, NHO, LO, Høgskulen, KS, fylkeskommunen og Fylkesmannen. Dei fungerer og som ei referanse gruppe for Fylkesmannen sitt arbeid inn mot kommunereforma. I 2014 hadde vi 5 møter.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har kome i gang med kommune-reformarbeidet i 2014, og 35 av 36 kommunar har i løpet av hausten gjort vedtak om korleis dei skal jobbe med å skape gode prosessar i kommunereforma. For 2015 gjeld det å bli meir konkret; no handlar det om å få til den gode nabopraten. Det er 3 regionråd i Møre og Romsdal. I samarbeid med kommunane har desse 3 fått ein sentral koordineringsrolle i kommunereformarbeide

I løpet av 2014 var fylkemannen og hans leiargruppe på dagsbesøk hos 20 av våre 36 kommunar. I løpet av våren 2015 vil Fylkesmannen vitje 10 nye kommunar. Tilsaman med 6 kommunebesøk hausten 2013 vil vi ha gjennomført dagsmøtar med alle formannskapa, administrative leiing og ungdomsrepresentantar i alle våre 36 kommunar.
Fylkesmannen opplever desse besøka som interessante og verdifulle. Det er også gode tilbakemeldingar frå kommunane, og vi vonar at vi lukkast i arbeidet med å vere den medspelaren vi ønskjer å vere. Vi ynskjer auka dialog med kommunanae, og vi merker allereie effekten av fylkesmannens utadretta arbeid og kommunesbesøk på den måten at terskelen for å ta kontakt er låg.

I forkant vert det utarbeidd eit kommunebilete for kvar kommune på ca 50 - 60 sidar, som seier noko om kvaliteten innan dei ulike fagområda. Desse Kommunebileta vert brukt til vidare kvalitetsutvikling i kommunane. Det seier vi oss godt nøgd med.

At Fylkesmannen etterspør representantar frå ungdomsråda når vi er ute på kommunebesøk, heng tett saman med vår fleiråringe satsing på barn og unge. I Møre og Romsdal har denne satsinga fått navnet «Betre oppvekst» , og inneheld 4 strategimål:

- sikre barn og unges medvirkning
- bedre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- bedre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge
- redusere negative konsekvenser av sosiale ulikheter

Vi har gjennom dette sett barn og unges behov på dagsorden i all sakshandsaming internt og sett fokus på temaet i ekstern aktivitet. Som eksempel kan vi nemne feiring av barnekonvensjonen, arbeid med kommunereformen og at dei unge deltek i kommunale møter og fora.

Beredskapen i kommunane er god! Det fekk vi nok eit døme på då fjellet Mannen i Rauma trua med å dette ned i haust. Fjellpartiet er no overvåka av topp teknisk utstyr, og fylkesmannen er godt nøgd med at Staten i 2014 tok over fjellovervåkinga som tidlegare Rauma og Stranda kommune dekte store delar av utgiftene til.

Nytt tilsyn av året var tilsyn etter den nye Folkehelselova. Tre kommunar vart vald ut; Skodje, Averøy og Herøy. Det viser seg at alle desse kommunane har vore flinke til å tenkje heilskap og leggje godt til rette for utvikling av ei god folkehelse for sine innbyggjarar. Det spesielle med desse tilsyna var også at vi møtte med eit tverrfagleg tema frå Fylkesmannen. Det har gitt god læringseffekt internt.

Vi opplever å ha kompetente, engasjerte og effektive medarbeiarar. Eit døme på det er det store etterslepet av klagesaker etter plan- og bygningslova. Det har vore jobba svært målretta i Justis- og beredskapsavdelinga, og på eit år har dei redusert klagebehandlingstida frå 12 månader og ned til 3 månader.

## Fylkesmannsembetet og dei tilsette

2014 var det fyrste året med ny organisering etter vår interne OU-prosess 2012/2013. Vi vil foreta ei evaluering i løpet av våren 2015, men opplever at ny organisering har verka positiv og i tråd med målsettinga.

Færre leiarar med personalansvar, alternativ karrierevegar for tilsette som ikkje ynskjer å ta på seg eit leiaransvar, etablering av strategisk leiargruppe , auka samarbeid på tvers av avdelingane gjennom samlokalisering, og samling av felles fagområder for alle avdelingar i stab, er dei mest omfattande endringane.

Vi gjennomførte ei medarbeiderundersøking tidleg på året. Resultata frå denne spørjeundersøkinga vart lagt fram på medarbeiarsamlinga vi hadde for alle tilsette i juni. Denne viser jamt over gode resultat, og ei signifikant forbetring når det gjeld samarbeid på tvers av avdelingane. Dette har vore eit særleg satsingsområde frå leiinga i embetet, og det er gledeleg at medarbeidarane våre har hatt fokus på å bli betre på å samarbeide innan fleire fagområder.

På medarbeidarsamlinga vart det og jobba med rullering av vår strategiplan. Fyrsteutgåva vart utarbeidd i 2012, og hadde no behov for ei oppdatering og fornyiing. Ei brei deltaking frå alle tilsette er viktig for å få eigarskap til plana.

I 2014 vart det også laga ferdig ei eiga hustavle hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Her framgår 6 punktar om forventningar til leiarar og tilsette. Hustavla er også eit resultat av OU prosessen, og har hatt brei involvering.

Gjennom dei grep som vart gjort etter OU-prosessen, meiner vi å ha fått til eit meir effektivt embete. Miljøvernavdelinga og Landbruksavdelinga er samlokalisert. Det gir ein god effekt. Likedan er oppvekst og utdanning, samlokalisert med Helse og sosialavdelinga. Vi ser at dette også er i ferd med å gje den effekten vi hadde ynskja oss. Nokre oppgåver er flytta mellom avdelingane, og ikkje minst var det positivt ¨å få til ein felles samordningsstab.

## Fylkesmannsembetet og økonomi

Vi opplever at det er god økonomistyring, og at direktørane er flinke til å halde rammane sine. I 2014 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal høg måloppnåing på dei aller fleste områder. Eit unnatak er imidlertid verjemål. Her er det ikkje samsvar mellom arbeidsoppgåver og ressursar. Det er eit stor utfordring at underfinansering av desse oppgåvene må dekkjast inn frå andre avdelingar og departement. Ein slik effekt var neppe tilsikta.

Vi ser vidare at talet på plansaker er høg, og at sakshandsamarane har eit konstant høgt arbeidspress. I 2014 hadde vi ei ekstra stilling på plan, og dette gav oss moglegheita til å vere meir ute i kommunane og jobbe i forkant. Det gjev oss mindre arbeid seinare i planprosessen, og vi trur at det også vert færre meklingar når fylkesmannen har ressursar til å kome tidleg inn i planprosessane.

I 2014 har det vore ei betydeleg oppgradering av kontorlokala.

Ei kort omtale og vurdering knytta til kvart sektorområde

## Velferd, helse og personleg tenesteyting

## Sosiale tenester

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har eit godt samarbeid med NAV Møre og Romsdal. Vi deltek i fire årlege leiarsamlingar, der vi legg fram styringssignal til kommunane, informerer om lover og forskrifter, samt har opplæring i sentrale tema som til dømes Internkontroll. Vi har også fokus på bustadsosialt arbeid og økonomisk rådgjeving og kvalifiseringsprogrammet. I tillegg har vi gjennomført opplæring i sakshandsaming for tilsette i NAV.

Vi har i 2014 gjennomført seks tilsyn med KVP i NAV-kontor. Desse vil bli fulgt opp med erfaringskonferanse i 2015. Fylkesmannen gjennomførte også studietur i KVP-arbeid i 2014.

Sosiale klagesaker blir handsama etterkvart, og i 2014 har sakshandsamingstida gått ned.

Samarbeid kommune - stat i NAV har vore viktig tema i dialogmøter med kommunane, som er gjennomført i 2014. Vårt inntrykk er at samarbeidet for det meste fungerer godt i vårt fylke og at NAV-leiarane deltek i kommunens leiargrupper. Vi ser dette som viktig for god kvalitet på tenestene.

Dei største utfordringane i fylket, er slik vi ser det, mangel på sosiale bustader både til midlertidig og varig bruk.

Vi opplever ressurssituasjonen på dette feltet (sosiale tenester) som uforutsigbar. Dette fører til at vi ikkje kan tilsette medarbeidar med rett kompetanse i fast stilling.

**Helse- og omsorgsområdet**

Vi har dette året hatt god kontroll med klagesaksbehandlinga. Tilsyn retta mot psykiatrifeltet viser at det i Møre og Romsdal er store utfordringar når det gjeld rekruttering og derfor også kvalitet. Statistikk viste høgt forbruk av vanedannande legemidler i vårt fylke. Derfor hadde vi tilsyn med dette området. Det er framleis behov for fokus på bruk av tvang og makt. Vi har difor gjennomført både tilsyn og opplæring på dette feltet.

Fylkesmannen registrerer at ein del kommunar planlegg og gjennomfører endringar i tilbodet når det gjeld bustad til pleie- og omsorgsformål. Vi har hatt fleire klager og bekymringsmeldingar som viser at ikkje alle får god informasjon og at ikkje alle endringar er gjort av faglege grunnar.

Fylkesmannen har eit særs godt samarbeid med Utviklingssentra for sjukeheim og heimetenester i vårt fylke. Dette har stor betydning for kvalitetsarbeid opp mot kommunane gjennom nettverk, kurs og konferansar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har saman med Trøndelagsfylka framleis satsa på velferdsteknologiprosjektet i Midt-Norge. Mellom anna har vi fulgt opp satsinga med læringsnettverk for kommunar som ikkje tok del i prosjektperioden, for å spreie erfaringar til nye kommunar.

**Folkehelse**

Det landsomfattande tilsynet med folkehelseområdet er gjennomført i tre kommunar. Det viser at kommunane er komme godt igang med planer, men manglar tiltak. Områdekjennskapen vår viser at dette nok også vil gjelde dei fleste andre kommunane. Alle kommunane i Møre og Romsdal er med i nettverket God Helse og har folkehelsekoordinator.

To hendelsesbaserte tilsynssaker har vist at kommunane har redusert skulehelsetenestetilbodet. Vi har på bakgrunn av dette hatt møter med kommunane, noko som har ført til planer om å betre tilbodet.

Vi ser at kommunane har utfordringar når det gjeld god samhandling innan rus og psykisk helse. Fylkesmannen legg vinn på å sjå fagfelta i sammenheng, mellom anna med dialog på samlingane "Ringar i vatn", som vi gjennomfører to gonger kvart år.

Ressurssituasjonen på helse- og omsorgsområdet er utfordrande. Vi har prioritert i tråd med oppdragsbrevet, men vi har framleis store restanser på feltet tvang og makt mot utviklingshemma. Dette skuldast mange innkomne saker, kombinert med sjukmeldingar.

**Verjemål**

2014 var eit svært krevjande år for verjemålsforvaltninga i embetet. Dei tildelte ressursanene i prosjektet står ikkje i forhold til arbeidsmengda. Det blir nytta ressursar frå resten av embetet på ein måte som ikkje er haldbar på sikt. Frå å vere i ein oppstartfase, går vi no meir og meir over i ein ordinær driftsfase. Vi ser då at arbeidsmengda er vedvarande høg: 10100 inngåande jorurnalpostar og 8300 utgåande. Det er gjort ei knallhard prioritering av oppgåvene og det er nokre oppgåver som ikkje vert utført. Mellom anna so er ikkje vi i kontakt med dei som blir sett under verjemål. Det er ei stor bekymring at effektiviteten går ut over kvalitet og rettstryggleik . Vi prioriterer å vere tilgjengelege for verjane, for på den måten å ha ei velfungerande verjemålsforvaltning. Etter å ha nedprioritert ein del arbeidsoppgåver, må vi no ta att desse. Dette gjer at saksbehandlingstida aukar på verjeoppnemningar og søknader om økonomiske disposisjonar.

**<u>Oppvekst, barnehage og opplæring</u>**

**Barnevern**

Etter vår vurdering er oppgåvene stort sett utført i tråd med oppdraget, men oppdragsbrevet på dette området kom så seint på året, at vi ikkje rakk å gjennomføre alle tiltak i 2014. Tilsyn og overvakning viser at barnevernstenesta framleis har store utfordringar med fristbrot og oppfølging av barn i barnevernet. Ein ser likevel betydelege betringar på dei fleste område både når det gjeld fristar og kvalitet på arbeidet. Vi ser dette som resultat av meir ressursar til barnevernet, både stillingar og kompetansetiltak.

Vi har hatt einskilde svært alvolege saker knytt til private institusjonar, som også tek imot barn frå andre fylke.

**Styrking av samarbeidet i embetet i tverrfagleg arbeid med barn og unge.**

Tidleg innsats og sjå samanheng mellom barnehage og opplæring ser vi på som viktig for at barn og elevar skal få best mulege oppvekst- og opplæringsvilkår. Vi har omorganisert oppvekst og utdanningsavdelinga for å sjå samanhengen mellom barnehage og opplæring. I dei fleste satsingar som embetet set i verk sjølv, er det felles tema for barnehage og skule, jf, prosjektskjønsmidlar. Vi skulle gjerne ønska at det var fleire felles satsingar frå sentralt hald også, t.d. satsinga på mobbing og krenkande atdferd. Vi ser at slike felles tiltak gir større effekt.

Vi har alltid fellestema for barnehage og skule på fagdagane som vi har to dagar haust og vår.  På planleggings- og informasjonsmøte som vi har med regionskontaktane 3-4 gongar pr år.  er både barnehage- og opplæring representert. Vi involverer også fylkeskommunen i møte med kommunane. Vi trur at embetet kunne ha fått fleire oppdrag på vidaregåande opplæring frå sentralt hald og dermed fått meir samanheng mellom satsingane på ungdomssteget og vidaregåande opplæring, og for å bidra til å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Oppvekst- og utdanningsavdelinga er samlokalisert med sosial- og helseavdelinga, og har meir samarbeid bl.a. innafor barnevern. Vi har hatt fleire konferansar saman for ulike sektorar i kommunane for å vere med å bidra til samarbeid lokalt.

Barnekonvensjonen blir utdelt og det er eit krav frå fylkesmannen at dei heng den opp på ein sentralt plass i rådhuset. Barnekonvensjonen har vi også hatt som tema på den årlge barnehagekonferanse som samlar 4-500 deltakarar.

**Sikring av rettstryggleiken for barn og unge**

Ressursar som er brukt til tilsyn er auka i forhold til 2013, jf, resultatområde 311. Vi har utført fleire tilsyn enn aktivitetskravet og brukt mykje ressursar til rettleiing i samband med tilsyn som er belasta resultatområde 319 Anna tilsyn og forvaltning på utdanningsområdet. Vi har også løna ein ein person i 6 mnd som driv med tilsyn og klagesaksbehandling på barnehageområde på fagkapitlet på barnehageområde.

Informasjon om regelverket for barnehage og opplæring er det stort behov for. Det er store utskiftingar av rådgivarar i kommunane. Vi utarbeider eit årleg informasjonsskriv der vi summerer opp erfaringar med klagesakene og poengterer kva det er viktig at kommunane legg vekt på. På dei årlege eksamensmøte blir regelverket gjennomgått og eit rettleiingshefte i arbeid med standpunkt i grunnskulen blir oppdatert kvart år. Vi har etablerte eit fast samarbeid om klagesaker innanfor kap 9a i Region Midt med faste møte for å drøfte saker og få mest muleg lik saksbehandling.

Vi har utført tilsyn etter oppdraget både med omsyn til metode og omfang. Vi har deltatt på møte med Udir på tilsynsområdet som har vore til god hjelp i tilsynsarbeidet. Vi ser god effekt av det nye felles nasjonale tilsynet på opplæringsområdet: Elevens utbytte av opplæringa. Det ser ut til at den nye tilsynsmetoden med først veiledning, så eigenkontroll og tilslutt tilsyn har god effekt. Skulane legg ned eit grundig arbeid både før og under tilsynet og ein del lovbrot blir oppretta før endeleg rapport blir skreven. Vi kan kalle dette eit lærande tilsyn som skular/skuleigarar gir gode tilbakemeldingar på. Det kan sjå ut som det er eit heldig trekk og sette inn ulike statlege verkemiddel samtidig. Vi ser tydeleg spor i tilsynet etter dei skulane er har deltatt i satsinga Vurdering for læring. Det er tydeleg at denne satsinga viser resultat, så kombinasjonen mellom kvalitetsutvikling og kvalitetssikring gjennom tilsyn gir god effekt.

Vi ser at fylkesmennene kunne bidratt til betre gjennomføring i vidaregåande opplæring gjennom å få meir oppgåve i samband med informasjon, rettleiing og tilsyn om regelverket innanfor fagopplæringa. Det var positivt med ein konferansen som var gjennomført om fagopplæring i 2014, men her trengs meir kompetanseheving i embeta.

Vi har også utført tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit i samsvar med oppdraget. Vi ser at kommunane blir stadig betre på dette området. Vi ser fram til arbeidet med tilsyn på barnehageområdet kjem i inn

i meir fastare former som på opplæringsområdet med felles nasjonalt tilsyn m.m.

Vi har utført ein del hendelsesbaserte tilsyn og nokre kommunar har behov for mykje oppfølging.

Omfanget av klagesaker ligg på omtrent same nivå som tidlegare. Vi har mange klagesaker på §5-7 frå ein kommune, men dei fleste sakene har kommunen fått medhald. Talet på klagesaker på standpunkt i grunnskulen gjekk ned for eit par år sidane, og har holdt seg på same nivå i 2014 også. Vi har hatt ei utfordring med for lange saksbehandlingstid på klagesaker, men det har betra seg.

**Auka kvalitet og kompetanse i barnehage og grunnopplæring.**

Skuleiegar/skolar gir gode tilbakemeldingar på mange av tiltaka innan kompetanse og kvalitet for barnehage og grunnopplæring. Det har vorte ei aukande deltaking i vidareutdanningsstrategien for lærarar i vårt fylket etter kvart som ordninga har vorte meir tilpassa og fleksibel der tilboda blir spreidd på fleire høgskular og det blir mindre utgifter for kommunar til reise. Vi er svært nøgd med ei nye tilboda som Høgskulen i Volda har fått. Vi har gjennomført arbeidet etter oppdraget.

Vi ser at den kollektive læringa gjennom barnehagebasert og skolebasert kompetanseutvikling ser ut til å ha effekt. På barnehageområde ser vi dette på større utviklingsprosjekta som regionane har sett i verk med midlar frå fylkesmannen der alle kommunane i regionen er med og der dei har hatt fokus på barnehagen som lærande organisasjon. Det er også gode tilbakemeldingar på Ungdomstrinnssatsinga der heile personalet på skulen arbeider med det same området, obsererer kvarandre og reflekterer over praksis. Det er ein komplisert organisering med styrt av Udir , utviklingsrettleiarar, ressurspersonar og høgskulen , og unødvendig energi er brukt for å forstå sine eigne roller. Dette ser vi har vore ei utfordring. Av oppdraget ser vi at fylkesmannen har ei lita rolle i ungdomstrinnssatsinga, men vi har deltatt på konferansar og utført arbeidet etter oppdraget. Det kunne kanskje vere eit behov for at fylkesmennene var meir involvert og kunne samordna arbeidet meir.

Vi ser at det har betre effekt på sikt å koble ein del av kvalitetsutviklingsarbeid til faste kompetansemiljø i fylket. Det er bra tilbakemeldingar på det arbeidet Veilederkorpset gjer, men dei klarer ikkje å dekke opp det store behovet som det er i vårt fylket med over 200 skular i 36 kommunar og vi ser også at vil vere behov for framleis å ha tilgang på kompetansemilø som kan støtte skulane også etter at satsinga er over. Når det gjeld arbeidet med mobbing og krenkande atferd, er kommunane i gang med å tenke alternative ressurs- og støttegrupper i tillegg til Veilederkorpset. Her meiner vi at fast kompetansemiljø som lærarutdanninga bør kome inn og støtte. Vi har delteke på dei møta det er forventa av fylkesmannen skal vere med på, men føler vel på at det skulle ha blitt stilt klarare forventningar til oss.

I satsinga Vurdering for læring har Møre og Romsdal ein annan modell enn det som Udir har lagt opp til i og med at vi har fylkesnettverk og knytt til oss ein fagperson frå Høgskulen i Volda som fagleg rettleiar.

Vi har brukt mykje tid på satsinga læringsmiljø og tiltak til skular med høge mobbetal over tid. Vi valde ut ein kommune med tre skular til Veilederkorps og har hatt eit omfattande arbeid med å følgje opp dei andre skulane med høge mobbetal over tid. Ved ein feil har vi ikkje oppfylt ekstraoppdraget om å lyse ut utviklingsmidlar til læringsmiljøprosjekt, men har delt ut midlar til regionane som jobber saman om læringsmiljø. Vi viser til nærmare informasjon om dette under pkt 32.2. Vi vurderer å ha nådd målet innan læringsmiljøområdet sjølv om vi ved ei misforståing ikkje lyste ut midlar som kommunane kunne søkje på i samband med ekstraoppdraget vi fekk.

Det blir brukt mykje statlege midlar til kompetanseutvikling/kvalitetsutvikling. Vi ser at det kan vere ei utfordring å møte dei reelle behova i barnehage og opplæring. Utfordringar er å få til endringar og få implementert det i barnehage og skule. For å få dette til, må det vere eit behov. Det kan vere eit behov for å vurdere strategiane på dei ulike statlege satsingane for å få enda meir effekt ute i barenehagar og skular.

Vi har gjennom fleire år brukt fylkesmannens prosjektskjønnsmidlar til utviklingsprosjekt på spesialundervisning og læringsmiljø som kommunane har behov for. På desse satsingane knyter vi oss til HVO og Statped slik at dei kan støtte/evaluere prosjekt. Dette har gitt effekt og fleire kommunar har t.d. fått betre prosedyrar på spesialundervisninga og t.d. redusert enkeltvedtaks-prosenten.

**Ressursar og kompetanse innan oppvekst og utdanning**

I 2014 har vi auka midlane på kap 1510 med ca 10% i forhold til 2013, men tala for 2013 var 5% lavare enn for 2012.

Vi bruker over halvparten av ressursane til tilsyn og klage, ca. 60%, vidare 16% til vurderingsarbeid med

eksamen/nasjonale pøver, og ca. 15% til kvalitets- og kompetanseutvikling. Vi har god kompetanse, men ser at vi er sårbar ved fråver.

## Arealdisponering, byggesaker og universell utforming

Fylkesmannen har hatt fokus på dei områda som er vektlagt i embetsoppdraget. Vi har lagt stor vekt på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet, og aktiv formidling av dei nasjonale forventningane. Nasjonal politikk blir formidla gjennom rettleiing på ulike måtar, m.a. gjennom møte, førehandsfråsegner og høyringsfråsegner. Fylkesmannen har eit tett samarbeid med fylkeskommunen i plansaker. Dette omfattar både samarbeid i enkeltsaker, så vel som kontakt og rettleiing gjennom dei regionale plannettverka og i regionalt planforum.

Fylkesmannen er også ein viktig høyrings- og samarbeidspart i samband med regionale plansaker. I 2014 har Fylkesmannen deltatt i prosessen rundt ny regional delplan for attraktive byar og tettstader. Føremålet med planen er å avklare den overordna senterstrukturen i fylket og gi retningslinjer for lokalisering av handel, tenester og andre utbyggingsføremål i kommunane. Planen skal legge til rette for utvikling av funksjonelle arbeids-, bu- og serviceregionar, fremme ei meir berekraftig by- og tettstadsutvikling og styrke samordna bustad-, areal- og transportplanlegging i og mellom kommunane. Planen skal vidare legge til rette for ein robust region- og senterstruktur uavhengig av framtidig kommunestruktur.

Den kommunale planlegginga skal etter plan- og bygningslova samordne både den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga. Kommunal planlegging er i lys av dette eit viktig verktøy for utvikling og styring både av kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon. Søkelyset på ei meir integrert og samordna kommuneplanlegging vil elles naturleg ta utgangspunkt i tverrfaglege tema som *Berekraftig utvikling, Klima, Barn og unge, Universell utforming* og *Folkehelse*.

Ei generell utfordring for fleire av kommunane vil vere mangel på oppdaterte planar – i første rekke på oversikts-/kommuneplannivå. Mange kommunar slit elles både med både kapasitet og kompetanse på planområdet. Fylkesmannen har saman med fylkeskommunen eit viktig ansvar for rettleiing og kunnskapsformidling retta mot kommunane på planområdet. Som eit ledd i dette gjennomførte Fylkesmannen i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune og KS i november ein tre-dagars felles konferanse om planlegging, bumiljø og folkehelse.

Fylkesmannen har i 2014 behandla til saman 1140 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova (pbl). Dette fordeler seg på 530 plansaker og 605 dispensasjonssaker. Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til justis- og beredskapsavdelinga er ikkje medrekna her. Plansakene fordeler seg mellom reguleringsplanar og kommune(del)-planar. Av desse utgjer reguleringsplansakene hovudtyngda. Vi ser likevel at talet på kommuneplansaker har auka dei siste par åra.

Fleire av plansakene er både komplekse og konfliktfylte, og krev tett oppfølging i form av møte og synfaringar. Strandsoneforvaltning og kjøpesenteretablering er eksempel på saker som utfordrar ulike interessegrupper som gjerne skaper stort lokalt engasjement. Lovverket stiller her store krav til Fylkesmannen både som sektormyndigheit og som samordnar. Meir konkret ser vi m.a. her at Fylkesmannen i 2014 har lagt inn meir ressursar i tidleg kontakt i planprosessar, med oppfølgjande arbeidsmøte og synfaringar for å redusere talet på konfliktar i plansaker, då spesielt i kommuneplanprosessar. Vidare ser vi at barn og unge sine interesser har vore spesielt prioritert og krav til utforming av leikeplassar med funksjonskrav er blitt strengare i løpet av året.

Fylkesmannen har i 2014 fremma motsegn til 58 planar (50 reguleringsplanar og 8 kommune(del)planar). Talet på motsegner ligg på nivå med tala frå dei to føregåande åra. I høve til det samla talet på plansaker er det likevel relativt få motsegner. Av i alt 477 reguleringsplansaker/-ekspedisjonar i 2014 utgjer motsegnssakene om lag 10 %. Av tema det blir reist motsegn til er det barn- og unge, natur- og miljø/landskapsomsyn, støy og risiko og sårbarheit som dominerer. Kommuneplansakene omfattar ofte motsegn knytt til <u>ulike</u> plantema, men gjerne også fleire motsegnspunkt knytt til <u>same</u> tema. T.d. vil det kunne reisast motsegn på grunn av jordvern knytt til fleire delområde i planen.

Når det ligg føre ei motsegn til eit planforslag kan ikkje kommunen vedta planen. Saka kan gå vidare, anten ved at kommunane endrar planen, det vert gjennomført mekling eller at planen går direkte til avgjerd i departementet. Fylkesmannen er meklingsinstans. Etter oppmoding om at partane tar ei ekstra runde med drøftingar/dialogmøte har ein her i stor grad lykkast å finne løysingar utan å gå vegen om formell mekling. Fylkesmannen har i tråd med sentrale styringssignal lagt vekt på at motsegn blir fremma i saker der nasjonale og viktige regionale interesser blir berørt, og at omsynet til lokalt handlingsrom blir ivaretatt.

Det har vore gjennomført tre ordinære meklingar i løpet av 2014. Dette er vesenleg færre enn dei føregåande åra. Fylkesmannen har vore part i alle, og spørsmål knytt til natur-/miljøvern har vore tema i alle dei tre meklingane.

Jordvern og spørsmål knytt til nauststorlek er elles tema som går igjen i meklingssakene. Dette omfattar:

- Vanylven kommune; kommuneplanens arealdel
- Fræna kommune; kommuneplanens arealdel
- Herøy kommune; kommuneplanens arealdel

Dersom ein plan går til mekling og ein ikkje kjem fram til ei løysing, vil saka gå til avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Departementet sitt vedtak i saka kan ikkje påklagast. Fylkesmannen har i 2014 hatt tre slike oversendingssaker der Fylkesmannen har vore part i alle:

- Rindal kommune; kommuneplanens arealdel
- Rauma kommune; reguleringsplan for Måsvatnet
- Herøy kommune; kommuneplanens arealdel

Fylkesmannen i Møre og Romsdal søkte i november 2014 om deltaking i utvida forsøksordning med samordning av statleg motsegn til kommunale planar. Departementet har i brev av 19.12.2014 meldt tilbake om at vi er eitt av dei nye embeta som er valt ut for å delta i forsøket frå 2015. Gjennom vår deltaking i prosjektet vil vi her meir aktivt kunne bruke vår samordningsrolle til å få avklart konfliktar mellom ulike statlege interesser tidleg i planprosessen

**Landbruk og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern**

Både Landbruksavdelinga og Miljøvernavdelinga er med og sett desse temaene på dagsorden til formannskapene når vi er på kommunebesøk. Vi opplever at ulike problemstillingar innan for Landbruk og miljøvern ikke er spesielt godt kjent blant politikerne uten at de er inne på fagområdet i sitt eget yrke.

Landbruk har et godt samabreid med Innovasjon Norge, og har gjennom de siste årene jobbet aktivt for å løfte opp aktiviteter knyttet til regional matkultur.

Møre og Romsdal har ei stor utfordring med tanke på den høge andelen av leigejord som bøndene har. Spesielt stor er den ute ved kysten. Helt opp i 60 -80 %. Dette gjev bøndene store utfordringar når dei skal gjere sine investeringar i gjerne større driftseiningar.

To områder har ikkje hatt noe spesieltt aktivitet frå Fylkesmannen i 2014: Det gjeld arbeid med økonomilogisk landbruk og "Inn på Tunet" prosjektet. Ut over det eroppgåvene i embetsoppdraget utført i stor grad.

På miljøområdet har vi hatt fokus på dei prioriterte områda gitt i embetsoppdraget frå Miljødirektoratet, samt på å få gjennomført spesifikke oppdrag spesielt for 2014. Dei fleste oppgåvene i embetsoppdraget har blitt løyst på ein tilfredsstillande måte.

<u>Klima:</u>

Mange kommunar har i sine planstrategiar og samfunnsdelar til kommuneplanen vedteke at dei skal rullere sine klima- og energiplaner. I praksis har det diverre ikkje skjedd noko. Det var ingen slike planer på høyring i 2014.

<u>Vassforvaltning:</u>

Det er lagt ned eit enormt arbeid, med stor involvering i dei ulike vassområda, i forbindelse med utabeiding av tiltaksanalyser og forvaltningsplaner. Denne prosessen har skapt ei forventning om midlar til gjennomføring av tiltak og kartlegging. Det er uttrykt bekymring i kommunane om at tiltaka ikkje vil bli gjennomført om dette er tenkt finanisert over kommunane sine budsjett. Det er viktig at vi før start på neste planperiode får gjennomført mange av dei små tiltaka samt nokre av dei meir ressurskrevjande tiltaka.

Vi har hatt spesiell fokus på å forbetre kunnskapsgrunnlaget gjennom bruk av overvakingsmidlar. Overvakinga blir finansiert gjennom spleiselag ved offentlige og private aktørar etter avtalar. Overvakinga vert gjennomført i tråd med forslag til forvaltningsplan og overvakingsprogram.

For å komme godt i gang inn mot neste planperiode vil det vere spesielt viktig med fokus på forbetring av kunnskapsgrunnlaget. Vi ber derfor om at arbeidet med overvaking og kartlegging blir prioritert høgt òg dei neste åra.

<u>Kunnskapsgrunnlaget</u>

Vi har lagt hovudvekt på naturtypekartlegging. I 2014 vart det kartlagt i kommunane Rauma, Surnadal og Smøla. I tillegg har vi framskaffa data frå nokre sunnmørskommunar samt frå Aure og Kristiansund. Viltfondsmidlane blir i stor grad tildelt prosjekt som styrkar kunnskapen om viltet. Vesentlege delar av dette er stadfesta kunnskap som blir gjort tilgjengeleg via Naturbase eller tilsvarande.

Kartportalen GisLink (www.gislink.no) er ei nettbasert kartteneste som er open for allmenn bruk. GisLink vert drifta av fylkesmennene og fylkeskommunane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag, og gjev oppdatert informasjon til kommunar, regional forvaltning, private verksemder og ålmenta.

Noreg Digitalt-samarbeidet sørgjer for at oppdaterte data alltid er tilgjengeleg via GisLink. Dette er særs viktig for at medarbeidarar skal kunne drive sakshandsaming på rett avgjerslegrunnlag.

Vi har dei siste åra jobba mykje med å kople saman data frå ulike aktuelle kunnskapsdatabaser, for å kunne lage kartlag for plansjekk etter ulike tema. Dette for å synleggjere kunnskap så tidleg som mogleg i ein planprosess og noko som skal verer tilgjengeleg for alle aktuelle som arbeider med samfunnsplanlegging. Dette er slik vi ser det eit område med stort potensial for betre ressursutnytting og forenkling

Tilsyn

Tilsyn og konsesjonshandsaming vart høgt prioritert i 2014. Vi gjennomførte til saman 81 tilsyn (66 inspeksjonar, 7 revisjonar og 8 utrykkingsinspeksjonar). Vi ga 48 nye og endra 18 løyver etter forureiningslova i 2014. Vi har brukt omlag 4,7 årsverk på gebyrrelatert aktivitet i 2014 (ca. 2,3 årsverk på tilsyn og 2,4 årsverk på konsesjonsbehandling). Vi sendte fakturagrunnlag for 2,36 MNOK (ca 1,36 MNOK på konsesjonar og 1,00 MNOK på tilsyn), mens den tildelte ramma var på 2 MNOK for gebyrinntekter.

Skipsverft og sediment

Vi har prioritert arbeidet med å få undersøkt og stoppa ny tilførsel frå evt. forureiningskjelder på land i Aspevågen i Ålesund (Borgundfjordprosjektet). Det er sendt ut pålegg om miljøundersøkingar og tiltaksvurderingar til ti nye område på land som ikkje er tilstrekkelig undersøkt frå før. Det er komplekse eigarforhold på dei fleste av områda, og vi har oppmoda til samarbeid mellom ulike grunneigarar innanfor same område. Vi har planlagt tett oppfølging av grunneigarane vidare i prosjektet.

Vi har prioritert tilsyn ved skipsverft i 2014 og har derfor venta med å gje pålegg om tiltak på land ved dei prioriterte skipsverfta. Det er så langt lagt fram svært sprikande konklusjonar i forhold til vurdering av kartleggingsresultat og forslag til tiltaksplaner. Det blir ei utfordring å få kvalitetssikra dette og sikre samordna rammekrav ved utsending av pålegg om tiltak.

Skogvern

Vi har følgt opp alle aktuelle saker i tråd med embetsoppdraget, men det er få saker. Vi har gjeve innspel til Allskog om aktuelle område, men både eigedomsstruktur og andre forhold gjer det vanskeleg å få fram fleire framlegg.

**Samfunnstryggleik og beredskap**

I 2014 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal sitt arbeid på samfunnstryggleik- og beredskapsområdet vore i godt samsvar med prioriteringane gitt i tildelingsbrevet. Vi har ført tilsyn med kommunal beredskapsplikt i elleve kommunar, vi har arbeidd med fylkesROS og vi har revidert, vidareutvikla og øvd embetet sitt beredskapsplanverk og beredskapsorganisasjon.

Vi meiner også at vi er godt à jour med andre vesentlege oppgåver som oppfølging av samfunnstryggleik i planar etter plan- og bygningslova, øving for kommunane, CIM-bruk og CIM-rettleiing og utøving av fylkesmannen si rolle som samordningsstyresmakt -- for ikkje å seie rolla som knutepunkt, nettverksbyggar og drivkraft i den regionale beredskapsfamilien.

Utover normalaktivitet som møte i fylkesberedskapsrådet, totalforsvarsmøte og fagsamlingar for kommunane, har vi i rolla som samordningsstyresmakt teke initiativ til og fått i gang fleire vesentlege tiltak i 2014:

- Vi har starta eit større arbeid med å revidere beredskapsplanverket for fjellskred og flodbølgjer. Arbeidet blir gjennomført i samsvar med nasjonal beredskapsplan for fjellskred, det omfattar deltaking frå 11 kommunar og mellom 50 og 100 nasjonale, regionale og lokale beredskapsaktørar, infrastruktureigarar og næringsverksemder inngår. Dette er eit krevjande, omfattande og langsiktig arbeid. Ein stor fagkonferanse i august 2015 og ei stor samhandlingsøving i september 2016 er dei viktigaste milepålane framover.
- Vi har teke initiativ til og fått etablert eit fylkesdekkande nettverk for kommunane sine psykososiale kriseteam. Dette er eit pionerprosjekt i nasjonal samanheng og eit svært ettertrakta tilbod i kommunane.
- Vi har teke initiativ til, etablert og fått i drift eit regionalt tryggingsforum for fylket. For dette initiativet har vi fått svært gode tilbakemeldingar frå samarbeidspartnerane våre. Regionalt tryggingsforum for Møre og Romsdal har fast representasjon frå politidistrikta, PST-einingane, heimevernsdistriktet og fylkesmannen. Fylkesmannen er sekretariat for forumet. Forumet skal vere ein fast arena for drøfting og samarbeid om førebyggande tryggingsteneste. Det vert gjennomført to faste møte kvart år og elled ved behov.
- Under vekene med skredfare frå fjellet ved Mannen, tok vi i bruk fylkesberedskapsrådet på ein heilt ny måte -- med hyppige telefonmøte for eit situasjonstilpassa utval av medlemmer. Dette gav det regionale kollegiet ein god arena for å bygge felles situasjonsforståing og for å drøfte samhandling. Denne måten å bruke fylkesberedskapsrådet har hausta gode tilbakemeldingar frå alle involverte.

Det området vi framleis ikkje er heilt à jour med er ferdigstillinga av ein heilskapleg fylkesROS. I tråd med føringane gitt i tildelingsbrevet har vi i 2014 arbeidd med fylkesROSen og særleg lagt vekt på forhold knytt til kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar. Sluttrapporten blir publisert i mars 2015.

Samla sett meiner vi at oppgåveløysinga og resultatoppnåinga på samfunnstryggleik- og beredskapsområdet er god. I den kommuneretta aktiviteten (øvingar, tilsyn og rettleiing) er aktiviteten vår høgre enn minimumskrava. Dette er ei medviten prioritering, og vi ser også resultat i form av gode tilbakemeldingar og god kommunal krisehandteringsevne. Vi meiner også at vi har godt tak på rolla som regionalt knutepunkt og drivkraft -- både i kvardagens arbeid med risiko og beredskap, men også når noko skjer.

Den største trusselen mot oppgåveløysinga og måloppnåinga er det vesle og skjøre fagmiljøet. Blant fire personar med nisjekompetanse er heilt ordinær turnover ei ibuande sårbarheit og ein stadig trussel. Dette har vi sjølve erkjent gjennom eiga risikokartlegging, og det vart også påpeika i samband med DSB sin beredskapsgjennomgang og øving i august 2014. Mangelen på fullført fylkesROS kjem som ein god nummer to blant truslane. Ikkje fordi vi trur at ein ferdig og trykt fylkesROS vil gje oss så mykje meir kunnskap og eit mykje betre prioriteringsgrunnlag. Kunnskapen har vi allereie og vi står trygt både i rolla vår og prioriteringane våre. Dette handlar meir om integritet. Fylkesmannen, som fører tilsyn med at andre følgjer opp krav om ROS-analysar, bør sjølv ha orden i eige hus. Vi ser den.

| Resultatområde | Kapittel 0525 | Fagdep. |
|---|---|---|
| Klima- og miljødepartementet | kr 9 731 513,98 | kr 6 440 562,23 |
| Landbruks- og matdepartementet | kr 11 538 705,37 | kr 0,00 |
| Kunnskapsdepartementet | kr 7 011 203,15 | kr 1 666 424,09 |
| Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet | kr 2 663 483,44 | kr 859 118,84 |
| Justis- og beredskapsdepartementet | kr 3 759 492,85 | kr 6 340 732,31 |
| Kommunal- og moderniseringsdepartementet | kr 37 820 838,98 | kr 166 126,32 |
| Helse- og omsorgsdepartementet | kr 10 414 002,09 | kr 2 283 856,64 |
| Andre | kr 44 356,43 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 82 983 596,00 | kr 17 756 820,00 |

# IV - Styring og kontroll i embetet

### Innleiing

Embetet har også i 2014 arbeidd med vedtaket frå OU-prosess vår i 2013. Fleire av vedtaka har vore gjennomført i løpet av 2014. Vi har fått på plass ny organisering av avdelingsleiinga, og vi innførte flat struktur med fagkoordinatorar/fagansvarleg istaden for seksjonar og seksjonssjefar.

### Risikovurderingar

Embetet har vedtatt ein overordna risikopolicyen for risikostyringa i embetet, der dei overordna krava til embetet sine leiarar og tilsette med omsyn til risikostyring og intern kontroll er tatt med. Policyen seier noko om ansvar og formål, samt kva for område ein skal integrere risikostyring i mål og resultatstyringen.

Alle avdelingane gjennomfører risikovurdering av sine mål i samband med verksemdplanlegginga, og faktorar med høg risiko vert følgde opp kvartalsvis.

Vi ser at risikovurderingar er eit nyttig verktøy for å avdekkje kritiske faktorar i konkrete arbeidsoppgåver, men vi held dette på eit nivå der ikkje verktyet i seg sjølv krev meir ressursar enn sjølve oppdraget. Vi er opptekne av å ha ein rett balanse mellom tidsbruk og nytteverdi.

Embetsleiinga har i samhandling med direktørane i avdelingane alltid eit blikk på risikoar som kan dukke opp, og dei vil bli fulgt opp kontinuerleg. Oppretting av strategisk leiargruppa har ført til at vi har eit betre oversyn ein tidlegare og kan kome tidlegare inn med tiltak på tvers av avdelingane.

Vi gjennomfører fire allmøte i året der alle tilsette vert inviterte til å få informasjon om kva som skjer i embetet. Denne halve timen ein gong i kvartalet har vore eit godt tiltak for å unngå tidstjuvar i embetet. Alle tilsette får no same informasjon til same tid.

2014 starta med at vi samlokaliserte landbruk og miljøvernavdelingane og helse og sosialavdelinga med oppvekst- og utdanningsavdelinga. Det er no kome i gang felles møte mellom desse avdelingane, noko som vi ser klart styrker samhandlinga mellom deira fagområde.

Når det gjeld medverknad har vi fem faste møtepunkt med tillitsvalgte i året. I tillegg gjennomfører vi møter når det er behov for det, der drøftinger/forhandlinger er tema. For 2014 er det fastlagt ein møteplan med 10 møtepunkt mellom arbeidsgivar og tillitsvalte.

Rådgiver personal og administrasjonssjef er med i nettverket med Sør Trøndelag, Nord Trøndelag og deler av Nordland som vil arrangere ein ny felles konferanse for samarbeid og medverking våren 2014.

Tilsette er representert i tilsettingsråd, AMU, AKAN og verneombud, som vert systematisk tatt med i spørsmål kring oppfølging av sjukefråværet i avdelingane.

### Rekruttere og behalde kompetanse

Pr. 31.12.2013 var det 153 tilsette i embetet, 104 kvinner og 49 menn.(133,6 årsverk). Våre tilsette har eit høgt kompetansenivå, 55 % av tilsette har mastergrad eller høgare, 25 % har utdanning på bachelornivå.

I 2014 har fylkesmannen lyst ledig 35 stillingar. (talet er høgt fordi det inkluderer intern utlysing av fagkoordinatorar/fagansvarlege). Det er stor etterspurnad etter arbeidskraft i Møre og Romsdal og embetet deltek i konkurransen om arbeidskrafta i fylket. Særleg gjeld dette opp mot andre statlege og kommunale verksemder som har høgkompetansearbeidsplasser. Dette er ei utfordring både med omsyn til lønskostnad, men også utfordring knytt til å rekruttere til engasjement og vikarstillingar.

Vi hadde så positive erfaringar med å ta i bruk Difi sitt medarbeidarsamtaleverkty Snakk om utvikling i 2013, at vi har vedteke at vi fortsatt skal bruke dette verktyet i embetet. Også i 2014 vart det gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette.

Vi har gjennomført arbeidsplassvurdering med ergoterapeut for alle tilsette.

Gjennomført rolleavklaringssamling der alle tillitsvalte, verneombud og leiarar deltok

**Virksomhet: A6 - Fylkesmannen i Møre og Romsdal** **Rapport kjørt:** 03.02.2015 13:29

## Note 7 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen 2014

### Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

| | 201414<br>Spesifisering av bokført avregning med statskassen | 201414<br>Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen | Forskjell |
|---|---|---|---|
| Finansielle anleggsmidler | | | |
| Finansielle anleggsmidler* | 950 | 950 | 0 |
| *Sum* | **950** | **950** | **0** |
| Omløpsmidler | | | |
| Kundefordringer | 79 906 | 0 | 79 906 |
| Andre fordringer | -950 | -950 | 0 |
| Kasse og bank | 0 | 0 | 0 |
| *Sum* | **78 956** | **-950** | **79 906** |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | 0 | 0 | 0 |
| Skyldig skattetrekk | -3 988 919 | -3 988 919 | 0 |
| Skyldige offentlige avgifter | 0 | 0 | 0 |
| Annen kortsiktig gjeld | 4 337 | 4 337 | 0 |
| *Sum* | **-3 984 582** | **-3 984 582** | **0** |
| Langsiktige forpliktelser | | | |
| Annen langsiktig gjeld | 0 | 0 | 0 |
| *Sum* | **0** | **0** | **0** |
| **Sum** | **-3 904 677** | **-3 984 582** | **79 906** |

* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 7 B

### Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

| | Forretnings-kontor | Ervervsdato | Antall aksjer | Eierandel | Stemmeandel | Årets resultat i selskapet | Balanseført egenkapital i selskapet | Balanseført verdi i regnskap* |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *Aksjer* | | | | | | | | |
| Selskap 1 | | | | | | | | |
| Selskap 2 | | | | | | | | |
| **Balanseført verdi 31.14.2014** | | | | | | | | **0** |

* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balanseført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.

Prinsipp note til årsregnskapet fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Årsregnskapet er avlagt etter nærmere retningslinjer fastsatt i bestemmelser om økonomistyring i staten, fastsatt 12. desember 2013 med endringer, seneste 18. september 2013. Årsregnskapet er i henhold til krav i bestemmelsene punkt 3.4.1, nærmere bestemmelser i Finansdepartementets rundskriv R-115.

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen omfatter en øvre del med bevilgningsrapportering og en nedre del som viser beholdninger virksomheten står oppført med i kapitalregnskapet. Oppstillingen av artskontorapporteringen har en øvre del som viser hva som er rapportert til statsregnskapet etter standard kontoplan for statlige virksomheter og en nedre del som viser grupper av kontoer som inngår i mellomværende med statskassen.

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen og artskontorapporteringen er utarbeidet med utgangspunkt i bestemmelsenes punkt 3.4.2 – grunnleggende prinsipper for årsregnskapet:

a) Regnskapet følger kalenderåret
b) Regnskapet inneholder alle rapporterte utgifter og inntekter for regnskapsåret
c) Utgifter og inntekter er ført i regnskapet med brutto beløp
d) Regnskapet er utarbeidet i tråd med kontantprinsippet

Oppstillingene av bevilgnings- og artskontorapporteringen er utarbeidet etter de samme prinsippene, men gruppert etter ulike kontoplaner. Prinsippene korresponderer med krav i bestemmelsene punkt 3.5 til hvordan virksomheten skal rapportere til statsregnskapet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er tilknyttet statens konsernkontoordning i Norges Bank i henhold til krav i bestemmelsenes pkt 3.8.1. Fylkesmannen tilføres ikke likviditet gjennom året. Ved årets slutt nullstilles saldoen på den enkelte oppgjørskonto ved overgang til nytt år.

**Bevilgningsrapporteringen**

Bevilgningsrapporteringen viser regnskapstall som Fylkesmannen har rapportert til statsregnskapet. Det stilles opp etter de kapitler og poster i bevilgningsregnskapet fylkesmannen har fullmakt til å disponere. Oppstillingen viser alle finansielle eiendeler og forpliktelser virksomheten står oppført med i statens kapitalregnskap.

**Artskontorapporteringen**

Artskontorapporteringen viser regnskapstall fylkesmannen har rapportert til statsregnskapet etter standard kontoplan for statlige virksomheter. Fylkesmannen har en trekkrettighet for disponible tildelinger på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingene skal ikke inntektsføres og vises derfor ikke som inntekt i oppstillingen.

Note 7 til artskontorapporteringen viser forskjeller mellom avregning med statskassen og mellomværende statskassen.

# Innhold


| | |
|---|---|
| Kongehuset | Side 2 |
| Klima- og miljødepartementet | Side 2 |
| Landbruks- og matdepartementet | Side 11 |
| Kunnskapsdepartementet | Side 28 |
| Statens Helsetilsyn | Side 48 |
| Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet | Side 51 |
| Justis- og beredskapsdepartementet | Side 56 |
| Kommunal- og moderniseringsdepartementet | Side 63 |
| Arbeids- og sosialdepartementet | Side 80 |
| Helse- og omsorgsdepartementet | Side 83 |
| Samferdselsdepartementet | Side 93 |
| Utenriksdepartementet | Side 93 |
| Kulturdepartementet | Side 93 |
| Andre | Side 94 |

Fylkesmannsembetene utfører fagoppgaver for flere departementer og direktorater/tilsyn. Hvert departement er faglig overordnet embetene på det aktuelle fagområdet. I årsrapporten del III er det gitt en kort omtale og vurdering knyttet til hvert departementsområde. Nedenfor følger embetets mer utførlig resultatrapportering knyttet til embetsoppdraget for de ulike departementene.

# Kongehuset

## 00.1 Kongelige besøk

Kongeparet la det årlege fylkesbesøket sitt i 2014 til Møre og ROmsdal. Dei besøkte kommunane Aure, Tingvoll, Gjemnes, Halsa og Surnadal i tida 21.-22. mai.

Kronprinsesse Mette-Marit opna Bjørnsonfestivalen i Molde 27. august.

Prinsesse Astrid, fru Ferner avduka statue av Joachim Rønneberg i Ålesund 30. august.

Kronprins Haakon gjesta Romsdal vidaregåande skule i Molde og held opplæring i Dignity Day den 25. september.

## 00.2 Saksforberedelse av tildeling av ordener og medaljer

Det er delt ut 6 Kongens fortjenstmedaljar i 2014, fordelt på 1 kvinne og 5 menn.

# Klima- og miljødepartementet

## Resultatområde 01 – 06 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning

**Naturoppsyn og samarbeid med SNO**

Vi har eit godt og løpande samarbeid med SNO sett ut frå dei ressursane dei representerer. Innanfor gitte rammer har SNO gjort eit utmerket arbeid og profilert forvaltninga positivt. SNO har alt for små ressursar til å kunne foreta nødvendig tilsyn og skjøtsel. Vi ser behov for tettare oppfølging frå SNO, òg når det gjeld melding av lovbrot til politiet. Det er behov for forsterka oppsyn på Runde.

**Marint vern**

Møre og Romsdal har foreløpig ikkje starta opp arbeidet med marin verneplan, og avventar vidare signal på dette området.

**Oljeforureining**

Ingen spesiell aktivitet, ut over kontakt med Kystverket i forbindelse med øvingar og aktuelle hendingar.

**Heilskapleg vassforvaltning**

Fylkesmannen prioriterer samordning internt og eksternt for å sikre ei best mogleg heilskapleg vassforvaltning innanfor dei ressursane som er avsett. Vi prioriterer å bistå vassregionmynda med faglege råd.

Fylkesmannen har fokus på å forbetre kunnskapsgrunnlaget gjennom bruk av overvakingsmidlar. Fylkesmannen

har dei siste åra medfinansiert overvaking av Romsdalsfjorden som ein av fire nasjonale modellfjordar med fokus på vill anadrom fisk og påverknad frå lus. Motivasjonen er i fyrste omgang å leggje til rette for ein best mogleg dialog mellom ulike offentlige aktørar, relevante forskingsinstitusjonar og tredjepartar. Vi har i år òg prioritert å bruke overvakingsmidlar til å få kartlagt kunnskapsgrunnlaget i Bolgsvaet og Bolgvågen i Kristiansund kommune. Dette er ein resipient med store interessekonfliktar, og med mange klagesaker der vi blir utfordra på vurdering av samla belastning og tolegrense. Det er no gjort ei forundersøking og vi er no i prosess med å utarbeide overvakingsprogram med hensikt å avklare ein samla miljøtilstand med høg grad av pålitelegheit. Overvakinga blir finansiert gjennom spleiselag ved offentlige og private aktørar etter avtalar. Overvakinga vert gjennomført i tråd med forslag til forvaltningsplan og overvakingsprogram.

Det er lagt ned eit enormt arbeid, med stor involvering i dei ulike vassområda, i forbindelse med utabeiding av tiltaksanalyser og forvaltningsplaner. Denne prosessen har skapt ei forventning om midlar til gjennomføring av tiltak og kartlegging. Det er viktig at vi før start på neste planperiode får gjennomført mange av dei små tiltaka og nokre av dei meir ressurskrevjande tiltaka. Det er uttrykt bekymring i kommunane om at tiltaka ikkje vil bli gjennomført om dette er tenkt finanisert over kommunane sine budsjett.

Vi er svært nøgd med at vi for 2015 har fått tildelt ekstra midlar over ordinær ramme til arbeidet med vassforvaltninga. Dette har gjort oss i stand til å tilsette ein person i fast stilling, noko som gjev moglegheit for meir kontinuitet i arbeidet. Arbeidet med vassforskrifta er sett som ei varig oppgåve som vil krevje stor innsats òg dei neste åra framover og vidare mot neste planperiode. For å komme godt i gang med neste planperiode vil det vere spesielt viktig med fokus på forbetring av kunnskapsgrunnlaget. Vi ber derfor om at arbeidet med overvaking og kartlegging blir prioritert høgt òg dei neste åra.

Vann-nett og vannmiljø er sentrale baser for å samanstille kunnskapen om tilhøva i vatn. Det er framleis eit etterslep med innlegging av data. Fylkesmannen vil saman med Fylkeskommunen ajourføre basane mht påverknader og tiltak samt innlegging av nye overvakingsdata. Fylkesmannen stiller spørsmål om den høge presisjonsgraden og omfanget av det som skal leggast inn i vann-nett er hensiktsmessig når kunnskapsgrunnlaget er så vidt tynt, og skjønnsrommet så stort.

Oppdraget om å legge vekt på å redusere negative effektar på vandringsmoglegheiter for fisk og spesielt ål har vi prioritert i våre fråsegner til planer om kraftutbygging. Vegvesenet er gitt råd frå oss om kartlegging og utbetring av slike hindre. Miljøtiltak i vedteken vassforvaltningsplan/ tiltaksprogram er følgt opp og har prioritet.

Miljødirektoratet blir fortløpande orientert om behov for og forslag til nye undersøkingar retta mot anadrome bestandar og bidrar i pågåande saker m.a i Surna og Eira.

Fylkesmannen har pr. i dag ikkje ressursar til å følgje opp dei 3 punkta om vilkår i vasskraftkonsesjonar.

### Forvalting av anadrom laksefisk og innlandsfisk

Vi er langt på vei ferdig med ein gjennomgang av alle kultiveringsanlegga knytt til anadrom fisk. Gjennomgangen har vært styrt av retningslinjer for kultivering/utsetting av fisk. Det meste av dette arbeidet har vært omkring frivillig kultivering som går føre seg i enkelte vassdrag på Sunnmøre. Berre eit anlegg gjenstår.

Fylkesmannen har hatt ei sentral rolle i planlegginga av kjemisk behandling av elvane i Rauma. Aksjonen for å fjerne lakseparasitten gyrodactylus-salaris frå Raumavassdraget vart gjennomført for andre året på ein god måte, i samarbeid med Miljødirektoratet, Mattilsynet og Veterinærinstituttet. Rotenonbehandlinga i dei gyroinfiserte vassdraga i Rauma vart gjennomført i veke 33 og 34, og alt gikk fint.

Fylkesmannen er tiltakshavar for bygging av fiskesperre i Driva. Konsulentfirmaet Sweco i å utarbeida ein detaljplan for fiskesperra i Driva som vil vere anbudsgrunnlag for fiskesperra.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har eigaransvar for eit genbankanlegg på Herje. Bedrifthelsetjenesten har no i haust gjennomført ei HMS kartlegging på anlegget, og vi ser at noko av det som er påpeika i denne rapporten vil krevje investeringar på anlegget. Dette vil bli følgt opp i dialog med Miljødirektoratet.

### Akvakultur

Møre og Romsdal har ca. 160 aktive anlegg innan fagområde akvakultur. For matfiskanlegg er alle aktive løyve lagt inn i Forurensningsdatabasen og anlegg er vurdert og oppdatert med riktig risikoklasse. For settefisk og annan aktivitet manglar nokre løyve i databasen og risikoklassifisering vil bli gjort når data frå embetsoppdrag 1.25 for 2015 kjem inn.

Alle nye utsleppsløyve i Møre og Romsdal inneheld krav til miljøundersøkingar, med nokre få unntak. Ved

endring av eksisterande utsleppsløyve blir det òg stilt krav til miljøundersøkingar. For landbaserte anlegg blir det vurdert krav om reinsing og stilt krav om miljøundersøkingar til nye og reviderte anlegg. Søknadar om akvakulturløyve etter forureiningslova vert handsama fortløpande og skjer innanfor 4-vekers fristen.

FMMR har samanstilt og levert oversikt og vurdering av alle MOM-C rapportar.

Rettleiaren for Fylkesmannens behandling av oppdrettssaker er ikkje oppdatert dei seinare åra. Ein viktig føresetnad for å kunne gjennomføre embetsoppdraget på ein god måte er einskaplege retningslinjer. For å få til einskapleg handsaming på tvers av fylkesmannsembeta er det også avgjerande å få på plass ein felles mal for utsleppsløyve med like vilkår.

Fylkesmannen i Møre Romsdal har hatt eit auka samarbeid med Mattilsynet på lokalt og regionalt nivå. Utgangspunktet for samtalane har vore dei avdekte høge lusenivåa i Romsdalsfjordsystemet. Det har vore fleire møte med gjensidig orientering og Fylkesmannen blir teke med på råd og bidreg med kunnskap om vill anadrom fisk ved sakshandsaming av lokalitetar.

Det er i samtalane med Mattilsynet kome fram at dei ikkje regulerer miljøeffektar frå bruk av godkjende medisinar. Dette, saman med utslepp av koppar frå næringa, må omtalast som uavklarte risikofaktorar for norske fjordar. Ei risikovurdering og evt. avklaring av korleis desse utsleppa skal regulerast bør komme på plass, og det må vurderast om Miljødirektoratet/Fylkesmannen skal regulere desse utsleppa etter forureiningslova.

### Avløp

Vi er i dialog med kommunane som er omfatta av kapittel 14, og dei er godt kjende med at det ikkje vil bli gitt utsatt frist til forskriftskravet om minimum primærreinsing innan 31.12.2015. Dei har satt mål av seg til å greie reinsekrava innan fristen, sjølv om dei seier dette vil bli krevjande. Vi reknar med at ikkje alle dei nye reinseanlegga vil vere heil oppe å gå innan fristen, men det vil ikkje gå langt øver fristen før dei er heilt ferdig innkjørt. Vi jobbar med å ferdigstille reviderte løyver til anlegga.

Vi har vore på revisjon hos eit kap. 14 anlegg i år. Tilsynet skjedde etter aksjonsvekene og vart ikkje rapportert inn i aksjonen. Det vart opplevd som tungt og krevjande å revidere eit kommuneføretak, samanlikna med revisjon hjå andre private verksemder. Vi planlegg å føre tilsyn med dei resterande kap. 14 anlegga etter kvart som dei er heilt ferdig oppgradert, men då i form av inspeksjonar og ikkje revisjon.

Oppfølging av kommunen som myndigheitsforvaltar når det gjeld avløp er svært krevjande i eit fylke med mange små kommunar. Vi har ikkje full oversikt, men har inntrykk av at direkteutslepp til sjø er utbredt og at mange gamle anlegg har svært dårlig reinsegrad. Mange kommunar slit med mangel på kompetanse innafor avløp. Nettsida Miljøkommune er til god hjelp for oss når vi skal rettleie kommunane. Fylkesmannen har besøkt 20 av 36 kommunar i 2014, og utfordringar kommunen har som forureiningsmyndigheit på avløp har vore nemnd i skriv knytt til desse møta. Vi har også anbefalt kommunane å nytte nettsida Miljøkommune aktivt i sitt arbeid.

### Viltforvaltning

Manglande kapasitet på det som er fylkesmannen sine oppgåver etter forvaltningsreforma fører til at ein del saker får lang behandlingstid.

### Rovviltforvaltning

Fylkesmannen har handsama erstatningssøknader for 1737 sau tapt på beite i 2014. Halvparten av desse er enten dokumentert tapt til freda rovvilt eller sannsynleggjort drept av freda rovvilt.

Det vert utbetalt rovviltskadeerstatning for 882 sauer i år. Dette er 104 fleire enn i 2013, då det vart erstatta 778 sauer. Ser ein attende på erstatningane tidlegare år, er det 2007 som står att som eit ekstremår med over 2200 erstatta sau.

Erstatninga er ytt på grunnlag av sannsynleggjort eller dokumentert skade. 721 sauer er erstatta på grunn av jerveskade, 104 på grunn av gaupeskade, 19 på grunn av kongeørnskade og 29 på grunn av ulveskade.

Det er fleire beiteområde med store sauetap som har fått dokumentert freda rovvilt som skadevaldar gjennom Statens naturoppsyn (SNO) sine kadaverundersøkingar. Tapa er forholdsvis godt dokumenterte i kommunane med store tap til jerv. I år er det ved obduksjon dokumentert at jerv har avliva totalt 28 sauer, gaupe har tatt 8, kongeørn 8 og ulv 20 (Sykkylven). I 2013 var det til samanlikning dokumentert 12 jerveskadar, 3 gaupeskader, 3 kongeørnskadar og 32 ulveskadar (Nesset og Sunndal). Verken i år eller i fjor hadde fylket besøk av bjørn som gjorde skade i saueflokkane.

Det er svært vanskeleg å finne kadaver på utmarksbeite, så hovuddelen av erstatninga blir ytt på grunn av at vi ser freda rovvilt som den mest trulege årsaka til at tapa er høgare enn det som er rekna som normaltap. Ingen får erstatta tap av sau innafor normaltapet så sant dette tapet ikkje er dokumentert av SNO.

Vi legg stor vekt på dokumenterte rovviltskadar i søknadsåret i det beiteområdet som søknaden kjem frå. Det er 70 gardbrukarar som har søkt om erstatning i år. I 2013 var det 48 som søkte.

Det har vore tre rovviltsaker som har vore mykje omtala i media.

I mai fekk Stranda og Sykkylven besøk av ein eitt år gamal hannulv. Ulven, som hadde vandra frå sør i Sverige, gjorde skade i saueflokkar i begge kommunane, og blei felt ved skadefelling i Sykkylven 5. juni.

I Vermedalen i Rauma har det vore svært store tap knytt til jerv i år.

Gaupa har etablert seg på Romsdalshalvøya, og det er for første gong dokumentert gaupeyngling i Fræna. Det har vore store husdyrtap i Fræna i denne beitesesongen, noko som gjenspeglar seg i talet på søknader om rovvilterstatning.

**Forvaltning av villrein**

Villreinnemnda for Ottadalen er i god drift med støtte frå innleidd sekretærbistand frå Skjåk kommune. Grunneigarane har ei god og robust organisering som tar eit solid ansvar for sin del av villreinforvaltninga. Vi har deltatt lite i prosessen med fylkesdelplan for Ottadalen ut over dei ordinære høyringsrundane.

**Skogvern**

Vi har følgt opp alle aktuelle saker i tråd med embetsoppdraget, men det er få saker. Vi har gjeve innspel til Allskog om aktuelle område, men både eigedomsstruktur og andre forhold gjer det vanskeleg å få fram fleire framlegg.

**Forvaltning av verneområde og oppretting av nye verneområde**

Etter at fylkesmannen fekk ekstra midlar til å utarbeide forvaltingsplanar og tilsette eigne personar i august 2009, har produksjonen eskalert. Det er ferdigstilt forvaltningsplanar for Myklebustvatnet nr, Surna nr, Søysetøran nr og Tjørvågosen nr, og laga utkast til fleire andre.

Det er behandla 34 dispensasjonssaker i dei små verneområda, og det er gjeve løyve for 29 av dei. Det viser seg at det blir gjort mange inngrep utan søknad. Dette vert oppdaga i samband med forvaltingsplanarbeid og skjøtselstiltak.

Hogstprosjekta i Sandblåst-/Gaustadvågen nr og Gule-Stavikmyrane nr er gjennomført, og har krevt store ressursar til oppfølging.

**Nasjonalparkar og andre større verneområde**

Forvaltninga av dei store verneområda går greit.

**Verneområdeforvaltarar/ ny forvaltningsordning**

Vi har tilsett ny verneområdeforvaltar for Geiranger/Herdalen med kontorstad Geiranger. Fylkesmannen har hatt ekstra arbeid i perioden med vakanse i stillinga.

I 2011 tilsette vi verneområdeforvaltar for Trollheimen med kontorstad Rindal.

For å sikre langsiktig god drift av desse to knutepunkta, er verneområdeforvaltarane inne på besøk i Miljøvernavdelinga 1 – 2 gonger kvar månad. Dette sikrar fagleg utveksling mellom forvaltarane og kjennskap til fagmiljøa og den kompetansen fylkesmannen har.

**Geiranger/Herdalen**

Stien til Storseterfossen er ferdigstilt. Grensemerking av Geiranger-Herdalen blei sett i gang i 2011, men vil truleg ikkje bli sluttført før i 2015.

**Dovrefjell-Sunndalsfjella og Reinheimen**

Vi følgjer med i vedtak frå nasjonalparkstyret som gjeld vårt fylke.

**Motorferdsel i utmark**

Saksfeltet har relativt låg prioritet, men vi tek unna dei få klagesakene vi får på kommunale vedtak og rettleier kommunane i regeltolkinga på konkrete førespurnader.

**Kulturlandskap**

Utvalde kulturlandskap: Godt samarbeid med landbruksavdelinga og kulturavdelinga hos fylkeskommunen, både når det gjelder metodikk, avtalar og kontroll av skjøtsel. Alle har vore med på nettverkssamlingar. Det vart utarbeidd skjøtselsplanar for artsrike slåttemarker i Utvalde kulturlandskap i 2012. I 2014 er det skjøtselsavtale for 16 av 18 lokalitetar.

Regionalt miljøprogram og SMIL: Regionalt miljøprogram har gått gjennom hovudrevisjon. Det er no mellom anne lagt langt større vekt på miljørett handtering av husdyrgjødsel. Miljøvernavdelinga har vore lite involvert i forhold til arbeid med SMIL-saker, men det har vore ein del samordningsarbeid i forholdet til den nye tilskotsordninga for utvalde naturtypar.

Verdsarv: Samarbeid med landbruk om tildeling av verdsarvmiddel til kulturlandskapslokalitetar. Dette har fungert greitt. Vi samarbeider med Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv om fleire tiltak i verdsarvområdet. Deltaking på verdsarvrådsmøte.

Nasjonalt viktige kulturlandskapsområde: Det er gitt tilskot til beiting og rydding på Tautra.

Kartlegging av kulturmarker: Mange oppdateringar i samband med kvalitetssikring av utvalde naturtypar (skjøtselsplanarbeid)

**Forvaltning av trua og sårbare artar, inkludert utvalde naturtypar (UN) og prioriterte artar (PA)**

Slåttemark og slåttemyr: 133 slåttemarklokaliteter (719 daa)og to slåttemyrlokalitetar på (18 daa) blei skjøtta i samsvar med skjøtselsplan i 2014 (132 skjøtselsavtalar). 163 skjøtselsplanar er ferdigstilte. Arbeidet er svært omfattande med over 250 A- og B-lokalitetar i fylket. Vi har eit godt samarbeid med landbruksavdelinga.

Kystlynghei: Det er utarbeidd skjøtselsplanar for delar av arealet i alle tre referanseområda. (7 A og B-lokalitetar med skjøtselsplan) Det vart gjennomført sviing i eitt av referanseområda i 2014 og det er beitedyr på delar av arealet i alle tre. Det er førebels ikkje inngått skjøtselsavtalar. At delar av arealet er verna skapar ein del utfordringar i høve til samordninga av tilskot. Det blei betalt ut tilskot til sviing og beiting i 2 av referanseområda. Omsyn til viltinteresser og ulike grunneigarinteresser skapar ein del utfordringar.

Faggrunnlag for trua beitemarkssoppar i Norge: Dette er eit prosjekt som har medført ein del arbeid for avdelinga. Det er inngått avtale om kartlegging av beitemarksopp. Kartlegginga vil skje i dei fylke og område der potensialet for funn er størst.

**Framande organismar**

Vi har godt samarbeid med 5 kommunar og Statens vegvesen om kartlegging av framande planteartar. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har løyvt skjønnsmidlar til kommunane til kartlegging og utrydding. Fjerning skjer stort sett berre i verneområde, og mot sitkagran, gran, bergfuru, rynkerose og nokre andre plantar. SNO har drive storstilt fjerning av mink i Sør-Smøla lvo. Vi har behandla 7 søknader om utsetting av utanlandske treslag. Alle søknader om juletreproduksjon er innvilga, to søknader om utsett av sitkagran og ein søknad om europalerk er avslått. Vi har ikkje prioritert arbeidet med å koordinere arbeidet mot framande artar utafor verneområda.

**Ivaretaking av attraktive friluftslivsområde i plansaker**

Følgjast opp i løypande sakshandsaming etter PBL.

**Fylkesmannen som grunneigar/rettshavar på vegne av staten i dei statleg sikra friluftslivsområda**

Dei som følgjer opp saker etter PBL i kommunane har òg hovudansvaret for dei sikra friluftsområda. Vi har eit visst etterslep med saker som vi ventar å hente inn i løpet av året. Vi er ikkje ferdige med å gå gjennom forvaltningsplanar for alle sikra friluftsområde. Hovudgrunnen er at berre eit fåtal av planane vi har fått til godkjenning tilfredsstiller krava som er sett til utforming av slike planar. Det er spesielt store manglar på kartfesting av ønskte tiltak.

### Tilrettelegging for jakt og fiske

Grågås, villrein og store rovdyr: Vi har noko kontakt med kommunar for å få utarbeida forvaltningsplaner for grågås. Tilrettelegging for jakt er elles òg eit tema. Vi informerer om jakt på og felling av rovdyr etter førespurnad. Fylkeslaget av NJFF har fått midlar frå FKT-potten for å arrangere jaktkurs på rovvilt.

## Resultatområde 08 Aktivt friluftsliv

### Ivaretaking av attraktive friluftslivsområde i plansaker

Følgjast opp i løypande sakshandsaming etter PBL.

### Fylkesmannen som grunneigar/rettshavar på vegne av staten i dei statleg sikra friluftslivsområda

Dei som følgjer opp saker etter PBL i kommunane har òg hovudansvaret for dei sikra friluftsområda. Vi har eit visst etterslep med saker som vi ventar å hente inn i løpet av året. Vi er ikkje ferdige med å gå gjennom forvaltningsplanar for alle sikra friluftsområde. Hovudgrunnen er at berre eit fåtal av planane vi har fått til godkjenning tilfredsstiller krava som er sett til utforming av slike planar. Det er spesielt store manglar på kartfesting av ønskte tiltak.

### Tilrettelegging for jakt og fiske

Grågås, villrein og store rovdyr: Vi har noko kontakt med kommunar for å få utarbeida forvaltningsplaner for grågås. Tilrettelegging for jakt er elles òg eit tema. Vi informerer om jakt på og felling av rovdyr etter førespurnad. Fylkeslaget av NJFF har fått midlar frå FKT-potten for å arrangere jaktkurs på rovvilt.

## Resultatområde 09 Giftfritt miljø

### Skipsverft og sediment

Vi er godt nøgd med tildeling av ekstra prosjektmidlar til dette arbeidet i 2014 og har hatt høg aktivitet. Vi har brukt i overkant av 1 årsverk på skipsverft og forureina sediment i 2014.

Vi har prioritert arbeidet med å få undersøkt og stoppa ny tilførsel frå evt. forureiningskjelder på land i Aspevågen/Borgundfjordprosjektet. Det er sendt ut pålegg om miljøundersøkingar og tiltaksvurderingar til ti nye område på land som ikkje er tilstrekkelig undersøkt frå før. Det er komplekse eigarforhold på dei fleste av områda, og vi har oppmoda til samarbeid mellom ulike grunneigarar innanfor same område. Vi har planlagt tett oppfølging av grunneigarane vidare i prosjektet.

Kystverket skal mudre Fosnavåg hamn i 2017. Herøy kommune har engasjert seg for å få til ei miljømudring av heile hamna. Fylkesmannen har prioritert å stille opp med rettleiing og informasjon i møter og på seminar i denne saka, då vi ser at dette er et område der vi kan få til gode resultat. I tillegg ynskjer vi å overføre erfaringar frå denne saka til nye områder på sikt.

Forureina sediment rundt Kristiansund har blitt høgt prioritert frå vår side gjennom arbeid med vassforskrifta. Området var så vidt ikkje med blant dei 17 prioriterte områda, men er like fullt eit område som er sterkt forureina. Kjelda til forureining er stort sett gamal og nedlagt aktivitet. På sikt ynskjer vi å kunne bidra til å få til ei miljøopprydding her òg.

Vi har prioritert tilsyn ved skipsverft i 2014 og har derfor venta med å gje pålegg om tiltak på land ved dei prioriterte skipsverfta. Høg aktivitet rundt Prosjekt Borgundford i 2014 har også gjort at det det har blitt mindre tid til å jobbe med grunnforureining hjå dei prioriterte verfta i fylket. Det er svært sprikande konklusjonar i forhold til vurdering av kartleggingsresultat og forslag til tiltaksplaner frå dei ulike konsulentane som har vore involvert. Det blir ei utfordring å få kvalitetssikra desse rapportane og sikre samordna rammekrav ved utsending av pålegg om tiltak. Her blir det viktig med god rettleiing frå Miljødirektoratet.

Innkomne søknadar om mudring, dumping og utfylling har blitt handsama fortløpande. Vi ga i alt 11 slike løyver i 2014

**Grunnforureining**

Etter det vi kjenner til, har vi ikkje fleire prioriterte grunnforureiningssaker i fylket. Vi jobbar med grunnforureining for dei prioriterte skipsverfta og for områdane rundt Aspevåg i Ålesund. Det er elles gitt pålegg om opprydding ved eit gammalt deponi (nedlagt i 1980). Vedtaket vart klaga på og sendt over til Miljødirektoratet, som ferdigbehandla klagen i november. Miljødirektoratet oppretthaldt Fylkesmannens vedtak.

Vi prioriterer arbeidet med å halde databasen Grunnforureining oppdatert, men databasen bør optimaliserast slik at ein kan få meir nytte av den.

Vi legg òg arbeid i å gjere databasen kjent for kommunen og få dei til å bruke den aktivt. Miljøkommune.no er til stor hjelp i dette arbeidet. Dette blir også formidla gjennom Fylkesmannens dialogmøter med kommunane.

**Avfall og gjenvinning**

Generelt sett er vi i rute med mykje av arbeidet innanfor dette feltet.

Vi deltok i deponiaksjonen og førte tilsyn med 9 nedlagte deponi. Vi har foreløpig valt å handtere deponi nedlagt før 2002 som grunnforureiningssaker, medan dei andre får vedtatt krav til avslutning og etterdrift i tråd med avfallsforskrifta kap. 9. Dette har vore eit nedprioritert område hos oss tidlegare, og vi har eit stort etterslep innanfor dette feltet.

Vi har god dialog med avfallsbransjen via Avfallsforum Møre og Romsdal. Elles slit vi med nokre få enkeltverksemder som ikkje driv på lik linje med dei seriøse aktørane. Desse har vi haldt høgt trykk på i 2014, og vi må vi fortsett å halde trykket oppe òg neste år.

Det er 3 biloppsamlingsplassar i fylket som vi følgjer opp ekstra.

Vi ventar på at endringane i avfallsforskrifta kap. 11 skal bli gjort gjeldande. Det har vore ein del forvirring i forhold til løyver for å drive med tankreinsk.

Vi har fått inn nokre få avfallsplaner for hamner i 2014. Det er så langt berre kommunane som har sendt inn avfallsplanar, da informasjonsarbeidet ut mot private havnar har vore for dårleg sentralt sett. Dette ynskjer vi ei løysing på nasjonalt og ikkje regionalt.

# Resultatområde 11 Stabilt klima

**Redusere klimagassutslipp**

Mange kommunar har i sine planstrategiar og samfunnsdelar til kommuneplanen vedteke at dei skal rullere sine klima- og energiplaner. I praksis har det diverre ikkje skjedd noko. Det var ingen slike planer på høyring i 2014.

Vi har ikkje kapasitet til å gå inn og sjekke effekten av eksisterande planer i kvar enkelt kommune.

Energieffektivisering i næringslivet blir følgt opp i forbindelse med utsleppsløyver, tilsyn og bedriftenes eigenkontrollrapporteringar.

Vi har teke i bruk ny mal for utsleppsløyve for avløpsreinseanlegg, der krav til betre handtering av overvatn i dei største bykommunane er spesifisert.

# Resultatområde 12 Tverrgående virkemidler

## 12.1 Miljøhensyn i planlegging

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har i 2014 behandla til saman 1140 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova (pbl). Tilsvarande tal for 2013 var 1100, medan det for 2012 vart registrert 1189 saker. Av desse er 530 regulerings- eller kommuneplaner som er lågare enn 2013. Det var reist motsegn til 58 planer og avholdt 3 meklingsmøte, der 3 saker vart sendt til departementet for endeleg avgjerd. Talet på motsegner knyt seg til plan, men det kan vere mange motsegner til f.eks ein kommuneplan, noko som ikkje kjem fram i statistikken. Det var flest motsegner knytt til barn og unge sine interesser(17), medan strandsone og natur/miljø og landskap hadde 39 tilsaman. Jordvern, støy (15), kjøpesenterstopp og ROS har dei andre. Ei årsak til mange motsegner kjem av låg plankompetanse i mange kommunar og mykje privat regulering som har ein anna agenda enn kommunen som samfunnsutviklar. Talet på dispensasjonar var 605 som er ein auke frå 2013 med 72 stk. Det går litt opp og ned frå år til år. Talet på klager var berre 6 i 2014. Dei aller fleste dispensasjonane er frå kommuneplanen og byggeforbodet i 100 meters beltet.

**Fylkesmannen som garantist for rettstryggleik og samordnar av statlege interesser**

Miljøvernavdelinga har det største koordineringsansvaret for plansakene på embetet. Det har vore ytt juridisk bistand i samband med fråsegner til reguleringsplanar der dette har vore naudsynt. Vi har òg målsetjing om at kommuneplanar med føresegn skal vurderast av jurist. Vidare har vi ytt bistand når fylkesmannen leiar mekling i motsegnsaker etter pbl. § 56.

## 12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling

Tilsyn og konsesjonshandsaming vart høgt prioritert også i 2014. Vi gjennomførte til saman 81 tilsyn, 66 inspeksjonar, 7 revisjonar og 8 utrykkingsinspeksjonar. Vi ga 48 nye og endra 18 løyver etter forureiningslova i 2014.

- Vi meldte ingen saker til politiet og krevde ikkje inn tvangsmulkt i 2014.
- Vi har brukt omlag 4,7 årsverk på gebyrrelatert aktivitet i 2014, med ca. 2,3 årsverk på tilsyn og 2,4 årsverk på konsesjonsbehandling.

Vi sendte fakturagrunnlag for 2,36 MNOK (ca 1,36 MNOK på konsesjonar og 1,00 MNOK på tilsyn), mens den tildelte ramma var på 2 MNOK for gebyrinntekter.

Vi har dei siste åra gjort fleire forbetringar i arbeidet med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tilsyn. Fleire i avdelinga var involvert i tilsynsaktiviteten i 2014 og tilsyna var ofte samordna slik at fleire var ute i felten på same tid. Dette har gitt ein forbetra teamfølelse og betre moglegheit for erfaringsutvekslingar underveis og i etterkant. Vi har òg hatt auka fokus på å få til fleire fellestilsyn med andre etatar.

HMS-etatanes fellesaksjon vart gjennomført på fiskeforedlingsindustrien med 27 tilsyn saman med Arbeidstilsynet. Møre og Romsdal toppa statistikken med flest gjennomførte fellestilsyn under aksjonen. Vi ser stor nytte av samarbeid med dei andre tilsynsetatane.

Vi prioriterte den felles skipsverftsaksjonen høgt og utførte tilsyn ved 14 verft. Det var ein stor fordel å ha med Per Antonsen frå Miljødirektoratet den første veka, og vi sett stor pris på at han prioriterte å komme til Møre og Romsdal. Det står at to verft som vil få tilsyn i 2015.

Vi ser fortsatt moglegheiter for å kunne auke tilsynsaktiviteten ytterlegare, for å kunne greie å gjennomføre tilsyn av verksemdene i fylket med anbefalt frekvens for dei ulike risikoklassane. Det er framleis ein rekke verksemder som vi ikkje har kapasitet til å følgje opp tilfredstillande.

Vi ligg stort sett innafor grensa for 6 månaders behandlingstid på søknader om løyver etter forureiningslova. Vi har framleis ein del manglar i Forurensning når det gjeld å registrere verksemder som er forskriftsregulerte (kap 24-30). Verksemdene sender ikkje inn meldeskjema av seg sjølv, men vi har jobba med å få dei til å sende inn bransjevis fortløpande i forbindelse med tilsynsaksjonar. Dette arbeidet vil vi framhalde med. Det er ønskeleg med nasjonalt informasjonsarbeid for at meldeskjema blir sendt inn frå nye og eksisterande verksemder. Det er få løyver igjen innanfor disse bransjane, og vi er stort sett i mål med å trekke resterande løyver.

Vi er ferdig med å lage oversikt over konsesjonar eldre enn 10 år. Det var færre slike eldre konsesjonar enn venta, og mange av dei var det allereie satt i gong eit arbeid med revidering på. Vi ser likevel at det fortsatt kan dukke

opp nokre gamle løyver som ligg i gammalt papirarkiv og som ikkje er registrert i forureining.

## 12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon

### Kart og geodata

Kartportalen GisLink (www.gislink.no) er ei nettbasert kartteneste som er open for allmenn bruk. GisLink vert drifta av fylkesmennene og fylkeskommunane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag, og gjev oppdatert informasjon til kommunar, regional forvaltning, private verksemder og ålmenta.

Noreg Digitalt-samarbeidet sørgjer for at oppdaterte data alltid er tilgjengeleg via GisLink. Dette er særs viktig for at medarbeidarar skal kunne drive sakshandsaming på rett avgjerslegrunnlag.

Vi har dei siste åra jobba mykje med å kople saman data frå ulike aktuelle kunnskapsdatabaser, for å kunne lage kartlag for plansjekk etter ulike tema. Dette for å synleggjere kunnskap så tidleg som mogleg i ein planprosess og noko som skal verer tilgjengeleg for alle aktuelle som arbeider med ulike typar plansaker.

Dette er eit område med stort potensial for betre ressursutnytting og forenkling i arbeidet med god samfunnsplanlegging lokalt og regionalt.

GisLink vart etablert i 2004, som ein av dei første regionale karttenestene av denne typen. I 2012 vart ein heilt ny versjon av GisLink teken i bruk. Den nye versjonen skal kontinuerleg oppdaterast og utviklast med nye GIS–onlinetenester. I 2013 skjedde det mange små utviklingar, kanskje den mest spanande utviklinga var tilrettelegging av historisk ortofoto på karttenesta (historikkortofoto blei digitalisert av Statens kartverk i samarbeid med FMMR og MRFK). I 2014 var det 37 000 ulike brukarar av GisLink.

FMMR har tett samarbeid med Statens kartverk i Molde. Fundamentet i samarbeidet er organisert med Geodatautvalet som styringsgruppe. Dette utvalet er samansett av representantar frå Statens vegvesen, Telenor, kommunar, kraftselskap, Statens kartverk, MRFK og FMMR.

### Naturbase

Vi har lagt hovudvekt på naturtypekartlegging. I 2014 vart det kartlagt i kommunane Rauma, Surnadal og Smøla. I tillegg har vi framskaffa data frå nokre sunnmørskommunar samt frå Aure og Kristiansund.

Viltfondsmidlane blir i stor grad tildelt prosjekt som styrkar kunnskapen om viltet.

Vesentlege delar av dette er stadfesta kunnskap som blir gjort tilgjengeleg via Naturbase eller tilsvarande.

### Databasen forureining

Alle sakshandsamarane brukar Forurensnings-databasen aktivt. Tilsyn blir gjennomført etter innlagt tilsynsplan. Tilsynsplana blir utarbeidd med tanke på alle planlagde fellesaksjonar, så sant det er innanfor bransjar som allereie er registrert. Vi har og jobba systematisk med å gå gjennom og oppdatere Forurensning.

Vi ynskjer at alle inspeksjonsrapporter blir gjort tilgjengeleg på norskeutslipp.no, og ikkje berre dei som er knytt til verksemder med utsleppsløyve.

## 12.4 Internasjonalt samarbeid

Fylkesmannen deltok på studietur om våtmarksrestaurering i Tsjekkia i oktober 2014. Mijlødirektoratet har utarbeidd rapport frå turen.

# Ressursrapportering

| Resultatområde | Kapittel 0525 | Fagdep. |
|---|---|---|

| | | |
|---|---|---|
| 01-06 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning | kr 5 881 493,60 | kr 4 724 296,77 |
| 09 Giftfritt miljø | kr 567 794,08 | kr 49 708,89 |
| Andre oppgaver under KLD | kr 2 263 516,14 | kr 0,00 |
| 11 Stabilt klima | kr 750,00 | kr 0,00 |
| 12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling | kr 533 421,43 | kr 1 666 556,57 |
| 12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon | kr 484 538,73 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 9 731 513,00 | kr 6 440 562,00 |

# Landbruks- og matdepartementet

## Resultatområde 21 Matsikkerhet

### 21.1 Økt matproduksjon og trygg mat

**Sentrale utviklingstrekk og drivkrefter i landbruket i Møre og Romsdal**

Møre og Romsdal er eit sterkt landbruksfylke, med om lag 10 prosent av grovfôrbasert produksjon i landet. Fylket har viktige klynger innanfor frukt, grønsaker og bær. Møre og Romsdal har om lag 600 000 dekar jordbruksareal.

Fylket har om lag 284 000 ha produktiv skogsmark, noko som utgjer ca 4 fire prosent av skogarealet i Noreg. 70 prosent av den produktive skogen er drivverdig. Driftstilhøva er svært vekslande, både når det gjeld klima og topografi.

Fylkestinget vedtok i desember 2012 ei landbruksmelding for Møre og Romsdal. Meldinga peikar på mange av dei store utfordringane for fylket:

- Nesten halvparten av jorda er leigejord
- Det har vore ein sterk nedgang i dyrka areal
- Gjennomsnittsalderen blant brukarane er høg
- Strukturrasjonaliseringa held fram og landbruket klarer ikkje å konkurrere med anna næringsliv om arbeidskrafta

  Hovudmål i landbruksmeldinga er at *Møre og Romsdal skal ha eit berekraftig og synleg landbruk over heile fylket. Dette* målet er følgd opp med delmål og tiltak for korleis ein skal nå måla.

  Mjølkeproduksjonen dominerer i Møre og Romsdal, og det aller meste av arealet blir brukt til fôrdyrking og beite. Utviklinga går raskt mot større og færre einingar, og talet på aktive mjølkeprodusentar er no knappe 900. Talet på mjølkekyr er redusert med 5780 dei siste ti åra – til 22 361. Med færre mordyr gir dette mindre produksjon av storfekjøtt.

  Møre og Romsdal er også eit stort sauefylke og talet på produsentar har vore nokonlunde stabilt, i overkant av 1000, dei siste fem åra. Ufordringane i sauehaldet er knytt til store tap på utmarksbeite og låg lønsemd. Fylket opplevde ein sterk reduksjon i sauetalet frå 2004 til 2008, deretter ein auke i åra 2009 til 2011 og så ein nedgang i 2012 igjen. Den relative andelen er om lag uendra.

  Møre og Romsdal er det tredje største geitefylket i landet, med 14 prosent av totalkvoten. Geitehaldet har mykje å seie i fleire av bygdene på Sunnmøre. Fylket har ein relativt liten andel av lyse kjøttslag, men har eit sterkt fagmiljø knytt til den etablerte purkeringen.

  Mange vil investere i landbruket og det er stor etterspørsel etter investeringsmidlar og mjølkekvotar. Mange legg ned drifta, og mange andre satsar offensivt. Utviklinga går raskt mot større driftseiningar, mindre beiting og meir jordleige. Dei nye driftsformene er ikkje tilpassa eigedomsstrukturen – meir og meir av produksjonen er basert på leigd jord, og i snitt er leigejordandelen ca. 50%. Store driftseiningar og mykje

transport er viktige utfordringar for dei som har satsa stort.

Vi ser at motivasjonen for å halde oppe produksjonsevna på marginale areal kan verte mindre, jordbruket blir mindre synleg i mange lokalmiljø, og presset mot dyrkajorda blir større.

Kampen om arbeidskrafta er kanskje den største utfordringa for landbruket både på kort og lengre sikt. Næringslivet på nordvestlandet er tett knytt opp mot maritim sektor, og konjunkturane er sterkt knytt opp mot olje-/gassområdet. Utsiktene for olje-/gass synes svakare enn på mange år, og det kan tenkjast at dette isolert sett får positive konsekvensar for vilje til å satse på landbruket.

### Fylkesmannen sitt bidrag for å auke matproduksjonen

Fylkesmannen har eit nært samarbeid med landbruket sine organisasjonar og med kommunalt og fylkeskommunalt tiltaksapparat. Fylkesmannen bidrar med finansiering av tiltak, og er også aktiv i styringsgrupper og ressursgrupper der vi har relevant kompetanse.

Auka produksjon av sau- og storfekjøttproduksjon i Møre og Romsdal. Målsetjinga er ein auke i lam- og storfekjøtproduksjonen i Møre og Romsdal på 5% i forhold til 2012 i løpet av ein 3-års periode. Vidare vil ein tilrettelegge for ein auke på ytterlegare 5 % dei neste 2 åra. Fylket har i dag ein relativ andel på 8,6 % av storfekjøtproduksjonen (6 700 tonn av 77 800 tonn på landsbasis) og 5,1 % av lammekjøtproduksjonen (900 tonn av totalt 17 600 tonn). Ein auke på 5 % vil innebere ein auke på 335 tonn storfekjøt til vel 7 000 tonn, og 45 tonn lammekjøt til 945 tonn. Nortura leier satsinga og fylkesmannen er blant fleire organisasjonar som samarbeider i prosjektet.

Best på fôr: Eit prosjekt i regi av Norsk Landbruksrådgjeving og Tine har som mål å auke grovfôrkvaliteten og grovfôrmengda. Tilstrekkelege grovfôrmengder av høg kvalitet er ein føresetnad for å auke matproduksjonen. Femten gardbrukarar pr år i tre år får tilbod om å delta – første året er gjennomført. Dei som får vere med i prosjektet, blir ein del av eit fagmiljø og ei diskusjonsgruppe og kan seinare fungere som «fyrtårn» i lokalmiljøet sitt.

Kurs i ammekuproduksjon: Nortura arrangerer kurs for nyoppstarta ammekuprodusentar, mjølkeprodusentar som vurderer overgang til ammeku og produsentar elles som er interesserte i ammeku som driftsform.

Rekrutteringsprosjekt: I mange tilfelle vert drifta på gardsbruka avvikla ved generasjonsskifte. Møre og Romsdal bondelag driftar eit prosjekt som skal arbeide med å vidareføre drifta på flest muleg gardsbruk. Ein viktig del av prosjektet vert å jobbe tett opp mot einskildbønder for å kartlegge vegval og avklare flaskehalsar. Vi har jobba med rekruttering gjennom mange år, men med fokus på ungdomar som skal inn i næringa. Dette prosjektet snur bildet, og har fokus på foretaket og generasjonen som går ut av næringa.

I samarbeid med Tine Vest og Tine Midt får mjølkeprodusentane tilbod om hjelp til langsiktig strategisk planlegging (vegvalprosjekta). Fylkesmannen bidrar økonomisk, og er med i styringsgruppe og ressursgruppe.

Beiteprosjekt: Målet er å auke beitinga gjennom blant anna kartlegging av beite, betre lokal organisering av beiting og meir beiting totalt sett.

Hausten 2014 starta vi (samarbeid mellom NLR, Valldal Grønt og Fylkesmannen) ei informasjonskampanje for å auke jordbærproduksjonen i nedslagsfeltet til Valldal Grønt. Dette blir følgt opp med opplæringstiltak og individuell rådgjeving.

### Veterinære tenester og samarbeid med Mattilsynet

Fylkesmannen i Møre og Romsdal inviterer til årleg samhandlingsmøte med Mattilsynet, ved regionkontoret i Midt-Norge og fylkesleiinga. Samarbeidet har blitt utvida, og vi har fått på plass faste rutinar og møtepunkt for samhandling og samarbeid. Utvekslinga av informasjon har blitt betre, og konkret har dette m.a. gjort at vi har stoppa utbetaling av tilskot i saker der dyrehaldet ikkje er godt nok.

Veterinære tilskot er fordelt og utbetalt. Fylkesmannen fekk kr 1.035.407,- i 2014 som stimuleringstilskot til delar av kyst og øysamfunn for å sikre tilgang på veterinære tenester i næringssvake område. Kommunar med vanskeleg kommunikasjon grunna ferje og med store avstandar mellom bruka, vart prioritert. Fleire kommunar søkjer stimuleringstilskot enn for berre nokre år sida, så mange kommunar får avslag på sin søknad.

# Resultatområde 22 Landbruk over hele landet

### Bruk av midlar over kapittel 1144 post 77

Møre og Romsdal har disponert 175.000 kr over kapittel 1144.77 regionale og lokale tiltak i landbruket til kommuneretta arbeid. Tildelinga er svært viktig for styrking av vår innsats innanfor miljø- og ressursforvaltninga på landbruksområdet, og er viktig for å styrke vår oppfølging av det kommuneretta arbeidet.

Midlane er nytta slik:

Skog-, nærings- og landbrukskonferanse - dekkjer fleire res omr - Kr 82.556

Seminar om beitedyr og rovvilt - res omr 22.1 - Kr 43.863

Kurs landbruket sine særlover, for kommune - res omr 22.2 - Kr 18.600

Fagsamling om tilskotsforvaltning, for kommune - res omr 22.3 - Kr 19.530

Feltkurs gardskart - res omr 22.3 - Kr 3.800

Hovedplan skog - res omr 23.2 - Kr 6.650

**Sum: Kr 174.999**

## 22.1 Bruk av landbruksarealer

HUSK: Anne Berit: rapportering bruk 1144 post 77

### Utmarksbeite

Under ordninga tiltak i beiteområda i Møre og Romsdal vart det i 2014 løyvd kt 840.575,-. «Saueåret» startar etter kåring i oktober og ender med kåring året etter. Planleggingsperioden til sauebøndene er derfor oktober/november for beitesesongen året etter, og søknader innan denne ordninga kjem ofte i november/desember. Løyvingane går derfor ut heilt på slutten av året. Så seine løyvingar er praktisk i forhold til næringa, men kompliserande i forhold til rapportering. Fylkesmannen tar no grep for å få inn søknadane tidlegare på året, og for 2015 er fristen 1. juni.

Fylkesmannen ser at tildelt løyvingsfullmakt for 2015 er mykje redusert, og vi har søknadar liggande for store delar av summen. Skulle det komme fleire middel på dette området, til prosjekt eller liknande, er vi interessert i å delta. Vi har bl.a. et beiteprosjekt i regi av Bondelaget som startar i fylket 2015, som kan ha trong for delfinansiering av delprosjekter som omhandlar dyr på utmarksbeite.

Vi har utfordringar når det gjelder organisering av næringsretta bruk av utmark. Vi kunne ønskje at det vert vurdert eit nasjonalt prosjekt på dette temaet, gjerne vidareutvikling av arbeidet noen fylke stod for i det nasjonale beiteprosjektet.

Tildeling av middel til radiobjøller er eit vanskelig område. Hos oss blir bjøllene forvalta gjennom Sau og Geit, som leiger ut bjøllene. Vi godtar berre kostnadar til investeringar, ikkje drift. Andre fylkesmenn praktiserer dette på ein annan måte, og vi ser gjerne at slike spørsmål blir avklara sentralt.

### Førebyggande tiltak mot rovviltskadar:

Møre og Romsdal høyrer til forvaltningsregion 6, saman med trøndelagsfylka. Løyvinga for 2014 til Møre og Romsdal var kr. 1.954.166,-.

Det aller meste av rovvilttapa skuldast jerv. Vi har også mål om auka bestand av gaupe, og vi ser at bestanden er i ferd med å byggje seg opp, særleg midt i fylket. Jerven har ei åtferd som gjer at han tek flest lam på seinsommaren og mot hausten. Vårt viktigaste førebyggande tiltak har derfor vore tidleg sanking, og sekundære tiltak som støttar opp om dette, t.d. utvida tilsyn og tilrettelegging for beredskapsbeiting. Vi har også nokre vellukka vaktarhundprosjekt og kadaversøk med hund i fleire av dei hardast ramma rovviltområda. Tilrettelegging for auka beiting i områda rundt innmark fell saman med landbrukspolitiske intensjonar og satsing på kulturlandskap. I mange tilfelle er det derfor nytta kommunale SMILmiddel eller middel frå tiltak i beiteområda som delfinansiering av slike prosjekt.

I Møre og Romsdal blir søknadar om middel til førebyggande og konfliktdempande tiltak samanstilt og innsendt felles frå kommunane. Dei har med det høve til å samordne dei ulike tilskotsordningane. Vi har fleire eksempel på at dette vert gjort. Vi har hatt ei utfordring med å få dei til fullt ut å nytte Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter.

Vi oppmodar i tillegg aktuelle søkjarar om å vurdere dei spesielt utvalde kulturlandskapsområda i fylket i samband med aktuelle beredskapsbeite. Vi har gjort fleire forsøk, men har enno ikkje lukkast med å lage større inngjerda område som fleire kan nytte i samband med tidleg sanking. Hovudutfordringa er gjerdehald, eigedomsstruktur og omfattande teigdeling.

Rovdyr er eit stort problem på Romsdalshalvøya, i indre fjordstrok og i fjellområda. Ei like stor utfordring er tapa som skuldast anaplasmose (infeksjon frå flåttoverførte bakteriar) og alveld. Det blir satsa på å finne løysingar på desse store utfordringane. Vi har hatt fokus på dette gjennom eige arbeid, og gjennom å initiere og støtte aktuelle forskingsprosjekt.

Tapsutviklinga er urovekkande, og erfaringane våre bør få merksemd ut over Møre og Romsdal sine grenser. I 2011 kom lammetapa over 12%, og tapa var tilnærma like store i kommunar utan freda rovvilt som i fjellområda. 2012 var eit svært godt beiteår, med lavt tap både til freda rovvilt og sjukdommane alveld og anaplasmose. Lammetapet var på 8,4 % i 2012, og er det lågaste sidan 1995. Beitesesongen 2013 var også god, med lavt lammetap 8,7%. Tapa kom seint i beitesesongen, og det vart sett inn mindre av tiltaket tidleg sanking enn ein vanlegvis ville gjort. Årsaka til det var at vi i dei indre områda, som har store tap til rovdyr, også var ramma av store vinterskadar og avlingsskadar på enga. Det var lite haustbeite å ta dyra heim til. I beitesesongen 2014 viste lammetapstalet frå organisert beitebruk eit tap på 8,35%, som er relativt lågt i Møre og Romsdal, etter eit greitt beiteår i fjellet. Det vart registrert lite tap tidleg i sesongen, som kan vere ein effekt av hiuttak av jerv om våren. Med ein gong ein på seinsommaren registrerte tap i dei indre fjellområda vart det satt i verk tidlegsanking i alle dei råka områda. Snittapet vart soleis lågt i fylket, medan enkeltbesetningar har veldig store tap, nokre nesten 50%.

Det har også dei seinare åra vore aukande og uforklarlege tapstal på Romsdalshalvøya. I 2014 vart det registrert to ynglingar av gaupe her, som moglegvis kan forklare dei store tapstala der. Det vart arrangert gaupejaktkurs med stor interesse. Utfordringa for å få til effektiv jakt har vore samordning av grunneigarinteresser.

I nokre område er tapsårsakene svært samansette. Både sjukdom og rovvilt er heilt klart viktige faktorar. Samtidig er sjuke dyr lettare bytte for rovdyr. Dette er utfordrande for forvaltninga av erstatningsordningane. Topografi og effektivt renovasjonssystem i naturen gjer det svært utfordrande å finne kadaver, og det kan oppstå konflikt mellom dyreeigar og forvaltning om årsak til tapa. Dette er uheldig – både av omsyn til ei ryddig og «korrekt» forvaltning, men også for omdømmet mot storsamfunnet.

Vi legg stor vekt på tiltak som kan gi betre dokumentasjon av årsaker, og nøkkelen er openbart tidleg funn av kadaver. Vi har satsa på radiobjøller på vaksne søyer, men dette har i liten grad hjelpt oss til å finne daude lam. Sendarar på lam er prøvd, men vi er langt frå fornøgd med teknologien. Elektronisk utstyr har vore finansiert både med miljøpolitiske verkemiddel (FKT-middel) og med landbrukspolitiske verkemiddel (Tilskot til tiltak i beiteområda). Samstundes har det vore brukt FKT-middel til kurs i trening av kadaversøkjande hundar. Vi ser behovet for å leggje enda meir vekt på dokumentasjonen av tilsyna framover. Vi vil ta grep for meir bruk av GPS, og det blir sett inn kurs og motivasjonstiltak for å få fleire sauebønder til å bruke denne teknologien.

**Tapsstatistikk sau på utmarksbeite**

| Embeter | Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk) | | % tilslutning til org. beitebruk i fylket | Tapsprosent | | Total tapsprosent | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Sau** | **Lam** | | **Sau** | **Lam** | **2013** | **2012** |
| FMMR | 30674 | 48854 | 62,5 | 3,13 | 8,35 | 7,72 | 7,81 |
| **Sum** | **30674** | **48854** | **0** | **0** | **0** | **0** | |

## 22.2 Eiendom og bosetting

Det meste av arbeidet under dette resultatområdet er den daglege kontakten med kommunane på epost og telefon. Endringar i regelverk/rundskriv, sentrale dommar og vedtak oversendt frå Landbruksdirektoratet, blir fortløpande sendt alle kommunar på epost.

For å sikre oppdaterte fagfolk i kommunane og for å medverke til at nytilsette får eit god grep om saksfeltet blei det i regi av Fylkesmannen arrangert fagsamling for kommunane hausten 2014. Tema var særlovene i landbruket, med gjennomgang av nytt i praksis og lov. Særleg vart det fokusert på jordlova § 12 og korleis praksis har endra seg etter skifte av regjering.

Til no har vi ikkje nytta kontrollheimelen i jordlova § 3. I 2015 har vi planer om å gjennomføre forvaltningskontroll på jordlov- og konsesjonslovsområdet med fokus på driveplikt og buplikt.

Fylkesmannen har uttalt seg i to høyringssaker som gjaldt forslag om oppheving av reglar i konsesjonslova. Den eine gjaldt forslag om oppheving av reglane om priskontroll, og den andre gjaldt forslag om oppheving av heile konsesjonslova. Fylkesmannen gjekk imot begge lovforslaga.

I 2014 har Fylkesmannen hatt ei sak som gjaldt odelsfrigjøring etter odelslova § 31. Fylkesmannen sitt vedtak om odelsfrigjøring blei stadfesta av Landbruksdirektoratet.

**Klagesaker for fylkesmannen i 2014 - jordlov- og konsesjonslov**

Ved utgangen av 2014 hadde Fylkesmannen totalt handsama 8 klagesaker, hvorav 6 saker gjaldt gjaldt frådeling etter jordlova § 12. Tre av desse gjaldt omdisponering av dyrka jord etter jordlova § 9. Alle vedtaka blei stadfesta av Fylkesmannen.

Vidare handsama Fylkesmannen to klagesaker etter konsesjonslova. Den eine gjaldt klage på avslag om endring av konsesjonsvilkår, og den andre gjaldt avvisning av klage på konsesjonsvedtak.

Som første instans handsama Fylkesmannen 2 søknadar om frådeling, ein konsesjonssøknad og to saker som gjaldt brot på konsesjonsvilkår. Dei to sistnemnde sakene gjaldt tvangssal og tvangsmulkt etter konsesjonslova. Fylkesmannen har ikkje hatt saker som gjaldt fritak frå driveplikt etter jordlova § 8a.

**Overprøving av kommunale vedtak utan klage i 2014**

Fylkesmannen innhenta 2 kommunale jordlovssaker for overprøving etter forvaltningslova § 35 tredje ledd i 2014. Overprøvinga resulterte i at eit av vedtaka blei omgjort til skade for søkjar.

## 22.3 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

**Fylkesmannen som kompetansesenter**

Rådgjeving mot kommunane var ei sentral oppgåve også i 2014. Vi følgjer opp sakshandsaminga gjennom telefonar og epostar, og vi arrangerer kurs og samlingar. Dette gjeld heile landbruksoppdraget, men forvaltning av tilskotsordningane er særleg krevjande. Fylkesmannen opplever samarbeidet som godt, og vi trur at terskelen for kommunetilsette til å søkje hjelp og råd er lav.

Funksjonen som kompetansesenter har blitt viktigare – som konsekvens av at ressursane i kommunal landbruksforvaltning har gått ned. Tilsette i kommunal landbruksforvaltning får ofte ansvar for andre oppgåver, og landbruksoppgåvene blir ofte gjort av personale som ikkje har utdanning eller erfaring frå landbruksområdet. Mangel på tilfredsstillande kompetanse på kommunenivå gjer at Fylkesmannen i stor grad må fylgje opp kommunale vedtak for å sikre at sakshandsaming og utforming av vedtak er korrekt utført.

På kommunesamlingane i 2014 var hovudtemaet kontrollarbeid retta mot føretak. Hanne Klægstad frå LMD deltok på samlinga med foredraget «Forvaltningens reaksjonsformer når søker bryter tilskuddsregelverket». Det var stort engasjement blant deltakarane, og Fylkesmannen meiner kommunane har fått sterkare fokus på og klarare forståing av kontrollarbeidet, og at det har ført til fleire reaksjonar etter brot på regelverket.

**Landbruksvikarordninga:**

Det er ei stor utfordring for avløysarlaga å rekruttere landbruksvikarar til å dekke behovet i heile fylket. I teorien er alle kommunane dekka av tenesta, men i realiteten greier ikkje avløysarlaga å tilfredsstille etterspørselen etter landbruksvikarar. Vi har hatt ein nedgang frå i fjor, både når det gjeld tal vikarar i alt, tal vikarar i faste stillingar og i tal beredskapsavtalar. Det er også nedgang i tal dagar med bruk av avløysar i både sjukdomsrelaterte tilfelle og anna. Det har også blitt færre føretak som nyttar landbruksvikar.

Fordelinga mellom avløysarlaga er slik:

Landbruk Nordvest 12,3
Indre Nordmøre landbrukstenester 3,0
Vanylven avløysarlag 1,0
Midsund avløysarlag 0,2
Storfjord landbrukstenester 3,0
Sum tal årsverk: 19,5

Foreløpige tal for 2013 viser at 197 føretak har fått sjukdomsavløysing i 3819 dagar og anna avløysing i 1064 dagar. Det er 111 vikarar i alt sysselsett i dei 19,5 årsverka i fylket. 14 er faste og 91 har beredskapsavtale. Det er vanskeleg å rekruttere kvalifisert arbeidskraft. At der er mange deltidsstillingar gir god fleksibilitet, men det kan også signalisere mangel på arbeidskraft.

Det må framleis fokuserast på rekruttering av gode vikarar. Husdyrbruket og då særleg mjølkeproduksjonen blir stadig meir teknologisk avansert, slik at det krevst spesialisert opplæring for å kunne bruke det tekniske utstyret. Datastyrte mjølkerobotar og fôringssystem er vanleg driftsutstyr på så godt som alle nyare mjølkebruk, og dette krev grundig opplæring på kvart enkelt bruk.

### Avløysing ved sjukdom m.m.

Det er jamt trykk på behandling av søknader om tilskot til avløysing ved sjukdom m.m. I alt vart det behandla 508 saker. Det vart registrert 19.949 sjukedagar. Av desse vart det avløyst på 16.979 dagar, 11.774 med landbruksvikar, 3.691 med privat avløysing og 1.514 med anna avløysar. Dokumenterte utgifter utgjorde 18.129.123,- kroner og tilskotet 13.739.705,-. Landbruksvikaren spelar ei viktig rolle når det oppstår sjukdom hos bonden.

Regelverket er innfløkt og vanskelig å forvalte, og fagsystemet har få kontrollar som kan hjelpe saksbehandlaren til å fatte rett vedtak. Kontrollane i fagsystemet handterer berre utrekning av refusjon, etter at korrekte grunnlagsdata er registrert. Enkle kontrollar, som maksimal alder på søkjaren og tal sjukmeldingsdagar siste 3 åra må saksbehandlaren sjekke manuelt. Altfor ofte må Fylkesmannen kontakte kommunen for å korrigere vedtaket, fordi registrering i fagsystemet viser at kommunen sitt vedtak inneheldt feil.

Vi meiner tida er overmoda til å utvikle og sette i drift eit nytt fagsystem, som kan handtere slike enkle kontrollar automatisk, og som kanskje også kan kommunisere mot NAV. Sjukdomsavløysing inn i eStil vil kunne gi betre saksbehandling med høgare kvalitet, og all saksbehandlinga vil kunne flyttast til kommunen, dei som faktisk avgjer søknadene. Søkjarane vil kunne søkje elektronisk via Altinn, og det bør vere mogleg å sende med nødvendig dokumentasjon som vedlegg, noko som vil spare kommunen for arbeid.

### Innspel til Statens landbruksforvaltning om bl.a. forenkling, sidevirkningar og utfordringar med kontroll til jordbruksoppgjøret 2015:

Landbruksforvaltninga har frå 1. januar 2014 fått ny Forskrift om produksjonstilskot, og frå 16. januar Forskrift om tidsavgrensa bortfall av konsekvensar som følgje av driftsfellesskap i jordbruket. Vi har førebels ikkje fått inn vesentlege kommentarar frå kommunane om korleis dei nye forskriftene fungerer for sakshandsaminga, og vi har heller ikkje nådd å få eigne erfaringar enno. Vi ser at spørsmålet omkring krav til «vanleg jordbruksproduksjon» kan bli vanskeleg, i og med at det ikkje er definert grenser for kva som kan godkjennast som «vanleg» innafor dei fleste produksjonane. Dette kan komme til å krevje mykje arbeid. Likeeins vil arbeidet med dei som kryssar av for driftsfellesskap bli omfattande, sidan det er sagt at alle saker der det er kryssa av for driftsfellesskap skal behandlast manuelt. Der bør i framtida vere mogeleg å få utrekningane utførte i Wespa, også for dei som kryssar av for driftsfellesskap. Mange manuelle utrekningar og utbetalingar er ein betydeleg risiko for feil.

**Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2014 - antall**

**Klagebehandling**

| Produksjonstilskudd | Miljøvirkemidler | Andre tilskuddsordninger |
|---|---|---|

| Innvilget | Avslått | Innvilget | Avslått | Innvilget | Avslått |
|---|---|---|---|---|---|
| 2 | 2 | 0 | 3 | 8 | 3 |

**Dispensasjonssøknader**

| Produksjonstilskudd | | | Miljøvirkemidler | | | Andre tilskuddsordninger | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Innvilget** | **Delvis innvilget** | **Avslått** | **Innvilget** | **Delvis innvilget** | **Avslått** | **Innvilget** | **Delvis innvilget** | **Avslått** |
| 10 | 0 | 1 | 4 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

**Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2014**

**1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?**

Årsverk: 0,4
Antall personer: 7

**2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)**

| Kommune: | **Aukra kommune** |
|---|---|
| Orninger/omfang: | Produksjonstilskott og sjukdomsavløysing |
| Registrerte avvik: | Ingen. |
| Oppfølging av avvik: | |

| Kommune: | **Eide kommune** |
|---|---|
| Orninger/omfang: | Produksjonstilskott og sjukdomsavløysing. |
| Registrerte avvik: | Ingen |
| Oppfølging av avvik: | |

| Kommune: | **Fræna kommune** |
|---|---|
| Orninger/omfang: | Produksjonstilskott og sjukdomsavløysing |
| Registrerte avvik: | Avvik 1: Det mangla dokumentasjon på næringsinntekt i sak om sjukdomsavløysing. |
| Oppfølging av avvik: | Kommunen må sørge for dokumentasjon på næringsinntekt i framtidige saker. |

| Kommune: | **Norddal kommune** |
|---|---|
| Orninger/omfang: | Erstatning for avlingssvikt og Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal |
| Registrerte avvik: | Avvik 1: Kommunen har ikkje utført stadeleg kontroll etter utbetring av innmeldte vinterskader på eng, og det er ikkje undersøkt korleis utbetringa av vinterskader har skjedd. Avvik 2: Kommunen har ikke sikra at alle søknadsopplysningane var korrekte, t.d uhausta areal. Arealopplysningar har ikkje blitt kontrollere opp mot søknad om produksjonstilskot. |
| Oppfølging av avvik: | Vi ber kommunen legge om praksis i framtidige saker. |

| Kommune: | **Rauma kommune** |
|---|---|
| Orninger/omfang: | Regionalt miljøprogram og sjukdomsavløysing. |
| Registrerte avvik: | Ingen. |
| Oppfølging av avvik: | |

| Kommune: | **Vestnes kommune** |
|---|---|
| Orninger/omfang: | Produksjonstilskott |
| Registrerte avvik: | Ingen |
| Oppfølging av avvik: | |

**3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.**

| Foretak: | **A** |
|---|---|
| Orninger/omfang: | Produksjonstilskot i jordbruket, mulig driftsfellesskap |
| Hjemmel for kontroll: | Forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket |
| Registrerte avvik: | Ingen |
| Oppfølging av avvik: | |

**4. Andre kommentarer/ innspill:**

Husdyrkonsesjon: Alle føretak med fjørfe og svin i fylket er kontrollert mot tall frå LIB/PT, totalt 210 føretak. Det er innhenta opplysingar utover det tilgjengelege frå 3 føretak. Det er sendt ut brev til 3 fortak om at dei har produsert ut over konsesjonsgrensa, men innafor 15%-grensa i 2013. Dei ble bedt om å justere produksjonen for 2014 tilsvarande. Desse vert følgt opp ved kontroll i 2015. Det er sendt ut brev til 3 føretak med varsel om mogleg vedtak om standardisert erstatning, med frist for å sende inn opplysningar. Utsending av vedtak standardisert erstatning er ikkje ennå effektuert. Det vil skje i 2015. Summen vil vere totalt kr 203.795,-. Det er ikkje gjennomført stadleg kontroll på noen føretak, men det har vore gjennomgang av rekneskap på to føretak med kontroll av mogleg driftsfellesskap. Det vart konkludert med at det ikkje var driftsfellesskap. Eit av føretaka med konsesjon er ikkje i aktiv drift, så konsesjonen kan trekkjast inn.

## 22.4 Regionalt tilpasset innsats

Landbruksavdelinga har gjennom året fleire møte med partnarskapet om Regionalt næringsprogram (RNP), Regionalt miljøprogram (RMP) og Regionalt skog- og klimaprogram (RSK). Vi legg opp til tre faste møter gjennom året, supplert med fleire treffpunkt etter behov.

Den landbrukspolitiske dialogen som landbruksavdelinga har hatt i mange år, vart frå  2013 avløyst av møter der heile embetsleiinga møter kommuneleiinga og formannskapet. I løpet av 2014 hadde Fylkesmannen heildagsmøter med 20  kommunar, og landbruk er eitt av dei gjennomgåande emna som blir diskutert.

Frå 2011 har landbruksavdelinga årleg arrangert ein forskings- og utviklingskonferanse med partnarskapet og forskings- og utviklingsmiljøa i fylket. Konferansen for 2014 vart gjennomført i desember, med brei deltaking frå næring, forvaltning, landbruksrådgjeving og FoU-institusjonar. Innspela frå FoU konferansen blir tatt med vidare gjennom Grøn forsking Midt-Norge. FoU-møtet er fylkesmannen sitt grep for å samle «alle» aktørar i lokalt landbruk for å gi innspel til prioriterte satsings- og utviklingsområde.

Fylkesmannen arrangerer saman med fylkeskommunen/hoppid.no-satsinga ein årleg konferanse for landbruksforvaltning, næringsorganisasjonar og hoppid.no-kontora. Målet med denne konferansen er mellom anna å betre samhandlinga mellom landbruksforvaltninga i kommunane og næringsrådgjevinga elles.

Det er gjennomført ei rekkje opplærings- og samrådingstiltak med kommunane. Midla på kap. 1144, post 77 er i hovudsak brukt til Landbrukskonferanse, der alle kommunar var inviterte, oppfølging av vannrammedirektivet,

**Tal årsverk i kommunane**

Møre og Romsdal har 36 kommunar. Nokre av kommunane har ulike modellar for interkommunalt samarbeid, slik at kommunal landbruksforvaltning totalt har 26 kontoradresser i fylket.  Etter oppgåver frå kommunane var

ressursbruken ved årsskiftet totalt 47,75 årsverk. Det er eit visst skjønn – og dermed usikkerheit - knytt til desse tala. Fleire av kommunane har t.d. rekna inn vilt og viltforvaltning som del av «landbruksoppdraget».

Utviklinga ser ut til å gå i retning av meir interkommunalt samarbeid. Ved årsskiftet var det fleire aktive prosessar for å greie ut ulike modellar for samarbeid på tvers av kommunegrenser.

**Utvikling i tal årsverk i landbruksavdelinga i 2014**

Ved starten av året var det 19,5 årsverk i avdelinga. Innsatsen fordeler seg omlag slik:

| | |
|---|---|
| Areal- og samfunnsplanlegging | 3,3 |
| Miljø | 2,7 |
| Tradisjonelt jordbruk | 6,5 |
| Næringsutvikling | 4,0 |
| Skogbruk | 3,0 |

# Resultatområde 23 Økt verdiskaping

## 23.1 Næringsutvikling innen jordbruk og bygdenæringer

Utarbeiding av det regionale næringsprogrammet skjer i samarbeid mellom fylkesmannen, Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget, Allskog, fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Partnarskapen har fleire møte gjennom året og drøftar også andre aktuelle saker. Den regionale partnarskapen har ansvaret for å ta diskusjonen om næringsprogrammet ned i sine organisasjonar. Fylkesmannen vurderer prosessane rundt regionalt næringsprogram som opne – basert på tillit.

Verdiskaping er ein av fire hovudsatsingar i Fylkesplanen 2013-2016 – saman med kultur, kompetanse og samferdsel. Gjennom det årlege handlingsprogrammet for verdiskaping tek fylkesmannen aktivt del og landbruksbasert næringsutvikling har ein viktig plass i dette programmet.

**Stort investeringsbehov**

Investeringsbehovet i tradisjonelt landbruk er stort. I alle år har det vore større etterspurnad etter offentlege investeringsmidlar enn dei tilgjengelege rammene. For å gje fleste mogleg støtte, har tildelingane pr. bruk vore lågare enn dei taka som er sette sentralt. I 2014 vart det innanfor dei bedriftsretta regionale BU-midla løyvd 32,7 mill. kroner i tilskott og 73,1 mill. kroner i rentestøttegrunnlag. Mjølkeproduksjon står i ei særstilling når det gjeld løyvingar og utgjer 19,9 mill. kroner av dei løyvde tilskotta. Elles viser løyvingane ei stor spennvidde innanfor dei tradisjonelle produksjonane. Det er relativt mange Inn på tunet- og lokalmatprosjekt.

Fylkesmannen fekk i 2014 ei løyving på kr 4,8 mill. kroner til utgreiings- og tilretteleggingstiltak. I desse midla gjekk det også inn dei tidlegare midlane til økologisk landbruk. Fylkesmannen løyvde 4,9 mill. kroner til utgreiings- og tilretteleggingsmidlar (inklusiv inndregne midlar). Mesteparten av utgreiings- og tilretteleggingsmidla vert brukte til utviklingstiltak i landbruket sine eigne organisasjonar. Midla vert brukte aktivt til å gjennomføre tiltak i landbruksmeldinga som vart vedteke i fylkestinget i 2012. Dette er blant anna prosjekt som skal auke rekrutteringa til næringa, fremje reiseliv og lokal matproduksjon, betre fôrproduksjonen og styrke mjølkeproduksjonen.

Fylkesmannen er aktiv deltakar i hoppid.no-samarbeidet. Hoppid.no er Møre og Romsdal fylkeskommune si satsing på entreprenørskap. Dette er eit samarbeid mellom Innovasjon Norge, fylkeskommunen og fylkesmannen. Målet er å få til fleire og betre nyetableringar i fylket. Det er etablert hoppid.no-kontor i nesten alle kommunane i fylket. Kommunen skriv partnarskapsavtale med samarbeidspartane. Ved hoppid.no-kontoret kan gründerar få råd og rettleiing i spørsmål knytt til etablering av eiga bedrift. Gjennom hoppid.no-samarbeidet er førstelinjearbeidet retta mot etablerar styrka og systematisert. Det vert arbeidd for å betre samarbeidet mellom kommunal landbruksforvaltning og hoppid.no-kontora. Ein årleg felles konferanse er eitt av tiltaka.

**Lokalmat**

**Positiv trend for lokal mat :** Det skjer mykje positivt kring lokalmatsatsinga i Møre og Romsdal. Vi har fleire lokalmatprodusentar som har markert seg nasjonalt, og fleire satsar på å vidareutvikle drifta si. Lokalmatområdet er i sterk utvikling, og det blir skapt gode nettverk mellom produsentane, og mellom produsentar og sluttleddet. Næringa har etter kvart blitt meir moden, og tida er inne for å rette meir av ressursane inn mot profesjonalisering og strategiutvikling hos etablerte produsentar.

Samstundes er det klart at vi treng fleire gode lokalmatprodusentar i fylket, for å møte den positive trenden som avteiknar seg. Fylkesmannen har difor hatt auka fokus på mobilisering i regionar der er grunnlag for næringsutvikling innan lokal mat og reiseliv. (Den Gode Maten og Matprosjektet frå Gjøra i Sunndal)

**Auka samarbeid i partnarskapet**

Fylkesmannen skal i sitt arbeid legge til rette for auka matmangfald og styrka lokal verdiskaping. Vi har mange gode samarbeidspartnarar i arbeidet for ei styrka satsing på lokal mat. Vi kan nemne det regionale partnarskapet med Fylkeskommune, Innovasjon Norge, Hoppid og viktige regionale kompetansemiljø som Matnavet i Mære, Klippfiskakademiet og samarbeid med restaurant-og matfag i vidaregåande skule.

I februar kvart år vert det arrangert MRmat. Dette er ein av fleire viktige møteplassar for nettverksdanning og ikkje minst fagleg påfyll. Det skjer i form av ei lang rekkje praktiske kurs om produksjon og sal av lokal mat- og drikkespesialitetar. I 2014 var Borgund vgs. vertskap for arrangementet, og deltakinga var rekordstor, men over 50 bedrifter og like mange elevar involvert. Borgund vgs. skiljer seg ut på landbasis ved å ha ventelister av elevar som søkjer på restaurant- og matfag. Det er viktig å støtte opp om slike kompetansemiljø, slik at dei kan fungere som lokale «matnav» ved å auke kompetansen og engasjementet for bruk av norske og lokale råvarer.

Det er viktig å bygge kompetanse og samarbeid på mange nivå – for dei som skal lykkast i lokalmat-bransjen må ha kvalitet i alle ledd og vere offensive i marknaden.

Samarbeidet med Matnavet, fylkeskommune og næringsaktørane er godt, men fylkesmannen har teke initiativ til eit tettare og meir strukturert samarbeid, særleg når det gjeld kompetansetilboda mot etablerarar og småskala-produsentar.

I tillegg til det tradisjonelle partnarskapet har fylkesmannen også støtta Hanen Møre og Romsdal, Bondens Marknad Møre og Romsdal og ein del regionale nettverk, slik at dei kan utvikle organisasjonane og verte meir attraktive salsorganisasjonar for sine medlemar.

Vi føler oss sikre på at initiativet frå fylkesmannen på dette området har gitt eit vesentleg bidrag til entusiasmen og innovasjonen vi i dag ser på lokalmat-området.

**Mat og reiseliv**

Fylkesmannen har dei siste åra teke initiativ til arrangement og fellestiltak som kan fremje samarbeidet mellom reiselivet og lokalmat-næringa.

I arbeidet vert det fokusert på at vi skal bidra med kunnskap og skape optimisme og nettverk mellom aktørar. Godt samarbeid mellom produsentar og ulike marknader og mellom rådgjevarar og virkemiddelapparatet elles er avgjerande.

I 2014 deltok Møre og Romsdal på IGW saman med dei tre andre fjord-fylka, og vi hadde med utstillarar som representeret både lokal matspesialitetar, grønt reiseliv og matkultur. Utstillararane var Tingvollost, Klippfiskakademiet, Classic Norway og 62N. I tillegg deltok Møre og Romsdal med 15 personar på regiondagen på IGW.

Dei siste tre åra har vi også hatt eit nært samarbeid med den Norske Matfestivalen i Ålesund om å arrangere ein konferanse med tema «Matkultur og reiseliv». I 2014 samla vi 120 deltakarar til denne tverrfaglege konferansen.

**Økologisk jordbruk**

*(Denne teksten ligg også på 24.5 - Økologisk jordbruk)*

Det økologiske miljøet i Møre og Romsdal er lite, og investeringsviljen i økologisk landbruk har ikkje vore stor

dei siste åra. Slik dette er pr. 2014, synes det vanskeleg å fylle opp nasjonale ambisjonar på området. I denne situasjonen har Fylkesmannen lagt vekt på å jobbe næringsutvikling med fokus på lokal foredling og sterkare samordning med lokalmat-satsinga. Fleire av produsentane av lokalmat har også det økologiske perspektivet, men denne koblinga synes å bli svakare – ikkje sterkare. Det er heilt klart meir trykk i lokalmat / tradisjonsmatsegmentet enn i økologisk.

Samarbeidet med Bioforsk økologisk er generelt godt. Det økologiske miljøet i Møre og Romsdal er ikkje stort, og nyrekrutteringa er svak. Vi følgjer opp miljøet både direkte og i samarbeid med NLR og Tine.

I tillegg har vi vore aktive med informasjonstiltak for å få fokus på økologisk jordbruk mellom barn og unge. Møre og Romsdal dei siste åra hatt særleg fokus på økologiske skulehagar, både ved å gje oppstart-støtet og tilskot Bioforsk Økologisk på Tingoll til utarbeiding og formidling av informasjon om skulehagar. 4H i Møre og Romsdal har sett i gang prosjektet 4H-matskule. Fylkesmannen har også gjeve støtte til dette prosjektet, noko som har resultert i at dei har greidd å gjennomføre økologiske matskular.

Det har vorte starta opp tre andelslandbruk her i fylke i 2014, og Fylkesmannen har støtta desse initiativet både med midlar til oppstart-seminar og plantefaglege kurs.

Samarbeid med "Ungt Entreprenørskap" i Møre og Romsdal knytt til fylkeskommunen har Fylkesmannen si landbruksavdelinga vore vertskap, laga oppgåver og vore rettleiar for 3 vekesprosjekt på gündercamp i ein ungdomsskule. I tillegg har vi vore bidragsytar på laging av oppvåver og jury til gründercamp som har strekt seg over ein dag på to vidaregåande skular her i fylket. På den eine gründercampen vart det presentert økologisk mat frå to lokalprodusentar. Skulane og elevane gjev veldig positive tilbakemeldingar på dette arbeidet så dette er ein nyttig aktivitet for å sørgje for rekruttering til landbruket.

## Gründercamp

I samarbeid med "Ungt Entreprenørskap" i Møre og Romsdal knytt til fylkeskommunen har Fylkesmannen si landbruksavdelinga vore vertskap, laga oppgåver og vore rettleiar for 3 vekesprosjekt på gündercamp i ein ungdomsskule. I tillegg har vi vore bidragsytar på laging av oppvåver og jury til gründercamp som har strekt seg over ein dag på to vidaregåande skular her i fylket. På den eine gründercampen vart det presentert økologisk mat frå to lokalprodusentar. Skulane og elevane gjev veldig positive tilbakemeldingar på dette arbeidet så dette er ein nyttig aktivitet for å sørgje for rekruttering til landbruket.

**Inn på tunet -** Fylkesmannen har i fleire år arbeidd for å auke kjennskapen og interessa for eit tilbydarnettverk i fylket. Kveldsmøter med næringa, skissering av ymse modellar for samarbeid og etablering av eit interimsstyre som fekk i mandat å utarbeide forslag til stifting av ein interesseorganisasjon. Fylkesmannen deltok aktivt i heile prosessen.

Tilbydarnettverket "Inn på tunet Møre og Romsdal" vart stifta i mars. Nettverket skal arbeide for interessene til tilbydarane innan merkevaren "Inn på tunet Møre og Romsdal". Organisasjonens føremål er å bidra til eit kvalitetssikra og innhaldsrikt Inn på tunet tilbod i Møre og Romsdal. Vidare skal organisasjonene vere ein møtearena for tilbydarane, der ein tek om faglige, sosiale og organisatoriske spørsmål med felles interesse. Det vart søkt råd hjå Matmerk og andre fylke under prosessen med å stifte nettverket. Nettverket har alt arbeidd med fleire aktivitetar som dei har i oppdrag å gjennomføre. Fylkesmannen er observatør i styret.

Vi har ikkje nådd ønska tal godkjente Inn på tunet bruk og arbeider fortsatt for å få auke dette talet. Talet på bønder i nærings synes stabilt, men få nyetableringar gjev nedgang på sikt då det vil vere ein viss del av tilbydarane som sluttar å drive av ymse grunnar. Den lille auken på tal nyetablerarar fører med seg minkande etterspurnad etter utdaning på området.

Kommunane etterspør kunnskap om Inn på tunet som ordning og tilbod i liten grad. Det kom førespurnad om å nytte kommunane sine skjønsmidlar. Til no har det vore rapportert at alle kommunar som i si tid fekk Inn på tunet løft-midlar har vidareført desse prosjekta.

Vi jobbar langsiktig og intenst med IPT, både mot tilbyder og kjøpar. IPT området er utfordrande, og det er spesielt to tema vi vil kommentere; - kommunane som kjøper opptrer kortsiktig, og tilbydar har ingen garantier utover den enkelte budsjettperiode. Det er få som tør å ta store investeringar. Den andre utfordringa er releatert til vår rolle som næringsutviklar. Landbruk har svært begrensa legitimitet til å anbefale konsept for å fylle oppgåver på sektorar som helse eller opplæring.

## 23.2 Skogbruk

***Skogkultur:*** Totalt tilplanta areal har auka markant i 2014 (3082 da) i høve til 2013 (1874 da). Aktiviteten innan ungskogpleie har gått merksamt ned i 2014.

Auken i plantinga kjem dels av stor avgang av småplanter grunna frosttørke og vidare auka avvirkningsnivå. Prioritering av planting har gått utover anna skogkulturaktivitet, mest på grunn av manglande tilskotsmidler.

Ut frå resultatkontrollen og foryngelseskontrollen går det fram at avverka areal i hovudsak vert planta til att. Nokre hogstflater vert omdisponert til andre føremål som beite og liknande. Vi venter tre vekstsesonger med planting grunna store utfordringar med gransnutebille, og nokre felt er derfor ikkje tilplanta på kontrolltidspunktet.

Aktiviteten innan skogkultur heng tett saman med kva for kommunar som sett inn ekstra ressursar til å arbeide med dette. Fylkesmannen arbeider for at kommunane skal samarbeide om å leige inn fagpersonar til å avdekke behov og utføre praktisk arbeid med tilgang på kompetent arbeidskraft.

Foryngging og ungskogpleie er prioritert i høve til andre tiltak ved tildeling av NMSK-midlar til kommunane.

***Skogbruksplanlegging:*** Det er stor interesse for skogbruksplanlegging i fylket. Dei styrka sertifiseringskrava knytt til tømmerkjøparar gir oss store utfordringar med tanke på at det er liten dekning av skogbruksplaner med mis-registreringar.

Følgjande kommunar har gjort avtale med taksselskap om skogbruksplanlegging i 2014:Tingvoll, Sunndal, Stranda, Sykkylven og Norddal. Aure, Halsa og Rauma kommunar arbeider med forprosjekt. Surnadal kommune gjennomførte miljøregistreringar i delar av kommunen i 2014.

***Avverking:*** Det vart også i 2014 sett ny rekord for hogst i Møre og Romsdal, med totalt 221 500 m3. Andelen gran er og aukande og står for 200 500 m3, over 90 % av totalen. Noko opprydding etter stormen Dagmar, men hogstaktiviteten er meir ei direkte følgje av stormen, med den kapasitetsauka som vart gjennomført i samband med oppryddinga. Ei utfordring som allereie begynnar syne seg, er hogst av ung skog. Skog som økonomisk og biologisk burde få stå 5 - 15 år lengre, men som av praktiske omsyn hos kjøpar og låg skogkompetanse hos seljar, blir hogd.

Tydelige utfordringar på infrastruktur syner seg gjeldande her i fylket, på skogsvegar, kommunale- og offentlege vegar. Bruksklasse/aksellast på kommunale vegar har ofte vore hinder for tømmertransport m bil. Nokre kommunar er særs tilbakehaldne med å tillate tømmertransport på kommunevegane. Her kan framtidig skogaktivitet rammast, da vegane ikkje held krava til dagens transportløysing.

Rapportane på forbruk av tilskot til drift i bratt terreng har vist at det står meir volum pr.da. enn det som er oppgitt i skogbruksplanane.

***Skogsvegbygging:*** Interessa for bygging av skogsvegar er framleis stor, og auka hogstaktivitet synleggjer behovet. Ved å liggje på etterskot med planlegging og utbygging av skogsvegar vil ein risikere dårlegare planer og høgare driftskostnader. Det fører også til at den beste og lettast tilgjengelege skogen blir hogd utan vegbygging, og dermed gjer det vanskelegare å finansiere vegløysing for skog som ligg lengre unna offentleg vegnett. Slike bestand er oftast ikkje hogstmodne enno.

Utfordrande terreng og kostbare prosjekt gjer det viktig med profesjonell planlegging og byggeleiing. Dette sikrar god forvaltning av tilskotsmidlane. Det er løyvd om lag 3,7 millionar til bygging av skogsvegar i Møre og Romsdal i 2014.

***Tilleggsløyving:*** Fylket blei tildelt ei tilleggsløyving på 2,5 millionar etter synleggjering av behov og investeringsønskje i fylket. Delar av midlane blei nytta som driftstilskot, og søknader om uttak av stormskadd skog liggjande over frå 2013. Tilskotsmidlane var avgjerande for å få rydda opp og komme ajour, etter mykje rot i innkjøring og rapportering etter Dagmar. Det er brukt om lag 5,6 millionar til driftstilskot i 2014 og det meste har gått til taubanedrifter. Av desse 5,6 millionane tilhøyrar 2,1 million opprydding av stormskadar og etterslep i søknader etter Dagmar.

***Hovudplan for skogsbilvegar:*** Arbeidet blei sett på vent sidan ein har prioritert andre oppgåver i samband med mannskapsendringar ved landbruksavdelinga i 2014. Hovudplanarbeidet vil vert tatt opp att i 2015.

# Resultatområde 24 Bærekraftig landbruk

## 24.1 Jordvern og kulturlandskap

Vi har hatt motsegn til 6 kommuneplaner i 2014, der det innanfor same plan gjerne er fleire motsegner knytt til føresegner og ulike figurar i plankartet. Vidare har vi hatt motsegn ut frå landbruksinteresser til 2 reguleringsplaner. Vi har ikkje klaga på kommunale dispensasjonsvedtak.

KOSTRA-tal for viser at i 2013 blei det totalt omdisponert 688 dekar dyrka og dyrkbar jord, til anna enn landbruk. Dette talet er fordelt på 334 dekar dyrka og 354 dekar dyrkbar jord. Utan eit statleg fokus på jordvern, ville desse tala venteleg vore langt større.

Det er ei stadig utfordring at mange grunneigarar som ikkje driv landbruk sjølv, ser på eigedomen snarare som utbyggingsområde enn som ein ressurs for matproduksjon. Ein møter ofte argument om at jorda ikkje er driven lenger, og det det er lita forståing for at ein begrensa ressurs som dyrkajord ikkje kan byggjast ned for kortsiktig gevinst. Ofte manglar leigeavtaler ved bortleige av jorda, og mange kommunar set ikkje kraft bak driveplikta og følgjer ikkje opp langsiktige leigeavtaler.

I fleire kommuner er regulering svært grunneigarstyrt, noko som kan resultere i eit uheldig arealhushald. På sikt kan kommuneplana bli svekka som styringsverktøy, og tilfeldige initiativ får for stor plass i utviklinga av kommunen. Jordvernet har store utfordringar knytt til slik praksis. Med hjelp av dei verktøy fylkesmannen har fått utdelt i form av motsegn og klage, vil vi fortsette vårt arbeid i plansamanheng.

Vi har gjennomført fagdag for kommunane i 2014. Tema var endring i praktisering av jordlov og konsesjonslov etter regjeringsskiftet, erfaringar frå kommunal praktisering av den nye § 12 i jordlova, driveplikt og leigejordsproblematikk og litt om dispensasjonsbestemmelsen i pbl. Anne P Asplin frå Landbruksdirektoratet hadde hovudinnlegga om praksisendring i departement/direktorat, jordbrukssjefen i Sykkylven snakka om jordlova § 12, fylkesleiaren i Bondelaget hadde innlegg om driveplikt, og elles nytta vi eiga arbeidskraft.

Elles deltek vi aktivt i Planforum, som er ein arena for dialog tidleg i ulike planprosessar i kommunen. Vi prioriterer å synfare tiltak der vi har motsegn eller vil klage, noko vi trur aukar tiltrua til vårt arbeid blant søkjar/tiltakshavar og kommunen. Dette er også ein arena for dialog.

**Utvalde kulturlandskap: Fjellgardane og seterdalane i Øvre Sunndal**

I 2014 fekk området i Øvre Sunndal tildelt kr. 930.000 til skjøtsel, drift, vedlikehald, restaurering, investering m.v. (Forskrift 630 ) Kort oppsummert vart midlane nytta slik: Skjøtsel av areal: kr. 271.488, bidrag til dyr på utmarksbeite kr 230.580. Det resterande , kr 427.934 er løyvt til registrering og restaurering av bygningar , løyving til nye bruer i Åmotan, informasjonstiltak, slåttedag m.m. Restaurering av bygningane i Svøu kom i gang dette året.

Det er 6 aktive brukarar som driv areala på 21 bruk i området. Skjøtsel av dyrka areal og innmarksbeite utgjer 808 da. Av dette er omlag 100 da naturbasefigurar, slåtteenger og naturbeitemarker. Utanom dei 6 aktive brukarane i området er det 9 som har driftssenter utanfor området og dei har beitedyr inne i området. 3 av desse er grunneigarar, dei andre 6 leiger beite. 3018 sauer og lam, 165 storfe og hestar var på utmarksbeite. Dette er ein liten auke for sauer og lam og ein liten tilbakegang for storfe. Det er gjennomført setring på Gammelsetra i Grøvudalen som tidlegare år.

Dei ekstra skjøtselsbidraga gjennom ordninga for utvalde kulturlandskap er svært viktige for å oppretthalde drift på bruka i området. Det er også veldig gledeleg at det på øverste bruket Røymo er bygd ny stor sauefjøs.

Det vil vere viktig å kunne formidle verdiane desse områda har til utsida av landbruksnæringa. Det er ønskeleg, men krevjande, å få etablert ny næringsvirksomheit i området.

**Verdensarvområdet Vestnorsk fjordlandskap Geirangerfjorden:**

Verdensarvområdet Vestnorsk fjordlandskap Geirangerfjorden / Herdalen fekk i 2014 tildelt kr 1.225.000

gjennom SLF/Landbruksdirektoratet og kr 1.000.000 frå Miljødirektoratet, til saman kr 2.225.000 (Forskrift 485).Av desse midlane gjekk kr 890.424 til arealbidrag og kr 1.097.100 til beitebidrag. Det er og gjeve støtte til andre tiltak som ekstra gjerding og ryddingsarbeid. Når det gjeld areal og/eller beitebidrag har vore utbetaling til 55 foretak. Satsane til areal og beitebidrag har vore uendra alle åra. Skjøtta areal har ein liten auke i forhold til i fjor. For heile verdensarvområdet har det vore små endringar, men ein liten nedgang på sau og lam og ein liten auke på geit og kje. I Geiranger er det ein svært liten auke når det gjeld småfe, men det er ikkje storfe att i bygda. I dag er det berre eitt bruk att i Geiranger som driv mjølkeproduksjon på geit.

Det er ei utfordring å oppretthalde jordbruksdrifta på ein del av areala i Geiranger. Verdensarvmidlane er såleis svært viktige for å oppretthalde aktivitet. Driftsbygningane, spesielt i Geiranger, er nedslitne. Gode investeringsordningar til driftsapparatet vil derfor vere viktig. Ei gruppe er i gang med å vurdere om det kan vere mogeleg å få bygd ein ny stor driftsbygning til småfe. Vanskane med rekruttering innan landbruket er minst like store innafor verdensarvområdet som andre stader i nærområdet. Fylkesmannen har god kontakt med brukarane i området og det er godt samarbeid med kommunane Norddal og Stranda. Arbeid for å koble satsinga på kulturlandskapet i verdsarvområdet enno tettare opp mot innsatsen på reiseliv og kultur er viktig.

## 24.2 Samfunnsplanlegging

**Samfunnsplanlegging;** Gjennom året har vi vore aktiv deltakar i samarbeidsfora i regi av fylkesmannen som planforum, møter og synfaringar i arrangert av kommunane eller/embetet, samt ved tett kontakt til landbruksforvaltninga og plankontora i kommunane. Kommunen sitt ansvar er løfta fram i dialogmøter mellom fylkesmannen og kommune, og temaet grundig omhandla på den årlege «arealsamlinga».

For 2014 er det frå regjeringshald gitt klare signal om å leggje større vekt på kommunalt handlingsrom, jf– KMD - Programkategori 13.25 Fylkesmannsembeta.

På landbruksområdet har dette ført til noko høgare terskel for varsling av klage, samt sterkare innsats på å finne gode alternative løysingar i enkeltsaker. Det er i 2014 ikkje fremja klage i dispensasjonssaker med grunnlag i jordvernomsyn.

Omfanget av plansaker siste år var 1140 plan- og dispensasjonssaker, som er omlag same nivå som tidlegare år. Dispensasjonssakene utgjer 605 saker, der dei fleste (over 80%) er dispensasjon frå kommuneplan. På landbruksområdet er mangel på oppdaterte oversikts-/kommuneplanar ei stor utfordring. Mykje landbruksareal ligg nært til alt nedbygde areal og er utsett for bitvis nedbygging gjennom dispensasjonar grunna mangel på oppdaterte oversikts-/kommuneplanar. Manglande godt overordna planverk er og årsak til det høge talet på søknader om dispensasjonar. Her vil det snart komme ei endring, då dei fleste kommunane no er inne i prosess med rullering av kommuneplanane sine. Talet plansaker var 535 og utgjer i hovudsak reguleringsplanar (90%). Utfordringa knytt til den kommunale planlegginga avspeglar at kommunane i fylket er svært ulike i forhold til folketal, næringsstruktur, naturgrunnlag, sentralitet m.v.

Nytt rundskriv H-2/14 frå KMD 17/2-14 med følgjebrev frå kommunal- og moderniseringsministeren har verka inn på saksbehandlinga ved at det i brevet blir presisert at:

- Flest muleg saker skal løysast så tidleg som råd
- Krav til meir effektiv behandling etter pbl av plansaker
- Tidleg medverknad og dialog
- Viktige interesser skal kome fram så tidleg som muleg
- Rask og effektiv saksbehandling
- Omsynet til lokaldemokratiet skal vektast sterkare
- Motsegn skal berre fremjast når det er nødvendig og skal alltid konkretiserast
- Samordning av motsegner gjennom bruk av planforum og mekling

Signalet om endra praksis, og særleg signalet om større vekt på lokaldemokratiet, - har for jordverninteressene skapt usikkerheit og diskusjonar med rundar om avklaring i embetet kor høgt lista no

skulle leggjast i enkeltsaker. Resultatet er meir liberal praksis og høgare terskel for varsling av motsegn/klage grunna jordvernomsyn. Embetet har berre klaga på 5 dipensasjonsvedtak. Ingen av klagene har vore grunngitte med tema landbruk/jordvern dette året.

Så langt råd har vi i 2014 prioritert å vere proaktive overfor landbruksforvaltninga og plankontora i kommunane. Det er også eit tett og godt samarbeid med dei andre avdelingane ved embetet i alle arealsaker.

I plansaker har vi fremja motsegner knytt til jordvern i 8 planar. Det er 6 motsegner til kommuneplaner og 2 til reguleringsplaner. I kommuneplanane er det ofte fleire motsegnspunkt. Dei fleste blei avklara i møte, synfaringar og prosessar med kommunane. Dyrka mark til byggegrunn har vore tema på 3 meklingsmøte knytt til arealdelen i kommuneplan for Vanylven, Fræna og Herøy kommunar og har i all hovudsak fått si avklaring i meklingsmøta.

I saker om dispensasjon frå kommuneplan eller reguleringsplan har embetet hatt 605 saker til behandling. Godt halvparten av dispensasjonssakene (322 saker) har embetet ikkje hatt merknader til. I oversikt over tema for merknader skil landbruk seg ut med 69, - berre overgått av tema strandsone med 87 merknader. Også her har dei fleste sakene fått si løysing gjennom vidare saksbehandling fram mot endeleg vedtak.

**Samfunnssikkerheit og matsikkerheit:** Landbruksavdelinga har etablert gode relasjonar til Mattilsynet. Vi har årlege møter med regionleiinga, der vi også inkluderar beredskapssjef og miljøvernavdelinga. I det løpande arbeidet er det kontakt etter behov mellom distriktstilsette i Mattilsynet og landbruksavdelinga. Samarbeidet har kome inn i fastare former det siste året. Samarbeidet går både på forvaltning, tapsproblematikk, beredskap og oppfølgjing av akutte situasjonar – stikkord for det siste kan vere Mannen i Romsdal, og beredskap for mulig kugalskap.

## 24.3 Klimautfordringene

- Nytt av året

**Bioenergi**

**Aktivitet:** FMMR har deltatt i prosjektet «Frå skog til energi» der SINTEF er prosjektleiar. Målet med prosjektet er oppretting av effektive og lønsame verdikjeder. Andre prosjektdeltakarar er Møre og Romsdal Biobrensel AS, Allskog SA og Statkraft varme AS. I 2014 er det gjennomført ein analyse som viser ringverknadane ved og bygge ut bioenergianlegg som bruker skogsflis som brensel. Det er i tillegg utarbeida ein modell som bereknar den mest optimale lokaliseringa av ein flisterminal i fylket. Resultat frå prosjektet blir tilgjengeleg i løpet av 1. halvår 2015.

Sagbruka i fylket har utfordringar med avsetning av flis som tidlegare vart levert til smelteverksindustrien. Dette er mindre sagbruk som foredlar om lag 4.000 fm3/år per bruk. Det er tatt initiativ til at flisa kan leverast som brensel på varmeanlegg som bruker skogsflis som brensel. Utfordringa er for høg fuktigheit og for store partiklar i høve til kravspesifikasjonane til varmeanlegga. Eit sagbruk har no investeret i eit tørkeanlegg for brenselflis og blir brenselleverandør.

**Status:** Liten interesse for nye anlegg. Fortsatt er den lokale flisproduksjonen for låg, noko som gjer at brenselanlegga er avhengig av «import» frå Oppland. Det nye tørkeanlegget ved eit sagbruk vil bidra til auka mengde lokal brenselflis.

Den gjennomgåande utfodringa er låge alternative energiprisar og at flismarknaden ikkje fungerar. Eksisterande anlegg har strenge krav til fliskvalitet (fukt og finstoff).
Utfordringane for 2015 blir å få opp fornya satsing på gardsvarmeanlegg, og å finne løysingar som gjer at flis frå sagbruka kostnadseffektivt kan brukast til brensel.

**Trebruk**

**Aktivitet:** Gjennom prosjektet «Tredrivaren» har FMMR i samarbeid med Innovasjon Norge , fylkeskommunen, Møre og Romsdal skognæringsforum, Møre og Romsdal arkitektforening og Trefokus hatt ei spissa satsing på auka bruk av tre og utvikling av treindustrien. FMMR er prosjekteigar og nyttar 30% av ein stillingsressurs til prosjektleiing. Prosjektet deltar i det nasjonale tredrivarnettverket til Innovasjon Norge.

**Status:** Skimuseumet i Rindal ble opna i 2014 (massivtre i vegger og tak i deler av bygget), Romsdalsmuseet er

under bygging (opning vinteren 2016), Romsdal VGS er vedtatt bygd i massivtre av fylkestinget (byggestart hausten 2015). Påbygget til Grøn Fjordsenter i Geiranger er under bygging (massivtre).I tillegg er det stor interesse for driftsbygningar i tre.
6 bedrifter på Nordmøre ønskjer og opprette eit 3-årig bedriftsnettverk med oppstart i 2015. Det vil blant anna bli arbeid med utvikling av eksisterande og nye produkt, effektivisering, automatisering, auka samarbeid og innføring av Lean.

**Utfordringar:** Låg kompetanse om industriell bruk av tre blant utbyggar, arkitekt planleggar og entreprenør. For låg utviklingstakt og innovasjonsgrad blant treindustrien.

Tredrivaren er avslutta, men har mål om ei 3-årig vidareføring av prosjektet.

**Jordbruk:** Frå og med 2013 fekk miljørett gjødselspreiing større oppmerksomheit i Regionalt Miljøprogram. Dette er omtala i detalj under 24.4, men konklusjonen er at tiltaket har vore ein betydeleg suksess. RMP har bidratt til å flytte «heile» landbruket i miljørett retning, og har bidratt markert til reduksjon av klimarelaterte utslepp.
Fokuset på biogassanlegg er på plass, og temaet er høgaktuelt både i sambande med forsøksreaktoren ved Norsøk, og i samband med utviklinga av Gjermnundnes vgs. Bøndene er tilbakehaldne, først og fremst pga lave prisar på alternativ energi.

Fylkesmannen har bidrege aktivt inn i revideringa av den fylkeskommunale energi- og klimaplanen som skal vedtakast i 2015.

## 24.4 Produksjon av miljøgoder og reduksjon av forurensninger

**Særlege miljøtiltak i jordbruket (SMIL)**

Møre og Romsdal fekk tildelt kr. 7.100.000 til SMIL ordninga i 2014. I tillegg kjem noko midlar overførte frå 2013 og inndregne midlar gjennom dette året. Mesteparten av inndregne midlar er løyvde på nytt. Nordre Sunnmøre landbrukskontor, som har 5 kommunar, fekk tildelt ei rammetildeling. (samla kr 360.000). Dette gav betre og meir fleksibel bruk av tilskotsmidlane der. Samla løyvingar frå kommunane er slik:

Forskrift 500: Spesielle tiltak i kulturlandskapet: 241tilsagn, kr.8.188.600. Forskrift 034: Investeringstilskot til miljøtiltak: 32 tilsagn, kr 1.360.254. Forskrift 207 hjemmel 02: Områdetiltak : 2 tilsagn, i alt kr 120.000. Samla tilsagn for desse tre ordningane er kr.9.668.854. Løyvingar til saker som gjeld biologisk mangfald er omlag som tidlegare år. Det kan vere vanskeleg for kommunane å prioritere store saker (feks. bygningar) då dette vil ta ein for stor del av kommunetildelinga. Derfor vart det tildelt 1 mill. kr ekstra til Sunndal kommune for å starte restaureringa på det særs verneverdige Svøu-tunet. Samla kostnadsoverslag for søknadane er i overkant av 32 mill kr.

Det var berre ei klagesak innafor SMIL-ordninga dette året. Kommunen sitt vedtak vart oppretthalde. Det er gjort inndragingar i 90 saker, i alt kr 1.480.890. Ansvaret pr 31/12 var kr 18.584.976. (Kr 19.010.354 året før) Fylkesmannen arbeider vidare med å få redusert størrelsen på ansvaret.

Det er stor etterspørsel etter SMILmidlar. Ordninga er godt innarbeidd, og har godt omdømme mellom bøndene. Forvaltningsmessig er det krevjande å fordele så pass små midlar på så mange kommuner (36). Midlane er i mange tilfelle for små til at dei vert prioriterte på få og store saker (f.eks bygningar). Fylkesmannen har også i 2014 lagt stor vekt på å redusere ansvaret knytt til gamle saker. Mange kommunar skal etter kvart revidere den kommunale strategien og dette gjev eit godt høve til å kople SMIL nærmare til RMP.

**Drenering av jordbruksjord:**

Det er gjeve tilsagn om tilskot til drenering i 236 saker. Samla løyvd tilskot er kr. 3.793.195. Systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjer 88 % av løyvinga, resten er anna grøfting og avskjeringsgrøfter. Arbeid på eige areal utgjer 71% av tilskotsbeløpet, 29 % er på leigd areal. Denne nye tilskotsordninga er godt motteka av bøndene og tilskota utløyser investeringar på i størrelsesorden 30 mill.kr.

Effekten av ordninga er større enn forventa – tilskotet utgjer ein beskjeden del av totalkostnadane, men omfanget av drenering har likevel gått markert opp.

**Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal**

Profilen i Regionalt miljøprogram vart vart endra i revisjonen frå 2013. Fokuset på skjøtselstiltak vart svekka, og

ressursar vart flytta til miljørett handtering av husdyrgjødsel. Desse endringane vart gjort i nært samarbeid med faglaga, og effektane av tiltaka er langt bedre enn kva vi kunne håpe på. Fleire bønder er i posisjon til å søkje RMP, og statusen til programmet har blitt langt bedre. Endringane har markert bidratt til meir miljørett bruk av husdyrgjødsla. Vår konklusjon er at omlegginga har gjort RMP til eit potent verktøy for å løfte miljøstandarden i landbruket. Dei aktuelle tiltaka er tidlegare spreiing (før 10. august), og bruk av tilførselsslangar. Behovet for dispensasjonsøknadar har gått markert ned, Gevinsten er betre miljø, betre utnytting av gjødsla og sparte kostnader for bøndene.

Før 2013 omgangen rekna vi med at det kunne bli søkt om tilskot til tidleg spreiing på 50-70.000 dekar, men det vart søkt om tilskot til tidleg spreiing på heile 108.000 dekar og bruk av tilførselsslangar på om lag 10.000 dekar i 2013. I 2014 har dreiinga i retning av meir miljørett bruk av husdyrgjødsel halde fram. Det vart søkt om tilskot til spreiing om lag 151.700 dekar, og det vart brukt tilførselsslangar på om lag 18.400 dekar.

I 2014 vart det også inngått avtaler med gardbrukarar i tre kommunar om å utsette slåtten til etter hekkinga. Formålet var å verne om truga fugleartar, som hekka i enga.

Regelverket i Regionalt miljøprogram er følgd opp gjennom forvaltningskontrollar. I denne samanhengen har krav om miljøplan fått stor merksemd. Miljøplan trinn 2 er eit vilkår for å kunne søkje tilskott til skjøtsel av automatisk freda gravminne. Dei som ville søkje om tilskot til skjøtsel av artsrike slåttenger, må ha inngått skjøtselsavtale med Fylkesmannen, Miljøvernavdelinga. Dette har vore med og sett fart i arbeidet med å ta vare på artsrike slåtteenger.

Samarbeidet med næringa og andre forvaltningsorgan om miljøvirkemidla er godt. Vi har lagt opp til tettare samarbeid med Miljøvernavdelinga på fleire punkt, m.a. utslepp til luft, avrenning, hekkeplassar for utryddingstrya arter, og skjøtsel av artsrike slåtteenger. Vi vil utvikle dette samarbeidet vidare, som i 2015 også kjem til å omfatte skjøtsel av kystlynghei, og forankring av enkelttiltak opp mot vassrammedirektivet.

**Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2014 etter søknadsomgang 2013 - kroner utbetalt til hovedområder**

| Embeter | Kulturlandskap | Biologisk mangfold | Kulturmiljøer og kulturminner | Friluftsliv og tilgjengelighet | Avrenning til vassdrag og kyst | Utslipp til luft | Plantevernmiddel | Andre miljøtiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| FMMR | 7591187 | 532050 | 2046167 | 0 | 828300 | 7110060 | 0 | 0 |
| **Sum** | **7591187** | **532050** | **2046167** | **0** | **828300** | **7110060** | | |

## 24.5 Økologisk landbruk

Det økologiske miljøet i Møre og Romsdal er lite, og investeringsviljen i økologisk landbruk har ikkje vore stor dei siste åra. Slik dette er pr. 2014, synes det vanskeleg å fylle opp nasjonale ambisjonar på området. I denne situasjonen har Fylkesmannen lagt vekt på å jobbe næringsutvikling med fokus på lokal foredling og sterkare samordning med lokalmat-satsinga. Fleire av produsentane av lokalmat har også det økologiske perspektivet, men denne koblinga synes å bli svakare – ikkje sterkare. Det er heilt klart meir trykk i lokalmat / tradisjonsmatsegmentet enn i økologisk.

Samarbeidet med Bioforsk økologisk er generelt godt. Det økologiske miljøet i Møre og Romsdal er ikkje stort, og nyrekrutteringa er svak. Vi følgjer opp miljøet både direkte og i samarbeid med NLR og Tine.

I tillegg har vi vore aktive med informasjonstiltak for å få fokus på økologisk jordbruk mellom barn og unge. Møre og Romsdal dei siste åra hatt særleg fokus på økologiske skulehagar, både ved å gje oppstart-støtet og tilskot Bioforsk Økologisk på Tingoll til utarbeiding og formidling av informasjon om skulehagar. 4H i Møre og Romsdal har sett i gang prosjektet 4H-matskule. Fylkesmannen har også gjeve støtte til dette prosjektet, noko som har resultert i at dei har greidd å gjennomføre økologiske matskular.

Det har vorte starta opp tre andelslandbruk her i fylke i 2014, og Fylkesmannen har støtta desse initiativet både med midlar til oppstart-seminar og plantefaglege kurs.

# Ressursrapportering

| Resultatområde | Kapittel 0525 | Fagdep. |
|---|---|---|
| Oppgaver under LMD | kr 11 538 705,37 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 11 538 705,00 | kr 0,00 |

# Kunnskapsdepartementet

## Resultatområde 31 Forvaltningsoppgaver - barnehagen og grunnopplæringen

### 31.1 Tilsyn

***Årsrapport for resultatområde 311 Tilsyn for 2014***

Ein er bedd om at årsrapporten skal inneholde ei eigavurdering av i kva grad embetet har innfridd resultatkrava. I denne vurderingen kan det legges vekt på ressurser, kompetanse o.a. i embetet. Det skal gjerast greie for eventuelle avvik fra mål og resultatkravene saman med omtale av iverksette tiltak.

Tilsynsaktiviteten sett i samanheng med aktivitetskrava.

Det vert vist til at det i brev om aktivitetskrav for 2014 for Møre og Romsdal vart sett opp 38 poeng for opplæringsområdet og 17 poeng for barnehageområdet. Dette etter avklart berekningssystem. Det vert vidare vist til innsendt tilsynsplan for 2014.

Tilsyna i 2014 er gjennomført med utgangspunkt i innsendt tilsynsplan, men med visse justeringar. Omfanget har vore slik:

Det er gjennomført tilsyn med elevane sitt utbytte av opplæringa (FNT 2014-17) i 3 primærkommunar med 2 skolar i kvar, og med 2 vidaregåande skolar. Det har vore noko usikkert om poengberekninga skulle vere per skule/rapport eller per kommune. Poenga for desse tilsyna skulle då vere 32 dersom ein reknar poeng per skule/ rapport.

Rettleiingsaktiviteten i forkant av tilsynet vart gjennomført med eigne møte for regionsvise kommunegrupper (Søre Sunnmøre, Nordre Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre), og med skuleeigarnivå i januar/ februar 2014. I tillegg har det vore gitt rettleiing i rektormøte for dei vidaregåande skulane. Det vart i møta med kommunegruppene føresett at kommunenivå formidla vidare til skulenivå, og i tillegg vart det vist kvar ein finn rettleiingsmateriellet på nettet. Vi har også gitt tilbod om orienteringsmøte for regionsvise kommunegrupper for skulenivå, og fleire kommunar på Sunnmøre har nytta seg av dette. Elles har det vore gitt informasjon på ulike andre arenaer, m.a. leiarforum for PPT-leiarar i fylket, og fylkesmannen sine besøk i enkeltkommunar. I forkant av tilsyna har ein hatt «formøte» der ein også har invitert skuleleiarar og kommunerepresentantar utover dei som har fått varsel om tilsyn. Vi har fått positive tilbakemeldingar på nytten av rettleiingsaktivitetane.

Det har vore gjennomført stadlege tilsyn med symjeopplæringa i 3 kommunar med to skular i kvar, altså 6 rapportar. Med poeng per skule/ rapport gir dette 18 poeng.

Det er gjennomført tilsyn med 2 kommunar og med 2 skolar i den eine og 1 skule i den andre, etter kap. 9A tilsvarande full versjon av FNT 2010, og altså 3 rapportar. Dette gir 9 poeng.

Avdelinga vår har i tillegg, i samarbeid med avdelinga for helse og sosial, gjennomført tre landsomfattande tilsyn med folkehelse på oppdrag frå Statens helsetilsyn. Embetsleiinga har pålagt utdanningsavdelinga å delta på dette tilsynet, og det har dermed lagt beslag på ein del av tilsynsressursane i avdelinga.

På barnehageområdet er det gjennomført tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit i 5 kommunar. Desse tilsyna har omfatta kommunen si rolle som barnehagemyndigheit knytt til paragrafane 10, 12a og 16 jf. §8 i barnehagelova. Tilsyn er gjennomført som stadlege tilsyn, og skulle dermed svare til 15 poeng etter avklart berekningsmåte. Vi nemner her at barnehagetilsyna har vore ganske omfattande i og med at ein har undersøkt kommunen si tilsynsverksemd eksemplifisert gjennom fleire av reglane i barnehagelova (§§ 17, 18, 19 og 22, og forskriftene § 1). Så i realiteten vurdere vi tilsyna som meir omfattande enn 3 poeng etter berekningssystemet.

Med ein berekningsmåte der tilsyn med ein skule der det blir utarbeidd eigen rapport er utgangspunktet for poengberekninga har ein då gjennomført tilsyn tilsvarande 59 poeng mot 38 i aktivitetskravet. På barnehageområdet har ein 15 poeng mot 17 i aktivitetskravet. Det vert vist til at folkehelsetilsynet har lagt beslag på tilsynsressursar som ikkje var planlagt ved starten av 2014. Samla sett vurdere vi det som at vi ligg over planlagde aktivitetskrav.

*Vurdering av risiko og kva som er vesentleg*

Ved val av tilsynsobjekt har ein generelt lagt til grunn embetet sin kunnskap om kommunar og skular gjennom klagehandsaming og anna kjennskap til lokale forhold, altså ei form for risikovurdering. Det er vidare tatt omsyn til tilsynshistorikk og geografi for å få dekt opp alle delar av fylket og skular/ kommunar av ulik storleik.

Vi har prioritert å gjennomføre tilsyn med symjeopplæringa i nokre fleire kommunar med utgangspunkt i erfaringar frå dette tilsynet frå 2013, og der vi såg at særleg kommunenivå i for stor grad har overlate denne opplæringa til skulane både kva gjeld innhald og omfang.

Ei vidareføring av tilsyn med kap. 9A byggjer ei risikovurdering ut frå konkrete klagesaker, og tal frå elevundersøkinga.

Ved val av tilsynsobjekt for FNT 2014-17 har vi lagt til grunn at vi skal undersøkje ca. 60% av kommunane i løpet av perioden. Vi har såleis dette første året valt kommunar med ulik storleik, men også valt skular vi meiner kan ha kome ulikt langt i arbeidet med ei systematisk undervegsvurdering, m.a. på grunnlag av deltaking i satsinga Vurdering for læring. Vi har også tatt med vidaregåande skular for å sjå om vi finn ulike tilnærming til området mellom skuleslaga.

*Metodehandbok og instruksverk*

Tilsyna er gjennomført i samsvar med metodehandbok og instruksar for dei tilsyna der slike er utarbeidd. På barnehageområdet har ein brukt året til å gradvis gå over til den no felles metodehandboka, og tilsyna på det området vil framover fullt ut bli gjennomført i samsvar med denne.

Kompetanse m.m.

Tilsette har deltatt på skolering i metodehandboka i regi av Udir og elles på møte om tilsyn, og vi vurderer at vi har god kompetanse på feltet. Vi har brukt litt meir ressursar på tilsynaktiviteten i år samanlikna med i fjor.

## 31.2 Klagesaksbehandling

Vi har hatt ei sak etter §5-1 der klagar har henvendt seg til fylkesmannen fordi skuleeigar ikkje har følgd opp vedtaket.

Det er fleire saker vi er gjort kjent med gjennom media, t.d. ei sak om skuleplass etter §8-1, og 2 skyss-saker etter §7-1.

**Forskrift om foreldrebetaling § 5**

Fylkesmannen har hatt ei klagesak etter *Forskrift om foreldrebetaling § 5*, der det i desember vart gjort pålegg om ny saksutgreiing.

**Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd**

Etter fleire år med lange restansar er Fylkesmannen nokolunde ajour med klagesaksbehandlinga etter Forskrift om likeverdig behandling ved årsskiftet 2014/15. Det kom berre inn ei ny sak i 2014. Den saka kom inn i november, og er under behandling når årsrapporten vert skriven. I tillegg til sakene som går fram av tabellen, har Fylkesmannen i eitt tilfelle pålagt klageinstansen å lage ei meir oversiktleg framstilling for å få klarlagt kva som faktisk har skjedd i saka, og kva som det eventuelt er reell usemje om. Kommunen sende i november ei utgreiing om dette til klagaren for eventuelle merknader. Fylkesmannen avventar tilbakemelding før vi eventuelt går vidare med saka. Vi har óg hatt gåande eit sakskompleks der fleire klagesaker for åra 2010, 2011 og 2012 var blitt liggjande ubehandla i kommunen. Etter at Fylkesmannen gjekk inn i og rydda og sorterte i sakene, ser det no ut til at saksbehandlinga i kommunen har kome i gang, og vi har på nyåret 2015 fått melding om at sakene for 2011 er blitt avgjort til fordel for klagarane. Vi reknar med at dei resterande sakene vert avklarte innan rimeleg tid.

Fylkesmannen reknar med at nedgangen i klagesaker på dette feltet i stor grad kan tilskrivast regelverksavklaringar gjennom brev frå Utdanningsdirektoratet.

Generell vurdering er at det er behov for å styrke forvaltningskompetansen hos saksbehandlarar i enkelte kommunar.

**Klage på spesialpedagogisk hjelp for førskolebarn § 5-7:**

Framleis er dette klagesaker under kap. 5 i opplæringslova. Dei er krevjande å behandle fordi den sakkunnige vurderinga frå PPT har ein tendens til å omhandle alle sider ved barnet sin livssituasjon og behov, og fokuserer i for liten grad særskilt på opplæringslova § 5-7 for kva som er spesialpedagogisk hjelp. På denne måten blir også kommunen si saksbehandling lite presis på kva som er tiltak innanfor barnehagelova og/eller opplæringslova. Nokre kommunar ser tiltak etter opplæringslova og barnehagelova i samanheng, men det er likevel ikkje alltid klart kva for tiltak som er styrking etter barnehagelova og kva som er spesialpedagogiske tiltak etter opplæringslova. Tekstane i rettleiaren til spesialpedagogisk hjelp har vore til god hjelp i vår rettleiing til kommunane (og foreldra).

Mange fleire klager på spesialpedagogisk hjelp i barnehagen enn på spesialundervisning i skulen. Det blir klaga på ca. 5 % av vedtaka om spesialpedagogisk hjelp i barnehagen. Til samanlikning blir det klaga på ca. 0,8 % av vedtaka om spesialundervisning i skulen. Det er store variasjonar mellom kommunar både når det gjeld andel barn som får spesialpedagogisk hjelp og antal timar pr. barn. Variasjonane mellom kommunane og erfaringar frå Fylkesmannen si klagebehandling tyder på at regelverket blir tolka ulikt. At hjelp til barn med særlege behov er heimla i både barnehagelov og opplæringslov, medverkar til ulik praksis. Fylkesmannen meiner eit tettare samarbeid mellom PPT og kommunane er nødvendig. God og riktig hjelp til barn i førskolealder dannar grunnlag for at barna lykkast i sin vidare skulegang.

For barnehageåret 2014/2015 har vi behandla 18 klagesaker. For 11 klagesaker stadfesta vi kommunen sitt vedtak, medan 7 klagesaker fekk medhald eller delvis medhald.

Ein kommune står for 12 av dei 18 klagesakene i 2014. Dei fleste klagene vart sett fram som følgje av at vedtaket ikkje var i samsvar med sakkunnig tilråding. Dei fleste sakene vart stadfesta av Fylkesmannen. Dette er omtrent same omfang som i 2013.

**Klage på spesialundervisning § 5-1:**

Grunnskulen: Av 22 klagesaker, stadfesta vi kommunen sitt vedtak for 10 klagesaker, medan vi gav medhald eller delvis medhald for 11 klagesaker og 1 er avvist. I hovudsak er det bra kompetanse, både ved utgreiing og saksgang, i PPT og i skolane/kommunane i slike saker. Talet på klagesaker i fjor (2013), var 17.

Vidaregåande opplæring: Vi har behandla 4 klagesaker for dei vidaregåande skulane, og der vi stadfesta 2 saker og gav delvis medhald til dei 2 andre sakene. Det er etter måten få klagesaker frå vidaregåande opplæring. Ei av årsakene til det, er at alle klagesakene frå dei vidaregåande skulane blir sendt om fylkeskommunen (skuleeigar) for ny gjennomgang/kvalitetssikring. Etter vår vurdering gjer fylkeskommunen som skuleeigar ei bra vurdering/behandling av slike saker, før sakene blir sendt vidare til oss eller at fylkeskommunen gjer eit nytt vedtak.

**Klage på eleven sitt skolemiljø § 9a-3:**

I 2014 behandla vi berre 2 klagesaker. Ei vart stadfesta og ei vart oppheva.

Dette er ein markant nedgang frå i fjor då vi hadde 14 klagesaker.

Vi er usikker på kva som kan vere grunnen til at talet på klagesaker har gått ned i 2014 i forhold til 2013. Vi har hatt ein god del henvendelser, utan at det har enda med klage. Av Elevundersøkinga ser vi at det er mange skular som har utfordringar med mobbing og krenkande atferd. Men vi ser av vår samhandling med kommunane at skular/kommunar har fått ein auka kompetanse til å behandle slike saker. Sjølv om "Elevane sitt skulemiljø" er eit tilbakevendande tema i våre møte med kommunen, så trur vi likevel at det nasjonale tilsynet på opplæringslova kap 9a, har medverka til ein generell auke i denne kompetansen.

Når det gjeld kap 9a-saker, så har vi i Region Midt etablert ei gruppe med saksbehandlaraar frå kvart embete som har faste møte der saker om psyko-sosialt miljø vert drøfta, Dette er god kompetanseheving og fører til at vi får ei meir lik saksbehandling i embeta. Vi har også etablert ei gruppe på avdelinga som jobber spesielt med dette temaet.

## Klage på skyss § 7-1:

Talet på skoleskyssaker er om lag det same som i 2013. Sakene er spredt jamt utover kommunane, og er ganske likt fordelt mellom avstand, «særleg farleg skuleveg» og måten skyssen er organisert på.

**Klage på standpunkt (fag, orden og åtferd) 2014**
Vi meiner at embetet jf. embetsoppdraget har innfridd resultatkrava på ein god måte. Embetet har gode ressursar og brei kompetanse både pedagogisk og juridisk i handsaminga av karakterklagene. Det er i hovudsak tre pedagogar som arbeider intensivt med desse sakene frå dei kjem inn til oss frå slutten av juni til dei siste er ferdig handsama innan medio september. I 2014 har vi fått inn nokre klager seint. Embetet har i tillegg ein jurist som deltek i klagehandsaminga ved behov, men særleg i sakene som gjeld orden og åtferd.

Embetet lagar årleg statistikk over resultatet av klagebehandlinga. Denne blir m.a. gjennomgått på vårt årlege møte i februar om eksamen og vurdering. Målgruppa for dette møtet er rektorar og eksamensansvarlege på kommunenivå. Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltek også på dei årlege møta om vurdering og standpunktklager saman med region Sør-Vest (FMAA, FMVA, FMRO, FMHO, FMSF og FMMR). Desse møta er svært nyttige, både når det gjeld drøfting av utviklingstendensar vi ser, samt for å få ei mest mogleg lik handsaming av klagene. I møta går embeta gjennom sine statistikkar, og innarbeider evt endringar i det felles rettleiingsheftet og klageskjema til sektoren.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fekk i 2014 inn 71 klager på standpunktkarakterar (fag). Vi ser at det dei tre siste åra har vore ein markant nedgang i talet på klager på standpunktkarakterar. Frå at talet på klager i mange år har halde seg stabilt på i overkant av 100 klager i året, gjekk talet i 2012 ned til 84, i 2013 ned til 64 og til 71 i 2014. I tillegg fekk embetet i år inn fire klager på åtferdskarakter. I alle desse sakene vart karakteren skulen hadde sett stadfesta. I 2014 handsama embetet ingen klager på ordenskarakter.

Resultatet av klagehandsaminga i embetet (prosent) – 75 klager:

- Avvist: 33 %
- Tilbake for ny vurdering: 67 %
- Karakter endra: 29 %
- Karakter uendra: 71 %
- Samla medhald: 19 %

Når det gjeld nedgangen vi ser i talet på standpunktklager, ser vi den i samanheng med auka fokus på god undervegsvurdering i fylket. Dette fokuset meiner vi i høg grad har samanheng med den nasjonale satsinga «Vurdering for læring», samt rettleiingsaktivitet med fokus på undervegsvurdering i samband med felles nasjonalt tilsyn med elevane sitt utbytte av opplæringa. Særskilt vil vi nemne at i 2014 var til saman 25 kommunar og tre private skular i Møre og Romsdal med i satsinga «Vurdering for læring», pulje 4 og pulje 5. Samanhengen mellom undervegs- og sluttvurderinga er viktig å få fram: Slik vi ser det, vil elevar som har fått opplæring og undervegsvurdering i tråd med dei fire prinsippa i VFL, i høg grad ha forståing for kva måla for opplæringa er, kva sluttkompetanse som er kravet for dei ulike karakternivåa, samt vite kva nivå dei ligg på sjølve, - før dei får standpunktkarakteren. Satsinga einskilde kommunar har hatt på vurdering gjennom deltaking i VFL har vi også sett resultat av i tilsyna våre med elevane sitt utbytte av opplæringa.

I vår handsaming av klagene på standpunktkarakter ser vi i år ei endring i kva fag som har fått mest klager. Tradisjonelt har det vore slik at det har vore dei praktisk estetiske faga som har peikt seg ut med flest klager. Av dei 71 klagene på fag i 2014 ser vi at dette ikkje lenger er så eintydig. Framleis ser vi at dei praktisk-estetiske faga mat og helse (8), kroppsøving (8) og kunst og handverk (8) har flest klager saman med matematikk (8). Desse vert følgd av norsk munnleg (6) og engelsk munnleg (5). Til saman står dei praktisk–estetiske faga for 38 % av klagene i 2014. Dersom ein tek med standpunktklagene i valfaga, utgjer prosenten klager i praktisk-estetiske fag 44 %. Til samanlikning var klageprosenten for praktisk-estetiske fag i 2013 56 %, og den har ikkje vore under 50 % sidan 2009.

**Klage på karakter ved sentralt gitt eksamen 2014**
Til sentralt gitt eksamen i grunnskulen våren 2014 blei det vurdert og sett karakter på i overkant av 4000 elevsvar i Møre og Romsdal. Det kom inn klager på 34 av desse karakterane, 3 i engelsk, 8 i matematikk, 11 i norsk hovudmål og 12 i norsk sidemål.
6 av desse 34 kandidatane fekk heva karakteren ved klagebehandlinga med ein karakter. Ein kandidatar gjekk ned. Eksamensklagene er behandla av klagenemnder frå andre fylke.

**Klage på lokalt gitt eksamen 2014**
Fylkesmannen mottok ei klage på lokalt gitt eksamen i grunnskulen. Klagar fekk medhald.

## Saksbehandlingstid for klagesaker i 2014 - kompetanse/kapasitet

Resultatkrav for klagesaksbehandlinga er at Fylkesmannen i hovudsak skal behandle klagesaker innan 3 månader. Ved gjennomgang av saksbehandlingstida for klagesakene, finn ein at for nokre saker har saksbehandlingstida overskride 3 månader. Det gjeld to klagesaker etter § 5-1 og fem klagesaker etter § 7-1. Grunnen til det er tilsette som har vore sjukmeldte og som har hatt permisjon. Vi har to juristar på avdelinga og i tillegg pedagogar som har god realkompetanse i juss. I tillegg bruker vi juss kompetanse frå andre avdelingar i embetet etter behov. Så vi vurderer det slik at vi har god kompetanse på feltet.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

| Type Klage | Sum | Medhold/Delvis medhold | Ikke medhold | Opphevet | Avvist | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sentralt gitt skftlig eksamen | 37 | 6 | 31 | 0 | 0 | 37 klager: 6 vart heva og 31 fekk ikkje medhald. 1 karakter vart satt ned. Vår embete har ikkje ansvar for klagehandsaming etter sentralt gitt eksamen. Tala er klager til handsaming frå vårt fylke. |
| Standpunkt (fag og orden og oppførsel) | 75 | 47 | 28 | 0 | 0 | Vi sendte i 2014 kopi av våre vedtak til skuleeigar. Vi ber skulane om kopi av nytt vedtak. Vi ventar framleis på nytt vedtak på 6 klager. |
| Lokalt gitt muntlig eksamen | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | |
| Spesialundervisning, § 5-1 | 22 | 11 | 10 | 0 | 1 | |
| Psykososialt skolemiljø, § 9a-3 | 2 | 0 | 1 | 1 | 0 | |
| Skyss, § 7-1 | 15 | 4 | 11 | 0 | 0 | |
| Bortvisning, § 2-10 | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 | |
| Skoleplassering, § 8-1 | 7 | 3 | 4 | 0 | 0 | |
| Spesialundervisning for voksne, § 4A-2 | 2 | 0 | 2 | 0 | 0 | |
| Sum | 162 | 72 | 88 | 1 | | |

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

| Type Klage | Sum | Medhold/Delvis medhold | Ikke medhold | Opphevet | Avvist | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7 | 18 | 7 | 11 | 0 | 0 | |
| Sum | 18 | 7 | 11 | 0 | | |

| Type Klage | Medhold/delvis medhold | Ikke medhold | Opphevet | Avvist | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| Barnehageloven § 10 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Barnehageloven § 16 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om familiebarnehager § 7 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om foreldrebetaling § 5 | 0 | 0 | 1 | 0 | 1 |
| Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd | 0 | 7 | 3 | 0 | 10 |
| Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Forskrift om pedagogisk bemanning § 3 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

## 31.3 Statistikk og kvalitetsvurdering

### BASIL

Fylkesmannen har følgd opp og sett til at alle kommunane har rapportert i årsmeldingsskjema innan fristen, samt purra opp dei som ikkje hadde godkjent då fristen var ute. Årsmelding pr 15.12.13 vart kvalitetssikra ved gjennomgang av skjema for kvar barnehage, med tilbakemelding til kommunen om oppretting der dette var naudsynt. Det viser seg at det oftast er feilrapportert i punkt 3 G, dispensasjon fra norm om pedagogisk bemanning (koblar det mot dispensasjon frå utdanningskravet) samt i 8 A, B og C, stillingar og personale. Fylkesmannen hadde ein gjennomgang av årsmeldingsskjemaet og endringane for innrapportering for 15.12.2014 på eit møte med kommunane i slutten av november 2014. Då vart det presisert at punkt 3 G i skjema ikkje måtte forvekslast med dispensasjon frå utdanningskravet samt at det var viktig å kontrollere desse to punkta, då det var ein del feil der pr 15.12.13.

Fylkesmannen har også kontrollert at årsreknskapskjema for ikkje-kommunale barnehagar er registrert i Basil samt purra opp kommunar som ikkje hadde godkjent innan fristen. Desverre viser det seg at det er nokre barnehagar som ikkje hadde klart å få dette ferdig til tross for purring frå både kommunen og Fylkesmannen. Grunnen var manglande attestasjon frå revisor. Det stod igjen 2 barnehager i 2 kommunar då fristen var ute.

Fylkesmannen deltok på BASIL-samling den 11. november med to personar. Vi meiner å ha ganske god kompetanse på området. Ressursbruken i Basil har gjennomgåande vore ein person, men har no kopla inn fleire i arbeidet med å kontrollere og kvalitetssikre årsmeldingane, noko som er positivt. Vi meiner å ha innfridd resultatkrava i høve oppdraget.

### Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sett til at det ligg føre data frå alle skolar (inkl. private skolar) og skoleeigarar på grunnskoleskjemaet, kulturskoleskjemaet og vaksenopplæringsskjemaet.

Vi har rettleiia skoleeigarane/skolane, kvalitetssikra innrapporterte data og følgd opp feilmeldingar. Data er overlevert Utdanningsdirektoratet innan fristen.

Vi har evaluert årets GSI-innsamling. Notat er sendt Utdanningsdirektoratet.

Fylkesmannen vurderer GSI-møte i regi av Utdanningsdirektoratet som gode og nødvendige for å bli oppdatert på området. Vi deltok med ein person.

Tal frå GSI er brukt i tilsynsarbeidet og i dialogen med skoleeigarane. Vi har trekt ut relevante data ut frå tilsynstemaet, samanstilt dei og brukt dei som grunnlagsmaterialet i samband med tilsynet.

Omlegging til å logge seg på via UBAS for alle einingar og synkronisering av einingar frå NSR til GSI, har dei siste åra vore tidkrevjande.
Ved årets innsamling ser vi resultatet av omlegginga – det er no enklare å logge seg inn på GSI for alle og endring i skolestruktur er enklare - og ikkje minst har omlegginga vore tidssparande.

Vi har brukt ein god del tid og ressursar på å rettleie kommunane og skolane, oppfølging (bl.a. purring) og kvalitetssikring av GSI-innsamlinga.
I Møre og Romsdal er det mange kommunar (36) og skolar (205 – 18 av desse privat) + kulturskolar og vaksenopplæringseiningar.
Vi ser at kommunane/privatskolane si kvalitetssikring ikkje alltid er like god, og vi må derfor ta ein del kontaktar som er tidkrevjande (vanskeleg å få kontakt med dei rette personane).

Bra løysning at partnerkontrollar ikkje blei lagt inn heilt på slutten av innsamlinga, men at fristen var den same som for excel-arket.

Det blir stadig tilsett nye personar som får ansvaret for utfylling av GSI-data i kommunen. Det vil vere behov for skolering, men ikkje kvart år slik vi ser det. Vi gjennomførte ei dagssamling for kommunar, private skolar, vaksenopplæringssenter og kulturskolar i 2012. I 2013 og 2014 har vi ikkje hatt GSI-samling her i fylket, men

vurderer ny samling i 2015.

Fylkesmannen har hatt ein del arbeid med korreksjonsordninga i samband med innsamling av individdata frå private grunnskular. Vi har følgd opp privatskulane og kommunane si rapportering.

Vi har brukt ca. 10 vekesverk på GSI-området i 2014, same som dei siste åra. Fylkesmannen har god kompetanse på feltet og oppgåvene er utført i samsvar med oppdraget.

Eigenvurdering: Vi har innfridd resultatkrava i embetsoppdraget.

**Skoleporten**

Fylkesmannen opplever at utviklinga av Skoleporten har vore svært positiv dei siste åra. Mellom anna er tilgangen til ferske data betre, og statistikk og talmateriale er gjort meir tilgjengeleg. Skoleporten har blitt ein god reiskap også for Fylkesmannen i arbeidet med å hente fram og bearbeide data til bruk m.a. i tilsynsarbeidet.

For å kunne rettleie kommunane er det til stor hjelp at Fylkesmannen har fått utvida tilgang til rapporteringsreiskapen i Skoleporten. Det er også til god hjelp for å få fram rask dataoversikt.

Vi finn det svært nyttig å bli oppdatert på samlingar i regi av Utdanningsdirektoratet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltok med tre saksbehandlarar på samlinga i sept.
Vi tilbyr oppdatert brukarstøttefunksjon til sektoren, mest pr telefon og epost.

Vi ser at dei fleste kommunane brukar rapporteringsreiskapa i Skoleporten til å utforme sine tilstandsrapportar. Alle kommunale tilstandsrapportar vert lagt ut på heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal: http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Barnehage-og-opplaring/Grunnskule-og-vidaregaande-opplaring/Tilstandsrapportar---Kommunale/Kommunale-tilstandsrapportar-etter-opplaringslova--13-10-2-ledd-/

Kommunane har høve til å kome med innspel til dei to årlege møta med dei fire regionane i fylket.

På møte med kommunane i slutten av november hadde vi tilstandsrapporten som tema. Sølvi Lillejord gjekk gjennom evalueringa av tilstandsrapporten og heldt foredrag om «Tilstandsrapporter som del av kvalitetsvurderingssystemet». Vidare hadde vi ein representant frå Utdanningsdirektoratet som informerte om revisjonsarbeidet av tilstandsrapporten. Deltakarane fekk også kome med innspel på behov som dei hadde for data i samband med utforming av tilstandsrapporten.

I tilsynsarbeidet gjev tilstandsrapportane viktig informasjon, og blir også nytta i utforming av dialogdokumentet som Fylkesmannen bruker på kommunebesøk.

Vi har god kompetanse på feltet. To saksbehandlarar har oppdatert brukarstøttefunksjon. Dette vil også seie at desse kan rettleie i bruk av dei ulike verkty i Skoleporten. Vi bruker om lag fire vekesverk på arbeid med Skoleporten, og vi har utført oppgåvene i samsvar med oppdraget.

Eigenvurdering: Vi har innfridd resultatkrava i embetsoppdraget.

**Statistikkportalen**

Vi fekk ein kort presentasjon av statistikkportalen på fellesdel av GSI/Skoleporten-samlinga i regi av Utdanningsdirektoratet i september. I utgangspunktet skulle portalen lanserast i 2014 og fylkesmannen skulle rettleie om praktisk bruk. Statistikkportalen blei ikkje lansert i 2014.

**Utdanningsdirektoratets brukaradministrasjonssystem (UBAS)**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltok med tre saksbehandlarar på felles del av GSI/Skoleporten-samlinga i regi Utdanningsdirektoratet i september. Her fekk vi ein kort gjennomgang av UBAS.

To personar har oppdatert brukarstøttefunksjon gjennom heile året. Vi rettleiar og gjev tilgang til skoleeigarar og private skolar. Dette gjeld alle system som ligg under UBAS, inkl. GSI og Skoleporten.

## 31.4 Informasjon, veiledning og kunnskapsinnhenting

**Gjere lokale barnehageeigarar, lokal barnehagemyndighet, skoleeigarar og aktuelle målgrupper kjent med regelverket og nasjonale føringar i utdanningspolitikken - iverksette informasjons- og rettleiingstiltak innanfor nasjonale satsingsområde**

Dei første signala for nasjonal utdanningspolitikk og nasjonale satsingar får vi i oktober når statsbudsjettet blir lagt fram - dette vart presentert på fagmøtet i slutten av november. Dette vart følgd opp og konkretisert vidare på dei fire regionale samlingane for barnehage- og skulefagleg ansvarlege på kommunenivå som vi har i januar/februar. Desse møta er organiserte som dialogmøte og gir høve for Fylkesmannen til å vere tilgjengeleg og til å lytte til kommunane sine tilbakemeldingar. Oppdraget dannar grunnlag for val av tema, men Fylkesmannen nyttar og statistikk og innrapporterte data som bakgrunn for innhaldet i møta. I tillegg har vi andre fagkonferansar, t.d. om eksamen og vurdering i februar der vi informerer om nasjonale satsingar som omhandlar dette området i tillegg til rettleiing i lov og regelverk, jf. pkt 31.2

Vår vurdering er at det er viktig og nødvendig å halde fram med å presisere t.d. kva oppgåver som ligg til kommunen som myndigheit og kva oppgåver kommunen har som eigar. Ikkje-kommunale og private barnehage- og skuleeigarar er no i større grad enn før, inviterte til møte og fagsamlingar i vår regi. Vi trur dette kan ha positiv effekt t.d. når det gjeld deltaking på ulike kompetansetiltak. Med den tydelege innsatsen som er retta mot ulike kompetanse- og rekrutteringstiltak, er det viktig å kommunisere og rettleie om kva effekt slike tiltak kan ha. Dette kan bidra til at barnehage- og skuleeigarar legg til rette for at tilsette får høve til å delta i ulike tiltak. Kunnskap om at eigar si støtte og motivering kan vere avgjerande for fullføring, vert løfta fram. Døme kan vere rettleiing av nyutdanna og desentraliserte utdanningar medan ein er i arbeid. Aktuelle samarbeidspartar som Høgskulen i Volda, andre kompetansemiljø, KS, fylkeskommunen og fagforeining deltek og på fleire av desse møta/samlingane.

Vi har også faste møte 3 gongar pr år med regionskontaktane for barnehage og skule der alt nytt blir presentert og det blir drøfta korleis ein får spredd informasjon om satsingane ut til den enkelte skole/ barnehage. Vi vurderer desse møta som viktige for å nå ut med den nasjonale utdanningspolitikken, men og viktig i vår planlegging og gjennomføring av fagsamlingar og andre tiltak overfor kommunane og andre aktuelle aktørar og samarbeidspartar. Regelverk og endringar innan regelverk har t.d. vore tema på møte, og vi oppfordrar regionane til å invitere Fylkesmannen til regionane sine eigne nettverksmøte, for å kunne arbeide grundigare med særskilte tema og utfordringar. Vidare er rettleiing og regelverksavklaring ei kontinuerleg oppgåve. Regelverksavklaringar vert og gitt som følgje av tilsynsresultat. Gjennom erfaringsdeling og presentasjonar frå kommunar får vi fram gode eksempel.

Barnehagekonferansen. Barnehagar, kommunar og regionar planlegg deltaking på Barnehagekonferansen som eit ledd i øvrige kompetanseutviklingstiltak. Med tidsaktuelle tema og statlege satsingar på programmet oppdaterer vi sektoren og har god effekt av at høgskuletilsette møter pedagogisk personale og kommunenivået på denne konferansen. Her blir faglege debattar initiert og bidrar til samarbeid om utviklingsarbeid. Ein slik fagleg møteplass i fylket, viser seg å skape samarbeid og nettverk.

Elles blir nasjonal utdanningspolitikk og nasjonale satsingar presentert på møte i Gnist og i det Regionale nettverket for rekruttering og kompetanse (GLØD), og andre møte med våre samarbeidspartar. Vi har eigne møte med Høgskulen i Volda der vi presenterer nasjonale satsingar og utfordrar dei på korleis dei kan vere med å bidra.

Vi er også aktive med informasjon på vår heimeside som vi oppdaterer regelmessig.

I januar har vi ein pressekonferanse, og i samband med den utarbeider vi ein presseinformasjon. Dokumentet inneheld bl.a. oversikt over nasjonale satsingsområde og saker som vil ha særskild fokus komande år. Denne presseinformasjonen sender vi ut til NRK Møre og Romsdal og alle avisredaksjonar i fylket og i fleire månader etter kan vi sjå saker i media som er henta frå dette dokumentet.

Vi har informert om Dr Sonjas skolepris på møte, brev og på vår heimeside og oppfordra skolar til å søke. Vi hadde avtale med ein vidaregåande skole som ville søke, men på grunn av arbeid med streiken, klarte dei ikkje å få tid til å klargjere søknaden.

Konferansen om lokalt læreplanarbeid vart gjennomført med 420 deltakarar. Vi informerte godt om konferansen, sendte ut pressemelding og det vart reportasje i avisa der bla. skulen som presenterte korleis dei jobba med lokalt læreplanarbeid, fekk mykje omtale. Det var også fint at Udir la inn i programmet at Fylkesmannen skulle gjere greie for status på feltet i fylket. Det var ein grundig gjennomgang av temaet frå Udir og vi vurderer dette som ei vellukka samling.

Midlar for norskopplæring frå VOX har vore brukt til den årlege Geirangerkonferansen for norsklærarar/leiarar, som i år gjekk over 3 dagar hausten 2014. Tema for norskopplæringa var Dag 1: Digitale dugleikar og

Skjønnlitteratur i norskopplæringa, Dag 2: Skriftleg produksjon i klasserommet og Dag 3: Vurdering av munnlege dugleikar i samband med norskprøva. Alle kursa vart godt mottekne for om lag 125 norsklærarar i fylket. Fylkesmannen har hatt god kontakt med Vox og har delteke på alle møte og kurs/samlingar som Vox har hatt med fylkesmennene og skoleleiarane vår og haust 2014. Vi har også hatt god kontakt både med leiarnettverket og Arbeidsutvalet for leiarnettverket i M&R og har delteke på aktuelle møte med dei både vår og haust. Særleg har tema om dei nye norskprøvene vore på dagsorden, gjennomgang av det nye prøvereglementet, m.m.

Fylkesmannen har fått 134.500 kroner i midlar frå VOX til etterutdanning av lærarar og leiarar i grunnskoleopplæring/grunnleggande ferdigheiter i 2014. I tillegg fekk vi overført om lag 70.000 kroner i ubrukte midlar frå 2013 til 2014.

Midlane er brukt til opplæring for om lag 45 lærarar/leiarar på den 3 dagars samlinga i Geiranger hausten 2014. Tema for Dag 1 var: "Hvordan jobbe med digital dømmekraft og digitale ferdigheter?", Dag 2: Vurdering for læring og Dag 3: Eksamensretta grunnskoleopplæring. Alle kursa vart godt mottekne.

I tillegg arrangerte Fylkesmannen ei samling i Molde hausten 2014 for skoleeigarar og skoleleiarar i vaksenopplæringa i M&R med tema: "Grunnskoleopplæring, grunnleggande dugleikar og realkompetansevurdering for vaksne - kommunane sitt ansvar".

Nedanfor gjer vi greie for eit døme på våre vurderingar om informasjonsbehov innanfor tilskott på barnehageområdet:

Ut fra kontakt med sektoren (sjå meir om dette i årsrapporten for 2013) har Fylkesmannen ikkje vurdert behovet for orientering om *Forskrift om likeverdig behandling* som særleg stort i 2014. Informasjonsverksemda har difor vore innskrenka til ein halv times gjennomgang av Rundskriv Udir-7-2014 og overgangen frå budsjett til rekneskap som grunnlag for utrekning av tilskotssatsar under ei fagsamling for barnehageansvarlege i kommunane. I tillegg har det vore orientert om informasjon på Utdanningsdirektoratets heimesider ved e-post til kommunane og lenker på Fylkesmannens heimeside. Som omtale under kapittel 31.2 *Klagesaksbehandling* mottok Fylkesmannen berre ei ny klagesak i 2014 på dette feltet. Vi får også mykje færre spørsmål om regelverksavklaringar enn tidlegare. Vi ser dette som støtte til våre vurderingar av informasjonsbehovet i 2014.

**Rettleie kommunar der klagesaksbehandlinga og tilsyn avdekker manglande regelverksetterleving**

Vi har hatt møte med kommunar som har mange klagesaker der vi rettleiar i regelverk. Dette gjeld t.d. § 5-7 spesialpedagogisk hjelp i barnehagen, men også vurderingsforskrifta med utgangspunkt i klager på standpunkt. I svarbreva på klagesaker legg vi inn ein del rådgivning og viser til aktuelle rettleiarar. Vi har også hatt rettleiing om sentrale forhold i lov og regelverk for PP-tilsette der vi har sett mangelfulle sakkyndige vurderingar - her er "Rettleiaren" frå Udir til god hjelp.

I samband med felles nasjonalt tilsyn på Elevens utbytte av opplæringa har vi hatt mykje rettleiing undervegs i tilsynet. Fleire avvik har vorte oppretta før endeleg tilsynsrapport er skreven.

**Følgje opp kommunar som står i fare for ikkje å oppfylle retten til barnehageplass**

Når det gjeld retten til barnehageplass og oppfylling av den, følgjer vi med på dette gjennom rapporteringa. Opplysningar her gir oppdatert informasjon om den einskilde kommune og kommunane sine planar og dimensjonering for å oppfylle retten også i framtida. I tillegg er rett til plass tema på tilsyn etter barnehagelova. Vidare på møte og samlingar med kommunane. På kommunebesøka med ordførar,rådmann og formannsskap er oppfølging av retten til barnehageplass alltid eitt av tema vi tar opp.

**Tilbakemeldinger fra kommunene og innbyggerne om statlig politikk er videreformidlet til Utdanningsdirektoratet**

Som det går fram av punkta ovanfor har vi mange arena der vi samhandlar med barnehage - og skuleeigarar, og der vi drøfter effekten av dei nasjonale satsingane .

Det blir formidla tilbake på Utdanningsdirektørmøta, og andre møte som rådgivarane våre har saman med Udir, i tillegg med anna rapportering, t.d. rapportering om Strategi for vidareutdanning, Vurdering for læring.

Vår vurdering er at vi med dei gjennomførte tiltaka samla sett har nådd måla for informasjon, rettleiing og kunnskapsinnhenting overfor kommunane som lokal myndigheit, barnehage- og skuleeigarar, ålmenta og andre aktuelle målgrupper. Vår strategi med tett kontakt og dialog med regionane gjennom regionskontaktane, synest å ha bra effekt.

## 31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

På dette resultatområdet har embetet god og stabil kompetanse med to medarbeidarar. Alle fristar er haldne for eksamenar og prøver jf. embetsoppdraget. Vi vil også nemne at samarbeidet i sensurregion 7 (FMMR og FMSF) er meget godt. Vi finn dessutan møta på Utdanningsdirektoratet nyttige og nødvendige, både for å sikre oppdatering og for erfaringsutveksling på feltet. Det siste kunne gjerne fått større plass i møta.

På Fylkesmannen sine nettsider har vi ei eiga side med informasjon ut til sektoren. I våre artiklar frå eksamens og vurderingsfeltet har vi med lenke til meir informasjon på www.udir.no.

**PAS/PGS**

Brukaradministrasjon og brukarstøtte krev mykje tid, m.a. ser vi at det ikkje alltid er god kompetanse på dette området på skuleeigarnivå, mellom anna har det vore stor utskifting av både rådgjevarar på skuleeigarnivå og rektorar. I faste fora med kommunane minner vi om at skuleeigarane har ansvar for rettleiing av skulane sine. Vi har også rutine på årleg å be om oppdatert kontaktinformasjon til eksamensansvarlege i alle kommunane. Likevel er det slik at når ting hastar, ringer skulane direkte til Fylkesmannen.

Fylkesmannen som sensuransvarleg (SR ansvarleg) opplevde også i 2014 at PAS fungerer dårleg, særleg når det gjeld bileta «Oppnevne sensorer», «Gruppere sensorer» og «Allokere svar» Dette gjeld både tilgang på nødvendige rapportar og funksjonalitet. Mykje tid går difor med til å manuelt lage oversiktar, eigne rapportar og sikkerheitskopiar. Dette reknar vi med rettar seg med PAS2.

Vi sendte i januar–14 ut vårt årlege brev til kommunane/ fylkeskommunen om eksamen, mellom anna oppdatering av fagpersonregisteret og påmelding av elevar i PAS.

Vidare hadde vi i februar 2014 møte med kommunane, fylkeskommunen og rektorane på ungdomstrinnet/vaksenopplæringa om eksamen og vurdering. På dette årlege februarmøtet er skulering i bruk av PAS/PGS ein fast programpost. I tillegg til at vi har representantar for UDIR inne for å informere om endringar i eksamen og vurdering. På møtet går vi m.a. gjennom rutinar for påmelding av elevar, registrering av fagpersonar, bestilling av prøvemateriell til elevar som skal ha særskilt tilrettelegging og prøvegjennomføringssystemet PGS. Vi får tilbakemeldingar på at denne gjennomgangen opplevast som svært positivt for skulane, der særskilt nytilsette treng ei innføring i PAS/PGS, men at det også er positivt som ei oppdatering for dei meir røynde.

I tillegg har vi på vår sensorskulering ein fast programpost om bruk av PAS for sensorar. På fellessensuren har vi fortløpande overvaking og kontroll på registrering av resultat på elevar. I 2014 var eksamensgjennomføringa i engelsk og fagkodane i norsk på det næraste 100 % IKT basert.

For fylkesmannen er PAShjelp ei viktig støtte. Det er svært nyttig å kunne søke opp og finne løysing på problem som andre har sendt inn. Samtidig er det viktig med raske svar på hastesaker. Vi ser at kompetansen på området på skulenivå blir stadig betre og at brukarane er nøgd med verktøyet samstundes som ein forventar eit stabilt og forutsigbart system.

**Nasjonale prøver**

Arbeidet med nasjonale prøver er følgd opp og gjennomført etter gjeldande nasjonale retningsliner.

Fylkesmannen følgjer opp fristane for påmelding, gjennomføring og registrering av dei nasjonale prøvene. Vi har brukt ein god del tid og ressursar på å rettleie og følgje opp kommunane og skolane. Vi sender e-post til kommunar og skolar med manglande registreringar.

For at vi skal få oversikt over at alle skolar og elevar på dei aktuelle trinna er påmeldt (inkl. fritak) til dei nasjonale prøvene, samanstiller/kontrollerer vi data frå PAS og GSI (skolar og elevtal). I år kunne vi pga omlegging av prøveperioden bruke årets GSI-tal (rapporteringsfrist for skolane i GSI var 13. oktober) – altså før første registreringsfrist av dei nasjonale prøvene i PAS (17. oktober). Dette ser vi som positivt.

Oppfølgingsarbeidet i år er tidssparande i forhold til tidlegare år, dette pga omlegging av gjennomføringsperioden og ein frist pr. trinn (5. og 8./9.) for oppfølging av registrering på prøvene.

Vi opplevde det som svært nyttig å bli oppdatert på samlinga i regi av Utdanningsdirektoratet i haust. Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltok med to personar.
Vi har fått positive tilbakemeldingar frå skolar og kommunar på omlegginga. Dei meiner at årets løysning har fungert godt og vore betre enn tidlegare løysningar.
Ein kommune ønskjer endring i lengda på gjennomføringsperioden (spesielt 5. trinn).

Den nye analyserapporten er også positivt motteke. Vi arrangerte fylkeskonferanse om lokalt arbeid med læreplanar og vurdering 29. oktober 2014 for skoleeigarar og skoleleiarar. På konferansen gjekk representantar frå Utdanningsdirektoratet gjennom endringar i nasjonale prøver – Ny skala og måling av utvikling over tid.

Registrering av status/svar på leseprøven for alle elevar er enklare for skolane/kommunane no som det er ein registreringsfrist pr. trinn (5. og 8./9.).
Kommunane/skolane her i fylket har blitt flinkare til å registrere rett status på elevane i PAS etter at fylkesmannen har brukt ein del tid på oppfølging, purring samt tilsyn.
Likevel er det mange kommunar og skolar vi må følgjast opp (purre). Resultatet av dette gir auka kvalitet på statistikken.

Møre og Romsdal ligg likt, eller litt under landsgjennomsnittet, i alle fag på andelen fritak for 5. og 8. trinn. For 9. trinn ligg vi litt over landsgjennomsnittet.

I år er «manglande resultat» i PAS null for alle fag (minus nokre skolar i lesing) i vårt fylke. Vi registrerte at elevane som var ført opp i kolonna «Manglande resultat», blei ført over til «Ikkje delteke» etter at registreringsfristen i PAS var gått ut.
Møre og Romsdal ligg i år godt under landsgjennomsnittet for «Ikkje delteke» på alle trinn og prøver. Vi trur årsaka til dette er, at vi hadde færre elevar med «Manglande resultat» som blei ført over til «Ikkje delteke».

Vi har gjennom fleire år følgd opp kommunane og skolane vedr. registrering av manglande resultat, og fylkestala har vore stabilt ganske lav dei siste åra. Derfor er det naturleg at «manglande resultat»-tala stabiliserer seg og at ikkje fritak-tala stig.

Det er ulike registreringsrutinar i PAS for eksamen og nasjonale prøver.
For eksamen skal ikkje dei med fritak for vurdering registrerast. Vår erfaring er at dette gjer at rektorar ofte er usikre på om dei med fritak skal meldast opp til nasjonale prøver eller ikkje. Vi reknar med at dette også gjeld for andre fylke og kan vere ei feilkjelde i statistikken.

Fylkesmannen nyttar i høg grad resultata frå dei nasjonale prøvene både i tilsynsarbeidet og i anna dialog med skuleeigarane. I 2014 har vi ikkje utført tilsyn med gjennomføring av nasjonale prøver, noko vi gjorde i 2013 då det vart gjennomført tilsyn med seks kommunar i fylket.

**Eksamen i grunnskolen**
Eksamen i grunnskolen vart gjennomført etter gjeldande, nasjonale retningsliner, jf. embetsoppdraget. Til sentralt gitt eksamen hadde embetet i 2014 ansvar for sensur i faga engelsk og matematikk.

Informasjon om eksamen vart gitt til kommunane og skulane m.a. på møte om eksamen og vurdering i februar 2014. Som nemnt under punktet PAS/PGS informerer vi på møtet om PAS/PGS, men også om levering av elektroniske elevsvar. Andelen elektronisk leverte elevsvar i engelsk var i år på det næraste 100 %. For matematikk er papirsvarar framleis normalen.

Fylkesmannen ser at behovet for sensorar er stadig aukande, og då særleg i norsk. Vi har ei stabil kjerne med røynde sensorar, men for at vi også i åra som kjem, skal kunne sikre ein rettferdig og god sensur, gjekk vi inn i vår statistikk over sensorar pr kommune og fann at fleire kommunar ikkje melder opp fagpersonar. Etter at vi tok kontakt med desse og gav tilbod om at aktuelle lærarar kunne få delta på sensorskulereringa, fekk vi positivt svar frå to kommuner i Møre og Romsdal. Sogn og Fjordane gjorde det same slik at vi til saman hadde med fire lærarar på sensorskuleringa som ikkje deltok i sensuren. Vi håper dette tiltaket fører til at desse lærarane melder seg som fagpersoner i 2015. Vi ser også at det er ei svært ulik fordeling på kjønn: Særleg i norsk og engelsk har vi svært få menn å velje i når vi set saman sensorgruppene.

Vi har fagleg gode og røynde sensorar i oppmannsgruppene. Deira kompetanse på vurdering har vi nytta også ved andre høve, mellom anna for å snakke om samanhengen mellom undervegs- og sluttvurdering i

fylkesnettverksmøta for Vurdering for læring. Dei fekk også tilbod om å delta på møte om eksamen og vurdering i februar.

Vi ser skuleringa for sensorar som svært viktig for kvaliteten på sensureringa og ein rettferdig sensur, og oppmoder difor alle sensorar om å møte. Eksamensregionen FMMR/FMSF er svært nøgd med det felles opplegget vi har for sensorskuleringa. Denne vart gjennomført 8.-9. mai på Hotell Alexandra i Loen med sensorar frå alle faga. Vi ser det som svært positivt at Utdanningsdirektoratet stiller med sine fagansvarlege på desse samlingane. Som eit ledd i sensorskuleringa hadde vi den 16. juni fagdag for sensorane. Denne dagen hadde oppmennene ansvar for drøfting og gjennomgang av årets oppgåver etter førehandssensuren.

Vi minner elles om at sensorskuleringa og fellessensuren i vår eksamensregion er ressurskrevjande særleg p.g.a. geografien og lange avstandar. Vi meiner vi har ein modell som er meget teneleg både fagleg og geografisk.

Fellessensurmøtet gjekk av stabelen (16. og) 17. juni 2014. Fellessensuren blei gjennomført etter retningslinene. Nettverket og tilgang til PAS fungerte godt. På fellessensurmøtet har oppmennene m.a. som oppgåve å vurdere elevsvar der det er tvil eller usjemje mellom sensorane. Det betyr at oppmennene må ha tilgang til andre sensorar sine elevsvar. For elektronisk leverte svar er ikkje dette muleg i PAS. Dei fleste sensorane skriv ut elevsvara frå PAS. Så i år vart dette brukbart løyst ved at vi bad sensorane ta med eigne papirkopiar av elevsvara til fellesensurmøtet.

**Lokalt gitt eksamen**
Fylkesmannen i Møre og Romsdal har informert kommunane om forskriftsendringa som gjeld lokalt gitt eksamen. Vi fekk svært mange henvendingar frå skular/kommunar/regionar. På møte om eksamen og vurdering i februar 2014 hadde Utdanningsdirektoratet ei særskilt økt om desse endringane. Vi fekk svært gode tilbakemeldingar på den avklarande informasjonen.

Vi vil elles nemne at Fylkesmannen i mai fekk brev frå ein region som samarbeider om lokalt gitt eksamen, at dei truleg ikkje kom til å gjennomføre lokalt gitt eksamen pga at ingen lærarar hadde meldt seg som eksterne sensorar**.** Dette som følgje av ein aksjon i høve arbeidstidsforhandlingane. Fylkesmannen følgde dette opp med å be kvar av kommunane om å gjere greie for situasjonen, og kva dei ville gjere for å løyse den. Vi ga også tilbod om at vi ville vere behjelpeleg med å sette kommunane som mangla sensorar i kontakt med kommunar utanfor regionen/fylket for å få gjennomført munnleg eksamen. Sidan tidsrammene var korte i høve at elevane skulle få gjennomført eksamen, sette vi ikkje i verk tilsyn i første omgang. Løysinga på situasjonen vart å nytte eksterne sensorar frå kommunar utanfor regionen. Lokalt gitt eksamen i dei fem kommunane vart gjennomført i tråd med regelverket.

**Eksamen i vidaregåande opplæring**
Eksamen i vidaregåande skule vart gjennomført etter gjeldande nasjonale retningsliner, bl.a. oppmelding av kandidatar til eksamen og oppdatering av fagpersonregisteret. Fylkesmannen bruker ein del tid på opning for etteroppmelding og retting av feilregistreringar i PAS. Vi registerer etteroppmeldingar fortløpande og oversender det til fylkeskommunen til informasjon.

**Kartleggingsprøver**
Vi har kontrollert at obligatoriske elektroniske kartleggingsprøver vart gjennomført og har følgd opp dette med fylkeskommunen.

**Eigenvurdering:** Oppgåvene knytt til resultatområde 31.5 er utførte i samsvar med embetsoppdraget. Vi har god kompetanse på feltet og har brukt i underkant av to årsverk på dette omfattande og detaljerte området. Vi følgjer kontinuerleg opp gjennomføring av eksamen, nasjonale prøver og obligatoriske kartleggingsprøver i PAS/PGS.

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

| Særskild Rapportering | Spesifiser dersom avvik fra lands-gjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver) | Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket | Vurdering av årsak til avvik | Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak |
|---|---|---|---|---|
| | | | Vi har gjennom fleire år følgd opp kommunane og skolane vedr. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver | Møre og Romsdal ligg likt, eller litt under landsgjennomsnittet, i alle fag på andelen fritak for 5. og 8. trinn. For 9. trinn ligg vi litt over landsgjennomsnittet. | Det er variasjonar mellom kommunane i vårt fylke når det gjeld fritak, jf Skoleporten. Ein del kommunar har ikkje fritak (null prosent), medan den kommunen som har høgast fritak er oppe i 12,5%. | registrering av manglande resultat, og fylkestala har vore stabilt ganske lav dei siste åra. Derfor er det naturleg at «manglande resultat»-tala stabiliserer seg og at ikkje fritak-tala stig. I Møre og Romsdal er det mange små kommunar og skolar. Då vil nokre elevar med fritak slå «kraftig ut. | |

## 31.6 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

**Stimulere til samarbeid og samordning på tvers av etater og fagområder i saker som omfattar barn, oppvekst og opplæring. Å følge med på og bidra til at slikt samarbeid skjer på lokalt nivå.**

I 2014 har vi hatt tverrfaglege samlingar der både tilsette frå barnehage og skule, barnevern, helsestasjon og PPT har vore målgruppe. Det er lagt til rette for samhandling over faggrenser. Vår vurdering er at dette vil ha positive konsekvensar for samhandlinga i arbeidet med barn og unge i kommunane. Tidleg innsats og det at også fagmiljøa tidleg startar samarbeid rundt utsatte barn og unge kan vere avgjerande.

I embetet er vi godt i gang med samarbeid mellom avdelingane om den felles satsinga «Betre Oppvekst». Satsinga medfører at barn og unge sine oppvekstvilkår skal vurderast i alle avgjerder og i all aktivitet hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Det er knytt fire strategimål for satsinga og i 2014 har tiltaka vore retta inn mot barn og unge sin rett til medverknad. Satsingsområde for 2015 som vi har planlagt i 2014, er barn og unge sitt psykososiale læringsmiljø.

I embetet har vi ein fagperson som er samordner og har eit særleg ansvar for å koble inn fagpersonar frå dei ulike avdelingane t.d. i plansaker som omfattar barn og unge.

Internt i avdelinga har vi organisert oss med ein "Koordinator for kompetanse og kvalitet" for både barnehage- og opplæringsområdet, og også felles koordinator for tilsyn. Dette er gjort for å sjå desse to sektorane meir i samanheng med felles satsingsområde og tidleg innsats som mål for mest muleg å kunne forebygge.

Vi er også samlokalisert med Sosial/helseavdelinga og samhandlar nært med dei på t.d. barnevernsområde.

Vi har reetablert "Samarbeidsutval for kvalitet i barnehage og skule" med representantar frå KS, Utdanningsforbundet, Fylkeskommunen, Høgskulen i Volda og Fylkesmannen. Eitt av dei viktigaste formåla med utvalet er samording og sjå kva vi kan samarbeid om for å få synergi-effekter. Tema går på oppvekst og opplæring til barn og unge. Vi har 2 møter pr år.

Vi har kome godt i gang med dette arbeidet, og er opptatt av å bygge opp tverrfagleg kompetansen gjennom bl.a. å delta på kurs/konferansar. Vi vurderer det slik at her har vi eit utviklingspotensiale for å bli betre.

**Ha oversikt og følge med på kommunale og fylkeskommunale tiltak og utviklingsarbeid innenfor spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning, inkludert arbeidet knyttet til pedagogisk-psykologisk tjeneste (PP-tjenesten)** .

Vi har ein god oversikt over sentrale utviklingsarbeid inanfor spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning i samband med prosjekt som Fylkesmannen har støtta gjennom prosjektskjønn. I 2014 støtta vi 10 forskjellge prosjekt der ppt var involvert og der målet for dei fleste prosjekta var å redusere spesialunderovsning og gi betre tilpassa opplæring innanfor ordninær opplæring. I mars hadde vi oppsummeringsmøte der kvar enkelt prosjekt vart presentert og diskutert med fokuset på kva ein har oppnådd. Mange av prosjekta er eit samarbeid mellom fleire kommunar. Spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp i barnehagen har vore eit prioritert område når vi lyser ut prosjektskjønnsmidlar på grunn av det store omfanget av spesialundervisning i fylket. For kvart av

prosjekta har vi ein kontaktperson på avdelinga som følgjer med på prosjekta. Fylkesmannen har hatt dette temaet som satsing i mange år. Som regel får kvart prosjekt midlar over ein 3-årsperiode, og mange gode utviklingstiltak er gjennomført. Nokre har fått redusert enkelvedtaksprosenten og fått meir fokus på tilpassa opplæring innanfor den ordinære opplæringa. På det årlege oppsummeringsmøtet inviterer vi Statped og Høgskulen i Volda slik at dei er orientert, og høgskulen kan støtte ulike prosjekt t.d. gjennom at masterstudentar deltek på evalueringar osv.

I kontakt med Statped Midt får vi også oversikt over prosjekt dei har fagleg ansvar for i fylket, og gjennom samarbeid med Høgskulen i Volda blir vi informert om prosjekt som masterstudentar er inne i.

I tillegg har Høgskulen i Volda sett i gang eit forskningsprosjekt der prof Peder Haug og Thomas Nordal er med for å kartlegge korleis spesialundervisninga blir gjennomført i praksis. På fagdagane i november vart dei første resultata publisert og som vi vil legge til grunn bl.a. i vårt rettleiingsarbeid ovanfor kommunane.

På regionskontaktmøte får vi informasjon om kva utviklingsarbeid som er på gang i dei forskjellige regionane.

På dei regionale møta som vi har i januar/februar, har vi alltid ei økt der vi presenterer GSI-tal på spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning og samanliknar kommunar i regionen.

Vi deltek også i PPT sitt leiarforum og utveksler gjensidig informasjon om tiltak og utviklingsarbeid i fylket.

I kontakt med fylkeskommunen har vi oversikt over utviklingsarbeid som vidaregåande skolar er involvert i.

Vi vurderer det slik at vi har god oversikt over tiltak og utviklingsarbeid på dette området i fylket.

**Sjå sektoroppdrag overfor barn og unge med samansette problem i samanheng. Embetet sine aktivitetar overfor kommunar og fylkeskommunen bør koordinerast slik at det bidrar til betre samhandling mellom tenestene.**

Vi viser til det som vi har skreve ovanfor om intern organisering, samarbeidsarena vi er med i, og fellesprosjektet "Bedre Oppvekst".

Vi synest det er positivt at dei ulike dep/dir har felles oppdrag slik at vi kan få ekstra satsing på dette utfordrande feltet.

Vi ønsker å peike på at innanfor vår sektor blir samordninga vanskeleggjort gjennom at nokre oppdrag(t.d. Ny Giv) går direkte frå Kunnskapsdepartementet til fylkeskommunen utan at Fylkesmannen er informert om det. Dette vanskeleggjer vårt samarbeidet og samordninga overfor kommunane.

## 31.7 Tilskuddsforvaltning

**Kap. 231 post 65 Tilskudd for å bedre språkforståelsen blant minoritetsspråklege barn i barnehagen.**

Fylkesmannen har kvalitetssikra tala i Basil med å innhente rapport fra alle kommunane i februar 2014 med tilbakemelding til Utdanningsdirektoratet. Det vart funne avvik i tala samanlikna med tal frå Udir. Etter dialog med kommunen vart dette sjekka og retta opp og tala som vart sendt inn til Udir samsvarte med Basil pr 15.12.13.

**Kap. 225 post 64 Tilskudd til opplæring til barn og unge som søker opphold i Norge.**

Utført i samsvar med oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet.

Fylkesmannen har oppnådd mål og innfridd resultatkrav. Utbetalt etter søknad frå kommunar med asylmottak medio februar 2014 for hausten 2013 og i september 2014 for våren 2014. Dette er rapportert i Tertialportalen.

**Kap. 225 post 66 Tilskudd til leirskoleopplæring**.

Utført i samsvar med oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet.

Fylkesmannen vurderer det slik at mål er oppnådd og resultatkrav er innfridd. Fylkesmannen har bra kompetanse på området. Utbetalt etter søknader to gonger i 2014, vår og haust. Tal er rapportert i Tertialportalen for 2014.

Tendensen ute i kommunane er at det blir færre kommunar som sender elevane på leirksole grunna økonomi og vi får inn færre søknader no enn før. I Møre og Romsdal har vi mange kommunar som er i "Robek-registeret".

**Kap. 225 post 60 Tilskudd til landslinjer**

I samsvar med retningslinene for tilskotet har Fylkesmannen kontrollert og sendt til Utdanningsdirektoratet søknader vår og haust frå Møre og Romsdal fylkeskommune om tilskot til drift av landsline for yrkessjåførar ved Kristiansund videregående skole. Oversendingane er daterte 29.4 og 14.10.2014.

**Kap. 253 post 70 Tilskudd til folkehøgskoler**

I samsvar med retningslinene for tilskotet har Fylkesmannen i brev av 27.8.2014 rapportert til Utdanningsdirektoratet om gjennomført kontroll med rekneskap og økonomi for folkehøgskolane i fylket.

I 2012 hadde Borgund folkehøgskule negativt årsresultat. I 2013 hadde i tillegg Møre folkehøgskule og Nordmøre folkehøgskole negativt årsresultat, slik at halvparten av folkehøgskolane i fylket hadde negativt årsresultat dette året. Underskotet ved Nordmøre folkehøgskule -5,5 millionar kroner - kom av store investerings- og vedlikehaldsutgifter. Dette vart ført mot eigenkapitalen, som framleis likevel ligg på eit akseptabelt nivå.

Møre folkehøgskule og Sunnmøre folkehøgskule hadde ved utgangen av 2013 negativ eigenkapital. Sunnmøre folkehøgskule har likevel hatt ei gradvis betring av eigenkapitalen, som har vore negativ dei siste fem åra.

**Vurdering av kompetanse og måloppnåing**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har god kompetanse på tilskottsforvaltning og eigen måloppnåing er vurdert som god.

# Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen og grunnopplæringen

## 32.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

Alle tiltak og all innsats har som felles mål å styrke og fremme kvalitet i barnehage og skule.

**Kompetanseutvikling og rekruttering**

Vår vurdering er at vi har oppfylt resultatkrava i oppdraget for 2014. Resultat- og måloppnåing er i samsvar med verksemdsplanen. Med gode og velfungerande regionsnettverk og gjennom dialogen med dei, vurderer vi det slik at innsatsen når ut til barnehagane og skulane, og gir effekt. Kommunane melder tilbake at dei erfarer regionssamarbeidet og strukturen med regionale møte, møte med regionskontaktar og fagsamlingar som kompetanseutviklande.

**Kompetanseutvikling – barnehage**

Kompetansemidlane er uavkorta utbetalt til kommunane etter fordelingsnøkkelen: grunnbeløp per kommune, per barnehage og per barn i barnehagane. Kommunane rapporterer på nytta midlar og legg fram plan for kompetanseutvikling. Ein del av kommunane har sine eigne planar, medan fleire kommunar samarbeider med andre og leverer interkommunale kompetanseplanar. Det kan vere utfordrande å få inn planar frå alle kommunane, men det er ein føresetnad for utbetaling. Planane gir oversikt over at både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar er med i kompetansesatsinga. Nokre barnehageeigarar vel å ha eigne opplegg for kompetanseutvikling, dette gjeld i hovudsak større ikkje-kommunale eigarar.

Fylkesmannen gir føringar for kva kompetanseområde som skal satsast på og at kompetansemidlane skal kome både kommunale og ikkje-kommunale barnehageeigarar til gode. Vidare oppmodar vi om at korleis midlane vert nytta, involverer og vert drøfta med tilsette og tillitsvalde.

**Kompetanse for framtidens barnehage**

Med Strategi for framtidens barnehage 2014 – 2020, utarbeider Fylkesmannen i samarbeid med kommunane og tidlegare GLØD-nettverket , ein fylkesplan «Kvalitet 2020». Planen er tenkt som eit dokument for kompetansesamarbeidet i fylket og involverer også t.d. Høgskulen i Volda. Tiltak som støtte til fagarbeidarutdanning og barnehagefagleg grunnkompetansen er nedfelt i planen. I 2014 var styrarane/barnehageleiarane ei prioritert gruppe. Vi hadde fokus m.a. på implementering av strategien. Korleis leie implementeringsarbeid, verdibasert leiing, strategisk kompetanseplanlegging og profesjonsetikk har vore tema på samlingar for barnehageleiarane. Fleire av desse tema har vi hatt felles på skulefolk. I november inviterte vi til styrardagen «Vi viser veg.» Det vart og vektlagt styrarane sitt ansvar for omdømmebygging som ein viktig del av kompetanseutvikling og rekrutteringsarbeidet. Kommunen som myndigheit og kommunale og ikkje-kommunale eigarar er og inviterte på slike samlingar, ikkje minst med tanke på forankring og bevisstgjering i forhold til verdien av tilrettelegging for og gjennomføring av kompetansetiltak. I neste omgang er det kommunen som barnehagemyndigheit som er prioritert.

**Utviklingsarbeid**

Vidare er det fleire kompetansetiltak i gang. Kompetansetiltaka er knytt til dei ulike tematiske satsingsområda i strategien. Vi har hatt og har fleire store utviklingsarbeid i vårt fylke. Dette har vi svært gode erfaringar med. Desse erfaringane tek vi no med oss for å utvikle barnehagebasert kompetanseutvikling. Det at alle tilsette er med, gjer at ein lettare får varig effekt av endrings- og utviklingsarbeidet. Samtidig har Fylkesmannen ved fleire høve halde fram effekten av å sjå kompetansetiltaka i samanheng, slik at barnehagane arbeider i retning av lærande organisasjonar. Vi ser det som viktig å ha felles satsingsområde for barnehage og skule slik at vi kan få betre effekt av satsingane. Dette ber vi om at Udir også kan legge meir til rette for.

**Barnehagekonferansen**

Også i 2014 arrangerte vi Barnehagekonferansen med om lag 450 deltakarar. Målgruppe er pedagogisk personale i barnehagane, kommunane, PPT- og høgskuletilsette. Barnehagekonferansen er eit mangeårig samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Utdanningsforbundet Møre og Romsdal og Fylksemannen. Fleire av kommunane nyttar denne faglege møteplassen til nettverksmøte og planlegg deltaking på Barnehagekonferansen som eitt av tiltaka i den samla planlagde kompetanseutviklinga. I 2014 var det grunnlovsjubileet og feiringa av barnekonvensjonen som danna grunnlaget for innhaldet i konferansen. Konferansen hadde tittelen «Kanskje kommer kongen». Om leik er barn sin rett til ytringsfridom var tema for paneldebatten. Konferansen og det kontinuerlege arbeidet med den, gir gode synergiar med tanke på samarbeidet mellom Høgskulen Volda og fagforbund. Også deltaking frå andre kompetansemiljø støttar opp om dette, og gjer det lettare å initiere og gjennomføre andre kompetanse- og rekrutteringstiltak. Også media er interesserte i konferansen, og fekk merksemd både i radio, aviser og fagtidsskrift.

**Rekruttering – barnehage**

Det har vore stor aktivitet i GLØD-nettverket i fylket i 2014. Vi har også i 2014 hatt fleire arbeidsseminar med skriving av tekstar og artiklar til aviser og heimesider. Vi har fått mange medieoppslag. Med fullt trykk på avisa «Barnas hverdagsliv» og besøk av barnehagebarn i avgangsklasser i vidaregåande skular med studiespesialisering (19 stk.), fekk vi også mange medieoppslag. Dette stilte store krav til koordinering og oppfølging, og Fylkesmannen og Høgskulen i Volda hadde eit vellukka og nødvendig samarbeid i dette arbeidet. Effekten av dette arbeidet med tanke på rekruttering til studiet og yrket, er vanskeleg å måle. Fleire har vorte bevisste korleis ein uttalar og profilerer utdanninga, yrket og sektoren og vi har ei kjensle av å drive nødvendig folkeopplysning. I samarbeid med GNIST-partnarskapen har vi og arrangert Ut-i –jobb dag ved Høgskulen i Volda. Dette rekrutteringstiltaket er eit møte mellom arbeidsgjevar og student, med både ein fagleg del og ein messedel med stands. Vi har også delteke på utdanningsmesser for å profilere studiet.

Arbeidsgruppa for likestilling har vore med på møta og arbeidsseminara i GLØD-nettverket. Vi ser på det med rekruttering av menn i samanheng med rekruttering for øvrig. Vi har likevel tiltak som skal støte kunnskap om likestilllingsfremmande pedagogikk i barnehagen. Vi har støtta deltaking på konferansar og vi har støtta utviklingsarbeid som har hatt ulike likestillings-perspektiv.

KOSTRA-tala viser at vi slit med å få opp andelen menn i barnehagane. Utfordringar knytt til likestilling må sjåast i eit større samfunnsmessig perspektiv- og i eit langsiktig perspektiv. Her er utfordringane store både i barnehage og skule.

Vi har store utfordringar når det gjeld å få nok barnehagelærarar i barnehagen, og framleis har vi mange på dispenaasjon frå utdanningskravet. Men vi ser at det er fleire assistenar som har tatt fagbrev som barne og ungdomsarbeidarar, noko som er svært positivt.

**Komptanse for kvalitet. Strategi for etter- og videreutdanning 2012 - 2015**

Fylkesmannen skal motivere til deltaking og informere om statlege kompetanseutviklingstiltak.

Fylkesmannen har gjort kjent og motivert for ordninga med etter- og vidareutdanninga samt stipendordninga i fylket med å legge informasjon ut på våre heimesider samt at vi informerar om dette på møte med regionar og kommunar. Informasjon er også vidareformidla til fylkeskommune og dei private skuleeigarane i fylket via e-postar og heimeside.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderer måloppnåinga som god. Det var ein stor auke i søknader i 2014 på 225 godkjende lærarar mot berre 81 i 2013. Etter fordeling av plassar frå Utdanningsdirektoratet er det no 183 lærarar på vidareutdanning frå Møre og Romsdal. Av desse er 42 på stipendordninga. Dette er ei god positiv utvikling.

Fylkesmannen skal fordele midler, innhente rapporter og oppsummere/rapportere til Utdanningsdirektoratet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har mottatt og behandla søknader frå kommunar, fylkeskommune og private skular og betalt ut midlar for vårhalvåret 2014. Vi har også mottatt rapportar frå alle for skuleåret 2013/2014. Vi har oppsummert og gitt ei skriftleg evaluering av arbeidet med strategien for vidareutdanninga i fylket og sendt inn brev til Udir medio juni. Jfr oppdrag i eige brev.

Fylkesmannen har for hausten 2014 utbetalt midlar til skuleeigarane på bakgrunn av søknader i systemet. For 2014 kom ordninga med stipend, der vi måtte rekne ut arbeidsgivaravgift som vi betalte ut i tillegg til stipend til dei skuleeigarane som hadde lærarar på stipendordning.

Fylkesmannen skulle på bakgrunn av rapportane frå skuleeigarane utarbeide ein rapport på dei totale tala fordelt på midlar og fag. Dette var ei noko tungvint måte å gjere det på, og vi håpar at dette kan skje elektronisk via eit rapporteringssystem i framtida. Vi saknar også å kunne ta ut gode rapportar i søkesystemet som eksempelvis kan sortere på fag, godkjende, avslag osb. I dag får vi eit stort excell-ark der vi sjølv må sortere og det meiner vi ikkje er av god nok kvalitet ved spørmsål eller statistikk.

Fylkesmannen har aktivt brukt søkesystemet og fulgt opp med dei endringane vi har mottatt frå skuleeigarane og har også hatt veldig god bistand ved spørsmål retta til Utdanningsdirektoratet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltok med to personar i møte om vidareutdanninga med Utdanningsdirektoratet 23. januar 2014. Dette ser vi på som veldig nyttig og vi får god informasjon om kva som skjer utover året i satsinga samt at vi blir presentert for nye ting og statistikk på området.

Det har vorte ei aukande deltaking i vidareutdanningsstrategien for lærarar i vårt fylket etter kvart som ordninga har vorte meir tilpassa og fleksibel der tilboda blir spreidd på fleire høgskular og det blir mindre utgifter

for kommunar til reise. vi er svært fornøgd med ei nye tilboda som Høgskulen i Volda har fått. Vi har gjennomført arbeidet etter oppdraget.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at embetet har innfridd resultatkrava med informasjon, motivasjon og oppfølging samt rapportering. Ressursar og kompetansen er god.

**Læringsmiljøprosjekt – målrettet mot mobbing**

Vi valde ut ein kommune med tre skular til Veilederkorps. Ved ein misforståing har vi ikkje oppfylt ekstraoppdraget om å lyse ut utviklingsmidlar til læringsmiljøprosjekt. Men vi har delt ut midlar til regionane som jobber saman om læringsmiljø. Elles har vi hatt eit omfattande arbeid med å følgje opp dei andre skulane med høge mobbetal over tid. Statistikken frå Udir har vi omtalt på fagmøte med kommunane og kvar enkelt kommune har fått oversikt over tala for deira skular. I vårt fylke var det 9 kommunar som hadde skular med høge mobbetal over tid. Vi har tatt kontakt med kvar enkelt kommune og spurt etter korleis dei arbeider med feltet og kva behov dei har for eventuell støtte og hjelp utanfrå. Vi har også tatt opp temaet på regionale møte og det har kome inn mange framlegg til støttetiltak og vi ser at det er behov for at Fylkesmannen koordinerer ein del av tiltaka som mange kommunar har behov for. Fylkesmannen har psykososialt miljø som ekstra satsing innafor "Betre Oppvekst" i 2015, og vi har lyst ut prosjektskjønnsmidlar spesielt til dette feltet.

Vi meiner vi har nådd målet innen læringsmiljøområdet sjølv om vi ved ei misforståing ikkje fekk gjennomført ekstraoppdraget om utlysing av midlar som kommunane kunne søkje på.

**Strategi for etter- og videreutdanning av ansatte i PPT 2013 – 2018**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har mottatt og behandla søknader til etterutdanning frå kommunar og fylkeskommune. Vidare har vi kvalitetssikra søknadene for vidareutdanning. Midlane er betalt ut for 2014. Vi har også mottatt rapportar frå alle søkjarar. Vi har oppsummert og gitt ei skriftleg evaluering av arbeidet med strategien for PPT i fylket. Vi håper for 2015 at det blir løyvd meir midlar til etterutdanninga, slik at systemretta arbeid får eit større fokus i PP -tenesta.

**Ungdomstrinn i utvikling 2013 – 2017**

Fylkesmannen har deltatt på møte i regi av Udir, delt ut midlar til ressurspersonar og utviklingsrettleiarar i samsvar med rutiner og retningsliner som vi har fått. Vi har invitert utviklingsrettleiarane til regionskontakt møte slik at dei blir orientert om anna utviklingsarbeid i fylke og drøfta samanhengar med ungdomstrinnssatsinga. Vi har også hatt møte med Høgskulen i Volda som er fagansvarleg og utviklingsrettleiarane for å klargjere roller og ansvar i satsinga.

Det er også gode tilbakemeldingar på den skulebaserte kompetanseutviklinga i Ungdomstrinnssatsinga der heile personalet på skulen arbeider med det same området, observerer kvarandre og reflekterer over praksis. Det er ei komplisert organisering med mange aktørar: utviklingsrettleiarar, ressurspersonar, høgskulen og Udir, og mykje energi har vore brukt for å forstå sine eigne roller. Dette ser vi har vore ei utfordring. Av oppdraget ser vi at Fylkesmannen har ei lita rolle i ungdomstrinnssatsinga, men vi har deltatt på konferansar og utført arbeidet etter oppdraget, og prøvd å samordna når vi har sett behov for det. Det kunne kanskje vere eit behov for at fylkesmennene var meir involvert og kunne samordna arbeidet meir.

Vi vurderer det slik at vi har gjort arbeidet i samsvar med oppdraget, og vi har god kompetanse på feltet.

**Vurdering for læring**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i tråd med oppdraget informert, motivert til deltaking, rekruttert og valt ut deltakarar i tråd med kriteria til pulje 5 i satsinga Vurdering for læring.

Fylkesmannen har etter søknad valt ut kommunale skuleeigarar i Møre og Romsdal. Pulje 5 vart for Møre og Romsdal sin del, ei vidareføring av satsinga i pulje 4 for to regionar: Nordmøre og Nordre-Sunnmøre. Kommunane i regionssamarbeida delte på midlane i pulje 4. Det kom også med 4 nye kommunar i

regionssamarbeidet på Nordmøre.

Vi har i tråd med oppdraget innhenta planar for pulje 5 og fordelt midlar:

- *Vurdering for læring* - Nordmøre deltek med kommunane Sunndal, Averøy, Kristiansund, Halsa (ny i pulje 5), Smøla (ny i pulje 5), Rindal (ny i pulje 5), og Aure (ny i pulje 5). Desember 2014: Utbetalt kr 380. 000,- etter godkjent plan for satsinga.
- *Sunnmøre regionråd* deltek med kommunane Sykkylven, Haram, Giske. Desember 2014: Utbetalt kr 380. 000,- etter godkjent plan for satsinga.

I tillegg har vi informert om satsinga på fleire av våre møte med sektoren, og då særleg om den vidare satsinga på vurdering for læring: pulje 6, pulje 7 og pulje 8. I desember 2014 vart invitasjonsbrev til pulje 6 sendt ut til aktuelle kommunar i Møre Romsdal.

I tråd med oppdraget innhenta embetet sluttrapportar frå deltakarane i pulje 4. Sluttrapportane frå 21 kommunanar og tre private skular vart godkjend.

Fylkesmannen har  oppsummert sluttrapportane og sendt denne vidare til Utdanningsdirektoratet, innan oppgitt frist.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2014 vore svært aktiv i å initiere, koordinere og delta i nettverk i fylket. Spesielt nemner vi tiltaket som vi initierte i starten av pulje 4: Fylkesnettverket for alle deltakarkommunar og private skular. Nettverket er i 2014 vidareført og skal no vere eit felles forum for deltakarar i alle puljene. Kvar kommune/private skule har høve til å møte i dette forumet for fagleg påfyll og erfaringsspreiing med ein skuleeigarrepresentant og ein ressursperson. Dette har vore svært vellukka, særleg for kommunar som ikkje er i regionssamarbeid, men og for kommunane i regionane då det har vore eit avgrensa tal personar som har fått møte på samlingane på UDIR. Møta i fylkesnettverket har vore i etterkant av samlingane på UDIR: to gonger i halvåret.

Fylkesnettsverket er eit fora for spreiing av tema og prinsipp som har vore tema på Udir sine møter. Vi har også hatt fokus på å sjå satsinga på vurdering for læring i samband med andre satsingar retta mot skulen, m.a. ungdomstrinnssatsinga. Vi har også aktivt brukt nettverket til å informere om det felles nasjonale tilsynet med elevane sitt utbytte av opplæringa, samt resultata etter tilsyna. Det har vore fire møter i fylkesnettverket i 2014 med om lag 30 deltakarar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i tillegg knytt seg ekstern kompetanse frå UH-sektoren og har Dr. Siv M. Gamlem i ei bistilling knytt til rettleiing av deltakarane (pulje 4 + pulje 5). Gamlem deltek på alle samlingane i fylkesnettverket med faglege innlegg. Fylkesmannen og Gamlem har også vore aktivt ute og deltatt i kursing av vaksenopplæringa og PPT i ein av regionane. Dette har vore svært vellukka.

Eigenvurdering *Vurdering for læring*: Embetet har innfridd resultatkrava jf. oppdraget. Vi har god kompetanse på området og har oppnådd god effekt med tiltaka våre.

**Veilederkorps**

Vi har deltatt i møte med fylkemennene i regi av Udir der Veilederkorpset vart drøfta. I tillegg har vi vore med på samlingar saman med Veilederkorpset og informert om satsinga i fylke som dei burde kjenne til. Vi har også deltatt i møte med Veilederkorpset og skuleleiing som har fått rettleiing.

Det er gode tilbakemeldingar på det arbeidet det statlege Veilederkorpset gjer, men  vi ser også at det er ofte behov for framleis å ha tilgang på kompetansemilø som kan støtte skulane også etter at satsinga er over. Her meiner vi at fast kompetansemiljø som lærarutdanninga bør kome inn og støtte. Vi ser også at kapasiteten til Veilederkorpset er begrensa og det er behov for støtte til fleire skular/skuleeigarar. Vi har deltatt på dei møta det er forventa av fylkesmannen skal vere med på, men føler at det kunne ha vore klarare forventningar på kva vi skal involverast i.

Det statlege veilederkorpset utfører ein god jobb på dei skulane dei er på, men dei klarer ikkje å dekke opp det store behovet som det er i vårt fylket med over 200 skular i 36 kommunar. Vi må derfor sjå ette alternative måtar å støtte skulane på.

Vi ser at det har betre effekt på sikt å koble ein del av kvalitetsutviklingsarbeid til faste kompetansemiljø i fylket.

Det er gode tilbakemeldingar på det arbeidet det statlege Veilederkorpset gjer, men vi ser også at det er ofte behov for framleis å ha tilgang på kompetansemilø som kan støtte skulane også etter at satsinga er over. Her meiner vi at fast kompetansemiljø som lærarutdanninga bør kome inn og støtte. Vi ser også at kapasiteten til Veilederkorpset er begrensa og det er behov for støtte til fleire skular/skuleeigarar. Vi har delatatt på dei møta det er forventa av fylkesmannen skal vere med på, men føler vel på at det skulle ha blitt stilt klarare forventningar til oss.

### Veiledning av nyutdannede barnehagelærere og lærere

Dette er tatt opp i samanheng med rekruttering, bla. Ut i jobb-dag som GNIST og GLØD arrangere på Høgskulen i Volda i januar.

### GNIST - rekruttering i skole

Vi har bestemt at vi skal halde fram arbeidet i GNIST-nettverket, og har sendt inn plan til Udir på område vi vil samarbeide om. Vi har nokre fellestiltak om rekrutteringstiltak på barnehage og skule, noko vi ønsker fleire av. Vi vurderer å slå saman GNIST og GLØD-gruppene frå 2016 slik at vi har ei rekrutteringsgruppe for barnehage og skule.

### Handlingsplan for likestilling

Arbeidsgruppa for likestilling har vore med på møta og arbeidsseminara i GLØD-nettverket. Vi ser på det med rekruttering av men i samanheng med rekruttering for øvrig. Vi har likevel tiltak som skal støtte kunnskap om likestilllingsfremmande pedagogikk i barnehagen. Vi har støtta deltaking på konferansar og vi har støtta utviklingsarbeid som har hatt ulike likestillingsperspektiv.

KOSTRA-tala viser at vi slit med å få opp andelen menn i barnehagane. Utfordringar knytt til likestilling må sjåast i eit større samfunnsmessig perspektiv- og i eit langsiktig perspektiv. Her er utfordringane store både i barnehage og skule.

Vi viser statistikk over antal menn i barnehagen når vi er på kommunebesøk, og fokuserer på målet om å få fleire menn barnehagane.

Vi kunne nok hatt meir fokus dette for skulesektoren også, der det er t.d. stor fleirtak av kvinnelege lærarar på barnetrinnet.

### Lokalt arbeid med læreplaner

Vi har i mange år arbeidd mykje med lokalt læreplanarbeid i fylket i og med at Møre og Romsdal var med å utvikla tilsynet på Lokalt læreplanarbeid og skulebasert vurdering. No har vi fokus på det i samband med det najonale tilsynet om Elevens utbytte av opplæringa.

Når det gjeld kompetanseheving, arangerte vi ein læreplankonferanse saman med Udir i oktober med 420 deltakarar. Deltakarane var skulefagleg ansvarlege på kommune og fylkeskommunalt nivå, skuleleiarar og plangrupper frå både grunnskule og vidaregåande skular og PPT. Udir haddet det faglege ansvaret for samlinga, men det er positivt at skular frå fylket får presentere korleis dei jobber med læreplanfeltet og vi synest det også er bra at fylkesmannen får presentere status for læreplan- og vurderingsarbeidet i eige fylket. Vi vurderer samlinga som vellukka.

### Prosjekt «Implementering av regelverket»/"Regelverk i praksis"

Fylkesmannen deltok på Kick-Off-samlinga i Oslo i slutten av august og gjennom utdanningsdirektørmøta har vi blitt informert om satsinga. Vi deltek med 4 personar i skoleringsrekka i regelverk saman med Region Midt og Udir. Men vi tar sikte på å involvere alle medarbeidarane i satsinga.

**Sensorskolering, jf. resultatområde 31.5**

FMMR/FMSF er svært nøgd med det felles opplegget vi har for sensorskuleringa. Denne vart gjennomført 8. -9. mai på Hotell Alexandra i Loen med sensorar frå alle faga. Vi ser det som svært positivt at Utdanningsdirektoratet stiller med sine fagansvarlege på desse samlingane. Som eit ledd i sensorskuleringa hadde vi den 16. juni fagdag for sensorane. Denne dagen hadde oppmennene ansvar for drøfting og gjennomgang av årets oppgåver etter førehandssensuren.

I nokre fag er det behov for fleire sensorar. Vi har gjort nokre grep for å få tak i fleire sensorar frå kommunar som ikkje har stilt med sensorar på mange år, jf pkt 31.5.

Vi ser på sensorskolering som god kompetanseheving og eit fortrinn for vurderingsarbeidet på skulen vedkomande arbeider på.

Vi vurderer at vi har god kompetanse på området og set av ressursar til ca. 2 årsverk for kompetanse- og kvalitetutvikling, dvs ca 16% av avdelinga sine ressursar.

### 32.6 Urfolk og nasjonale minoriteter

Vi har ikkje gjort noko spesielt på dette området!

## Ressursrapportering

I 2014 har vi auka midlane på kap 1510 med ca 10% i forhold til 2013, men tala for 2013 var 5% lavare enn for 2012.

Vi bruker over halvparten av ressursane til tilsyn og klage, dvs ca. 60% av samla ressursar. Vidare bruker vi ca. 16% til vurderingsarbeid med eksamen/nasjonale pøver, og ca. 15% til kvalitets- og kompetanseutvikling. Vi har god kompetanse, men ser at vi er sårbar ved fråver og har då problem med å få gjort det vi skal.

| Resultatområde | Kapittel 0525 | Fagdep. |
|---|---|---|
| 31.1 Tilsyn | kr 2 263 507,46 | kr 22,84 |
| 31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31) | kr 3 263 533,02 | kr 1 049 966,50 |
| Økt kvalitet i barnehage og grunnopplæringen | kr 1 477 844,97 | kr 616 434,75 |
| 36 Landsdekkende oppgaver KD | kr 6 317,70 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 7 011 203,00 | kr 1 666 424,00 |

# Statens Helsetilsyn

## Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven

Vi viser til Årsrapport 2014 for fylkesmannen sitt tilsyn med barneverninstitusjonar og senter for foreldre og barn i Møre og Romsdal. Vi viser også til den fortløpande rapporteringa i Nestor.

### 41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Det var behandla 33 tilsynsklagar i 2014. Det kom 31 slike klagar i løpet av året. I tillegg hadde vi ei restanse på 7 saker frå 2013. Det var 5 saker som ikkje var avslutta pr. 31.12.2014.

Fylkesmannen har konkludert med lovbrot i 4 tilsynssaker i 2014.

## 41.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn som systemrevisjon som inngår i Helsetislynet sitt LOT i 2 kommunar. Tilsynet gjaldt kommunane sitt arbeid med å følgje opp barn i fosterheimar. Det vart ikkje avdekt lovbrot i desse tilsyna.

Fylkesmannen har i 2014 ført tilsyn med 7 barneverninstitusjonar med totalt 15 avdelingar. Det er 5 statlege institusjonar og 2 private. Det har vore i alt 16 tilsynsbesøk.

Det har vore gjennomført tilsyn som systemrevisjon med dei tre sentra for foreldre og barn i Midt-Norge. Tilsynet vart utført av eit regionalt tilsynsteam.

## 41.3 Klagesaker

Fylkesmannen har i 2014 ikkje hatt nokor klagesak på enkeltvedtak gjort av barneverntesta i kommunane.

I 2014 behandla Fylkesmannen i Møre og Romsdal 11 klagar frå bebuarar i institusjon eller frå deira føresette. Alle sakene gjaldt klagar på enkeltvedtak, jf. § 26 første ledd.

Sju av sakene gjaldt klage på tvang i akutte faresituasjonar, ein gjaldt kroppsvisitasjon og 3 gjaldt restriksjonar på bruk av kommunikasjonsmidlar. Det vart gjeve medhald i 4 av klagene.

## 41.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen har kontrollert alle sluttførte fristskjema frå kommunane. Talet på barnevernsaker har auka i mange år, men frå 2013 har vi ikkje sett denne tendensen. Endringane i talet både på bekymringsmeldingar og talet på barn som får tiltak er så små i 2014 at dei må seiast å vera stabile. 1830 barn får hjelpetiltak i 2014 (1850 i 2013) og 447 er under omsorg (442 i 2013).

Fylkesmannen registrerte også i 2014 at nokre kommunar har fristoverskridingar og følgt opp dei aktuelle kommunane. Vi har hatt eit oppfølgingsmøte i ein kommune om dette og det er åpna tilsyn med ei interkommunal barnverntenește. Dette er ikkje avslutta enda. I ein kommune - som har hatt fristbrot over eit langt tidsrom - har vi gjennomført eit omfattande tilsyn som førte til at det vart gjort vedtak om pålkegg i medhald av §  60 i kommunelova. Barneverntenesta i denne kommunen blir følgt opp også i 2015.

Fylkesmannen følger med på utviklinga i dei små tenestene, det vil seie dei med 3 eller færre årsverk. Fylkesmannen ser ikkje klare skilnader i tenestekvaliteten mellom små og store tenester.

Fylkesmannen meiner det har vore ei positiv utvikling i dei fleste kommunane når det gjeld kvaliteten på arbeidet i barnevernsakene.

I 2014 har fylkesmannen hatt følgjande opplæringstiltak for kommunane:

- møte med barnvernleiarane - 2 samlingar, m.a. med div. informasjon og fagstoff bl.a. orientering om Bufdir si nye rolle overfor kommunane og om bruk av standardiserte verktøy for å å undersøke barnevernssaker.

- samling for dei små kommunane

- konferanse/kurs om samarbeid om tenester for barn og unge

- konferanse /kurs om barnevern i etniske minoritetsfamiliar

# Resultatområde 73.1 Klager på individuelle tjenester etter lov om sosiale tjenester i Nav

Fylkesmannen har behandla 102 saker etter lov om sosiale tjenester i NAV (STL).

Vi mottok 108 saker i 2010, 99 i 2011, 85 i 2012, 98 i 2013 og 107 saker i 2014.

Vedtak i 90 saker (88%) blei stadfesta pg 12 vedtak (12%) blei endra eller oppheva.

99 saker (97%) av sakene er behandla innan 3 månader.

Vi viser elles til rapportering til Statens helsetilsyn for 2014 gjennom NESTOR.

Fylkesmannen hadde i 2014 opplæring i lov og rundskriv for nytilsette i NAV. Opplæringa gikk over 3 dagar og 50 tilsette i NAVkontor deltok.

I tillegg hadde fylkesmannen to-dagars grunnkurs og to dagars vidaregående kurs i økonomisk rådgiving/gjeldsrådgiving for dei som har slike oppgåver ved NAV-kontora. Fylkesmannen i Hordaland ved Inge-Helene Søgnen sto fagleg ansvarleg for grunnkurset og Tor Waardal for det vidaregåande kurset.

# Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i Nav

## 74.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi viser til årsrapport og rapportering i NESTOR til Statens helsetilsyn.

Fylkesmannen får dagleg spørsmål frå folk pr. telefon, brev eller epost om forhold rundt sosialtenestelova i NAV. I dei aller fleste tilfella gir fylkesmannen råd og rettleiing, og det blir ikkje noko sak ut av det.

Fylkesmannen avslutta 10 tilsynssaker i 2014. 5 av sakene blei avslutta utan tilsynsmessig oppfølging etter lokal avklaring. I dei 5 sakene som fekk tilsynsmessig oppfølging, blei det påpeikt lovbrudd i 2 saker og det blei gitt råd/rettleiing i 3 saker.

## 74.2 Planlagt tilsyn

Det er gjennomført seks KVP-tilsyn. Vi viser her til innsendt samla rapport.

# Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenester

### 82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Resultatkrav er oppfylt. Ein viser til Nestorregistrering der det framgår at median saksbehandlingstid var 2,4 månad for hendelsesbaserte tilsynssaker. Alle saker er behandla innenfor 5 månader.

Fylkesmannen har anmoda politiet om etterforskning i  ei sak. I tillegg har politiet kontakta fylkesmannen ved anslagsvis 4-5 saker der politiet har bedt om råd i forhold til evt. etterforskning. Dette gjeld saker som i hovudsak omhandlar unaturlige dødsfall.

### 82.2 Planlagt tilsyn

Når det gjeld samla omfang av tilsyn, var volumkravet 30. Det var planlagt med tilsyn tilsvarende vekting på 29. Pga. ulike forhold omtalt i rapport til Statens helsetilsyn av 20.01.15 vart det gjennomført 27, av desse var 6 i spesialisthelsetenesta.

### 82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukerrettighetsloven m.fl.

For saker som gjeld klager på helse- og omsorgstjnester etter pasient- og brukerrettighetslova m.fl. er 93% av sakene behandla innanfor 3 månader. Totalt er det behandla 192 saker.

Når det gjeld pasient- og brukerrettighetslova kap. 4A mottok vi 219 kopi av vedtak i 2014. Vi mottok to klagesaker og sakene vart begge behandla innea 3 mnd.

### 82.9 Andre oppdrag

Gjennomført i tråd med oppdrag.

I 2014 endra embetet praksis på innsending av a-meldingar. Det inneber at vi har meir lik praksis som andre embete.

Vårt embete har halde fram med å publisere erfaringar og vurdering av tilstanden i fylket gjennom ei eiga Helse- og sosialmelding. Denne vart også oversendt i mars 2014.

Vi mottok 9 varsel om innlegging med heimel i Helse- og omsorgstenestelova §§ 10-2 og 10-3 i 2014.

## Resultatområde 83 Folkehelse

### 83.3 Klagesaker

Ingen saker er behandla i 2014. Tre saker er sendt til kommunen som rette instans for primærbehandling. Pr. idag 3 saker til behandling.

# Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

## Resultatområde 42 Familierett

### 42.1 Ekteskapsloven

Det er utferdiget 492 separasjonsbevillinger i 2014 og utferdiget 447 bevillinger om skilsmisse  dette året. Tallet er stabilt og tendensen er økende saksmengde fra utenlandske borgere med opphold i Norge.

### 42.2 Anerkjennelsesloven

Fylkesmannen har handsama 83 søknader om godkjenning av utenlandsk skilmisse og/eller skiftefritak i 2014.

Dette er ei lita auke i saksmengde fra 2013 da det vart handsama 77 saker

### 42.3 Barneloven

Fylkesmannen har ikke behandlet noen saker som gjelder avtaler om foreldreansvar m.m. til stadfestelse i 2014, eller behandlet saker om reiseskostnader ved samvær.

Vi har mottatt en sak (14/145) som ble avvist da saken dreide seg om forståelse av begrepet «inntekt» noe som lå utenfor Fylkesmannens oppgave å fortolke.

Det har vært noe veiledning på telefon.

Det har vært en del spørsmål knyttet til opplysninger om barnet, men ingen skriftlige klager på dette

### 42.4 Veiledning og informasjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gitt forløpende veiledning til kommuner og publikum om lover på familierettens område, herunder mekling etterhvert som henvendelsene har kommet til vårt kontor. Vi har vært i kontakt med Bufetat for å sikre at vi har oppdaterte lister over godkjente meklere i Møre og Romsdal. Det har vært lite henvendelser i 2014, men de henvendelsene vi har mottatt har vi stort sett besvart umiddelbart.

## Resultatområde 43 Føre tilsyn med kommunenes plikt til å sørge for et krisesentertilbud

I 2014 har ikke Fylkesmannen gjennomført tilsyn med kommunenes plikt til lå sørge for et krisesentertilbud, men vi har som ledd i vår risiko og sårbarhetsanalyse på området, besøkt et av fylkets tre krisesenter. Vi fikk under besøket informasjon om tilbudet og fra før kjente vil til av 17 av våre kommuner har avtale med denne kommunen om krisesentertilbud til sine innbyggere.

Fylkesmannen har sammen med Regionalt senter mot vold i nære relasjoner, traumatisk stress og selvmord (RVTS) vært delaktiv opp mot kommunen for at kommunene skal utarbeide kommunale handlingsplaner mot vold i nære relasjoner. Fylkesmannen har også ytt økonomisk bistand til dette arbeidet gjennom statlige tilskuddsmidler til de tre krisesentrene i fylket.

Fylkesmannen har også vært arrangør av regional konferanse med tema kjønnslemlestelse og tvangsekteskap.

## Resultatområde 44 Føre tilsyn med familievernkontor

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med fylkets familievernkontor i 2013 og har ikke sett behov for å gjennomføre tilsyn her i 2014.

# Resultatområde 45 Barn og unge

## 45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

Fylkesmannen har behandlet 8 søknader om fritak for taushetsplikt for ansatte i barneverntjenesten.

## 45.2 Fritak for taushetsplikt

Det er i løpet av året behandla 6 søknader om fritak frå teieplikt etter barnevernlova.

## 45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

Fylkesmannen har fordelt 7,4 nye stillingar til barnevernet i kommunane. Fylkesmannen mottok søknader om 18,6 stillingar – meir enn dobbelt så mange som det var midlar til.

Ved fordelinga av stillingane har Fylkesmannen hatt fokus på å få ei jamnare fordeling mellom kommunane når det gjeld stillingar i barneverntenesta sett i høve til barnetalet i kommunane, og arbeidsmengda til barneverntenesta.

Fylkesmannen har også tildelt 400 000 til kompetansestyrking i kommunane.

# Resultatområde 46 Universell utforming

# Resultatområde 47 Integrering av innvandrere

## 47.1 Statsborgerseremonier

Fordeling av kvinner og menn: Det var dobbelt så mange kvinner som menn som deltok i seremonien. 31 land var representert frå 27 av kommunane i Møre og Romsdal.

**Statsborgerseremonier**

| Embeter | Antall seremonier | Prosent nye statsborgere som har deltatt |
|---|---|---|
| FMMR | 1 | 30,4 |
| **Sum** | **1** | |

## 47.2 Bosetting av flyktninger

Fylkesmannen har hatt møter med IMDI og Husbanken der dette har vært tema. Det er også tatt opp i møter med rådmannsutvalget og NAV fylke, samt at temaet har vært berørt i flere dialogmøter med enkelkommuner.

## 47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Vi har hatt 5 klagesaker på Introduksjonslova som alle vart stadfesta.

I alle sakene vart det klaga på at ein ikkje fekk opplæring i norsk og samfunnskunnskap eller at denne opplæringa vart stansa.

Ei klage gjaldt lang reiseveg, ei anna klage var det ikkje særskilt avtale om bosetjing,den tredje klaga gjaldt familiegjenforening og der kona fekk avslag fordi mannen ikkje fylte vilkåra, den fjerde klagen fekk avslag fordi vedkomande hadde vore i arbeid over lang tid sjølv om han ikkje jobba 100%, den femte klagen fekk avsalg pga at klagar hadde gode norskkunnskapar og var kvalifisert til vidaregåande opplæring.

Vi har gitt informasjon om Introduksjonslova i samband med møte i skuleleiarnettverket for vaksenopplæring i Møre og Romsdal, på fylkesmannen si heimeside og i samband med tilsyn.

Når det gjeld rapportering om tilsyn, viser vi til pkt. 47.5.

Vi vurderer det slik at vi har god kompetanse på feltet.

## 47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

**Norskopplæring**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2014 fått til saman 533.000 kroner frå Vox til kurs for lærarar og leiarar i norskopplæringa av vaksne innvandrarar. Midlane er m.a. brukt til reiseutgifter til Oslo for 14 lærarar på kurshaldarkurs om vurdering av munnlege dugleikar i norsk, nivå A, i samband med dei nye norskprøvene, samt honorar til dei same kurshaldarane for skolering av lærarar og leiarar i 4 regionale nettverk i fylket våren 2014. I tillegg er det halde nokre lokale kurs.

Elles er midlane brukt til den årlege Geirangerkonferansen for norsklærarar/leiarar, som i år gjekk over 3 dagar hausten 2014. Tema for norskopplæringa var Dag 1: Digitale dugleikar og Skjønnlitteratur i norskopplæringa, Dag 2: Skriftleg produksjon i klasserommet og Dag 3: Vurdering av munnlege dugleikar i samband med norskprøva. Alle kursa vart godt mottekne for om lag 125 norsklærarar i fylket.

Fylkesmannen har hatt god kontakt med Vox og har delteke på alle møte og kurs/samlingar som Vox har hatt med fylkesmennene og skoleleiarane vår og haust 2014. Vi har også hatt god kontakt både med leiarnettverket og Arbeidsutvalet for leiarnettverket i M&R og har delteke på aktuelle møte med dei både vår og haust. Særleg har tema om dei nye norskprøvene vore på dagsorden, gjennomgang av det nye prøvereglementet, m.m.

Ubrukte midlar - ca 40.000 kroner - er etter avtale utbetalt Arbeidsutvalet for leiarnettverket i M&R - til leiarmøte og regionale nettverk for erfaringsutveksling av arbeidet med dei nye, obligatoriske prøvene i norsk.

Fylkesmannen har elles koordinert påmelidnga til nytt kurshaldakurs i Oslo våren 2015 for 14 nye kurshaldarar i M&R innanfor nivå B i dei nye norskprøvene.

Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god.

**Grunnskoleopplæring**

Fylkesmannen har fått 134.500 kroner i midlar frå Vox til etterutdanning av lærarar og leiarar i grunnskoleopplæring/grunnleggande ferdigheiter i 2014. I tillegg fekk vi overført om lag 70.000 kroner i ubrukte midlar frå 2013 til 2014.

Midlane er brukt til opplæring for om lag 45 lærarar/leiarar på den 3 dagars samlinga i Geiranger hausten 2014. Tema for Dag 1 var: "Hvordan jobbe med digital dømmekraft og digitale ferdigheter?", Dag 2: Vurdering for læring og Dag 3: Eksamensretta grunnskoleopplæring. Alle kursa vart godt mottekne.

I tillegg arrangerte Fylkesmannen ei samling i Molde hausten 2014 for skoleeigarar og skoleleiarar i vaksenopplæringa i M&R med tema: "Grunnskoleopplæring, grunnleggande dugleikar og realkompetansevurdering for vaksne - kommunane sitt ansvar". Då vi på det tidspunktet ikkje visste kor mykje midlar vi hadde att, betalte deltakarane dagpakkepris til hotellet.

Ubukte midlar - om lag 70.000 - vart utdelt leiarnettverket i fylket v/AU for erfaringsutveksling av grunnleggande dugleikar/realkompetansevurdering i fylkesnettverk/regionale nettverk.

Fylkesmannen har delteke på alle samlingar Vox har hatt med fylkesmennene og grunnskoleleiarane vår og haust.

Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god.

Geirangersamlinga - Merknader:

På den 3 dagars konferansen i Geiranger hausten 2014 var det også kurs for ca 45 lærarar i spesialundervisning av vaksne. Både på dag 1 og dag 2 deltok dei i dei same kursa som grunnskolelærarane deltok i , men utan å bli belasta av midlane til grunnskoleopplæringa. Den tredje dagen hadde dei kurs for seg sjølve i regi av leiarnettverket/AU.

Fylkesmannen hadde ansvar for koordinering, påmelding og gjennomføring av heile arrangementet for om lag 220 deltakarar, noko som var svært tid- og ressurskrevjande. Grunna det sosiale aspektet ved at alle lærarane i vaksenopplæringa får vere saman over heile 3 dagar, ønskjer leiarnettverket å halde fram med Geirangersamlinga kvar haust, og hotellet er alt bestilt til oktober 2015. Fylkesmannen vil vurdere å leggje delar av arbeidet med arrangementet ut til AU mot betaling.

## 47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ført tilsyn med to kommunar i 2014 - ein nynorsk- og ein bokmålskommune. Sidan malen for både førebels- og endeleg tilsynsrapport berre var på bokmål, har vi sjølv oversett malen til nynorsk for dei kommunane det gjeld. Dette burde ha vore gjort frå sentralt hald.

Tilsynstema har vore om introduksjonsordninga er eit heilårig og fulltids program. Tilsynet har vore gjennomført som eit skriftleg dokumenttilsyn med innlagd telefonmøte med representantar for skole- og flyktningetenesta i kommunen.

Førebels tilsynsrapport for Sykkylven kommune avdekte ikkje noko klårt lovbrot, men Fylkesmannen sette ein frist for tilbakemelding på nokre spørsmål om programmet alltid er på full tid. Dette fekk vi tilbakemelding på innan tidsfristen. Merknadene vart tatt inn i den endelege tilsynsrapporten som ikkje konkluderer med noko lovbrot på dei to tilsynsområda.

Den førebelse tilsynsrapporten våren 2014 for Tingvoll kommune konkluderer med lovbrot når det gjeld omgrepet "full tid"; dvs. heildagsprogram. Også her ba vi om tilbakemelding på rapporten, noko vi fekk med forklaring på eit endra oppsett frå nytt skoleår som ville indikere at det ikkje lenger var lovbrot. Før utsending av den endelege tilsynsrapporten hausten 2014, ba vi derfor om dokumentasjon på den endra timeplanen, noko vi ikkje fekk innan den oppsette tidsfristen. Derfor vart lovbrotet ståande. Den etterspurde dokumentasjonen fekk vi inn etter at endeleg tilsynsrapport vart utsendt, slik at lovbrotet vart raskt lukka.

Tilsynet etter introduksjonslova har til no vore godt mottatt av kommunane. Vi har hatt ein god dialog undervegs og har brukt tid på å forklare at eit program på full tid skal tilsvare arbeidslivets "bestemmelser". Vi har presisert at ein time er 60 minutt, og at eit opplegg med 30 t à 45 minutt ikkje tilsvarar "full tid". Andre kommunar har også tatt kontakt for rettleiing på dette området. Vi ser derfor med undring på at departementet frå 2015 no har endra fortolkninga av "full tid" - siste året i denne tilsynsperioden på heildags- og fulltidsprogram. Det er derfor svært viktig at informasjon om dette snarast råd blir sendt kommunane frå BLD/IMDi før fylkesmennene gjennomfører dei to siste tilsyna på dette området.

FMMR har elles deltatt med to representantar på ei tilsynssamlig med BLD/IMDi i 2014. Slike samlingar er nyttige for dei som har ansvaret for tilsynet hos fylkesmennene.

# Resultatområde 48 Fremme likestilling og motvirke diskriminering

# Ressursrapportering

| Resultatområde | Kapittel 0525 | Fagdep. |
|---|---|---|
| Tilsyn og klagebeh. etter barnevernloven | kr 1 197 507,36 | kr 276 668,27 |
| 42 Familierett | kr 827 266,99 | kr 0,00 |
| 45 Barnevern | kr 25 437,96 | kr 582 450,57 |
| 47 Integrering av innvandrere | kr 177 251,55 | kr 0,00 |
| 47.5 Tilsyn med introduksjonsloven | kr 183 500,81 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under BLD | kr 252 518,77 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 2 663 483,00 | kr 859 118,00 |

# Justis- og beredskapsdepartementet

## Resultatområde 51 Siviladministrasjon

### 51.2 Vergemålsloven og utlendingsloven kap. 11 A

Verjemålsprosjektet er ei krevjande oppgåve for fylkesmannen. Oppgåva legg beslag på ressursar som går utover dei tildelte rammene. Sjølv om fylkesmannen i 2014 fekk ei tilleggsløyving så har ein lagt beslag på øvrige ressursar i embetet. Fylkesmannen vil spesielt peike på at vergemålsarbeidet krev monaleg med arkivressursar i tillegg til sakshandsamingsressurane som trengst for å nå måla. Kring halvparten av all post til embetet gjeld verjemål. I forhold til oppgåvemengda er vi minimunsbemanna. **Ved starten av året ser vi at vi går mot eit monaleg meirforbruk i 2015.**

Vurdering av måloppnåelse:

- Oppgåve: Behandle saker i første instans etter verjemålsloven med tilhørande forskrifter, samt utlendingsloven kapittel 11 A med tilhørande forskrifter

Fylkesmannen arbeider for å få på plass ei fungerande verjemålsforvaltning i første instans som arbeider for at interessene til barn og voksne med behov for verje samt einslege mindreårige asylsøkarar vert ivaretatt. Det må likevel påpeikast at arbeidsmengden gjer at vi må prioritere effektivitet framfor kvalitet. 2014 - prega av "ryddejobbar", og ein ser at det er mykje igjen som må takast i 2015. Dette er ikkje i samsvar med reforma sitt mål om å sikre rettstryggleiken og rettslikheiten for dei som ikkje fullt ut er i stand til å ivareta sine eigne interesser.

- Oppgåve: Føre tilsyn med verjene og representantane

Fylkesmannen fører tilsyn med sine verjer ved det årlege verjerekneskapet samt bekymringsmeldingar. Bekymringsmeldingane blir vurdert etter alvorligheitsgrad og dersom det er behov for å endre verje i desse sakene, så vert det utført etter ei heilhetleg vurdering av saka. Dette gjeld også avvik som oppdagas i verjerekneskapet. For 2014 så vart det lagt inn endringssak på 45 verjemål etter rekneskapskontrollen.

- Oppgåve: Gje verjene og representantane nødvendig opplæring, veiledning og bistand.

Opplæring og veiledning av verjer vart for året 2014 gjennomført hovedsakleg via veiledning per telefon, e-post og brev. Utadretta verksemd var eit nedprioritert område i 2014 med grunnlag i stor restansemengde. Fylkesmannen arrangerte eit kurs for faste verjer våren 2014 samt eit introduksjonskurs for nye faste verjer hausten 2014. Ein ser likevel at det er eit stor behov for ytterlegare opplæring for alminnelege verjer.

Vurdering av resultatskrav:

- Fylkesmannen har ei forsvarleg beredskapsordning for hasteoppnevningar. Vi har eit fast verjekorps som tar dommeravhør, vi har også eit fast verjekorps som tar verjeoppdrag for einslege mindreårige asylssøkarar. Det faste verjekorpset består no av omlag 100 verjer.

- Fylkesmannen har i 2014 arbeida for å få ei forsvarleg kapitalforvaltning. Ved gjennomgangen av rekneskapet for siste halvår 2013 blei det ført excellister over dei som har fond. Vidare vart alle som hadde over 2G på konto lagt til sides slik at midlane kan krevjast inn. Dette arbeidet er fylkesmannen per dags dato i gang med.
- Fylkesmannen har hatt ei løysing med telefonvakt for å ivareta ei god tilgjengeligheit for brukarane samstundes som sakshandsamarane skal få nødvendig ro til å arbeide.
- Verjer har fått behandla sine søknadar om verjegodgjering og utgiftsdekning innan 4-6 veker.
- Fylkesmannen har via kontroll av verjereknskap arbeida med å sikre at ARVE inneheld relevant og riktig informasjon. Det vart lagt ned ein ekstra jobb med å sikre at vi har oppdatert informasjon om kven som var rekneskapspliktig.
- Det har vidare vore lagt ned ein innsats i forhold til utarbeiding av maler og rutiner på området.
- Fylkesmannen har frigitt midlar under 2G til mindreårige, dette vert gjort innen fristen, jf. verjemålslova § 101 nr. 4.

Tilstand og særlege risikomoment i den lokale verjemålsforvaltninga

Dei store utfordringane på området er datasystema samt kvalitet på oppgåvene som skal utføras med minimale ressursar. Fylkesmannen har ikkje samtaler med verjetrengande før verjemål opprettas basert på manglande ressursar, dette førar til ein risiko for at saken ikkje er godt nok opplyst før vedtak gjerast. Tilsvarandre vurderingar vert også gjort i andre type saker. Ein må til einkvar tid veie effektivitet opp mot kvalitet, og dette gjer at det er ein risiko for at rettstryggleiken til dei svakaste i samfunnet vert skadelidande. Vidare ønsker ein å presisere at ivaretakelsen av tryggleiken til dei som har hemmeleg adresse er eit stort risikomoment i ARVE.

Antall saker som gjelder helt eller delvis fratakelse av rettslig handleevne og som bringes inn for tingretten. Det skal rapporteres om utfallet av sakene dersom dette er kjent på rapporteringstidspunktet.

Fylkesmannen hadde sin første sak for retten 10. desember 2014. Her vart ein av umyndggjøringsakene tatt opp. Han vart fratatt rettsleg handleevne på det økonomiske området, samt etter §§ 12 og 13 og når det gjaldt spørsmål om bosted. Dette området vil bli satt større fokus på i 2015.

**Oppgaver etter vergemålsloven**

| Embeter | Antall saker | Antall tilsyn |
|---|---|---|
| FMMR | 10144 | 0 |
| **Sum** | **10144** | **0** |

## 51.3 Forliksrådene

Det er ikkje ført tilsyn med forliksråda i 2014

## 51.5 Tomtefesteloven

Ingen saker etter tomtefesteloven i 2014

# Resultatområde 52 Borgerrettigheter

## 52.1 Fri rettshjelp

**I 2014 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal motteke 1034 henvendingar frå advokater, tolker og privatpersonar i høve saker om fritt rettsråd (utanomrettsleg bistand) og 142 henvendingar knytt til fri sakførsel.**

Fylkesmannen har totalt utbetalt **kr 5.386.830,-** gjennom ordninga med fri rettshjelp i 2014 . Av dette beløpet er **kr 582.212,-** salær for kontrollkommisjonen.

**Kr 394.777,-** av beløpet er utgifter til tolk, i hovudsak asylsaker. Resterande **Kr 4.409.841** ,- er salær til advokater i fritt rettsråd saker.

Vi rapporterer kvartalsvis detaljert til Statens sivilrettsforvaltning om sakstyper, saksbehandlingstid og utbetalinger. I tillegg rapporteres det til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om talet på elektroniske saker pr kvartal.

# Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

I 2014 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal brukt 3,5 dedikerte årsverk til samfunnstryggleik og beredskap.

## 53.1 Oversikt over risiko og sårbarhet

a) FylkesROS Møre og Romsdal blir sendt til høyring i løpet av mars 2015. FylkesROSen er utarbeidd i tett samarbeid med fylkeskommunen. Denne heilskaplege analysen vil utfylle FylkesROS-sjø (2007) og FylkesROS-fjellskred (2011).

b) FylkesROSen omfattar eit utkast til handlingsplan som er forpliktande for fylkesmannen og vil bli lagt fram for diskusjon i fylkesberedskapsrådet. Fylkeskommunen skal i samsvar med regional planstrategi legge fylkesROSen til grunn for utarbeiding av ein regional delplan for samfunnstryggleik og beredskap. Fylkesmannen vil delta i arbeidet med denne.

c) I 2014 har oppfølging av funn og tilrådingar frå fykesROS-fjellskred sett sterkt preg på aktiviteten vår. Dette gjeld både etablering av eit *statleg* fagmiljø for overvaking av fjellskred (iverksett frå 01.01.2015 då NVE overtok ÅTB og NNFO) men i særleg grad revisjon og vidareutvikling av beredskapsordningane for fjellskred og flodbølgjer. Dette arbeidet var særleg aktualisert av episoden med fare for skred frå fjellsida ved Mannen.

d) Revisjonen av beredskapssystema for fjellskred (og herunder oppfølging av fylkesROS) var hovudtema under fylkesberedskapsrådet sitt faste møte i 2014. Fylkesberedskapsrådet har under vegs blitt orientert om arbeidet med fylkesROS, nokre av etatane i fylkesberedskapsrådet har delteke i sjølve arbeidet, og rådet sitt 2015-møte vil bli brukt til å forankre den nye analysen og drøfte kursen vidare.

e) FylkesROSen har blitt utarbeidd i tett samarbeid mellom fylkesmannen og fylkeskommunen. Andre har blitt inviterte til å delta under møte og arbeidsverkstader. Dette omfattar blant andre representantar for helseføretaket, NVE, kraftforsyninga, Statens vegvesen, Avinor, Kystverket, transportnæringa, NHO, Mattilsynet og Universitetet i Stavanger.

f) FylkesROSane for sjø og fjellskred har fungert som fakta-, prioritering- og avgjerdsgrunnlag for vesentlege beslutningar på nasjonalt nivå. Dette gjeld blant anna beslutninga om etablering av RITS-styrke ved Ålesund brannvesen (2009) og like fram til den nylege statlege overtakinga av fjellskredovervakinga. At arbeida har gitt slike resultat er vi stolte av. På lokalt og regionalt nivå er begge dei utarbeidde og levande fylkesROSane grunnlag for beredskapsplanlegging, rolle og ansvarsavklaring og øvingsplanlegging. Vi håpar at ROS-analysen som blir sent til høyring i mars 20156 skal bidra på same måte innanfor eit breiare risikospekter.

## 53.3 Samfunnsplanlegging

a) Fylkesmannen i Møre og Romsdal fremja i 2014 motsegn til 7 reguleringsplanar utfrå manglande omsyn til samfunnstryggleik og beredskap. Alle motsegnene gjaldt mangelfulle risiko- og sårbarheitsanalysar og manglande samsvar mellom avdekt risiko og plankart og føresegner. Etter oppfølgande behandling i kommunane og oppfylling av aktuelle krav, er alle motsegnene trekte -- eller ligg an til å bli trekte.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje fremja motsegn mot kommuneplanens arealdel i år.

b) Rapporteringskravet om *tal på kommunar* som har mål, strategiar og planar for samfunnstryggleik i kommuneplanens samfunnsdel og andre styreingsdokument har etter vår vurdering ingen samanheng med nokon av oppdraga, oppgåvene og resultatkrava som er fastsette. Ein slik systematisk teljejobb har vi ikkje gjort, og vi tenkjer at kommuneundersøkinga er ein mykje betre metode til å skaffe slike oversikter.

Avsjekk av mål, strategiar og planar for samfunnstryggleik er imidlertid ein vesentleg del av alle tilsyn, og av dei

11 kommunane vi førte tilsyn med i 2014 var det 2 kommunar som ikkje oppfylte forskriftskravet om dette.

c) Heilskapleg ROS-analyse var tema under fagsamlinga for kommunale beredskapsmedarbeidarar 11.-12.06.2014. Heilskapleg ROS-analyse er elles eit vesentleg diskusjonstema under tilsyn.

### 53.4 Tilsyn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal førte i 2014 tilsyn med oppfølging av kommunal beredskapsplikt i 11 kommunar. Rapportering om tilsynsaktiviteten er sendt gjennom DSB si innmeldingsløysing.

## Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

### 54.1 Beredskapsforberedelser og regional samordning

a) Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2014 gjennomført to samlingar for kommunale beredskapsmedarbeidarar. Ei todagarssamling i juni og ei dagssamling med CIM som hovudtema i desember. I tillegg er diskusjon av beredskapsførebuingar og planverk ein vesentleg del av alle tilsyn. Vi har elles delteke i møte med enkeltkommunar og gitt innspel og høyringsfråsegner til kommunale beredskapsplanar.

Utover denne "normalaktiviteten" har Fylkesmannen i 2014 teke initiativ til ein større revisjon av beredskapsplanverket for for fjellskred og flodbølgjer. Fylket har tre ustabile fjelloparti som er kalssifiserte som høgrisikoobjekt og er underlagt døgnkontinuerleg overvaking. Revisjonsarbeidet tek tutgangspunkt i "Nasjonal beredskapsplan for fjellskred" og omfattar utarbeiding av nye objektplanar og revisjon av alle aktørplanar. Arbeidet er forankra i fylkesberedskapsrådet, det har ein tidshorisont fram mot ei storøving i 2016 og vil sannsynlegvis innebere mellom to og tre årsverks innsats frå fylkesmannen.

b) Alle kommunar i Møre og Romsdal har teke i bruk CIM, men i svært ulik grad. Nokre få (under fem) kommunar brukar CIM svært aktivt, både i samfunnstryggleiksarbeid og på andre tenesteområde. Erfaringa vår er elles at dei fleste kommunane brukar basisfunksjonane i CIM (loggføring først og fremst, men også rapportering) under øvingar og hendingar.

c) Når det gjeld arbeid med kraftforsyningstryggleik har 2014 vore eit normalår -- utan vesentlege hendingar eller saker. Vi er tilfredse med at utbygginga av ny 420 kV-linje mellom Ørskog og Sogndal stort sett er ferdig i vårt fylke, men er urolege for at utbygginga lenger sør trekkjer ut. Før denne linja er ferdig utbygt, er kraftforsyningstryggleiken i fylket for sårbar.

Gjennom året har vi hatt normal kontakt med KBO. KDS orienterte fylkesberedskapsrådet om kraftforsyningstryggleiken (blant anna om status for ny linje mellom Ørskog og Sogndal) og fylkesmannen deltok på KBO sitt fylkesårsmøte. Til arbeidet med revidert beredskapsplanverk for fjellskred- og flodbølgjer, har vi hatt møte med dei berørte nettselskapa og innhenta ROS-analysar og tiltaksplanar frå desse.

Når det gjeld damtryggleik har vi i 2014 delteke på eitt møte om reviderte dambrotsbølgjeberekningar.

d) Når det gjeld utbygginga av nytt nødnett, har vi gjennom 2014 følgt utbygginga og innføringa -- som no på det næraste er fullført. Vi har delteke på dei arenaer vi har vore inviterte til og halde oss oppdaterte. Til arbeidet med revidert beredskapsplanverk for fjellskred og flodbølgjer, har vi hatt møte med alle berørte ekomtilbydarar, også DNK, og vi har bede om (og fått) risikovurderingar og tiltaksplan for denne infrastrukturen i dei berørte områda.

Gjennom året har vi gjort førebelse vurderingar av behovet for å ta nødnettet i bruk i eige embete. Den førebelse konklusjonen vår er at kostandene (både arbeidstid og rein investering) sannsynlegvis vil vere større enn effekten. For vårt vedkaomande er reservesamband sannsynlegvis den strørste effekten. Vi avventar likevel prøveprosjekta hos fylkesmennene på Austlandet før vi trekkjer endeleg konklusjon.

### 54.2 Fylkesmannens beredskapsarbeid

a) Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2014 gjennomført ein større revisjon av embetet sitt beredskapsplanverk. Planverket er todelt:

eit oversiktsdokument som fastset grunnleggande retningslinjer for ansvar, organisering og tiltak

Krisestøtteverktøyet CIM som utfyller oversiktsdokumentet med bakgrunnsinformasjon, konkret plangrunnlag, tiltakskort, personell- og ressursoversikter og verktøy for varsling, informasjonsflyt og loggføring.

Planverket vart lagt fram under DSB sin beredskapsgjennomgang og testa på eigen beredskapsorganisasjon under den påfølgande øvinga. Tilbakemeldingane var gode, både frå DSB og eigen organisasjon.

b) Fylkesmannen i Møre og Romsdal fekk ikkje installert nytt gradert samband i 2014, og grunnen til det ligg hos leverandøren, ikkje hos oss. Gjennom året har vi gjort dei fleste nødvendige førebuingar til mottak, og tryggingsorganisasjonen er godkjent.

c) Fylkesmannen i Møre og Romsdal har tilstrekkeleg kompetanse i bruk av SBS.

d) Fylkesmannen i Møre og Romsdal har tilstrekkeleg mange tilsette med kompetanse til å bruke krisestøtteverktøyet CIM.

## 54.4 Øvelser

a) Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje utarbeidd ein fireårig øvingsplan slik embetsoppdraget for 2014 la opp til. Øvingsplanlegginga vår er ein del av den årlege verksemdsplanlegginga. Vi manglar derfor ein strategisk plan med eit lenger tidsperspektiv og dette vil vi prøve å få på plass i 2015, sjølv om akkurat dette kravet no er teke ut av embetsoppdraget.

b) Fylkesmannen i Møre og Romsdal var arrangør av tre øvingar i 2014:

- 11.02.2014: Varslingsøving for fylkesberedskapsrådet. Øvinga hadde ikkje scenario, men i tillegg til varslingsprosedyren omfatta øvinga også eit telefonmøte for praktisk sjekk av oppkopling og teknisk kvalitet.

- 02.06.2014: Varslingsøving for kommunane. Rein test av varslingskanalar og rutinar for tilbakemelding.

- 29.09.2014: "Øving Fårikål 2014". Diskusjonsøving der 32 av 36 kommunar deltok. Øvinga hadde desse hovudmåla:
  - Øving Fårikål 2014 skal betre kommunane si evne til å handtere situasjonar der kommunen må ta hand om ulike grupper (evakuerte, berørte, pårørande) som har vore utsette for ekstraordinære hendingar.
  - Øvinga skal også tene som årleg gjennomgang av grunnleggande beredskapsdugleik: handtering av varslingsmeldingar, etablering av kriseleiing og utnytting av krisestøtteverktøyet CIM.

I tillegg var det fastsett 6 operative delmål.

Fylkesmannen sin beredskapsorganisasjon vart i 2014 øvd under "Øving Angvika" 20.08.2015. Øvinga vart planlagt og gjennomført av DSB -- som ein del av eit pilotprosjekt med samla gjennomføring av beredskapsgjennomgang og øving. Øvinga var lagt opp som ein arbeidsverkstad med to ulike scenario med utgangspunkt i fylkesmannen sitt fagansvar: i dette tilfelelt ei forureiningshending og ei hending i skulesektoren.

"Øving Angvika" vart oppfatta som svært relevant og nyttig i eigen organisasjon.

c) Som nemnt under bokstav a) har ikkje fylkesmannen fastsett ein fleireårig strategisk øvingsplan og øvingsscenaria vert derfor valde ut som ein del av den årlege verksemdsplanlegginga -- som hovudsak med

utgangspunkt i kva embetet kjenner behov for å øve. Kva øvingar som vert arrangerte av andre aktørar, der fylkesmannen vert invitert til å delta, kan i nokre tilfelle vere styrande for val av øvingsscenario.

d) Etter Øving Angvika gav DSB desse tilrådingane:

- Embetet bør etablere ei ordning der fagavdelingane utpeikar personar med særleg ansvar for å følgje opp beredskap innanfor fagområdet.
- At informasjonsberedskapsarbeidet vert styrka, både planmessig og organisatorisk.
- At embetet tek i bruk sosiale media og at større deler av organisasjonen blir aktive brukarar av CIM.
- At det revisjonen av beredskapsplanverket frå 2014 vert ferdigstilt og forankra i heile organisasjonen.
- At beredskapsplanverket vert revidert når fylkesROS vert ferdigstilt

Oppfølging av desse tilrådingane er lagt til grunn for utarbeidinga av verksemdsplan for 2014. Embetet har planlagt nye øving i august 2015 og september 2016, og målet er at alle oppfølgingspunkta skal vere følgde opp til dess.

e) I løpet av dei fire siste åra har Fylkesmannen i Møre og Romsdal øvd både leiing og stabsfunksjonar tre gonger:

- 2011: "Øving Kraft-Ekom-Veg"
- 2012: Ingen Øving
- 2013: "Øving Selvinnlysende"
- 2014: "Øving Angvika"

f) Fylkesberedskapsrådet deltok saman med eigen beredskapsorganisasjon under "Øving Kraft-Ekom-Veg i 2011 og under "Øving Selvinnlysende" i 2013. Under sistnemnde øving var det deler av fylkesberedskapsrådet som deltok i eigenskap av ¨å vere atomberedskapsutval.

I tillegg vart det i februar 2014 gjennomført ei varslingsøving for fylkesberedskapsrådet. Øvinga hadde ikkje scenario, men i tillegg til varslingsprosedyren omfatta øvinga også eit telefonmøte for praktisk sjekk av oppkopling og teknisk kvalitet.

# Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

## 55.1 Håndtering av uønskede hendelser

Vi er under dette punktet bedne om å rapportere om dei uønskte hendingane fylkesmannen har vore involverte i. Her er det ikkje heilt lett å finne terskelen for kva og kor mange hendingar vi skal ta med.

Vi har konkludert med at to hendingar utmerkjer seg. For begge desse hendingane har fylkesmannen i ettertid teke initiativ til fellesevaluering av krisehandteringa og samhandlinga:

- Telekommunikasjonsbrot 06.03.2014
- Fare for skred frå fhellsida ved Mannen oktober og november 2014

Nedanfor er det i samsvar med oppgitte stikkord gitt korte omtalar av desse hendingane.

**Telekommunikasjonsbrot 06.03.2014**

a) Store deler av Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane vart 6. mars 2014 råka av eit omfattande telekommunikasjonsbrot. Initialfeilen var svikt i Telenor sin sentral i Ålesund. Brotet varte i 6-10 timar, frå om lag kl. 0400 om natta. Ved middagstider kom sambandet stevis opp igjen. Hendiga gav ingen alvorlege konsekvensar for liv og helse, men det skuldast tilfeldigheiter og rein flaks. Fleire titals tusen menneske var i fleire timar avskorne frå normalt samband til naudnummera.

b) Det var utfall av både fasttelefoni og mobiltelefoni i store deler av fylket. Ålesund og kommunane rundt var særleg hardt råka.

c) Under sjølve situasjonen følgde fylkesmannen utviklinga gjennom kontakt med Telenor, politiet og media. Vi prøvde å halde eit oppdatert situasjonsbilde og formidle dette oppover og nedover. Situasjonen gjekk heldigvis mot avklaring før vi rakk å gjere så mykje meir, jf. neste punkt.

Etter hendinga tok fylkesmannen og Sunnmøre politidistrikt felle initiativ til eit heildags evalueringsmøte. I dette møtet deltok både teletilbydarane, Post- og teletilsynet og representantar for kommunar og vesentlege beredskapsaktørar.

d) Fylkesberedskapsrådet var minutt unna å bli kalla inn til telefonmøte(!) -- dei vi ev. hadde fått tak i. Fylkesmannen var ikkje råka. Planen var å bruke fylkesberedskapsrådet til å utfylle situasjonsbildet, avklare eventuelle behov og prioriteringar. Vi fekk imildertid beskjed om at feilen var lokalisert og reetablering av telekommunikasjonen var nært føreståande. Innkallinga vart derfor ikkje gjennomført. Aktuelle medlemmer vart i staden inviterte til evalueringsmøtet i etterkant.

e) Denne hendinga har ei teknisk side og eit teknisk oppfølgingsløp som overfor tilbydarane er ivareteke av Post- og teletilsynet. I tilleg har hendinga ei konsekvensside som i korte trekk går ut på at alle samfunnsaktørar og beredskapsaktørar i særdelesheit må vere budde på å takle situasjonar der telekommunikasjonane vert brotne. For fylkesmannen har det vore viktig å vere tydeleg om dette -- både ved å ta initiativ til evalueringsmøtet etter denne konkrete hendinga, men også elles. Mottiltaka handlar om både kartlegging av eiga sårbarheit, styrking av varslingsvegar og å bygge robustheit i eigne informasjonskanalar. Hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal har vi som hovudstrategi valt å sørge for å ha tilgang til satellittbasert telefoni og breiband. Sommaren 2014 kjøpte vi to nye satellittelefonar og vi fekk installert satellittbasert breiband.

Mannen, oktober og november 2014

a) I begynnelsen av oktober 2014 vart det påvist risiko for utgliding av eit mindre fjellparti like ved det overvaka høgrisikofjellet Mannen i Romsdalen. Faresonevurderingar konkluderte med at busetnaden på garden Lyngheim og ein strekning av Raumabanen var truga. Busetnaden var evakuert frå 22. oktober til 3. desember. Jernbanen var stengt for persontrafikk i sameperiode og for godstrafikk fram til 10. november.

Hendinga vekte ekstrem intersse i media, og til sjuande og sist skjedde det ingenting -- i haust. Rørslene i fjellet stoppa opp. Tyngdekrafta og renannde vatn vart innhenta av vinter og frost. Det er imidlertid sannsynleg at rørslene vil tilta igjen til våren eller sommaren, og alle partar er budde på ein ny runde.

b) Hendinga hadde berre konsekvensar for Rauma kommune.

c) Sjølve hendinga vart handtert og samordna lokalt – i og rundt kommunal kriseleiing. Fylkesmannen si primæroppgåve var samordning og situasjonsbildebygging for det regionale kollektivet som var involvert og situasjonsrapportering til nasjonalt nivå.

Etter hendinga tok fylkesmannen initiativ til eit heildags evalueringsmøte for alle involverte aktørar.

d) Det vart gjennomført fem telefonmøte i fylkesberedskapsrådet. Både eigne erfaringar og tilbakemeldingar frå deltakarane er eintydige på at desse møta var nyttige og effektive. Dei var ein god arena for informasjonsdeling, bygging av felles situasjonsforståing og diskusjon av samhandling.

e) Etter evalueringsmøtet er desse momenta noterte:

- Hendinga og erfaringane som er delte viser at samhandling er avgjerande for å lukkast. Og for å samhandle godt, må oppgåvefordeling og roller vere tydelege og avklarte.
- Hendingane og erfaringane viser at mediehandteringa fort blir den største og mest krevjande delen av krisehandteringa. Slik er det, og det må alle forhalde seg til. For å stå betre rusta til neste fjellskredhending,

bør det utarbeidast ein mediestrategi og informasjonsberedskapsplan. Dette arbeidet er iverksett av arbeidsgruppa som reviderer fjellskredberedskapsplanane i Møre og Romsdal.

- I alle krisesituasjonar er det direkte berørte. Beredskapsstyresmaktene skal alltid ha særskilt merksemd mot desse. Rutinar og verktøy for varsling og informasjonsformidling til berørte er viktig. Både denne hendinga og tidlegare hendingar viser at sms-verktøy er svært effektive.
- Telefonmøta i fylkesberedskapsrådet var nyttige og effektive. Her har vi funne ei god form for informasjonsdeling, bygging av felles situasjonsforståing og diskusjon av samhandling.
- Hovudsporet for oppfølging av læringspunkta er gjennom det pågåande arbeidet med revisjon nasjonal beredskapsplan for fjellskred og fjellskredberedskapsplanverket for fjellskreda i Møre og Romsdal.

# Ressursrapportering

| Resultatområde | Kapittel 0525 | Fagdep. |
|---|---|---|
| 51.2 Vergemålsloven | kr 89 604,11 | kr 6 295 074,05 |
| 52.1 Fri rettshjelp | kr 715 267,81 | kr 45 658,26 |
| 53 Forebyggende samfunnssikkerhet | kr 886 413,67 | kr 0,00 |
| 54 Beredskapsforberedelser | kr 1 490 969,71 | kr 0,00 |
| 55 Regional og kommunal krisehåndtering | kr 490 781,08 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under JD | kr 86 456,47 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 3 759 492,00 | kr 6 340 732,00 |

# Kommunal- og moderniseringsdepartementet

## Resultatområde 60 Ledelse, virksomhetsstyring og administrasjon

### 60.2 Mangfold og likeverd

**Lønn**

| | | Kjønnsbalanse | | | Lønn | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | **m%** | **k%** | **Totalt(N)** | **m (kr/%)** | **k (kr/%)** |
| Embetsledelse/direktør | 2014 | 50,0 | 50,0 | 8 | 100 | 0,0 |
| | 2013 | 50,0 | 50,0 | 8 | 100 | 0,0 |
| Seksjonssjef/ass. direktør | 2014 | 71,4 | 28,6 | 7 | 100 | 0,0 |
| | 2013 | 63,6 | 36,4 | 11 | 100 | 0,0 |
| Saksbehandler I | 2014 | 24,4 | 75,6 | 45 | 100 | 95,6 |
| | 2013 | 40,0 | 60,0 | 20 | 100 | 0,0 |
| Saksbehandler II | 2014 | 27,7 | 72,3 | 65 | 100 | 92,2 |
| | 2013 | 27,3 | 72,7 | 77 | 100 | 0,0 |
| Kontorstillinger | 2014 | 11,8 | 88,2 | 17 | 100 | 85,0 |
| | 2013 | 12,5 | 87,5 | 16 | 100 | 0,0 |
| Fagarbeiderstillinger | 2014 | 100,0 | 0,0 | 3 | 100 | 0,0 |
| | 2013 | 80,0 | 20,0 | 5 | 100 | 0,0 |
| Unge arb.takere inkl lærlinger | 2014 | 0,0 | 100,0 | 2 | 100 | 0,0 |
| | 2013 | 0,0 | 100,0 | 2 | 100 | 0,0 |
| Totalt i embetet | 2014 | 29,3 | 70,7 | 147 | 100 | 117,0 |
| | 2013 | 33,1 | 66,9 | 139 | 100 | NaN |

**Deltid**

| | | Deltid | | Midlertidig | | Foreldreperm. | | Legemeldt fravær | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | **M%** | **K%** | **M%** | **K%** | **M%** | **K%** | **M%** | **K%** |
| Totalt i virksomheten | 2014 | 20,0 | 80,0 | 15,4 | 84,6 | 25,0 | 75,0 | 0,0 | 0,0 |
| | 2013 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |

**Ansatte**

| | Ledere med personalansvar | | | Medarbeidere | | | Lønn | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **2014** | **M%** | **K%** | **Totalt** | **M%** | **K%** | **Totalt** | **M%** | **K/M i %** |
| FMMR | 57,1 | 42,9 | 14 | 27,5 | 72,5 | 138 | 100 | 89,3 |

# Resultatområde 61 Samordning og modernisering i kommunene

Eit viktig utgangspunkt for Fylkesmannen sine samordningsoppgåver er knytt til sektorisering av forvaltninga. Nye ansvarsområde og auka kompleksitet blir møtt med krav om fagleg spesialisering og fordjuping. Følgjene av dette vil ofte vere fragmentering og mangel på heilskapstenking i embetet; både internt og eksternt. Eit overordna mål for Fylkesmannen si samordninga er å redusere ulempene ved sektoriseringa og medverke til gode heilskaplege løysingar. Ei viktig utfordring for Fylkesmannen er å framstå som ein samla etat. Samordningsrolla og samordningsoppgåvene til Fylkesmannen er, sett i lys av dette, viktigare enn tidlegare.

Samordning har mange nivå og former. Vi nyttar samordningsstegen som utgangspunkt for rammeverket rundt samordning;

1. aktørane snakkar saman og veit kva dei andre gjer
2. aktørane veit kva dei andre gjer, og tek omsyn til det
3. aktørane planlegg saman
4. aktørane definerer felles mål og integrerer virkemiddelbruken
5. aktørane gjer avvegingar og prioriteringar.

Behovet for samordning er både internt og med eksterne aktørar. Den eksterne samordninga skjer både horisontalt med andre regionale aktørar og vertikalt mellom det lokale og det sentrale. I praksis skjer intern og ekstern samordning etter (1) faste, årlege planer, (2) tidsavgrensa planer eller (3) ad-hoc-initiativ. Samordning skjer òg som ein hybrid av dei ymse samordningsstega, -nivåa og -planene. Det viktigaste er at behovet for samordning vert løyst.

Vi held fram arbeidet med å etablere gode og effektfulle løysingar for korleis vi kan ivareta samordningsoppgåvene. I OU-prosessen som starta i 2012 var samordning eit av dei sentrale hovudområda, der fleire tiltak vart vedteken for å betre samordning. Som eit direkte resultat av OU-prosessen vart det etablert ei eiga stabseining for informasjon og kommunal samordning, direkte underslagt embetsleiinga. Ulike oppgåver knytt både til fagleg samordning og til kommuneretta samordning blir lagt hit. Fleire tiltak vil bli iverksett og vi skal i gang med evaluering av dei allereie igangsette tiltaka.

**Samordning, samarbeid og samhandling saman med regionale aktørar**

<u>Regionråda</u>

Fylkesmannen har i 2013 prioritert å delta på møta i regionråda. Det er 3 regionråd i fylket;

Sunnmøre regionråd har med 17 kommuner

Romsdal regionråd har med 7 kommuner + en kommune fra nordmøre

Nordmøre regionråd har med 11 kommuner

Alle regionråda har sett opp "fylkesmannen sin halvtime" som fast post på sakskartet. Her gjev vi informasjon om siste nytt; spesiell utfordringar eller at ein av direktørane tek for seg fagtema. Eks skuleeigarrolla. Vi har fått god tilbakemelding på at fylkesmannen prioriterer denne arenaen, og vi ser allereie effekten med at ordførarar og rådmenn tek meir kontakt enn tidlegare.

Fylket har mange kommunar. På grunn av storleik og geografi er det lange reiseavstander. Erfaring viser at ikkje alle kommunane deltek på viktige konferansar/samlinger på fylkesnivå. For å treffe alle kommunane spelar regionråda ein viktig rolle. Mindre fora gjer også at terskelen for tilbakemelding til fylkesmannen er lågare.

Fylkeskommunen

Vi har tett kontakt med fylkeskommunen på ymse områder. Vi har samarbeid om utarbeidinga av statistikkhefter og analyse av samfunnsforhold, og spesielt rundt demografise endringar. I forlenginga av det bidrar fylkeskommunen til rapporten vår om «Utviklinga i kommuneøkonomien», medan vi skriv innlegg om Kostra med tal til deira publikasjon «Fylkesstatistikken». I 2014 var datagrunnlag knytt til kommunereforma diskutert før både fylkesstatistikken og kommunestatistikken.

Slik vi tolkar retningslinjene for skjønnstildelinga 2013, vart det i punktet om omstilling og fornying lagt større vekt på kommunen som samfunnsutviklar. I samband med det hadde vi eit møte med fylkeskommunen om samfunnsutviklinga i kommunane spesifikt og i fylket generelt. I forlenginga av det er det viktig kva for rolle fylkeskommunen og vi har, og kva for virkemiddel fylkeskommunen og vi har tilgjengeleg, og korleis vi kan samordne oss til beste for fylket. For fylkesmannen vil det vere i større grad å sjå kommunane utover det som inngår i fylkesmannen sin primære oppgåveportefølje, men likevel avgrense oss mot dei oppdrag og roller vi har i ymse samanhengar.

Vi ser at slik oversikt og samordning er ønskjeleg og velkomen, og er grunnlag for heilskapleg og samanhengande analyse, planlegging og styring av fylket frå regionalt plan.

KS

Vi samarbeider med KS om å spreie informasjon om det økonomiske opplegget for kommunesektoren. I samarbeid arrangerer vi årlege konferansar knytt til kommuneproposisjonen og statsbudsjettet. Konferansane tener som ein arena der stat ved departement og fylkesmann møter kommunesektoren. Sjølv om hovudbodskapen er det overordna økonomiske innhaldet i budsjettet og den økonomiske stoda og måloppnåinga for kommunane i fylket, er det rom for andre meir spesifikke tema. I fjor vart det lagt vekt på kommuneøkonomien og statusen med Robek-kommunane i fylket.

Vi ser at den krevjande økonomiske situasjonen i fylket ikkje er forbipasserande. Skal kommuneøkonomien i fylket betre seg og halde seg på eit berekraftig nivå, er det naudsynt å sette trykk god økonomiforvaltning. I samarbeid med KS ønskjer vi å sjå på korleis vi kan bidra til betre økonomiforvaltning i kommunane.

## 61.1 Kommunerettet samordning

### 61.1.1 Kommunebilde

Gjennom å etablere og systematisere informasjonsflyt avdelingane imellom og opp mot leiinga, får vi eit heilskapleg grunnlag og eit strategisk verktøy for den kommuneretta samordninga. Dette i skjeringspunktet mellom lokale forhold og lokal utvikling i høve nasjonale styringssignal, satsingar og måltal. Resultatet av dette arbeidet er eit kommunebilde som vert utarbeidd for kvar kommune. Kommunebildet er bygd opp rundt våre forventningar til kommunane på bakgrunn av statlege styringssignal og embetet sin totale kommunekunnskap generert gjennom sakshandsaming, rapporteringar, statistikk og andre kontaktpunkt med kommunane. Grunnlaget her vert nytta i dialogen med kommunane om samarbeid og samhandling om viktige område og utfordringar i fylket.

Dialogdokumentet vil saman med kommunestatistikk og andre aktuelle grunnlagsdokument vere eit naturleg utgangspunkt for Fylkesmannens opplegg for samordna kommunebesøk i den aktuelle kommunen. Dokumentet vil bli oppdatert/revidert i samband med dette.

Innhaldsmessig rettar dokumentet søkelys mot følgjande tema:

- Lokal samfunnsutvikling og kommunesamordning
- Justis og beredskap
- Oppvekst og utdanning
- Helse og sosial
- Miljøvern og arealforvaltning
- Landbruk

Tema/kapittelinndeling avspeglar i hovudsak strukturen i fagavdelingane hos Fylkesmannen. For kvart tema blir presentasjonen bygd opp rundt tre hovudpunkt:

- *Fylkesmannen sine fokusområde*
  - omfattar relevante og konkrete forhold for gjeldende kommune med utgangspunkt i statlege forventningar og politikk, samt Fylkesmannens kjennskap til kommunen
  - *Fylkesmannen sitt bilde av kommunen*
    - *omfattar ei kort oppsummering av kommunens status i forhold til Fylkesmannens fokusområde og eventuelle andre relevante forhold*
- *Dialogpunkt*
  - omfattar forhold der Fylkesmannen ønskjer ein dialog med kommunen

Avslutningsvis i dokumentet er det lagt opp til dialogpunkt med søkelys på vidare dialog og samarbeid mellom Fylkesmann og kommune, gjerne på tvers av tema og fagområde.

Som vedlegg til dokumentet er det m.a. tatt med aktuelle lenker til:

- Statistikk
- Tabellar/figurar/kart
- Planar/dokument m.m.

Det er viktig å understreke at kommunebildet frå Fylkesmannen si side ikkje er meint som eit uttømande bilde av kommunen, men at dokumentet rettar søkelyset mot forhold der kommunen har eit handlingsrom eller utviklingspotensial som det er viktig å ha dialog om. Dokumentet er meint å gi ei rask, samla oversikt over ulike utfordringar kommunen har. Dei ulike punkta kan elles i ulik grad vere kvalitetssikra, og vil heller ikkje representere ein fasit eller objektivt syn på situasjonen i kommunen.

Kommunebildet blir sendt til kommunen før kommunebesøket. Kommunen kan kome med innspel på tema til kommunebesøket. Frå embetet møter fylkesmannen og assisterande fylkesmann saman med aktuelle direktørar etter kva for tema som er på agendaen. Kommunebilda blir fortløpande lagt ut på Fylkesmannens heimeside etter kvar som dei vert utarbeidde.

### 61.1.2 Forum

For å sette trykk bak fylkesmannens kommuneretta samordning er det naudsynt med gode verktøy og fora. Kommunebilde, skjønnsmidlane er viktige verktøy, medan viktige fora er

#### 61.1.2.1 Forum for prosjektskjønn

Forum for prosjektskjønn skal ivareta utviklingsrolla fylkesmannen har i høve til kommunane, jf embetsoppdrag 61.2. I forumet deltek leiarar frå kvar avdeling og kommuneøkonomane for å ha god mynde og kompetanse innan alle område. Forumet er eit strategisk tankeloft og skal identifisere, kartlegge og foreslå satsningsområde. Forumet fungerer óg som eit knutepunkt mellom avdelingane for informasjonsutveksling og erfaringsoverføring om gode idéar og modellar for korleis å løyse utviklingsoppdraget.

#### 61.1.2.2 Statistikkforum

Fylkesmannen er i fleire embetsoppdrag gitt i oppgåve nytte statistikk både til oppgåveløysinga og for å spreie kunnskap om måloppnåing i kommunane for analyse, vurdering og prioritering på nasjonalt-, regionalt og lokalt plan. Statistikkforum skal bidra med meirverdi til dette.

#### 61.1.2.3 Tilskotsforum

Tilskotsforum skal bidra til oversikt over dei tilskota fylkesmannen forvaltar, både internt og eksternt. Gjennom forumet leggast det opp til kompetanseoverføring om tilskotsmetodikk og verktøy mellom dei ulike tilskota.

Forumet kan vere eit grunnlag for eventuell samordning av tilskot.

#### 61.1.2.4 Tilsynsforum

Arbeid med reetablering av tilsynsforum er påstarta. Med utgangspunkt i dei ulike tilsynsoppgåvene ved fagavdelingane i embetet er det ei målsetting å kunne utvikle ein felles tilsynskultur. Dette omfattar m.a. oppgåver knytt til samordning, planlegging, felles tilsynskalender, erfaringsdeling, felles kurs og møte med kontrollutvala. Tilsynsforum skal vere eit rådgivande organ.

#### 61.1.2.5 Planforum

Fylkesmannen har saman med fylkeskommunen eit viktig ansvar for rettleiing og kunnskapsformidling retta mot kommunane innan kommunal planlegging etter plan- og bygningslova. Regionalt planforum er her etablert som ein nytting samordningsarena for gjennomgang og drøfting av aktuelle plansaker på høyring. Kommunane vil her tidleg i planprosessen kunne legge fram planutkast for faglege tilbakemeldingar og vurderingar i møte med representantar for fylkeskommunen, Fylkesmannen og frå andre regionale statsetatar.

## 61.2 Modernisering i kommunene

Embetet har dei siste åra endra strategien for prosjektskjønnet. Strukturen liknar no meir på ein «fylkesmannstyrt tildelingsmodell» enn ein «normalmodell» i høve til kategoriseringa til NIVI i deira undersøking om fylkesmennene sitt arbeid med omstilling og fornying. Ønskje bak endringa var å bistå kommunane meir aktivt i utviklings- og fornyingsarbeidet.

Alle kommunane vert invitert til å søkje prosjektskjønn. I brevet til kommunane gir vi informasjon om retningslinene for skjønnstildelinga, inkludert sentrale satsingar, og våre satsingsområder for fylket. Søknadane frå kommunane blir gjennomgått av fagavdelingane for kvalitetssikring og rettleiing/oppfølging.

Prosjekt som vi støtter gjennom prosjektskjønnet er av reell utviklingskarakter. Dette er typisk utvikling av nye modellar eller arbeidsmetodar, pilotprosjekt eller andre prosjekt som går ut på nybrotsarbeid. Lakmustesten er at resultatet til prosjektet har overføringsverdi til andre kommunar. I det ligg det at vi til dømes ikkje støttar kommunar i prosjekt som går ut på å heve kommunen opp til eit fylkesgjennomsnitt, eller av typen kompetansetiltak for tilsette i kommunane. Det ser vi på som ordinære driftstiltak, og fell ikkje inn under ordninga.

Endringa vi har gjort inneber at vi har bestemte satsingsområder. Arbeidet med satsingsområda skal vere langsiktig for å gi området eit reelt løft, og for å sikre varig læring og leggje til rette for nettverksbygging mellom kommunane.

For å identifisere satsingsområdane nyttar vi vår totale kunnskap om lokale utfordringar og problemstillingar i kommunane, og ser det i høve statlege mål, satsingar og politikk. I 2013 var Betre oppvekst (barn og unge), Velferdsteknologi innen omsorgstjenesta, Truande plantearter, Spesialundervisning og læringsmiljø samt Samfunnstryggleik og beredskap satsingsområda hjå oss.

Satsingsområda må ha ein heilskapleg strategi som inneheld (1) tema, (2) klart definert mål, (3) opplegg for oppfølging og (4) opplegg for erfaringsspreiing. Strategien for satsinga må vere klar før den vert vedteken og forankra i ledermøte i embetet.

For å betre samordninga er det oppretta eit internt forum for prosjektskjønnet. Forumet skal operere på eit overordna og strategisk nivå, og har i oppgåve å samordne aktivitetane i prosjektskjønnet. Forumet har medlemmer frå kvar avdeling på minst mellomleiingnivå for å sikre forankring samt heilskapleg kommunekunnskap og fagkompetanse innanfor avdelinga si oppgåveportefølje. Deltakarane fungerer som eit knutepunkt mellom prosjektskjønnet og avdelinga, og har eit utvida ansvar i å formidle informasjon om retningslinjene for skjønnstildelinga til avdelinga, og for å kome med innspel og tilbakemelding frå avdelinga si til forumet. I forumet vert erfaringar utveksla og diskutert for å spreie gode døme på korleis ein legg opp til gode satsningar.

Vi har også samarbeid med FMST og FMNT innafor satsinga om velferdsteknologi. Somme kommunar i fylket deltek i diverse prosjekt med kommunar i Orkdalsregionen i Sør-Trøndelag som både Fylkesmannen i Sør-Trøndelag og vi støttar.

Sjå også pkt 2.1.

Vellukka prosjekt

- Ålesund kommune - Velferdsteknologi: GPS-sporing. Prosjektet har testa GPS-sporing og viser at brukarar, pårørande og personalet i kommunehelsetensta ønskjer å ta i bruk lokaliseringsteknologi for å øke tryggleik og fridom i kvardagen. Det blir ikkje oppfatta som overvakning. Vi meinar prosjektet er eit verdifullt bidrag til eit sentralt tema i dag, og i tida framover. Vi har vore pådrivar for å opne opp arenaer der erfaringane kan spreiast; Prosjektet har spreia erfaring via "Det midtnorske velferdsteknologiprosjektet" sitt opplegg, i regionråd, ved kommunebesøk frå internt i fylket og frå utanfor fylket (Gjøvik-regionen), i KS sine konferansar, Trygge spor II, m.v. og prosjektet har rapportert skriftleg. Prosjektet har hatt ein god del omtale i media: det er viktig fordi dette også er ein modningssak i samfunnet.

- Ytre Nordmøre (Averøy, Aure, Kristiansund og Smøla kommunar - Rett diagonse, men feil medisin? - Endringsarbeid rettet mot økningen av spesialundervisning 2011-2013. Prosjektet har sett på årsakane til høg vekst i bruken av spesialundervisning i skulen. Vi meiner prosjektet har kasta lys over fleire sentrale årsaker som mange kommunar har utfordringar med. Prosjektet har rapportert skriftleg og prosjektet har presentert erfaringane til andre kommunar, i nettverk og PPT-kontor, også frå andre delar av landet.

## 61.3 Samordning av statlig tilsyn

Vi har oppretta eit tilsynsforum for embetet. Formålet med tilsynsforumet er å utvikle ein felles tilsynskultur og å samordne og koordinere tilsyna mest mogleg både internt og eksternt. Tilsynsforumet skal vere ein arena for erfaringsdeling og vi skal møtast fire gonger årleg.

# Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser på netto driftsresultat som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane. Fylkesmannen støttar seg til tilrådinga frå TBU om at netto driftsresultat bør utgjere minimum 3 til 3,5 prosent av brutto driftsinntekter over tid. Netto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal har det siste året heldt seg på 2,1 prosent av brutto driftsinntekt, det same som året før. Det er likevel ein del faktorar som talar for at den underliggande økonomiske balansen i kommunane framleis er svak.

Kommuneøkonomien står ovanfor fleire utfordringar i åra framover:

- Uro i internasjonal økonomi fører til lågare inntektsvekst enn tidlegare år
- Auka pensjonskostnadar på grunn av låg rente og høg lønnsauke
- Endringar i folketal og alderssamansetning
- Høg gjeld og forventningar om høgare rente
- MVA-kompensasjonen frå investeringar kan ikkje nyttast til driftsføremål
- Kommunereforma

Kommuneøkonomien må vere solid no for at den skal kunne stå seg mot utfordringane framover. Rapporten viser at det er fleire utviklingstrekk som tilseier at kommuneøkonomien i Møre og Romsdal svekker seg.

Kommunane i Møre og Romsdal får stadig høgare netto lånegjeld. I løpet av 2013 aleine auka netto lånegjeld med 1,0 prosentpoeng, til 91,1 prosent av brutto driftsinntekt. Det er om lag 15 prosentpoeng høgare enn kommunane i Noreg utanom Oslo. Det er i hovudsak tre årsaker til at gjelda til kommunane i Møre og Romsdal aukar meir enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo). Dei er at kommunane i Møre og Romsdal har eit litt høgare investeringsnivå, lånefinansierar ein større del av investeringane og nyttar litt lenger tid på å betale ned gjelda enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo).

Gjeldsoppbygginga i kommunane gjer dei meir sårbar for framtidige renteaukingar. Kommunar med høg lånegjeld er avhengig av eit relativt høgare brutto driftsresultat for å få eit netto driftsresultat på nivå med tilrådinga. Brutto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal har svekka seg det siste året, og har gått ned frå 2,9 prosent i 2011 til 2,4 prosent i 2013, målt i brutto driftsinntekt. I mange kommunar er driftssituasjonen

stram. I ein slik situasjon er buffere nødvendig for å kunne takle svingingar på både inntekts- og utgiftssida. Kommunane i Møre og Romsdal har lite oppsparte midlar på disposisjonsfond, og det skal ikkje mykje til før det oppstår underskot.

Skal kommunane i Møre og Romsdal halde netto driftsresultat på nivå med tilrådinga frå TBU, er det naudsynt å auke inntektene eller redusere tenesteproduksjonen for å oppretthalde økonomisk balanse.

## 62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

Lovlegkontroll etter kommunelova § 59

I 2014 handsama vi ingen lovlegkontrollar etter kl § 59 som gikk på økonomireglane i kommunelova kapitel 8 og 9 på budsjett og økonomiplan.

Godkjenning av låneopptak for interkommunale selskap

Vi har hatt seks søknader inne til handsaming i 2014. Fem vart godkjent i tråd med søknad og den sjettet trengte ikkje godkjenning av fylkesmannen.

Godkjenning av kommunale garantiar

Vi fikk inn 25 søknader om kommunale garantiar i 2014. Tre søknader vart avslått grunna den økonomiske situasjonen til garantiobjektet eller at dei var mindre enn 500 000 kroner. Det vart godkjent ti søknadar om simpel kausjon, og femten søknadar om sjølvskuldnar kausjon.

Godkjenning av vedtekter til kraftfond

Vi hadde ingen saker i fjor.

Godkjenning av låneopptak til kommunar i Robek

Godkjenning av låneopptak til kommunar i Robek er nærare omtalt under pkt 62.2.

Vi har ikkje registrert antall vedtak på søknadar om godkjenning av langsiktige leigeavtalar. Det går ikkje klart fram at vi skal rapportere på dette, men vil starte med det frå 2015 av.

## 62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

### 62.2.1 Rettleiing i regelverk og vidareformidling av informasjon

Rettleiing om økonomireglane i kommunelova kapittel 8 og 9 med tilhøyrande forskrifter, blir gitt skriftleg i samband med kommunane sine budsjett og økonomiplan samt rekneskap. Der vert presiseringar og endringar med betydning for komande handsaming i kommunane gitt informasjon om. Om det skjer presiseringar eller endringar i løpet av året med umiddelbare konsekvensar blir det sendt ut skriftleg, gjerne med kopi på e-post til personane det gjeld (rådmann/økonomisjef), og lagt ut på nettstaden vår.

Vi arrangerer konferansar knytt til kommuneproposisjonen og statsbudsjettet i lag med KS. Tema er naturleg nok det overordna innhaldet i framlegga, men det er også knytt opp mot meir spesifikke tema. I 2014 var deltema innovasjon på kommuneproposisjonen og NIVI si analyse om interkommunale samarbeid ved statsbudsjettet.

Vi har mykje rettleiing utanom dei faste postane nemnt ovanfor. Denne rettleiinga går pr brev, telefon og/eller e-post. Dette gjeld rettleiing der kommunane henvender seg til oss, men ikkje minst der vi må ta initiativ ovanfor kommunane. Ofte gjeld dette mindre saker, men ikkje desto mindre ressurskrevjande i form av tidsbruk. Det er vanskeleg å planleggje for slik tidsbruk, og i periodar er rettleiingsbehovet frå kommunane omfattande, og større enn det vi har moglegheit til å prioritere om vi skal ivareta andre oppgåver og oppdrag. Vi er lei for at kommunane i alle saker ikkje får oppfylt rettleiingsbehovet.

Vårt inntrykk er at kommunar kan få utfordringar med økonomiforvaltninga om økonomisjefen i kommunen

sluttar. Det ser ut for oss som om kommunane ikkje i tilstrekkeleg grad klarer å få eit robust fagmiljø som ikkje er avhengig av einskilde personar. Vi har døme på kommunar som over ein kort tidsperiode har fått ny rådmann og økonomisjef. Vi ser at dei kommunane har eit vakuum når det gjeld økonomiforvaltninga i kommunen, og har store utfordringar med å overhalde relativt enkle krav i kommunelov og forskrift. Dette ser vi skjer i kommunar opp til 10 000 innbyggarar. I slike situasjonar har ikkje fylkesmannen kapasitet til å dekke heile rettleiingsbehovet. Vi følgjer likevel dei kommunane tett opp, og vonar at utfordringane vert løyst på kort sikt.

Vi har dialog med kommunerevisjonane løpande, gjerne uformelt via telefon og andre kommunaløkonomiske fora. Sakene her kan vere om både revisjonen av rekneskapen og forvaltningsrevisjon, og om forståinga av lovverk og grad av reaksjon i dei ulike sakene.

Gjennom oppdragsporteføljen møter vi andre aktørar enn kommunane. Til dømes har vi kontakt med bankar og private barnehagar gjennom godkjenning av kommunale garantiar og interkommunale selskap og deira revisorar gjennom godkjenning av låneopptak. Vårt inntrykk er at dei har eit perifert forhold til kommunelova med tilhøyrande forskrifter. Disse opererer med eit tankesett som stemmer overeins med bedriftsøkonomiske prinsipp, men som ikkje er kompatibel med prinsippa i kommunelov og forskrifter. Forståinga for kva som ligg til grunn for den einskilde regel, og at dei må ta omsyn til dei, kan til tider vere vanskeleg. Det kan vere elementære reglar, til dømes at avdragstida på investeringsobjekt ikkje kan vere lengre enn investeringsobjektet si levetid eller at ein ikkje kan ta opp langsiktige lån til driftsføremål. Det gjer at sakshandsaminga er tidkrevjande for vår del, men ikkje uviktig.

Vi har hatt mange møter med kommunar gjennom 2014. Det er møter der kommunane treng råd og rettleiing, samt ønskjer å diskutere sin eigen situasjon. Andre møter var til dømes knytt til skjønnstildelinga, inntektssystemet, kommunale garantiar, kommunereforma, Robek og den økonomiske utviklinga til kommunen med meir.

Lokalt har KS og NKK faggrupper for kommuneøkonomi. Vi har i 2014 teke initiativ til å samordne dei fylkesvise økonomigruppane for å få meir trøkk bak samlingane. For å få til dette er det inngått samarbeidsavtale mellom oss, KS og NKK.

### 62.2.2 Fordeling av skjønnsmidlar

På bakgrunn av den fylkesvise skjønnsramma deler vi skjønnsramma i tre hovudkategoriar; ordinært skjønn, prosjektskjønn og tilbakeholdt skjønn. Vi har også i oppdrag å bistå departementet ved skjønnstildeling i aktuelle saker, i 2014 var det etter ras og fjellpartiet Mannen.

#### 62.2.2.1 Ordinært skjønn

Tildelingsprosessen for kvart år startar i juni. Då sender vi ut invitasjon til alle kommunane i fylket om å kome med innspel til skjønnsfordelinga. I brevet går vi gjennom retningslinjane frå departementet. Grunna at brevet frå departementet ikkje kjem før i andre halvdel av august speglar informasjonen til kommunane siste års retningslinjer. Om lag 2/3 av kommunane har dei siste åra kome med innspel. Vi meiner at kommunane kunne vore meir aktive her.

For å kome fram til tildelinga, er det naudsynt å trekke på heile embetet sin kompetanse og kommunekunnskap. Innspela frå kommunane vert systematisert og sendt til fagavdelingane for kvalitetssikring. Dette vert fulgt opp med eit møte med kvar avdeling der innspela frå kommunane vert gått igjennom. Fagavdelingane har sjølv høve til å kome med innspel på bakgrunn av forhold i retningslinjene, eigne saker, samt offentleg og anna statistikk. Om kommunane har innspel om andre forhold som ikkje inngår i fylkesmannen si oppgåveportefølje vert rette instans kontakta.

Vi ser at somme kommunar har store utgifter som ikkje vert fanga opp av inntektssystemet. Det gjeld utgifter av midlertidig karakter, men ikkje minst utgifter som er gjentakande innanfor utgiftsdrivande tenester. Det er i første rekke utgifter til barnevern, språkdeling, resurskrevjande tenestemottakarar, m.f. Skjønnsmidlane er eit viktig verkty for at kommunane skal ha like moglegheiter til å yte gode tenester.

#### 62.2.2.2 Prosjektskjønn

I 2014 handsama vi over 70 søknadar om tilskot til prosjekt. Omsøkt beløp var på om lag 35 millionar kroner. Vi tildelte om lag 8,2 millionar kroner til 29 prosjekt. I tillegg tildelte vi ca 2 millionar kroner til kommunereformarbeid gjennom dei tre regionråda. Talet på søknadar og omfanget i søknadane tyder på at prosjektskjønnet er sett på som eit viktig bidrag i innovasjons- og utviklingsarbeidet i kommunane.

Sjå pkt 2.1.2 og 61.2 for meir om tildelinga til innovasjons- og utviklingsprosjekt.

#### 62.2.2.3 Tilbakeheldt skjønn

Vi held tilbake skjønn til fordeling gjennom året. I løpet av året tildeler vi skjønn knytt til ressurskrevjande tenestemottakarar etter at vi har fått nye og oppdaterte tal frå Helsedirektoratet. Ein del av det tilbakehalte skjønnet går til innovasjons- og utviklingsprosjekt. Vi held igjen 500 000 kr til kvar Robek-kommune som vert utbetalt avhengig av kommunen sitt arbeid med forpliktande plan og budsjettbalanse.

#### 62.2.2.4 Ekstraordinære skjønnsmidlar etter Dagmar

I 2014 heldt vi fortsatt på med ettervirkningar frå Dagmar og fulgte opp bilag som kommunane hadde uteståande. Det er fortsatt tre kommunar som ikkje har gjort ferdig reparasjonane og har rapportert at dette vil bli gjort i 2015.

Vi meiner at ordninga er unødvendig byråkratisk og rigid. Kommunane og vi vil vere betre tent med å ha ordningar som er meir fleksibel når det kommer til tildeling av skjønnsmidlar etter ekstraordinære hendingar. Dette er ein unødvending tidsstjuv.

### 62.2.3 Robek

Vi ser at mange kommunar i Møre og Romsdal er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Talet på Robek-kommunar gikk opp frå seks til åtte i 2014 - Ålesund og Volda kommunar nyinnmeldt. Det var til dømes 6 kommunar som fikk underskot i 2013. Oppfølging av Robek-kommunane har difor vært ei av to hovudprioriteringar innanfor kommuneøkonomi i 2014. Vi har fått signal om at kanskje 3 kommunar vil bli meldt ut i 2015.

Vi ser at i somme tilfelle kjem Robek-kriteria seint inn. Fleire av kommunane i Møre og Romsdal blir ikkje meldt inn før dei har meirforbruksom er 3 år gamle. Til dømes Ålesund kommune hadde meirforbruk kvart år sidan 2011, og blei ikkje meldt inn før seinsommaren 2014. Dette gjeld fleire kommunar.

I samband med lovlegkontrollen av budsjettet til Robek-kommunane, gjer vi òg ein analyse av drifts- og investeringsbudsjettet. Denne tilbakemeldinga gir både kommunen og oss eit grunnlag for dialog om status og arbeidet vidare mot økonomisk balanse, herunder også signal om godkjenning av lån og garantiar.

Som virkemiddel er lovlegkontroll av budsjettet etter vårt syn eit svakt virkemiddel. Lovlegkontrollen testar mellom anna om det er innhaldsmessig lovleg, om det er rett organ som har truffet vedtaket og om det er blitt til på lovleg måte. Lovlegkontrollen er i liten grad egna til å teste dei økonomiske realitetane. I praksis er det berre inntekta frå skatt og ramme som vert testa. Vår erfaring er at kommunane sjeldan har store inntektssvikt på dei postane. Kommunane har større problem med å halde utgiftene nede på budsjettert nivå. Kommunane driv i stor grad rammebudsjettering av einingane. Det vil seie at einingane har ansvar for å halde seg til vedteke budsjett. Vi ser i mange høve at optimismen mtp realiseringen av kutt er for stor og at budsjettstyringa og -oppfølginga er for svak.

Vi gjentok suksessen frå 2013, og skreiv også i 2014, ein høyringsuttale til budsjettet for til alle Robek-kommunar. Dette blei gjort etter at det vart behandla i formannskapet og vi har berre fått positive tilbakemeldingar på at dette vart gjort.

Gjennom 2014 hadde vi mange møte etter ynskje frå den enkelte Robek-kommune. Tema på møta var ofte kommuneøkonomi, men også økonomi knytt opp mot spesielle utfordringar innafor spesifikke fagområde. Dei ulike fagavdelingane intern i embetet blir kopla inn etter behov. Vidare prioriterer vi å gi god og tett oppfølging ved førespurnad på e-post eller telefon frå Robek-kommunane.

I 2014 handsama vi ein søknad om forlenga inndekningstid knytt til budsjettet for 2014. Vi har fått signal om at det er fleire kommunar som har vanskar med å halde seg innafor hovudregelen for inndekningstida.

Som nemnt er det fleire kommunar enn dei som no er i Robek som har utfordringar med økonomien. Vi har i 2014 hatt formell kontakt med slike kommunar, gjennom at vi har vitja formannskapet. Ikkje minst så er det særleg aktuelt gjennom kommunebesøket knytt til kommunebilde.

Vi har god oversikt over kommunar med ein gryande ubalanse gjennom dei faste oversendingane med budsjett, økonomiplan, rekneskap, Kostra og innspel til skjønnstilskot, samt gjennom anna uformell kontakt. Vi ser at det er mange kommunar som har ein gryande ubalanse; 19 kommunar har eit gjennomsnittleg NDR dei 5 siste åra som er under ein prosent av driftsinntektene. Vi har ikkje kapasitet til å følgje opp alle dei kommunane i like stor

grad som Robek-kommunane.

Lånegodkjenning

Lånegodkjenning er eit sterkt virkemiddel i oppfølginga av Robek-kommunane. I samband med budsjetthandsaminga ønskjer vi å godkjenne ei låneramme som ligg fast for kommunen ut året. Nivået på låneramma Robek-kommunane får godkjent er situasjonsbestemt. I utgangspunktet godkjenner vi lån til investeringar i VAR-sektoren og såkalla startlån. Vidare støttar vi opp om investeringar knytt opp mot tilskot, rente- eller avdragskompensasjon (statlege satsingsområder) om kommunen dekker inn underskot i tråd med plan og elles kan vise til ei sunn økonomisk utvikling. Kor høg låneramme den enkelte kommune får, er avhengig av korleis den økonomiske situasjonen og utviklinga er. Vi godkjenner ikkje høgare låneramme enn budsjetterte avdrag etter at lån til VAR-sektoren og startlån er tatt ut. Unnataket er innsparingstiltak som føreset investeringar, som til dømes en meir rasjonel skulestruktur. Søknader om likviditetslån godkjenner vi alltid, og vi prioriterer rask handsaming av dei slik at kommunen ikkje får vanskar med å betale til forfall.

- Gjemnes kommune fikk godkjent eit investeringslån på kr 3,2 mill, eit startlån på kr 3,0 mill og eit likviditetslån på kr 5,0 mill.

- Fræna kommune fikk godkjent eit investeringslån på kr 34,175 mill, kor kr 22 mill gjekk til VAR og kr 5 mill til startlån.

- Stranda kommune fikk ikkje godkjent låneopptak i 2014. Kommunen hadde investeringsfond på om lag 6 mill kr som dei kunne nytte til sluttfinansiering av påstarta prosjekt.

- Hareid kommune fikk i første omgang ikkje godkjent nye låneopptak. Utover året fikk kommunen godkjent lån til ny prestebustad (sjølvfinansierande) og brannbil (lovpålagt)

- Sykkylven kommune fikk godkjent 5 mill kr av 13,5 mill kr som vart omsøkt. Tidlegare har Sykkylven fått godkjent nye låneopptak likt det dei har betalt i avdrag. Reduksjonen i låneopptak er grunna negativ økonomisk utvikling.

- Volda fikk godkjent 10,8 mill kr knytt til ombygging av rådhuset slik at det interkommunale barnevernet (5 kommunar) kunne ha kontor der.

- Ørsta kommune fikk ikkje nye låneopptak i 2014. Kommunen kan eventuelt omdisponere tidlegare unytta lånemiddel.

- Ålesund kommune fikk ikkje godkjent låneopptak. Kommunen fikk godkjent langsiktige leigeavtalar som måtte fornyast.

Forpliktande plan

Vi legg vekt på å følgje opp kommunane sitt arbeid med forpliktande plan. Vi ser for oss at ei slik plan må innehalde tre punkt. For det første må kommunen sette opp ein tabell som viser når kommunen har fått underskot, kva som eventuelt er allereie inndekka og plan for inndekking av akkumulert underskot. Vi vil også at kommunen skal gjere greie for kva som var årsaka til underskota, med vekt på om det er midlertidige eller permanente forhold som forårsaka underskota. Kommunen må til sist her konkludere med kva som er omstillingsbehovet, på kort og lang sikt. For det andre vil vi at kommunen skal sette seg mål for økonomiforvaltninga, både for sentrale økonomiske indikatorar og for budsjettarbeidet og for oppfølginga gjennom året. I det siste punktet må kommunen, gjerne i form av ein tabell, sette opp kva for tiltak kommunen skal gjennomføre for å få balanse i økonomien. Tiltaka må vere spesifisert på tenestenivå, med venta innsparingseffekt og når dei vert sett i verk. Omfanget av tiltak må minst vere lik det kommunen konkluderer med er omstillingsbehovet i punkt éin. Ved lovlegkontrollen av budsjettet følgjer vi opp at kommunen har utarbeidet ein slik plan for året.

På hausten rapporterer kommunane på forpliktande plan knytt opp mot tilbakeheldt skjønnstilskot på 500 000 kr. For at kommunane skal få utbetalt skjønnstilskot må dei oppfylle følgjande kriterier; (1) halde driftsbudsjettet, (2) gjennomføre forpliktande plan og (3) nedbetale underskot i tråd med nedbetalingsplana. Rapporteringa viste at fleire kommunar hadde utfordringar med å halde balansen i driftsbudsjettet, og at somme kommunar låg an til å måtte bokføre tap i staden for gevinst på finansielle instrument. Følgjeleg ville dei heller ikkje nedbetale underskot. På bakgrunn av rapporteringa vart det berre utbetalt skjønnstilskot til fire av dei åtte kommunane i Robek.

Etter vår meining kan skjønnsmidlane vere eit sterkt virkemiddel i oppfølginga av Robek-kommunane. Vi er likevel varsam med å nytte skjønnsmidlane i for stor grad som gulrot for dei aktuelle kommunane. Vi får

tilbakemeldingar frå andre kommunar som går på at tildeling av skjønn til kommunar i økonomisk ubalanse er urettmessig. Vi er til dels einige i dei innspela, og ser at vi ikkje ønskjer å premiere dei kommunane som ikkje fører ein ansvarleg budsjettpolitikk i for stor grad.

Robek-nettverk

Robek-kommunane har delteke i Robek-effektiviseringsnettverket som ein del av forpliktande plan. Nettverket er eit samarbeid mellom KS og Fylkesmannen. Kommunane har mellom anna gjennomgått ei grov perspektivanalyse kor innsparingspotensial blei vist i forhold til landssnitt og befolkningsprognoser. Vidare blei handlingsrommet på enkelttenestene utdjupa og kommunane blei utfordra til å vurdere tiltak for å kutte driftsutgiftene. Kommunane har også hatt kommunevise besøk kor både folkevalde, rådmann, verksemdsleiarane og tillitsvalde samla beli vist kva for utfordringar og moglegheiter kommunen står ovanfor.

Tema for samlingane var mellom anna lederavtaler, årshjul, nedbemanning og komparativ analyse ved hjelp av statistikk i dei ulike sektorane.

Robek-nettverket vart avslutta i juni 2014. Resultata etter at nettverket vart avslutta viser at fleire av kommunane har laga nye rutinar for resultatstyring av økonomien, systematisk statistisk materiale nyttast for oppfølging, konkrete tiltak er lagt inn i kommunebudsjetta for neste år og fleire peiker på at dei no kjenne suksessfaktorane for å lykkast.

### 62.2.4 Finansforvaltning

Vi har fulgt opp om kommunane har vedtatt nytt finansreglement i tråd med ny finansforskrift. Rapporteringa viste at dei fleste kommunane vedtok nye finansreglement i løpet av 2013. Det var berre ein kommune som ikkje rapporterte. Vi har sidan fulgt opp alle kommunane igjen og dei rapporterar at dei vil godkjenne nytt finansreglement etter kommunevalget i 2015 eller 2016.

Rapporteringa i 2013 viser at dei aller fleste kommunar skulle vedta nytt finansreglement igjen i neste kommunestyreperiode frå 2015. Etter vårt syn bør finansreglementet vedtakast tidleg i kommunestyreperioden for forankring hos dei folkevalte. Vi vil kommunisere dette til kommunane, og halde fram med å følgje opp om når finansreglementa vert vedteken.

### 62.2.5 Rapportering og bruk av Kostra

Vi utarbeider årleg ein statistikkrapport som viser den økonomiske utviklinga og status for kommunane i Møre og Romsdal. I rapporten ser vi på samanhengen mellom dei mest sentrale økonomiske indikatorane, og viser tala på kommunenivå og opp mot eit gjennomsnitt for fylket og landet utanom Oslo. Vi nyttar medviten konserntal. Vi legg vekt på å formidle tala og kommentarane på ein slik måte at ein utan mykje forkunnskap kan forstå innhaldet. Slik vonar vi at rapporten også vert lest og nytta av til dømes folkevalte og andre tilsette i offentlege sektor som ikkje har kommuneøkonomi som fagfelt. Vi får mange gode tilbakemeldingar frå kommunane på rapporten, og fleire nyttar den som eit grunnlag og utgangspunkt opp mot kommunestyret. Rapporten vert sendt departementet.

I samband med innrapporteringa av data frå kommunane til SSB, sender vi ut eit brev med informasjon om tidsfristar og kontaktpersonar hjå fylkesmannen som kommunane kan nytte ved behov.

Oppdraget om å gå igjennom nøkkeltal og identifisere vesentlege feil, og i å veilede kommunane slik at dei rapporterer inn riktige tal, er i hovudsak prioritert ned for oppfølgjinga av Robek-kommunar. Årsplanmessig er dette samanfallande med ein periode kor vi må prioritere å få ferdig lovlegkontrollen av dei kommunale budsjetta. I og med at overføringa til embeta ikkje er avhengig av talet på Robek-kommunar er det vanskeleg å prioritere begge oppgåvene høgt nok. Det er ikkje heldig. Kostra er, og bør vere, ein grunnpilar for analyse, planlegging og styring på lokal, regionalt og nasjonalt nivå. At Kostra er kvalitetssikra og påliteleg er ein føresetnad for det.

Elles nyttar vi ofte Kostra-dataene i dialogen med kommunane. Kostra vert nytta internt som grunnlag i ymse samanhengar og i alle typar kontaktpunkt med kommunane, som konferansar, møter, brev, osv.

# Resultatområde 63 Kommunalrett, forvaltningsrett, kommuneinndeling og valg

## 63.1 Kommunalrett

**Lovlighetskontroll**

| Embeter | Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i | | | Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen | | | Vedr. habilitet | Vedr. lukking av møter |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Antall saker** | **Antall opprettholdt** | **Antall ulovelig** | **Antall saker** | **Antall opprettholdt** | **Antall ulovelig** | | |
| FMMR | 7 | 7 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum** | **7** | **7** | **0** | **0** | **0** | **0** | | |

## 63.3 Kommuneinndeling

### Kommunereforma i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal begynte allereie før forslaget blei vedtatt i Stortinget å drøfte framtidig utvikling av kommunestruktur med kommunane. Fylkesmannen oppretta difor 3. jan. 2014 ein «Tenketank» satt saman av representantar frå politisk og administrativt miljø i kommunane, frå regionråda, KS, Møre og Romsdal fylke, LO, NHO og høgskulen i Molde. Tenketanken fungerer som ei referansegruppe, og har som formål å drøfta ulike problemstillingar og utfordringar og kome med innspel - knytt til kommunereforma. Tenketanken har hatt 5 møter i 2014, og Fylkesmannen har fått mange nyttige innspel til prosessen vidare.

Alle kommunane har hatt besøk frå Fylkesmannen i løpet av året - utanom bykommunane Ålesund og Molde, men leiinga i bykommunane har vore invitert til eit eige møte med Fylkesmannen. Besøka/møta frå/med Fylkesmannen har hatt kommunereforma anten som hovedtema eller deltema. Nokon kommunar har hatt opptil fleire besøk frå Fylkesmannen der kommunereforma har vore hovudtema.

Fylkesmannen - i samarbeid med KS - gjennomførte oppstartskonferanse for kommunereforma 17. september 2014, der det blei gjeve informasjon om «oppdrag kommunereform». Representantar frå Ungdomspanelet opna konferansen, der ungdomane sa si meining om framtidige kommunestrukturar. Det var godt oppmøte på konferansen frå kommunane. **Fylkesmannen reknar denne konferansen som startskotet for arbeidet med kommunereforma i kommunane.**

Fylkesmannen, Møre og Romsdal fylke, KS og dei 3 regionråda i fylket arrangerte dialogkonferanse i Ålesund 12. des. 2014 med 220 deltakarar til stades. Tema var sluttrapporten frå Ekspertutvalet og Møreforsking sin rapport om framtidig regioninndeling.

Fylkesmannen har i tillegg til kommunemøter og konferansar delteke på fleire folkemøter og møter med lag/foreiningar/organisasjonar der bestillinga har vore å innleie om kommunereforma.

Fylkesmannen har organisert oppdraget frå regjeringa i eit prosjekt, og prosjektleiar vart tilsett og starta i stillinga 20.okt. 2014. Prosjektleiar har i tillegg til Tenketanken, ei intern referansegruppe og ei prosjektgruppe knytt til seg i arbeidet med kommunereforma. Tilsette og leiarar er i tillegg engasjert i arbeidet med kommunereforma innan ulike fagområde hos Fylkesmannen. Det er kommunane som har ansvaret for dei lokale prosessane, og Fylkesmannen har ansvar for å ta eit felles grep i fylket for å oppnå ein regional heilskap og ei hensiktsmessig samordning på tvers av kommunane.

Organisasjonskart for prosjektet ser slik ut:



**Arbeidet i kommunane**

Fylkesmannen sendte ut forventningsbrev til kommunane - med forslag til mal for prosessvedtak datert 15.10.2014. Politikarane vart i brevet bede om å ta stilling til **korleis** og **kva for tiltak** som skal gjennomførast for å få til ein god prosess i eigen kommune. **Frist vart sett til 31.12.2014** for å sende inn vedtaket til Fylkesmannen. Alle kommunar i Møre og Romsdal har fatta vedtak i kommunestyret og sendt vedtaket til Fylkesmannen innan fristen. Fylkesmannen har gått igjennom vedtaka, og sendt skriftlig tilbakemelding til alle kommunane. 35 av 36 kommunar får tildelt skjønnsmidlar 1. kvartal i 2015.

Kommunane har utfordra dei 3 regionråda i fylket til å legge til rette for det dei meiner kan vere felles prossesar i kommunereforma. Fylkesmannen har på denne bakgrunnen etter søknad frå regionråda tildelt skjønnsmidlar knytt direkte til kommunereforma.

Mange kommunar har hatt gode prosessar på gang i 2014 – både for tilsette i kommunen og politikarar, men også for sine innbyggarar.

## 63.4 Valg

Ingen aktivitet på dette området i 2014

## 63.5 Forvaltningslovens og offentleglovas anvendelse i kommunesektoren

Fylkesmannen har i 2014 behandla 1 klagesak etter offentleglova. Fylkesmannen stadfesta kommunen sitt avslag på innsyn i denne saka. Avslaget var grunngjeven med at opplysningane var å rekne som «noens personlige forhold» etter forvaltningslova § 13.

# Resultatområde 66 Planlegging, bolig- og bygningsrett

Fylkesmannen gir omfattande rettleiing både i høve tolking og praktisering av plan- og bygningsloven. Ein monaleg del av rettleiinga skjer gjennom telefon og epost, men også gjennom møter. Rettleiing vert ytt både til kommunar, private planleggjarar, Statens vegvesen, fylkeskommunen og privatpersonar. Rettleiinga er ofte ikkje direkte knytt til klagesak hos fylkesmannen. Rettleiingsarbeidet er relativt tids- og arbeidskrevjande.

## 66.1 Byggesaker

Fylkesmannen behandla 217 klagesaker etter bygningsdelen i plan og bygningsloven i 2014, mot 140 saker i

2013. I 43 saker vart klagen tatt til følgje og kommunen sitt vedtak endra eller oppheva.

Vi behandla 4 krav om sakskostnader etter byggesaksdelen av plan- og bygningsloven i 2014. Vi har også behandla 9 saker om utsett iverksetting.

Fylkesmannen har i 2014 ikkje greidd å halde saksbehandlingsfristen på 3 månader for byggesaker. Saksbehandlingstida var ved utgangen av året på 6 månader. Fleire saksbehandlere er kome att etter permisjon samt nye er tilsett. Det er og sett inn særlege tiltak for å komme ned på 3 månaders saksbehandlingstid.

Fylkesmannen ser eit behov for å auke kompetansen i kommunane på dette saksområdet. Kommunane våre har store utfordringar i det å reagere på ulovlege tiltak. Vi har derfor ei særleg merksemde på denne problematikken.

I september 2014 arrangerte vi konferanse i plan - og bygningsloven for alle kommunane i fylket.

## 66.2 Saker om ekspropriasjon

Fylkesmannen har behandla 6 søknader om oreigning i 2014. Til samanlikning hadde vi ingen søknader om oreigning i 2013.

Fire av desse var klagesaker kor kommunen hadde gitt rett til ekspropriasjon etter pbl. 16-2. Alle vedtakene vart stadfesta av fylkesmannen. Ein sak gjaldt søknad om samtykke etter oreigningslova § 2. Her vart det ikkje gitt samtykke.

Ein sak var søknad om å ta i bruk grunn før skjønn er halde etter oreigningslova § 25. Denne søknaden vart imøtekommen av fylkesmannen.

## 66.3 Klage etter eierseksjonsloven og lov om kommunal forkjøpsrett til leiegårder

**Klage etter eierseksjonsloven - antall**

| Embeter | Antall klager | Tatt til følge | Ikke tatt til følge | lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen |
|---|---|---|---|---|
| FMMR | 0 | | | Fylkesmannen hadde ingen klagesaker på dette området i 2014. |
| **Sum** | **0** | **0** | | |

## 66.5 Planlegging og geodata

### Berekraftig arealpolitikk og by- og samfunnsutvikling

*Generelt*

Fylkesmannen har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova (pbl). Ei viktig oppgåve i planprosessar er å formidle nasjonal politikk innanfor viktige fagområde, der arealpolitikk og miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. Fylkesmannen skal sjå til at nasjonale og regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet, og elles også sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk. Vidare har Fylkesmannen ansvar for behandling av klager på kommunale vedtak i plan- og byggesaker etter lova. Fylkesmannen har og rolle som meklar i plansaker der det ligg føre motsegn.

Rammer og retningslinjer for Fylkesmannens roller og oppgåver på planområdet er i hovudsak trekt opp av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Prioriterte oppgåver innan planområdet blir også formidla av andre departement og direktorat.

Fylkesmannen har eit særleg ansvar for at nasjonal politikk blir formidla og følgd opp i behandling av kommunale og regionale planar. Fylkesmannens oppgåver ved regional- og kommunal planlegging er sentrale verkemiddel for å gjennomføre regjeringa sin politikk på ei rekke område. Plansaksbehandlinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) er organisert med faste hovudsaksbehandlarar som har delt kommunane i fylket mellom seg. Innspel frå dei ulike fagavdelingane blir innarbeidd før samordna høyringssvar blir sendt ut.

*Planstatistikk 2014*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har i 2014 behandla til saman 1140 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova (pbl). Tilsvarande tal for 2013 var 1100, medan det for 2012 vart registrert 1189 og for 2011 registrert 1032 saker. Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til justis- og beredskapsavdelinga er ikkje medrekna her.

Statistikken for 2014 viser at aktiviteten på plansida er stor. Samla tal på plansaker for inneverande år (535ekspedisjonar) ligg om lag på nivå med dei føregåande åra. Plansakene fordeler seg mellom reguleringsplanar og kommune(del)-planar. Av desse utgjer reguleringsplansakene hovudtyngda (om lag 90%). Vi ser likevel at talet på kommuneplansaker har auka dei siste par åra. Omfanget og kompleksiteten i kommuneplansakene vil elles gjerne vere vesentleg større enn i reguleringsplansakene.

Talet på dispensasjonssaker etter pbl (605 saker) ligg framleis høgt, og høgre enn for fjoråret. Det kan søkast om dispensasjon frå  kommuneplan eller frå reguleringsplan. Ei generell utfordring for fleire av kommunane vil vere mangel på oppdaterte planar – i første rekke på oversikts-/kommuneplannivå. Dei fleste sakene er knytt til dispensasjon frå kommuneplanen (over 80%)

*Meklingsmøte*

Fylkesmannen er meklingsinstans. Tre meklingar har vore gjennomført i løpet av 2014. I fleire saker har rett nok kommunane kome med førespurnad om mekling. Etter oppmoding frå Fylkesmannen om at partane tar ei ekstra runde med drøftingar/dialogmøte har ein her lykkast å finne løysingar utan å gå vegen om formell mekling. Fylkesmannen var sjølv part i alle dei tre meklingsmøta.

- Vanylven kommune; kommuneplanens arealdel. Fylkesmannen reiste motsegn knytt til *Natur- og miljøvern* og *Landbruk*
- Fræna kommune; kommuneplanens arealdel. Fylkesmannen og fylkeskommunen reiste motsegn knytt til *Natur og miljøvern*, *Landbruk, Kulturminne* og *RPR for kjøpesenter*
- Herøy kommune; kommuneplanens arealdel. Fylkesmannen reiste motsegn knytt til *Natur og miljøvern, Landbruk* og *Naustforskrifter*

*Oversendingssaker til Kommunal- og moderniseringsdepartementet*

Når det ligg føre ei motsegn til eit planforslag kan ikkje kommunen vedta planen. Saka kan gå vidare, anten ved at kommunen endrar planen, det vert gjennomført mekling , eller at planen går direkte til avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Departementet sitt vedtak i saka kan ikkje påklagast. Fylkesmannen har i 2012 og 2013 hatt fire plansaker som er oversendt for avgjerd i Miljøverndepartementet (overført til KMD frå 01.01.2014).  FMMR har vore part i to av desse.

Fylkesmannen i 2014 fått tilsendt tre meklingssaker for vidaresending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Dette gjeld:

- Rindal kommune; kommuneplanens arealdel. Det vart reist motsegn til deler av planen frå Reindriftsforvaltninga Sør-Trøndelag og Hedmark knytt til konflikt med tamreininteressene i samband med utviding av Langlia hytteområde.
- Rauma kommune; reguleringsplan for Måsvatnet hyttefelt i Måndalen. Det vart reist motsegn til planen både frå Fylkesmannen og frå fylkeskommunen på bakgrunn av konflikt med natur- og friluftsinteressene i området.
- Herøy kommune; kommuneplanens arealdel.  Fylkesmannen har reist motsegn til forslag til planføresegner som opnar for nauststorleik over 40m» BRA.

*Nye krav til kommunal planlegging – spørsmål om kompetanse og kapasitet*

Innføring av ny plan- og bygningslov stiller nye og utvida krav til Fylkesmannen både som sektormyndigheit og som samordnar. *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* og *Kommunal planstrategi* nye oppgåver og utfordringa har stilt kommunane over for nye oppgåver og utfordringar. Med større vekt på

kommuneplanens samfunnsdel som eit overordna strategisk styringsdokument, vil dette legge føringar for både arealplanlegginga og verksemdsplanlegginga i kommunane. Ei utfordring for mange kommunar er likevel knytt til spørsmål om både kompetanse og kapasitet på planområdet. Særleg ser vi at fleire av dei mindre kommunane er avhengige av å kjøpe fagtenester.

Søkelyset på ei meir integrert og samordna kommuneplanlegging vil elles naturleg ta utgangspunkt i tverrfaglege tema som *Berekraftig utvikling, Klima, Barn og unge, Universell utforming* og *Folkehelse*. I samband med dette vil Fylkesmannen saman med fylkeskommunen spele ei meir aktiv rolle i forhold til kommunane sitt behov for tidleg kontakt, rettleiing og oppdatert plankompetanse. I tråd med dette gjennomførte Fylkesmannen i samarbeid med fylkeskommunen og KS ein tre-dagars plankonferanse 4. – 6- november der søkelyset m.a. vart retta mot tema som bumiljø, støy og folkehelse.

*Større vekt på strategisk og tverrsektoriell planlegging*

Med den kommunale planstrategien blir utfordringar og strategiske val nærare drøfta. Vidare blir både status for overordna planar etter plan- og bygningslova og planar for ulike kommunale tenesteområde nærare gjennomgått og vurdert. Behovet for oppdaterte kommuneplanar vil vere eit viktig vilkår for utvikling og styring av kommunane som samfunn og som organisasjon. Departementet har i særskilt påpeika Fylkesmannen si oppgåve med å sjå til at kommunane har oppdaterte kommuneplanar. Kommunane i Møre og Romsdal har tidlegare gjennom arbeidet med kommunal planstrategi varsla oppstart med hovudrullering av sine kommuneplanar i inneverande kommunevalperiode (2011 – 2015). Dette omfattar både samfunns- og arealdelen. Dei fleste kommunane er godt i gang med slik rullering, og nokre har også fått gjort vedtak om nye, oppdaterte planar. Samla inngår dette som eit viktig verktøy for samfunnsstyring og tenesteproduksjon. I 2015 vil nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging legge føringar for kommunane sitt arbeid med utarbeiding av neste runde med kommunale planstrategiar for perioden 2016 – 2019. Dette arbeidet vil elles kunne inngå som eit viktig verktøy knytt til det pågåande kommunereformarbeidet og til det utgreiingsarbeidet som kommunane er pålagt å utføre i samband med dette.

*Særleg søkelys på barn og unge*

Fylkesmannen har i sine høyringsmerknader i særleg grad har utfordra kommunane i forhold til å ta særskild omsyn til barn og unge sine interesser. Dette omfattar m.a. krav til gode og trygge oppvekstmiljø gjennom tilrettelegging og opparbeiding av leikeplassar, friareal og gang- og sykkelvegar. Meir konkret kjem fokus på barn og unge sine interesser til uttrykk også gjennom at dette er det tema/saksområde som det (på same måte som i fjor) oftast blir reist motsegn til. I tillegg ser vi også at talet på saker med merknader eller motsegn til tema støy har auka kraftig. Større veg- og kommunikasjonsutbyggingar, ofte i kombinasjon med sentrums- og fortettingsprosjekt, forklarar mykje av dette.

Gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar har kommunane i sterkare grad retta søkelyset mot ei meir systematisk, tverrsektoriell og langsiktig planleggingstenking. Dette ser vi m.a. i forhold til tema som folkehelse og levekår. Med den nye *Folkehelselova* og med *Samhandlingsreforma* har kommunane fått eit større ansvar knytt til førebyggande folkehelsearbeid. Folkehelse og levekår vil slik kunne løftast opp og inngå som eit gjennomgåande perspektiv i den kommunale planlegginga. Folkehelse er også eit nytt tilsynsområde for Fylkesmannen i 2014. I samband med dette vart det hausten 2014 gjennomført slikt tilsyn i kommunane Skodje, Averøy og Herøy. Felles for det kommunale folkehelsearbeidet er den nære koplinga til det kommunale plansystemet forankra i prosessreglane etter plan- og bygningslova.

*Forventningar og krav til Fylkesmannen*

I embetsoppdraget for 2014 peika Kommunal- og moderniseringsdepartementet på Fylkesmannen si rolle knytt til aktiv oppfølging og deltaking i regionale og kommunale planprosessar. Fylkesmannen skal legge særleg vekt på å formidle nasjonale føringar og interesser slik desse m.a. kjem til uttrykk gjennom nasjonale forventningar, stortingsmeldingar, statlege planretningslinjer/rikspolitiske retningslinjer og bestemmelsar. Fylkesmannen si samordningsrolle i forhold til statlege regionale myndigheter blir framheva, likeeins behovet for å prioritere deltaking i regionalt og kommunalt planarbeid frå ei tidleg fase, og varsle om eventuelle konfliktar så snart som muleg. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen vil i samband med dette også vere å sikre kommunane ansvar og tilstrekkeleg lokalt handlingsrom innanfor dei rammer og retningslinjer som er gitt frå nasjonalt og regionalt nivå. Styringssignala frå departementet peikar m.a. her på at:

- Flest mulig saker skal løysast så tidleg som råd

- Krav om meir effektiv behandling av plansaker etter pbl
- Sørge for tidleg medverknad og dialog
- Viktige interesser skal kome fram så tidleg som mulig
- Rask og effektiv saksbehandling
- Hensynet til lokaldemokratiet skal tilleggast større vekt
- Motsegn skal berre fremjast når nødvendig og skal alltid grunngivast konkret. Fylkesmann og fylkeskommune skal samarbeide og samordne motsegner m.a. gjennom bruk av planforum og gjennom mekling.

Departementet har sett i gang prøveordningar med utvida oppgåver/fullmakt til Fylkesmannen knytt til samordning av statlege motsegner. Forsøksordninga vil i 2015 bli utvida, og FMMR søkte i desember 2014 om å få delta i det utvida forsøket.

### Fylkesmannen som rettssikkerhetsgarantist og samordnar av statlege interesser

Fylkesmannen gir omfattande rettleiing både i høve tolking og praktisering av plan- og bygningslova. Ein monaleg del av rettleiinga skjer gjennom telefon og epost, men også gjennom møte. Rettleiing vert ytt både til kommunar, private planleggjarar, Statens vegvesen, fylkeskommunen og privatpersonar. Rettleiinga er ofte ikkje direkte knytt til klagesak hos fylkesmannen. Rettleiingsarbeidet er relativt tids og arbeidskrevjande.

Miljøvernavdelinga har det største koordineringsansvaret for plansakene på embetet. Det har vore ytt juridisk bistand i samband med fråsegner til reguleringsplanar der dette har vore naudsynt. Vi har òg målsetjing om at kommuneplanar med føresegn skal vurderast av jurist. I lys av vår personalmessige situasjon har vi etablert ei ordning der vi har ytt bistand til miljøvernavdelinga på etterspørsel. Vidare har vi ytt bistand når fylkesmannen leiar mekling i motsegnsaker etter pbl. § 5-6.

Det er behandla 35 saker om klager på kommunale vedtak om reguleringsplanar i 2014. Til samanlikning vart det handsama 26 klager i 2013. Kommunestyret sitt eigengodkjenningsvedtak vart stadfesta i 22 av dei sakene som er behandla, medan 13 av sakene vart oppheva eller endra.

Vi har i lengre tid hatt for lang sakshandsamingstid. Sakshandsamingstid ved utgangen av 2014 var 6 månader. Sakshandsamingstida på reguleringsplaner har soleis gått ned i 2014.

### Kart og geodata

Kartportalen GisLink (www.gislink.no) er ei nettbasert kartteneste som er open for allmenn bruk. GisLink vert drifta av fylkesmennene og fylkeskommunane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag, og gjev oppdatert informasjon til kommunar, regional forvaltning, private verksemder og ålmenta.

Noreg Digitalt-samarbeidet sørgjer for at oppdaterte data alltid er tilgjengeleg via GisLink. Dette er særs viktig for at medarbeidarar skal kunne drive sakshandsaming på rett avgjerslegrunnlag.

Vi har dei siste åra jobba mykje med å kople saman data frå ulike aktuelle kunnskapsdatabaser, for å kunne lage kartlag for plansjekk etter ulike tema. Dette for å synleggjere kunnskap så tidleg som mogleg i ein planprosess og noko som skal verer tilgjengeleg for alle aktuelle som arbeider med ulike typar plansaker.

Dette er eit område med stort potensial for betre ressursutnytting og forenkling i arbeidet med god samfunnsplanlegging lokalt og regionalt.

GisLink vart etablert i 2004, som ein av dei første regionale karttenestene av denne typen. I 2012 vart ein heilt ny versjon av GisLink teken i bruk. Den nye versjonen skal kontinuerleg oppdaterast og utviklast med nye GIS–onlinetenester. I 2013 skjedde det mange små utviklingar, kanskje den mest spanande utviklinga var tilrettelegging av historisk ortofoto på karttenesta (historikkortofoto blei digitalisert av Statens kartverk i samarbeid med FMMR og MRFK). I 2014 var det 37 000 ulike brukarar av GisLink.

FMMR har tett samarbeid med Statens kartverk i Molde. Fundamentet i samarbeidet er organisert med Geodatautvalet som styringsgruppe. Dette utvalet er samansett av representantar frå Statens vegvesen, Telenor, kommunar, kraftselskap, Statens kartverk, MRFK og FMMR.

## Resultatområde 68 Samepolitiske hensyn

## Resultatområde 69 Partistøtte

Det er i 2014 behandla fortløpande elektroniske søknader via systemet for partistøtteordninga.

Fylkesmannen har ikkje hatt klagesaker i 2014

## Ressursrapportering

| Resultatområde | Kapittel 0525 | Fagdep. |
|---|---|---|
| Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift | kr 29 455 940,16 | kr 0,00 |
| Embetsspesifikke landsdekkende oppgaver (f.eks. FRI og trippelnett) | kr 0,00 | kr 0,00 |
| 62 Kommuneøkonomi | kr 1 365 406,27 | kr 0,00 |
| 66 Planlegging, bolig- og bygningsrett | kr 5 855 077,54 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under KMD | kr 1 144 415,01 | kr 166 126,32 |
| Sum: | kr 37 820 838,00 | kr 166 126,00 |

# Arbeids- og sosialdepartementet

## Resultatområde 73 Sosiale tjenester

I 2014 endra Fylkesmannen si organisering og innførte fagkoordinatorar. Sosiale tjenester har koordinator som mellom anna skal være pådrivar for at vi skal sjå alle oppdrag som gjeld sosiale tenester i NAV i samanheng (klage, tilsyn og utviklingsoppgåver).

### 73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Fylkesmannen har behandla 102 saker etter lov om sosiale tjenester i NAV (STL).

Vi mottok 108 saker i 2010, 99 i 2011, 85 i 2012, 98 i 2013 og 107 saker i 2014.

Vedtak i 90 saker (88%) blei stadfesta pg 12 vedtak (12%) blei endra eller oppheva.

99 saker (97%) av sakene er behandla innan 3 månader.

Vi viser elles til rapportering til Statens helsetilsyn for 2014 gjennom NESTOR.

Fylkesmannen hadde i 2014 opplæring i lov og rundskriv for nytilsette i NAV. Opplæringa gikk over 3 dagar og 50 tilsette i NAVkontor deltok.

I tillegg hadde fylkesmannen to-dagars grunnkurs og to dagars vidaregående kurs i økonomisk rådgiving/gjeldsrådgiving for dei som har slike oppgåver ved NAV-kontora. Fylkesmannen i Hordaland ved Inge-Helene Søgnen sto fagleg ansvarleg for grunnkurset og Tor Waardal for det vidaregåande kurset.

### 73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og kompetanseutvikling

**Kompetansehevende tiltak:**

Fylkesmannen har tett og jamnleg kontakt med NAV Møre og Romsdal, både på leiar- og rådgivarnivå. Dette er nedfelt i ein samarbeidsavtale som reviderast 1 gong i året. Vi samarbeider om

- NAV leiarmøter (fire to-dagersmøter i 2014)
- Arbeidsgruppe NAV – (4 - møter i 2014) FM kallar inn. Tema er:
  - KVP
  - arbeid og psykisk helse/rus og barn og unge.
  - opplærings-/ utviklingstiltak

Vi samordnar kompetansetiltaka slik at aktivitetane ikkje kolliderer når det gjeld tid eller tema. Vi let kvarandre delta på våre respektive arenaer eller vi lagar felles arena.

Vi understøtter Standard for arbeidsretta brukaroppfølging, og viser til den når det er aktuelt. Videre har vi delteke i innføring av Veiledningsplattforma, vår erfaring med HPMT er relevant i denne samanhengen.

Som rapportert i 73.1 har Fylkesmannen gjennomført opplæring i STL lov og veiledar til § 17. I samarbeid med NAV MR kobla vi på Standard for arbeidsretta brukaroppfølging og veiledningsplattforma. NAV MR sine rådgivarar var med i planlegging, gjennomføring og evaluering. Dette for å sikre sammenheng og samordning.

**Partnarskapet i NAV**

For å understøtte partnarskapet deltar vår direktør i "Samarbeidsarena NAV". 'Dette er møte med rådmannsutvalget, saman med NAV Møre & Romsdal og KS. (3- 4 møter i året)

Vi fekk ikkje gjennomført vi vårt årlege "Samarbeidsmøte om NAV" (heldagsmøte) med vekt på dialog. Målgruppe var kommuneleing (politisk og administrativt) samt NAV leiarar. Desse møtene blir planlagt og gjennomført saman med NAV M&R og KS M&R. Rådmennene hadde eit ønske om å få arbeids- og sosialministeren til MR og at temaet skulle være NAV si framtid i kommunereforma. Ministeren var i utgangspunktet positiv, men det var av forskjellige årsaker ikkje mogeleg å få ein dato for gjennomføring.

I 2013 starta Fylkesmannens sentrale leing sine kommunebesøk. Alle dei 36 kommunane skal få besøk i løpet av 2013 - 2015. I samband med det lagar vi "kommunebilde" for kvar enkelt kommune på alle dei mest aktuelle områda. Under overskrifta sosiale tenester beskriv vi det enkelte NAV kontor med tilhøyrande dialogpunkt, dvs. spørsmål om korleis partnarskapet fungerer lokalt.

**Samarbeid mellom NAV Møre og Romsdal og Høgskulen i Volda**

Det er utarbeidd samarbeidsavtale. Fylkesmannen er ikkje avtalepart, men skal være med i eit årleg møte mellom partane. Det har ikkje vore gjennomført slikt møte i 2014.

Fylkesmannen har utlyst og tildelt tilskot til fagsamlingar i tenesteområda med utgangspunkt i tema frå kommunebrevet. Vi har delteke på dei fleste av desse samlingene.

Nytt i 2014 var at FM deltok i NAV sine møter i tenesteområda der også alle rådmenn deltek. Vi hadde da en gjennomgang av kommunebrevet i 2014.

Vi opplever det som vanskelig å måle kvalitetsforbetring etter Fylkesmannens innsats. Det er mykje som spelar inn på kvaliteten, men vi har i alle høve fått gode tilbakemeldingar etter lov-kurs og etter NAV- leiarmøter.

## 73.3 Kvalifiseringsprogrammet

**Vi viser til kvalitativ årsrapportering til AV-dir.** Sjølv om direktoratet henvender seg til Fylkesmannen om rapportering, samarbeider vi med NAV fylke også på dette punktet. Dette for å kunne gje så fullstendig rapport som mogleg og for å sikre samarbeidet om KVP med NAV Møre og Romsdal. Vi får til meir på KVP området saman enn kvar for oss. Vi ser at det er nødvendig og nyttig å innhente oppdatert informasjon frå NAV-

kontora når vi rapporterer. Eit eksempel på dette er spørsmål om gode KVP og korleis dei sikrar retten til KVP.

Vi har også i 2014 hospitert i NAV kontor der temaet var behovs og arbeidsevnevurdering, samt KVP funksjonen i Arena.

**STL opplæring** med fordjupning i KVP (dagssamling). Her har vi samarbeidd tett med NAV fylke både i planlegging, innhald og gjennomføring. Vi har lagt inn "standarden", NAV lova og hatt fokus på praksis; der kommune møter stat (regelverk).

Fylkesmannen legg vekt på å sjå tilsyn, klage og utvikling i samanhang og forankre KVP gjennom å dele erfaringar frå KVP tilsyn (landsbasis) på alle relevante møtearenaer som Samarbeidsarena NAV (møter med rådmannsutvalet), NAV leiarmøter og fagdagar.

I desember gjennomførte vi KVP studietur til Trondheim der hovudfokuset var arbeidsretting og framandspråklege. Programmet blei utarbeidd saman med tilsette i NAV kontor og gjennomført i samarbeid med NAV MR.

**KVP-kunnskap**

Vi gjev råd og veiledning om KVP via e-post og telefon (kontinuerleg).

Fylkesmannen lyste ut tilskot til med utgangspunkt i kommunebrevet der KVP og er tema, det var ingen NAV kontor som valgte KVP som tema i 2014.

KVP informasjon har også vore formidla inn i Ringar i vatn (nettverkssamling for rus og psykisk helse). KVP «roll up» og KVP brosjyre var del av denne informasjonen.

## 73.4 Økonomisk rådgivning

I 2014 var det gjennomført to-dagars grunnkurs og to-dagars vidaregåande kurs for kommunane. Dette blei gjort i samarbeid med kompetansekontakt Inger-Helene Søgnen og Tor Waardal hos Fylkesmannen i Hordaland.

Fylkesmannen deltok på konferansen *"Penger til besvær" 29*. - 30.10.14.

Fylkesmannen har utlyst og tildelt økonomisk støtte til samlingar i tenesteområda i MR. Fokusormråde: Samarbeid mellom NAV kontor og Namsmenn. Desse blei gjennomført i 2014.

Kommunane har fått tilbod om bistand med spesialkompetanse pådette feltet, gjennom ekstern ressurs som fylkesmannen har organisert.

Vi har også delteke i dei interkommunale prosjekta som vi vart invitert inn i. Lovopplæringa i 2014 var og knytt til dette området.

## 73.5 Boligsosialt arbeid

I 2014 vart Fylkesmannen i Møre og Romsdal tildelt kr.2 469 630,00 i tilskotsmidlar. Dette er fordelt på 8 prosjekt og 9 kommunar. Dei fleste av prosjekta er knytt til forsterka tenester inn i bolig. 2 av kommunane tok imot tilskot som siste året (3.)

I 2014 starta ein arbeidet med å samle kommunnane der målet er å spreie erfaringar frå dei ulike prosjekt. Denne kunnskapen ynskjer fylkesmannen å spreie til kommunar som ikkje har teke imot tilskot. Elles treng kommunane kompetanse knytt til det å drive prosjektarbeid. Mange av kommunane i fylket har ikkje tilstrekkeleg oversikt over sine utfordringar knytt til boligsosialt arbeid. Mange manglar og oppdaterte boligsosiale handlingsplanar og arbeider ikkje spesielt målretta.

Kunnskap kring strategiplanen Bolig for velferd er spreidd i ulike samanhengar i 2014 både internt og eksternt. Ein har innleia samarbeid med Husbanken-Midt saman mel andre sentrale aktørar som kriminalomsorgen og NAV der målet er å iverksette eigna tiltak. Fylkesmannen er spent på dei økonomiske verkemidla knytt til planen i fortsettelsen.

Bolig var utvida tema på årets siste NAV leiarsamling, der NAV Averøy informerte om sitt prosjekt. I forarbeidet

med kommunebesøka som FM gjennomfører ser vi at fleire kommunar har store utfordringar med å tilby både midlertidig og varig bustad for vanskeleg stilte.

### 73.6 Barn og unge

Fylkesmannen har innhenta informasjon om utviklingstrekk frå ulike partar som:

- Fylkeskommunen
- Ungdata
- KOSTRA
- Folkehelseinstituttet

Fylkesmannen har i 2014 gjennomførte besøk i over halvparten av kommunane i fylket. Før kvart møte har ein tegna utfordringsbilete innan de ulike fagfelta i den einskilde kommune som blir presentert kommunen. Barn og unge har eit særskild fokus i både kommunebilde og i sjølve møte og utviklingtrakk blir presentert.

Tilskot til nedkjemping av barnefattigdom er gitt til sju komunar i fylket. Tilskotsforvaltninga blir sett i samanhang med tilskot innan bustadsosialt arbeid og kommunalt rusarbeid. Samarbeid om oppfølging av tilskuddskommunar blir teke opp i internt tilskuddforum.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ei eiga satsing for barn og unge. Målsettinga er at barn og unge sine oppvekstvilkår skal bli vurdert i all aktivitet hos Fylkesmannen. Vi arbeider for å

- sikre barn og unges medverknad
- betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge
- utjamne konsekvensar av sosiale ulikskap

Dette kjem til uttrykk på mange område, som kurs, sakshandsaming, tilsyn osv. Barn og unge har vore hovedema på eit NAV leiarmøte i 2014 og står på saklista kvar gong. Vi har utvikla eigne kvalitetsindikatorar i sosiale tenester for å sikre at vi huskar barn/unge-perspektivet i alle våre aktivitetar.

## Ressursrapportering

# Helse- og omsorgsdepartementet

## Resultatområde 76 Samhandling, kvalitet og helseberedskap

### 76.1 Samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetjenesten

Fylkesmannen fylgjer med i utviklinga i kommunane og helseføretaket gjennom deltaking i overordna samhandlingsutval, deltek i erfaringskonferanser og dialogkonferanser med både helseføretak og kommuner. Vi har også gjennomført dialogkonferanser med alle dei 36 kommunane (2013-våren 2015). Dette er samlingar som og gjev høve til å spreie erfaringar. Vi har også tett kontakt med koordinator for Samhandlingsreformen i MIdt-Norge.

Vi har også delteke på møte med statssekretær Erlandsen i regi av dei tre embeta i Midt-Norge. Elles har vi kontinuerleg kontakt og samarbeid med Sør- og Nord-Trøndelag.

Når det gjeld levevaner og friskliv, samt psykisk helse og rus, viser vi til dei respektive resultatområda og kurs og konferanser på desse felta.

## 76.3 Kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten

Fylkesmannen har stimulert kommunane til oppfølging av kvalitetsavtalen 2012-2015 i ulike fora som nyhetsbrev, omsorgskonferanse , læringsnettverk i forbetringsarbeid, læringsnettverk i velferdsteknologi/innovasjon.

**Tilsynserfaringar**

Fylkesmannen har lagt informasjon om tilsynserfaringar inn i dei ulike kurs og konferansar som vart arrangert. Tilsynserfaringar vart lagt fram mellom anna på omsorgskonferansen, demenskonferansen, fagdag for sjukeheimslegar m.fl. Ved tilsyn blir kommunane rettleia på kvalitetssystem og internkontroll.

Det var   gjennomført eigen fagdag om IPLOS saman med Helsedirektoratet. Ved klagesaker og tilsyn blir IPLOS kartlegging etterspurt.

IPLOS var tema på grunnleggende saksbehandlingskurs i Molde, Ålesund og Kristiansund.

**Legetenester i sjukeheim**

Fylkesmannen har bidratt til oppstart av nettverk for sjukeheimslegar. Det er gjennomført fagdag for sjukeheimslegane. Det var ca.30 deltakarar. Tema var mellom anna tannhelse, erfaringar med inn og utskriving sjukeheim og sjukehus, verjemål og demens og palliasjon..To kontaktpetsonar for nettverket er oppnemnt, ein for Nordmøre og Romsdal og ein for Sunnmøre.

Det er laga oversikt over status for sjukeheimslegar frå KOSTRA og satt det saman med normtal frå 2007, for å sjå utviklinga. Dette er gjort kjent for kommunane gjennom nyhendebrev og nettside.

Dette er også tema på dialogmøte med kommunane som blir gjennomført av leiinga frå Fylkesmannen og vårt dialogspunket til diskusjon i alle kommunar er:

"Har kommunen riktig normtall på legetimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim i 2013, basert på risiko - og ebhovsvurdering?"

**Omsorgskonferansen**

Fylkesmannens årlege omsorgskonferanse vart arrangert i Ålesund 25. og 26. september. Målgruppa var både kommune og helseforetak. Tema var dokumentasjon, behovsdreve innovasjon, tenestedesign m.m Tittel på konferansen var "Framtida - neste stopp". Det var ca. 150- 200  deltakarar på konferansen.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har fått invitasjon til å delta i Pasientsikkerhetskampanjen " riktig legemiddelbruk i hjemmetjenesten". Det var  14 kommunar som deltok..

Fylkesmannen har samarbeid med KoRus med tema "Eldre og rus"  for kommunene Molde, Averøy og Midsund. Ålesund har delteke på nokre samlingar.

## 76.5 Felles digitalt nødnett

Fylkesmannen har arrangert seminar/møte for kommunane om digitalt nødnett. Førelesarar frå Helsedirektoratet deltok.

Innføring i helsetenesta i Møre og Romsdal skal skje i 2015.

## 76.6 Helseberedskap og smittevern

Fylkesmannen har arrangert årleg smittevernkonferanse, samt at vi har fokus på smittevern også i andre møter med kommunane. Spesielt har vi hatt fokus på ebolaberedskap. Øvrige resultatkrav oppfylt, herunder oversikt over kommuneoverleger/fastleger i CIM.

## 76.7 Personell og kompetanse

**Kompetanseløftet** er fylgt opp som ein del av Omsorgsplan 2015. Det er etablert ei eiga arbeidsgruppe vedrørande utfordringar knytt til rekruttering og utdanning til helsearbeidarfaget og fagskole. Gruppa er leia av KS sin prosjektleiar for Aksjon Helsefagarbeidar.

Møre og Romsdal med kommunane Molde, Eide, Kristiansund, Fræna og Navkontora i desse kommunane har starta opp planlegging av prosjektet «Menn i Helse» for oppstart i 2015.

Det årlege møtet med alle kommunane vart arrangert i januar. Det var ca 40 deltakarar. Der gjekk vi gjennom rapportering og søknadsprosedyrer. Det vart minna om at kommunane må sjå satsingane i Kompetanseløftet i samanheng med implementeringa av samhandlingsreformen og de rekrutterings- og kompetansebehov reforma fører til i dei kommunale omsorgstenestane.

Tonje Thorbjørnsen fra Helsedirektoratet deltok på møtet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sidan 2008 gitt tilskot frå kompetanseløftet til desentralisert vernepleierutdanning ved Høgskulen i Molde. Fylkesmannen vonar at den solide auken i talet på utdanna vernepleiarar vil føre til reduksjon i talet på søknadar om dispensasjon frå utdanningskravet knytt til HO-lovens kap 9.

Det vart gjennomført to konferansar for elevar i Vg 2 også i 2014, slik vi har gjort dei siste åra. Fokus er rekruttering til læretid. Kommunane er tilstades i konferansen for å profilere seg med eigne stands. ca Det var ca 200 deltakarar totalt.

Det er etablert 3 rekrutteringspatruljer, som alle er aktive og fekk tilskot frå Kompetanseløftet.

Tilskot til utdanning er tildelt kommunane i to tildelingsrundar, vår og haust. Og i 2014 fekk fylkesmennene eit ekstratilskot til fordeling i november/desember. Tilsaman fekk vi omlag 11 mill. Resultat og plantal 2013 for Kompetanseløftet 2015 vart rapportert i en fylkesrapport til Helsedirektoratet 01.mars.

Foreløpig rapport syner at Møre og Romsdal har utdanna flest samanlagt og flest som har gjennomført demensomsorgas ABC.

IS- 0315 Brukerveiledning til WHOs globale kode for internasjonal rekruttering av helsepersonell er lagt ut på nettsiden og tema i fylkesmannens nyhetsbrev.

**Turnuslegar**. I Møre og Romsdal er det oppretta 30 turnusplassar for legar. Fordelinga vert gjort av helseforetaka. Talet på kandidatar varierar. Vi har 30 faste plassar i kommunehelsetenesta i Møre og Romsdal.

**Vegleiing:** Det er tilsett tre legar som går i 17% stilling kvar, og som deler fylket mellom seg. Dei har fire møter med turnuslegane pr halvår.

**Kurs i legevaktsmedisin og normaltariffen.** Dette kurset er lagt opp over to dagar og vi har ein fast avtale med Molde sjukehus og Den norske Lægeforening i Møre og Romsdal. Den eine dagen er det akuttmedisin i samarbeid med Molde sjukehus, den andre dagen er sett av til normaltariffen ved legeforeninga. Kurset blir lagt til andre veka etter at legane har starta i kommunehelsetenesta. Responsen frå turnuslegane er svært positiv.

**Turnusteneste for fysioterapeutar**. For å få godkjenning som fysioterapeut må ein ha gjennomført turnusteneste i eitt år med seks månader i kommunehelsetenesta og seks månader i institusjon. Til vanleg er det 7-10 turnuskandidatar kvart halvår i kommunane si helseteneste og 7 – 10 på institusjon. Turnuskiropraktorane er også med på kurset.

Talet på uteksaminerte fysioterapeutar har vore noko ustabilt.

Vi har gjennomført kurs i offentlig helsearbeid for turnuslegar, kiropraktorar og fysioterapeutar over to dagar vår og haust.

Alle turnuslegane har hatt praksisteneste ved sjukeheim.

Slik vi ser det er kapasiteten når det gjeld turnuslegar god og kvaliteten på utdanninga også god.

## 76.8 Rettsikkerhetsarbeid

**Rettssikkerheit ved yting av helsehjelp med hjemmel i pasient- og brukarrettigheitslova kap. 4A**

Det er gjennomført undervisning/opplæring/telefonisk rettleiing til kommunar/HF innan fagområdet.

Konkrete opplæringstiltak i 2014:

- Fire kurs for kommunane og spesialisthelsetenesta
- Tema på turnuskurs vår og høst
- Tema i møte med fylkestannlegen
- Tema på Demenskonferanse
- Udeling av rundskriv på samling for sjukeheimlegar
- Utdeling av rundskriv til 3. års vernepleiare ved høyskolen i Molde

I 2014 har Fylkesmannen teke imot 219 vedtak.

Vi ser ei betring i gjennomføring av vedtak.  Likevel er det etter vår vurdering framleis behov for meir opplæring og vegleiing på dette feltet, både når det gjeld samtykkevurdering og melding av tiltak.

Fylkesmannen har gjennomført et umeldt tilsyn på området i 2014.

I 2015 vil det bli gjennomført nye tilsyn, både meldte og umeldte. Dette pga. at pasientar utan samtykke er ei svak gruppe og treng høg rettstryggleik

**76.8 Rettsikkerhetsarbeid - Helse og omsorgstenestelova kapittel 9 Rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming**

Det er gjennomført undervisning/opplæring/telefonisk rettleiing til kommunar/HF innan fagområdet.

Konkrete opplæringstiltak i 2014:

- To kurs for kommunane og spesialisthelsetenesta
- Møte med overordna fagleg ansvarlege i kommunane
- Møte med habiliteringstenestene i Helse Møre og Romsdal HF

Fylkesmannen overprøvde i 2014 til saman 84 kommunale vedtak om bruk av tvang og makt overfor personar med ei utviklingshemming. I 75 av desse sakene blei det godkjent systematisk bruk av tvang og makt. Det blei gitt dispensasjon frå utdanningskravet i 62 av dei 75 godkjende sakene.  I tillegg blei det rapportert om bruk av skadeavverjande tvangstiltak i naudsituasjonar overfor 42 personar.

Det etter vår vurdering framleis behov for meir opplæring og rettleiing på dette feltet, både når det gjeld samtykkevurdering og melding av tiltak.

Fylkesmannen har gjennomført to systemrevisjonar og fem stedlege tilsyn på området i 2014.

# Resultatområde 77 Andre oppdrag

## 77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

**Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt**

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittelig saksbehandlingstid |
|---|---|---|
| FMMR | 8 | 5 |
| **Sum** | **8** | |

## 77.3 Særfradrag

**Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.**

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittelig saksbehandlingstid |
|---|---|---|
| FMMR | 2 | 10 |
| **Sum** | **2** | |

## 77.4 Førerkortsaker

Totalt 2031 saker omhandlende medling om bruk av optisk korreksjon, returnerte saker, rådgiving/veiledning, tilrådning (om oppfylte helsekrav) og tilrådning om tilbakekall av førerrett.

I tillegg behandlet 910 dispensasjonssøknader.
**Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittelig saksbehandlingstid |
|---|---|---|
| FMMR | 2941 | 4 |
| **Sum** | **2941** | |

## 77.5 Pasientjournaler

Server fra en virksomhet.
**Pasientjournaler. Antall saker.**

| Embeter | Antall |
|---|---|
| FMMR | 1 |
| **Sum** | **1** |

# Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

## 83.1 Folkehelsearbeid

Det er arrangert to faglege konferansar, 1) kurs i planarbeid, statistikk, analyse og konsekvensforståelse. 2) plankonferanse med tema folkehelse. Begge er i samarbeid og koordinert med fylkeskommunen og KS. Den første blei arrangert to stader i fylket for å få med alle kommunane.

Fylkesmannen gir vurderingar av folkehelsehensyn i uttale til kommunale planer. I uttale til planstrategier er folkehelse eit fast sjekkpunkt. Det er gitt vurderingar til samtlege av fylkets 36 kommunar sin planstrategi. Det blir gitt uttale til kommunale planprogram. I utgangspunktet omfattar dette kommuneplanens samfunnsdel (evt. også k-planens arealdel) samt kommunedelplaner som tematisk berører folkehelseområde; eks. barn og unge, friluftsliv, idrett, frivillighet, trafikksikkerhet m.v. Tilbakemeldingar ved oppstart blir ofte basert på egne maler/ standardtekster. I planutkast for planer er vurderingane tilpassa plansituasjonen. Fylkesmannen deltek i planforum med fylkeskommunen. Der møter vi kommunane som oftast i oppstartsfasen.

Vi fikk ikkje til å arrangere kurs med om helsemessige forhold ved skolemiljø som ledd i oppfølginga av kartlegginga av godkjenningsstatus ved skolane i 2014. Det er avtalt med Helsedirektoratet at vi saman arrangerer kurs om miljøretta helsevern i skoler "Krafttak for bedre skolemiljø" i mars 2015.

Det er gjennomført tilsyn med kommunens arbeid med løpande oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i 3 kommunar. (Averøy, Skodje og Herøy) Fylkesmannen ser i tilsyna at det er ei utfordring for kommunane å sjå samanhengen mellom den oversikt over helse og påverknadsfaktorar som kommunen har, dei mål som er fastsett i kommunens planarbeidet og tiltaka i det daglege folkehelsearbeidet som skjer i tenestene.

Vi har ikkje oversikt over om alle kommunane har etablert rutinar for oversiktarbeidet. Oversiktsarbeidet er eit av dei tema som blir tatt opp i kommunebesøka som gjennomførast i alle kommunane der leiinga i kommunane deltek. I tillegg er oversiktsarbeidet tema i kurs og nettverk for dei ulike delteneste i kommunane. I vår rådgjeving har vi fokus på det totale bilete i gjennomføringa av oversiktsarbeidet, analysearbeidet og målsetting for folkehelsearbeid i samlingar for kommunane. Gjennom kontakt med den einskilde kommune ser vi at oversiktsarbeidet er godt igang, og tilbakemeldingane er "forankring og systematiseringa tek tid". Vi ser desse utfordringane i kommunens oversiktsarbeid:

- å få oversiktsarbeidet integrert i planarbeidet
- å få oversiktsarbeidet tilstrekkelig tverrfaglig i kommunane
- å sikre at oversiktsarbeidet gjennomgår tilstrekkeleg analyser om utviklingstrekk for å kunne sette riktig mål
- å sikre gjennomføring av folkehelsetiltak i tråd med mål fastsatt i plan i alle deltenester i kommunane.

Fylkeskommunen har etablert rutinar for arbeidet med oversikt og Fylkesmannen deltek i deira nettverk.

i 2014 har Fylkesmanne utarbeidd ein strategi for kompetansetiltak om alkoholloven og alkoholførebyggande arbeid i kommunane i samarbeid med KoRus. Vi har gjennmført eit dialogmøte med sju imviterte kommmuner med tema alkoholpolitikk og folkehelsepolitikk. Slike møter skal no gjenomførast ein gong pr. semester. I tillegg planlegg vil sakshandsamingskurs annakvart år (2015). Fylkesmannen deltek også i KoRus sitt arbeid med ansvarleg alkoholhandtering.

# Resultatområde 84 kommunale helse- og omsorgstjenester

## 84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Vi har ved fleire høve vore i kontakt med Legeforeningen og representantar for kommunane. Vår samla oversikt tilsier at det er stabilitet i fastlegetilgangen i dei fleste kommunane. Forøvrig er det enkeltkommunar, særlig med små legekontor, som er svært sårbare og som har hatt vanskar med å skaffe vikarar.

Fylkesmannen ser ein tendens til aukande legevaktssamarbeid i fylket. Også her blir det brukt mykje vikarar og utanlandsk personell. Dette ser vi og i hendelsesbaserte helseklager.

## 84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Fylkesmannen har gjennom møte med kriminalomsorgen i frihet 04.03.14 bidratt til gjenomføring av kompetansehevende tiltak for fengselshelsetjenesten. Fylkesmannen har deltatt på komferanse i mai 2014 vedrørende Veilederen for helse- og omsorgstjenester for insatte i fengsel.

## 84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal tek del i etablert regionalt fagnettverk knytt til teamaet kjønnslemlestelse (KLL) og tvangsekteskap (TVE). Andre sentrale aktørar har vore IMDI, BUF-etat og RVTS-Midt. I 2014 var det og etablert fagnettverk i Møre og Romsdal innan samme fagområde. Her er kommunane representert ved

helsetenesta og dei som arbeider med framandkulturelle helseutfordringer inkludert kommunale flykningemottak. I tillegg er krisesentera godt representert, politiet og barneverstenesta i fylket. Det er også arbeidd målretta mot kommunane i utarbeiding av kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar der også alvorleg begrensningar av unges fridom har vore eit sentralt tema.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal var ansvarleg for koordinering og gjennomføring av ei konferanse for heile Midt-Noreg med hovedtema KLL og TVE. Det var god tverrfagleg deltaking (ca. 170 personer) til konferansen med gode tilbakemeldingar på innhaldet.

Fylkesmannen vil vidareføre arbeidet med å rette fokus på framandkulturelle helseutfordringar i 2015. Ulike Handligsplanar og Vegleiarar har vore til god hjelp.

## 84.8 Forebyggende helsetjenester

Årsverk i alt til førebygging, helsestasjon- og skulehelsetenesta og årsverk helsesøster,(KOSTRA) vise at om lag 80 % av kommunane har styrka tilbodet eller halde tilbodet uendra. I vår kontakt med fagpersonar i kommunane, kjem det fram at helsestasjon- og skoletenesta er sårbar for endringar av behov og det går ut over skulehelsetenesta. Skulehelsetenesta har ofte små ressursar og sjølv om det individretta arbeidet blir prioritert er det fleire som seier at dei ikkje når alle som har behov for tilbodet. I kommunebesøk er helsestajon- og skolehelseteneste og styrkinga etter auka i rammetilskot eit tema. Det er arrangert fagdag for helsesøtrrane om endringar i barnevaksinasjonsprogrammet.

14 kommunar har etablert kommunale frisklivssentraler i fylket. 5 av desse har fått tilskot til utvikling av tilbod - "tidleg intervensjon og oppfølgingstilbod for personar med kronisk lidingar."

Det er gjennomført to samlingar for frisklivvsentralar. Ei samling var for alle kommunane og hadde som formål å få fleire kommunar til å etablere FLS. På den andre samlinga var formålet kompetanseheving og erfaringsutveksling for dei kommunar som har frisklivssentral og som planlegger å starte FLS.

## 84.11 Tannhelse

Vi har også i 2014 gjennomgørt det årlege samarbeidsmøtet med Fylkestannlegen. Tema var samhandling med kommunane, revidering av samarbeidsavtalar, kantinesatsinga.

Andre tema var dokumetasjonsplikt, forskrivning av vanedannende legemidlar og antibiotikaforskrivning og meldeplikt til barnevernet ved mistanke om vold/overgrep.

Fylkesmannen har og skreve ein artikkel med tema meir førebygging - mindre behandling.

Fylkestannlegen har hatt innlegg på fagdagen for sjukeheimslegar.

## 84.12 Habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Gjennom samarbeid med Helseføretaket har vi oversikt over kommunane sine koordinerande einingar/kontaktpersonar.

Tema rundt Individuell plan er teke opp i ulike konferansar i 2014. Her har juridiske rettar vore sentralt og gode erfaringar kring konkrete tiltak har vore formidla.

Vi har eit godt samarbeid med habiliteringstenestene i fylket og gjennomfører eit årleg samarbeidsmøte for drøfting av utfordringar og felles tiltak.

## 84.13 Omsorgsplan 2015/2020

**Omsorgsplan 2015**

I Møre og Romsdal er det etablert nettverk for tilsette i omsorgstenestene. Fylkesmannen deltek på nettverksmøter, saman med USHT som administrerer nettverka. I tillegg deltek senter for omsorgsforskning, Høgskolane og Helse og Møre og Romsdal. Dette er ein arena som blir nytta til å bistå kommunane i deira arbeid med å nå målsettingane i Omsorgsplan 2015/omsorg 2020, og bidreg til erfaringsutveksling mellom kommunar, og til at kommunene set fokus på forsking, fagutvikling og innovasjon.

Frå 2014 vart det allereie eksisterande faglege nettverket i fylket supplert med eit "Læringsnettverk i forbedringsarbeid". Sju team har delteke.

I tillegg har det midtnorske velferdsteknologinettverket fylkesvise læringsnettverk for velferdsteknologi i 2014-2015. I Møre og Romsdal er det 11 ulike kommuner som er med på samlingane. Og det blir ein felles midtnorsk erfaringskonferanse i 2015.

Prosjektleiar for omsorgsplan er med i planforum og gjev innspel til kommunale planer.

Det er gjennomført to regionale møte med Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Nord- og Sør-Trøndelag og Husbanken om tiltak i Omsorgsplan 2015.

**Velferdsteknologi**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har teke del i Det Midt-Norske velferdsteknologiprosjektet som var avslutta 31.12.13. Grundige statusrapportar vart utarbeidd der utprøving av GPS-teknologi, bruk av spelteknologi og vandrealarm i sjukeheim var prosjekta i Møre og Romsdal. To erfaringskonferansar er gjennomført der viktig kunnskap er spreidd. Fylkesmennene i Midt-Noreg vart tildelt midlar til dette prosjektet gjennom statsbudsjettet i 2014. Det etablert eit læringsnettverk der Utviklingssenteret for heimetenester i Ålesund og Utviklingessenteret for sjukeheim i Kristiansund har spelt ein sentral rolle både som koordinator og fagleg pådrivar. Nye kommunar som arbeider med velferdsteknologiprosjekt er knytt til nettverket og her blir det også fokusert på korleis ein skal lukkast med innovative løysingar i kommunane. Samtidig er det også i denne samanheng spredd kunnskap rundt dei erfaringar som er gjort. Det er ingen kommunar i Møre og Romsdal som tek del i det Nasjonale programmet for velferdsteknologi. Velferdsteknologi er prioritert fra Fylkesmannen ved tildeling av prosjektskjønns-midlar.

**Investeringstilskot**

Det er etablert ei eiga arbeidsgruppe i fylkesmanneembetet for gjennomgang av søknader frå kommunane. I gruppa deltek to tilsette frå prosjektgruppa for Omsorgsplan 2015 og ein tilsett frå justis- og beredskapsavdelinga.

Fylkesmannen har gitt fagleg uttale (assistanse) under søknadshandsaminga på søknader i 2014 til Husbanken, med spesielt fokus på tilrettelegging for personar med demens og velferdsteknologi. Det er lite aktivitet i Møre og Romsdal.

**Utviklingssentra for sjukeheim og heimetenester**

Fylkesmannen har eit utstrakt samarbeid med Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester.

Fylkesmannen deltek i i styringsrådet, med møte ein gong i året. Fylkesmannen og utviklingssentra har i samarbeid arrangert Omsorgskonferanse, demenskonferanse, og pasientsikkerhetskampanjen "riktig legemiddelbruk" i sykehjem og hjemmetjenester. Totalt deltok 29 team.

**Demensplan 2015**

I 2013 blei det sett ned ei arbeidsgruppe av Fylkesmannen, Utviklingssentra og Helse Møre og Romsdal, samt alderspsykiatrisk enhet i Molde og Ålesund for kvalitet og kompetanse innan demensområdet. Desse var ansvarleg for gjennomføring av demenskonferansen i 2014. Dette var samtidig også USHT sin årlege Erfaringskonferanse. Tema var ma. demens og palliasjon, marte meo, erfaringer med dagaktivitetstilbod og demensteam.

Fylkesmannen har kvalitetssikra den nasjonale kartlegginga av tjnester til personer med demens.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med USHT og alderspsykiatriske einingar i Ålesund og Molde om Demensens ABC.

Fylkesmannen gjennomfører dialogmøte med alle kommunene i fylket. 20 kommuner vart besøkt i 2014. Demesomsorgen er tema i desse møta.

Arbeidsgruppa for omsorgsplan 2015 hadde studietur til demenslandsbyen i Nederland. Med på studieturen var Utviklingssentra for sjukeheim i Kristiansund kommune og heimeteneste i Ålesund, Molde kommune, samt brukerrepresentant og vinnar av årets omsorgspris, som var Kristiansund kommune for sitt arbeid med brukarmedverknad.

Prosjektleiar for omsorgsplan 205 sit i arbeisgruppa i Helsedirektoratet for utarbeiding av nasjonale retningsliner i oppfølging av personer med demens og pårørande.

Prosjektleiar deltok og i arbeidet med dialogmøte om ny demensplan i Molde i desember 2014.

Vi har eit godt samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelse der Treningsvenn og demenskonferanse er to sentrale tema.

## 84.14 Psykisk helse og rus

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har over ein 5-årsperiode utvikla "merkevaren" Nettveksamling - Som ringar i vatn. Her blir kommunane, spesialisthelsetenesta og ulike kompetansemiljø og sentrale samarbeidsaktører samla. Kunnskap vert formidla og erfaring kring arbeid med psykisk helsearbeid/psykiatri og rusarbeid vert delt. Det er i 2014 gjennomført 2 samlingar. Tema for samlingane var ROP-lidingar og ny vrettleiar knytt til rus/psykisk helsearbeid. Ein har over fleiere år erfart at dette er ein god metode for å fremje samhandling internt i kommunane, samtidig også tilsvarande mellom 1. og 2. linjetenesta. NAPHA og KORUS inngår som faste medlemmar i programkomiteen. Under slike samlingar blir også kunnskap og erfaringar kring bruk av IP formidla.

Fylkesmannen har gjennomført møter mellom KoRus, NAPHA og Husbanken i 2014. Oppdragsbreva blir eit grunnleggjande dokument for konkret samhandling, samtidig er møta viktig for å tegne eit felles utfordringsbilete som igjen blir basis for felles tiltak.

Fylkesmannen har i 2014 gjennomført besøk i mange av kommunane i fylket. I forkant har ein tegna utfordringsbilete innan de ulike fagfelta for den einskilde kommune. Mange av kommunane strevar med å oppretthalde og vidareutvikle ein god fagleg standard som vart bygd opp i samband med Opptrappingsplan både for psykisk helsearbeid og rus. Mange av kommunane manglar høvelege bustader som det er knytt tilstrekkelege tenester til. Ofte kan også det førebyggjande arbeidet bli vanskeleg å prioritere da ressursane må prioriterst til dei med størst hjelpebehov.

Fylkesmannen har arbeidd for at kommunane skal ha forsterka forkus på fagområdet vald i nære relasjonar. Dette er ofte knytt til fagfelet rus og psykisk helsearbeid.

I 2013 og 2014 har KoRus og Fylkesmannen jobba med tema eldre og rus. Fire kommuar har vore med på etablere eit nettverk og sett på rutinar i eigen kommune for å betre tenester til eldre med rusproblem. Kommunane har auka det førebyggande arbeidet. Frisklivsentralar sitt fokus på rus har vore tema på nettverksamlingar for kommunar som har starta slik teneste.

15 kommunar fekk tilskot til kommuanlt rusarbeid i 2014 og fem kommunar tilskot til utvikling av samhandlingsmidlar for pasientar med ROP lidingar.

I samband med oppfylgingsarbeidet etter hendelsen 22.07.11 har fylkesmannen arbeidd aktivt for å betre kompetansen i dei kommunale krisehandteringsgruppene. Alle leiarane i kommunane er invitert i eige nettverk med samlingar som formidlar oppdatert kunnskap og erfaringar knytt til konkrete hendingar. Samlingar er gjennomført i 2014 med gode tilbakemeldingar og opplæringa held fram i 2015.

I 2014 starta arbeidet med å gjennomføre to konferansar som omhandlar barn og unge. I den eine konferansen er fokuset retta mot barna fra førskule til vidaregåande, i den andre er tema knytt til overgangen til vaksenlivet. Programmet har hatt bidrag frå både Helsedirektoratet og frå kommunar som har gjort seg gode erfaringar med konkrete gode tiltak. I tillegg er det planlagt ein konferanse for frivillig sektor som arbeider med barn og unge i samarbeid emd KoRus, Idresttkretsen, Røed Kors og Musikkrådet. Denne skulle vore gjennomført hausten 2014, men måtte flyttast til våren 2015.

# Resultatområde 85 Spesialhelsetjenesten

## 85.1 Abort og steriliseringsnemndene

Vi har ikkje behandla saker i steriliseringsnemnda i fylket i 2014.

Abortnemndene blir fortløpande fulgt opp og ein sørger for at det til ei kvar tid er medlemmar nok.

## 85.3 Lov om transplantasjon

Ingen saker.
**Antall saker**

| Embeter | Antall |
|---|---|
| FMMR | 0 |
| **Sum** | **0** |

## 85.5 Kosmetisk plastiskkirurgiske inngrep

Ingen saker.
**Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittelig saksbehandlingstid |
|---|---|---|
| FMMR | 0 | 0 |
| **Sum** | **0** | |

## 85.8 Behandling av klager etter psykisk helsevernloven

I 2014 kom det inn 60 klager til Fylkesmannen frå pasientar som klaga på at det var fatta vedtak om behandling med medisinar utan eige samtykke etter psykisk helsevernlova.  Dette er ei auke i saker på 28% samanlikna med 2013, men likevel på nivå med gjennomsnittet for dei 5-6 siste åra. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid låg i 2014 på 3,7 dagar. Sjølv om dette talet er kalenderdagar og ikkje virkedagar er sakshandsamingstida noko lengre enn vi ynskjer. Årsaka til dette er nok i første rekke at saksbehandlarane pga. reiser, møter og anna fråvær ikkje har hatt høve til å rykke ut på kort varsel for å gjennomføre samtale med klagar.

## 85.9 Øvrige oppgaver knyttet til det psykiske helsevernet

Stillingstal pr.31.12.13 knytta til godkjente poliklinikkar i Møre og Romsdal HF oversendt HELFO- Ørsta 30.01.14.

## 85.10 Kontrollkommisjonsoppgaver

Gjennomført i tråd med embedsoppdrag.

## 85.11 Hjemsendelse, hjemhenting og gjennomføring av tvungen psykisk helsevern for pasienter som ikke har bosted i riket

På grunn av få saker er denne oppgåva ivareteken av Fylkesmannen i Sør-Trøndelag.

# Ressursrapportering

I embetsoppdraget er det gitt føring på at vi skal bruke 50% av ressursene til klage og tilsynsbehandlinga (Helsetilsynet) og 50% til utviklingsarbeid. Hoveddelen av midlane gjeld lønn til personal, og vi har ikke eit system som gir oss nøye nok fordeling for den enkelte ansatte. Nesten alle ansatte har oppgave på begge felta.

Vi meiner at vi fordeler ressursene likt mellom områda

| Resultatområde | Kapittel 0525 | Fagdep. |
|---|---|---|
| 82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven | kr 3 110 057,55 | kr 0,00 |
| 83 Folkehelsearbeid | kr 565 752,05 | kr 0,00 |
| 83.1 Folkehelsearbeid generelt | kr 12 203,15 | kr 0,00 |
| 83.2 Tilsyn etter folkehelseloven | kr 190 350,18 | kr 0,00 |
| 84 Kommunale helse- og omsorgstjenester | kr 3 362 126,50 | kr 517 317,44 |
| 85 Spesialhelsetjenesten | kr 308 817,37 | kr 1 505 747,60 |
| 76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag | kr 1 928 617,38 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under HOD | kr 936 077,91 | kr 260 791,60 |
| Sum: | kr 10 414 002,00 | kr 2 283 856,00 |

# Samferdselsdepartementet

## Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet

### 91.1 Avkjørselssaker etter vegloven

Ingen saker i 2014

### 91.2 Konsesjon til anlegg og drift av taubaner

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2014 fornyet 6 konsesjonen for taubaner og innvilget en ny konsesjon for skitrekk i Stranda.

# Utenriksdepartementet

## Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet

### 92.1 Apostiller

Vi har behandla 1530 apostilledokument i 2014.

### 92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler

Fylkesmannen heldt eit fellesmøte med dei honorære konsulane for Møre og Romsdal 21.11.2014. 9 konsular frå fylket møtte.

# Kulturdepartementet

## Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal har totalt 36 registrerte trudoms- og livssynssamfunn pr. 01.01.2014. 29 av trudomssamfunna er registeret med forstandar som har vigselsrett.**

**Heile 16 av dei registrerte trudomssamfunna er Pinse- meinigheiter. Møre og Romsdal har tre muslimske trossamfunn.**

I 2014 er det samla utbetalt kr 2.331.121,- i statstilskott.

## Resultatområde 96 Gravferdsloven

**Også i 2014 har mange søkt om løyve til oskespreiing.**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har handsama 65 saker om oskespreiing i 2014. Dette er omtrent same mengd som i 2013. Dei fleste sakene er førehandsøknader der søkjar sjølv ber om løyve til spreiing av oske etter død og kremasjon.

## Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred

Det er i 2014 handsama 6 søknader om dispensasjon til å halde søndagsopne butikkar, der er to er innvilga ut fra arrangementes art.

Ein har motteke ein søknader om status som typisk turiststad som ikkje er ferdig handsama enno.

# Andre

## Ressursrapportering

| Resultatområde | Kapittel 0525 | Fagdep. |
|---|---|---|
| 91 Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk. | kr 1 235,00 | kr 0,00 |
| 92 Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk. | kr 43 121,43 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 44 356,00 | kr 0,00 |